



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 28

(2004–2005)

---

Om lov om skogbruk (skogbrukslova)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Samandrag</b> .....	5	5.2	Økonomiske premisser, og endringar i skogpolitiske verkemiddel .....	27
<b>2</b>	<b>Arbeid med lovforslaget</b> .....	6	5.3	Tydelegare reglar knytt til miljø .....	28
2.1	Utgangspunktet for lovforslaget .....	7	5.4	Forenkling og modernisering .....	28
2.2	Framdrift med lovarbeidet .....	7	5.5	Internasjonale politiske rammevilkår	28
2.2.1	Arbeid fram til høyring .....	7	<b>6</b>	<b>Allmenne merknader til lovutkastet</b> .....	30
2.2.2	Høyringsnotatet .....	7	6.1	Formålet med lova .....	30
2.2.3	Høyringsfråsegner .....	7	6.1.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	30
<b>3</b>	<b>Tilhøva i dag</b> .....	9	6.1.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	30
3.1	Skogbruk – næring og miljø .....	9	6.1.3	Departementet sine vurderingar .....	30
3.2	Eigedomsstruktur og næringsverksemd .....	10	6.2	Virkefelt for lova .....	32
3.3	Skogressursane .....	11	6.2.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	32
3.3.1	Hogst .....	12	6.2.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	33
3.3.2	Stor forskjell mellom tilvekst og hogst .....	12	6.2.3	Departementet sine vurderingar .....	33
3.3.3	Vernskog .....	12	6.3	Forvaltningsorgan .....	35
3.4	Vegar og transport .....	13	6.3.1	Skogbruksstyresmakt .....	35
3.5	Forynging av skog .....	14	6.3.1.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	35
3.6	Ungskogpleie .....	15	6.3.1.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	36
3.7	Skog og miljø .....	16	6.3.1.3	Departementet sine vurderingar .....	36
3.7.1	Innleiing .....	16	6.3.2	Skogbruksstyresmaktene sine oppgaver, tilsyn, rapportering og klage ..	38
3.7.2	Biologisk mangfald og genetiske ressursar .....	16	6.3.2.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	38
3.7.3	Kulturminne, kulturlandskap og andre kulturverdiar .....	17	6.3.2.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	39
3.7.4	Opplevings- og rekreasjonsverdiar ....	18	6.3.2.3	Departementet sine vurderingar .....	39
3.7.5	Skogbruk og miljøomsyn .....	18	6.4	Skogeigaren si rolle .....	41
3.8	Verkemiddel for berekraftig skogbruk .....	19	6.4.1	Skogeigaren sitt forvaltaransvar. ....	41
3.8.1	Skogavgift .....	19	6.4.1.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	41
3.8.2	Meldeplikt og andre offentlege pålegg .....	19	6.4.1.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	41
3.8.3	Statstilskot til skogbruket .....	19	6.4.1.3	Departementet sine merknader .....	45
3.9	Internasjonal skogpolitikk .....	20	6.4.2	Registrering og planlegging i skog ...	47
<b>4</b>	<b>Gjeldande lov i Noreg og i nokre andre land</b> .....	22	6.4.2.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	47
4.1	Tidlegare lovgjeving i Noreg .....	22	6.4.2.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	48
4.2	Lov om skogbruk og skogvern av 1965 (skogbrukslova) .....	23	6.4.2.3	Departementet sine vurderingar .....	49
4.3	Lovgjeving i andre land .....	23	6.4.3	Hogst og måling .....	50
4.4	Lovgjeving i Sverige og Finland .....	24	6.4.3.1	Oversyn og framsette forslag til endringar .....	50
4.4.1	Sverige .....	24	6.4.3.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	51
4.4.2	Finland .....	25	6.4.3.3	Departementet sine vurderingar .....	51
<b>5</b>	<b>Bakgrunnen for lovforslaget</b> .....	26	6.4.4	Plikt til forynging etter hogst .....	52
5.1	Behandling av St.meld. nr. 17 (1998–1999) Skogmeldinga .....	26	6.4.4.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	52
5.1.1	St.meld.nr. 17 (1998–1999), Skogmeldinga .....	26	6.4.4.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	54
5.1.2	Innst. S. nr. 208 (1998–1999) .....	26	6.4.4.3	Departementet sine vurderingar .....	54
			6.4.5	Vegbygging .....	56

6.4.5.1	Oversyn og framsette forslag til endringar .....	56	6.10.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	74
6.4.5.2	Departementet sine vurderingar .....	56	6.10.3	Departementet sine vurderingar .....	74
6.5	Særlege verkemiddel for skogbruksstyresmaktene .....	57	6.11	Lov om husbruksskog .....	75
6.5.1	Innleiing .....	57	6.11.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	75
6.5.2	Meldeplikt .....	57	6.11.2	Departementet sine vurderingar .....	75
6.5.2.1	Oversyn og framsette forslag til endringar .....	57	6.12	Iverksetjing og overgangsreglar .....	75
6.5.2.2	Departementet sine vurderingar .....	58	6.13	Endringar i andre lover .....	76
6.5.3	Vernskog .....	59	6.13.1	Endringar som er ei følge av ny skogbrukslov .....	76
6.5.3.1	Oversyn og framsette forslag til endringar .....	59	6.13.2	Endringar i odelslova .....	77
6.5.3.2	Departementet sine vurderingar .....	60	<b>7</b>	<b>Særmerknader til dei enkelte føresegnene .....</b>	<b>78</b>
6.5.4	Skogområde av særleg miljøverdi .....	60	Til § 1.	Formålet med lova .....	78
6.5.4.1	Oversikt og framsette forslag til endringar .....	60	Til § 2.	Virkefeltet for lova .....	78
6.5.4.2	Departementet sine vurderingar .....	61	Til § 3.	Skogbruksstyresmakt .....	79
6.5.5	Tiltak for forebygging av skade og avbøting av skade .....	62	Til § 4.	Skogeigar sitt forvaltaransvar .....	80
6.5.5.1	Insekt- eller soppangrep .....	62	Til § 5.	Skogregistrering og skogbruksplan ..	80
6.5.5.2	Beiteskadar frå hjortevilt .....	63	Til § 6.	Forynging og stell av skog .....	81
6.5.5.3	Tiltak etter skadar på skog .....	65	Til § 7.	Vegbygging i skog .....	82
6.6	Skogbruksverksemd, omsetjing av tømmer og tilhøvet til konkurranselova .....	66	Til § 8.	Hogst og måling .....	82
6.6.1	Gjeldande rett .....	66	Til § 9.	Førebyggjande tiltak .....	83
6.6.2	Departementet sine vurderingar .....	66	Til § 10.	Tiltak etter skadar på skog .....	83
6.7	Finansiering av berekraftig skogbruk .....	66	Til § 11.	Meldeplikt .....	83
6.7.1	Skogfond .....	66	Til § 12.	Vernskog .....	84
6.7.1.1	Oversyn og framsette forslag til endringar .....	66	Til § 13.	Skogområde av særleg miljøverdi ...	84
6.7.1.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	68	Til § 14.	Innbetaling til skogfond .....	85
6.7.1.3	Departementet sine vurderingar .....	68	Til § 15.	Bruk av skogfondet .....	85
6.7.2	Tilskot .....	70	Til § 16.	Renter av skogfondsmiddel .....	86
6.7.2.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	70	Til § 17.	Avgift på skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket .....	86
6.7.2.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	70	Til § 18.	Konkurransavgrensande verksemd .....	86
6.7.2.3	Departementet sine vurderingar .....	70	Til § 19.	Tilskot .....	86
6.8	Forskning og utvikling .....	70	Til § 20.	Tilsyn, kontroll og rapportering .....	86
6.8.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	70	Til § 21.	Klage .....	86
6.8.2	Departementet sine vurderingar .....	71	Til § 22.	Straff .....	87
6.9	Sanksjonar .....	71	Til § 23.	Tvangsmulkt .....	87
6.9.1	Oversyn og framsette forslag til endringar .....	71	Til § 24.	Iverksetjingsreglar .....	87
6.9.2	Innspel frå høyringsinstansane .....	72	Til § 25.	Overgangsreglar .....	87
6.9.3	Departementet sine vurderingar .....	72	Til § 26.	Endringar i andre lover .....	87
6.9.3.1	Generelt om sanksjonar etter ny skogbrukslov .....	72	<b>8</b>	<b>Administrative og økonomiske konsekvensar .....</b>	<b>88</b>
6.9.3.2	Straff .....	72	<b>Forslag til lov om skogbruk (skogbrukslova) .....</b>	<b>89</b>	
6.9.3.3	Administrative tiltak .....	73	<b>Vedlegg</b>		
6.10	Omdisponering, tilhøvet til jordlova ..	73	1	Landbruks- og matdepartementets høyringsnotat av 4. desember 2003 med forslag til ny lov om skogbruk (skogbrukslova) .....	94
6.10.1	Gjeldande rett og forslag til endringar .....	73	2	Lovspegel, ny og gamal lov .....	132



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Ot.prp nr. 28

(2004–2005)

## Om lov om skogbruk (skogbrukslova)

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet av 10. desember 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Samandrag

Proposisjonen inneheld forslag til ny skogbrukslov. Departementet foreslår at gjeldande lov av 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern ikkje lenger skal gjelde, og at den nye lova erstattar denne. I tillegg til dette inneheld proposisjonen forslag om å oppheve lov 9. juni 1939 om husbrukskog, og lov 9. november 1956 om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket.

Kapittel 2 inneheld ei utgreiing om arbeidet med lovforslaget og utgangspunktet for lovforslaget. I kapittel 3 gjer ein greie for tilhøva i dag. I kapittel 4 går ein nærare inn på gjeldande lov i Noreg og i nokre andre land. Det er gjort greie for bakgrunnen for lovframlegget i kapittel 5. I kapittel 6 er dei allmenne merknadene til lovutkastet, medan særmerknadene til dei enkelte paragrafane finst i kapittel 7. Administrative og økonomiske konsekvensar er drøfta i kapittel 8. Deretter kjem sjølve lovframlegget.

- I kapittel 6 foreslår departementet mellom anna:
- ei endring av namnet på lova. Departementet foreslår at lova skal heite lov om skogbruk for å få fram ei breiare tilnærming til verdiskaping og produksjon av varer og tenester med basis i skogressursane.
  - at formålet med lova skal gi eit viktig signal til dei som driv næringsverksemd i skog og til styresmaktene på ulike nivå om at skogbruksverk-

semd handlar om å få til ein balanse mellom økonomiske verdiar, miljøverdiar og sosiale og kulturelle verdiar.

- at lova skal gjelde for all skog og skogmark. Lova gjeld i område som er verna etter naturvernlova og område som etter plan- og bygningslova er lagt ut til eller er regulert til andre formål enn landbruk, med mindre det går fram av verne- eller reguleringsvedtaket eller av føresegner knytt til vedtaket at heile eller deler av lova ikkje gjeld.
- at departementet skal vere øvste skogbruksstyresmakt. Kommunen skal vere førsteinstans i dei fleste sakene etter lova.
- at utgangspunktet i lova er at skogeigaren skal ha fridom under ansvar. Skogeigaren har såleis ansvaret for at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med føresegnene i skogbrukslova og forskriftene som blir gitt i medhald av lova. Skogeigaren skal etter forslaget også ha oversikt over miljøverdiane i eigen skog og ta omsyn til dei ved gjennomføring av alle tiltak i skogen. Skogeigaren skal også sjå til at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova og forskriftene. Departementet foreslår ein heimel for forskrift om kva som ligg i skogeigaren sitt miljøansvar.

- ein ny regel om at den som set i gang registreringar skal ha ei plikt til å informere den enkelte skogeigaren når registreringane blir sett i gang. Ein kan gi forskrift om skogregistrering og skogbruksplanlegging. Det skal ikkje vere eit generelt krav om at alle skogeigarar skal ha skogbruksplanar, men kommunen kan påleggje skogeigar å lage skogbruksplan.
- at skogeigaren har plikt til å sørgje for forynging av ny skog etter hogst. Skogeigaren skal innan ein frist på 3 år leggje til rette for nødvendige tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging. Kommunen skal etter forslaget ha ansvaret for å halde kontroll med at skogeigaren gjer det han skal. Blir det ikkje forynga eller lagt til rette for forynging, skal kommunen ta opp saka og avgjere kva tiltak som skal setjast inn. Når det blir gitt pålegg om tiltak, skal kommunen setje ein frist for tiltaket. Kommunen skal sørgje for at nødvendige tiltak blir utførte dersom skogeigaren sjølv ikkje sett i verk tiltak innafor fristen. Det er nytt i forhold til gjeldande lov at kommunen etter at denne fristen er ute kan sørgje for at tiltaka blir utførte for skogeigaren sin reking.
- ei føresegn som inneber eit generelt forbod mot å byggje vegar til skogbruksformål utan at det på førehand er henta inn løyve frå skogbruksstyresmakta.
- at utgangspunktet skal vere at den einskilde skogeigar sjølv kan bestemme når, kor og korleis han vil hogge. Kommunen skal likevel til dømes ha moglegheit til å påleggje skogeigaren å rette opp att køyreskadar. Det skal framleis vere heimel for skogbruksstyresmakta til heilt eller delvis å nekte ein hogst som kan redusere eigedommen sitt produksjonsgrunnlag vesentleg eller kan få uheldige verknader for miljøverdiane.
- at kommunen skal setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep.
- at når skogen er skadd som følge av uheldig skogbehandling råte, brann, vindfelling, skred, sjukdom, sopp, smågnagar-, hjortevilt eller insektangrep, eller andre forhold som reduserar skogproduksjonen vesentleg, kan kommunen setje i verk dei tilta som er nødvendige for å utbetre skadane.
- at når det er naudsynt for å halde kontroll med praktiseringa av lova kan kommunen eller anna skogbrukstyresmakt fastsetje at det skal vere meldeplikt for all hogst og alle tiltak knytt til forynging og stell av skog.
- at fylkeslandbruksstyret kan vedta at skog skal vere vernskog.
- at departementet ved forskrift kan leggje strengare restriksjonar på skogbehandlinga i område med viktige miljøverdier.
- at skogeigaren skal setje av middel til skogfondet som er ei tvungen fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere tiltak med sikte på ei berekraftig forvaltning av skogressursane.
- at det kan vedtakast ei forskrift med plikt til å svare ei avgift på skogsvirke til å fremme forskning og utvikling i skogbruket.
- at kommunen skal føre tilsyn med at føresegningane i lova blir haldne.
- at fylkeslandbruksstyret skal vere klageorgan etter lova.
- at strafferamma aukar til eitt år.
- at det blir heimel for å påleggje tvangsmulkt.

## 2 Arbeid med lovforslaget

### 2.1 Utgangspunktet for lovforslaget

I St. meld. nr. 17 (1998–99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren, foreslo regjeringa at det skulle utarbeidast ei ny lov om skogbruk til erstatning for gjeldande skogbrukslov. Ein peika på at innhaldet og språket i gjeldande skogbrukslov er forelda, og at nyare prinsipp for saksbehandling og forvaltning burde innarbeidast. I den nye lova ville ein innarbeide klarare føresegner om berekraftig skogbruk bygd på langsiktig ressursforvaltning. Ein ville leggje vekt på skogeigaren sin rett til å nytte skogen etter eigne vurderingar innafor rammene i lova. Næringskomiteen slutta seg i Innst. S. nr. 208 (1998–99) til dette.

### 2.2 Framdrift med lovarbeidet

#### 2.2.1 Arbeid fram til høyring

Departementet har forma ut eit utkast til ny lov om skogbruk. I dette arbeidet har ein lagt vekt på å hente inn informasjon og innspel frå dei som til dagleg behandlar saker etter gjeldande skogbrukslov. Fylkesmennene blei våren 2000 inviterte til å gjennomføre fylkesvise prosessar med sikte på å utarbeide skriftlege forslag. Hausten 2000 blei det oppretta ei rådgjevande gruppe med representantar frå 15 organisasjonar med interesser innafor skogsektoren. Gruppa blei sett saman med representantar frå:

- Norges Skogeierforbund
- Norsk Skogbruksforening
- Norges Bondelag
- Norsk Bonde- og småbrukarlag
- Norsk Almenningsforbund
- Norges Naturvernforbund
- Friluftslivets Fellesorganisasjon og Friluftsrådernes Landsforbund
- Norges Jeger- og Fiskerforbund
- Verdens Naturfond WWF
- Fellesforbundet
- Skogbrukets Landsforening
- Treforedlingsindustriens Bransjeforening
- Trelastindustriens Landsforening
- Transportbrukernes Fellesorganisasjon

Formålet med gruppa var å skape god og åpen dialog mellom dei ulike interessegruppene innafor skogbruket og departementet. Gruppa har drøfta ulike spørsmål som blei lagt fram undervegs i arbeidet med å utarbeide lovtkastet, og har mellom anna vurdert ulike utkast til lovtekster. Representantar frå Miljøverndepartementet har vore til stades under møta som observatørar.

#### 2.2.2 Høyringsnotatet

I desember 2003 sende departementet ut eit høyringsnotat der ein gjorde greie for lovforslaget. Departementet foreslo at det blir utarbeidd ei ny lov til erstatning for gjeldande lov om skogbruk og skogvern. På same måte som i gjeldande lov skal den nye lova

- regulere skogbruk som næring,
- stimulere til verdiskaping med grunnlag i skogressursane innan dei rammene miljøomsyna tilseier,
- avgrensast i høve til naturvernlovgevinga,
- lovfeste organiseringa på kommune- og fylkesnivå,
- omfatte tvingande reglar om å setje av deler av inntekta til langsiktige investeringar.

Nytt i høyringsutkastet var det at lova mellom anna gir

- ein vidare heimel for meldeplikt for tiltak,
- ei presisering av skogeigaren sitt forvaltansvar,
- ei føresegn om forynging etter hogst og heimel for forskrift om forynging,
- heimel for forskrift om miljøomsyn,
- heimel for å stille krav til skogeigaren sin internkontroll, og for at styresmaktene kan krevje tilgang til og rapportar frå desse,
- heimel for tvangsmulkt på same vis som etter reglane i jordlova.

#### 2.2.3 Høyringsfråsegner

Departementet har teke imot 208 fråsegner frå høyringsinstansane. Fråsegnene kom frå 12 departement, 13 fylkesmenn, 17 fylkeslandbruksstyre, 1 fylkeskommune, 122 kommunar, og 43 andre. Dei «andre» som har gjeve uttale er:

- Det norske skogselskap
- Direktoratet for naturforvaltning
- Fellesforbundet
- Friluftslivets fellesorganisasjon
- Friluftsrådernes Landsforbund
- Glåmdal Regionråd
- Indre Namdal Regionråd
- Jenter i Skogbruket
- Kontaktutvalget for skogbruk, Møre og Romsdal
- Kontaktutvalget for skogbruket i Rogaland
- Maskinentreprenørenes forbund
- Nafo
- Natur og Ungdom
- Norges Bondelag
- Norges Jeger- og Fiskerforbund
- Norges Landbrukshøgskole
- Norges Naturvernforbund
- Norges Skogeierforbund
- Noregs teknisk-naturvitenskapelege universitet
- Norsk Almenningsforbund
- NORSKOG
- Norsk Pyntegrønt
- Norsk Virkesmåling
- Norske Reindriftsamers Landsforbund
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- PINUS AS
- Prosessindustriens Landsforening
- Reindriftsforvaltningen
- Riksantikvaren
- Sabima
- Skogbrukets kursinstitutt
- Skogbrukets og skogindustriens forskningsforening
- Skogbrukets Landsforening
- Skogforsk
- Skogfrøverket
- Skogoppsynslaget i Hedmark
- Skogselskapet Bergen og Hordaland
- Statens landbruksforvaltning
- Statskog
- Transportbrukernes Fellesorganisasjon
- Verdens Naturfond VWF
- Universitetet i Oslo Biologisk institutt
- 4 studentar frå NLH

Hovudtyngda av høyringsinstansane har slutta seg til dei fleste forslaga. Dette gjeld mellom anna innretting av lova og forslaget til formålsparagraf. Det er også semje om avgrensinga av lova. Det er ulike meiningar om forslaget til ny føresegn om skogei-garen sitt forvaltaransvar, jf. høyringsutkastet § 4. Dei ulike syna gjeld først og fremst behovet for miljøforskrift og kva ei slik forskrift bør gå ut på. Det er også ulike syn på om det bør vere obligatorisk skogbruksplan eller ikkje, og på innhaldet i føre-segna som gjeld forynging av skog.

Det konkrete innhaldet i innspela er omtala i samband med departementet si behandling av dei ulike forslaga, sjå kapittel 6.



## 3 Tilhøva i dag

### 3.1 Skogbruk – næring og miljø

I Noreg er det knytt store verdier til jord-, skog- og utmarksareala. Desse er eit viktig grunnlag for verdiskaping, busetjing og velferd for borgarane. 120 mill. dekar, eller om lag 37 % av Noreg, er dekt av skog. Omkring 74 mill. dekar av dette – eller 22 % av landarealet – er «produktiv skog», det vil seie skog som produserer meir enn 0,1 kubikkmeter tømmer per dekar per år. Det samla skog- og utmarksarealet er samstundes brukt til anna landbrukstilknytt næringsverksemd, som jakt og fiske, turisme med vidare.

Skogen er ei viktig kjelde til verdiskaping og sysselsetjing, og ein heilt sentral faktor for å ta vare på jord- og vassressursar og biologisk mangfald. Skogen gir samstundes eit positivt bidrag i arbeidet med å løyse klimautfordringane.

Skog byr dessutan på verdier for rekreasjon og friluftsliv som er viktige for helse og trivsel for borgarane i eit moderne samfunn. Skogen inneheld også mange kulturminne, og er ein viktig del av landskapsbiletet.

Trevirke er ein fornybar ressurs. Skog og treprodukt bind store mengder karbon. Auka utnytting av skogen ved bruk av varige treprodukt kan erstatte andre produkt som har større klimagassutslipp i produksjon eller bruk. Noreg har teke på seg ambisiøse mål for å redusere nasjonale utslipp av klimagassar. Energibruken står direkte eller indirekte for dei aller fleste miljøproblema. Trevirke krev langt mindre energi både til framstilling og transport enn samanliknande materiale. Auka bruk av tre framfor andre materiale i ulike typar byggverk vil såleis kunne gi tydelege utslag i den norske klimarekneskapen. Ein aktiv bruk av fornybare skogressursar kan såleis medverke til eit meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster.

Innafor rammene for berekraftig forvaltning er det også eit potensial for å auke utnyttinga av skogen til energiformål. Auka bruk av bioenergi kan medverke til å minske klimagassutslipp og sikre framtidig oppdekking av energibehovet i landet. Bruk av trevirke som bioenergi gir ikkje noko nettobidrag til CO<sub>2</sub>-innhaldet i atmosfæren. Ved forbrenning av bioenergi blir det frigitt ein CO<sub>2</sub>-mengde tilsvarande det som ville blitt frigjort ved natur-

leg nedbryting av same biomasse. Bioenergi som erstattar fossile brensler, vil derfor ha ein direkte positiv verknad i CO<sub>2</sub>-rekneskapen. Om biomassen som blir utnytta til bioenergi kjem frå skog i dårleg vekst, kan ein dessutan få ein positiv tilleggseffekt. Dersom skog i dårleg vekst blir erstatta med skog med betre tilvekst, vil CO<sub>2</sub>-bindinga auke fordi tilveksten på arealet aukar.

Skogbruket skil seg vesentleg frå jordbruket ved at det – i nært samspel med skogindustrien – er ei verdsmarknadsnæring som opererer i frie marknader. Dette er med på å bestemme rammevilkår for næringa og for styresmaktene sine val av næringspolitiske løysingar.

Forvaltninga av skog og skogareal skjer ut frå den enkelte skogeigar sine eigedoms- og bruksrettar, men skogbruksstyresmaktene påverkar også allmenta sine interesser og forvaltning av kollektive gode i eit langsiktig perspektiv.

I siste halvdel av 1990-talet blei det gjennomført eit samarbeidsprosjekt i skogsektoren som blir kalla Levende Skog. Måla for prosjektet var å styrkje miljøatsinga i skogbruket, og å betre tilliten både nasjonalt og internasjonalt til at skogindustrien i Noreg hentar virke frå eit berekraftig og langsiktig skogbruk. Levende Skog la fram eit sett kriterier og indikatorar for berekraftig skogforvaltning og eit sett standardar (retningslinjer) for berekraftig skogbruk. Standardane er seinare lagt til grunn for sertifisering av skogbruksverksemda.

Ved utgangen av 2003 kom nesten alt tømmer som blei omsett i Noreg frå skog som var sertifisert. Sertifiseringa byggjer i all hovudsak på modelar knytt til ISO 14001 og standardane for berekraftig skogbruk som blei laga i samband med Levende Skog-prosjektet. Desse standardane er også godkjende av den europeiske merkeordninga PEFC (Pan European Forest Certification). I tillegg er nokre eigedommar sertifiserte gjennom FSC (Forest Stewardship Council).

Skogsertifiseringa legg til grunn at den nasjonale skogbrukslovgjevinga og anna relevant lovgjeving skal følgjast. Alle nye føresegner i skogbrukslova blir dermed ein del av sertifiseringa. Det ligg i tenkinga bak sertifiseringa at nivået på ambisjonane for miljøomsyn kan vere høgare enn dei som ligg i lovgjevinga.

### 3.2 Egedomsstruktur og næringsverksemd

Skogen i Noreg blir driven gjennom eit typisk småskala skogbruk. Dette har samanheng med eigedomstilhøva, variert terreng og vekslande produksjonstilhøve. Meir enn 80 prosent av skogen er eigd av privatpersonar, og ein stor del av skogen blir driven i kombinasjon med jordbruk. Det er i alt 120 000 skogeigedommar med over 25 daa produktiv skog i Noreg. Den gjennomsnittlege storleiken på desse einingane er på rundt 500 dekar. Egedomsstrukturen har vore relativt stabil over tid.


Stadig fleire bønder og skogeigarar hentar inntekt frå anna verksemd enn landbruk, og driftsgranskingane for landbruket viser at knapt halvparten av dei som eig landbrukseigedom no har eigedomen som sin hovudarbeidsplass. Den tradisjonelle utnyttinga av skogressursane på mange eigedommar er redusert i omfang, medan produksjon og sal av andre tenester og produkt enn trevirke frå utmarka spelar ei større rolle enn tidlegare. I enkelte område er det også slik at verdien av bioenergiprodukt, særleg brennved, no er større enn verdien av massevirke til papirindustrien.

Realprisen på tømmer er meir enn halvert frå 1950 til 2000. Lågare eigeninnsats og fallande real-

prisar har gitt skogeigarane reduserte inntekter frå skogen. Til ein viss grad har dette blitt kompensert ved at kostnadene blir reduserte gjennom auka bruk av entreprenørar. Mekaniseringsgraden er no om lag 90% på landsbasis, og opptil 100 % i enkelte fylke. Dette har vore nødvendig med tanke på den reelle prisnedgangen på tømmer. Prisfallet har også ført med seg at store skogareal har gått ut av aktiv forvaltning med tradisjonell skogsdrift.

Skogareala kan også gi grunnlag for næringsverksemd med grunnlag i andre verdiar enn trevirke. Dette kan vere produksjon av juletre og pyntegrønt, auka satsing på næringsverksemd med basis i jakt, fiske- og utmarksressursane på eigedommen eller ulike typer av tenesteproduksjon.

I tillegg til auka satsing på bygdeturisme med grunnlag i jakt, fiske og lokale mat- og bygningsressursar har den delen av avverkingsskvantumet frå skogbruket som blir omsatt som bioenergi auka sterkt dei seinare åra. Det er framleis mest vekt på lokale verdikjeder med hogst og omsetjing av ved i lokalmiljøet. Ein ser likevel i aukande grad omsetningsmønster som femner om transport inn til større tettstader og byar, og eksempel på sal av foredla produkt; flis og brikettar, og sal av tenester i samband med bioenergi som drift og vedlikehald av energianlegg med vidare. I enkelte område er ver-



Figur 3.1 Grunneigarbidrag for dei ulike verdikjedane

dien av slike bioenergiprodukt, og særleg brennved, no større enn verdien av massevirke til papirindustrien.

Figur 3.1 viser grunneigarbidraget for dei ulike verdikjedane som skogeigarane arbeider med. Figuren er resultat av eit analyseprosjekt som Norges Skogeierforbund gjennomførte i 2004 og viser at dei ulike skog- og utmarkseigedommane samla sett blir utnytta i fleire viktige næringsssamanhenger.

Skogeigarane forvaltar norsk skog og utmark, og tek avgjerder som er viktige for gjennomføringa av skogpolitikken. Småskalapreget i norsk skogbruk har i lang tid vore eit viktig utgangspunkt for samarbeid mellom skogeigarane, samarbeid både gjennom felles organisering og gjennom nabosamarbeid om tekniske løysingar o.l. I dei seinare tiåra har behovet for slike samarbeidsløysingar vorte større og meir mangesidig. Auka verdiskaping, forvaltning av skogressursane og miljøomsyn krev samhandling mellom skogeigarane. Stadig fleire skogeigarar har no yrke og arbeidsplass utanom bruket, og dei har høg kompetanse på andre område enn skogbruk. Ein er derfor også framover avhengig av løysingar der andre kan drive skogen på vegne av skogeigaren, og skape miljø som kan gi råd og rettleiing. I landbrukspolitikken er det no auka satsing på marknadsretta verksemd knytt til skogbruket, som til dømes auka satsing på næringsverksemd i utmarka. Ein må vere budd på ei utvikling der enkelteigarane også vil samarbeide om fellesløysingar ut over eigedomsgrensene på desse nye områda. Fleirtalet av skogeigarane samarbeider gjennom skogeigarorganisasjonane om slike oppgåver. Skogeigarane samarbeider med kvarandre, med styresmaktene og med andre aktørar som har interesse for skog.


Tradisjonelt har den viktigaste oppgåva for skogeigarorganisasjonane vore å organisere omsetjing av skogsvirke. Oppgåva er like viktig i dag, men ho har endra innhald og form med utviklinga i markna-

den og samfunnet sine krav til slikt samarbeid. Effektivitet og konkurransevne for norsk virke er avhengig av eit omfattande samarbeid om å organisere ei god gjennomføring av hogst og transport frå skog til fabrikk. Før innebar medlemskap i ein skogeigarorganisasjon leveringsplikt for skogeigarane, men no er dette ei frivillig sak. Skogeigarorganisasjonane kan tilby assistanse for å gjennomføre hogst og leveransar, og dei kan ta ansvar for at leveransane og skogsdrifta elles er i samsvar med sertifiseringskrava etter standardar for eit berekraftig skogbruk. Utan samarbeidet gjennom skogeigarorganisasjonane ville mykje av dette ikkje vore mogleg å gjennomføre på ein økonomisk og praktisk måte.


Satsinga på auka utnytting av skogareala til anna næringsverksemd som jakt, fiske og opplevings- turisme med basis i landskap, skog og utmark stiller også krav som gjer det nødvendig å samarbeide over eigedomsgrensene. Dersom desse tilboda skal utviklast vidare, trengst det forpliktande samarbeid der ein legg vekt på å finne høvelege og rasjonelle organisasjons- og selskapsformer som er eigna til å vare. Det er eit mål i skogpolitikken at eigarane i større grad enn i dag vidareutviklar produkt og tenester frå skog og utmark. Samarbeid er rasjonelt og nødvendig for å utvikle nye produkt og/eller auke tilbodet av «arealprodukt». Tilhøvet mellom konkurranselovgjevinga og dette samarbeidet er teke opp under kapittel 6.6.

### 3.3 Skogressursane

Frå resultatata frå den første Landsskogtakseringa blei lagt fram i 1925, har både tilvekst og ståande volum i Noreg vorte fordobla. For både tilvekst og ståande volum har auken vore større for lauv og furu enn for gran.



Figur 3.2 Årleg tilvekst for ulike treslag



Figur 3.3 Utvikling i stående volum

### 3.3.1 Hogst

Frå 1990 har hogsten blitt redusert noko nær kvart år. Avverkningsnivået i 2002 var det lågaste på 25 år. Kor mykje skog som blir avverka heng i stor grad saman med prisane.

Samanliknar ein avverkinga dei siste åra med avverkinga i perioden mellom 1983/84 og 1994/95, ser ein at denne perioden var den einaste perioden på 1900-talet med årleg avverking på over 8 millionar m<sup>3</sup>. Samanliknar ein avverkinga dei siste åra med gjennomsnittleg avverking på 1950-, 60- og 70-talet, kan ein sjå at avverkinga nå er attende på det same nivået som han var i desse tre tiåra.

### 3.3.2 Stor forskjell mellom tilvekst og hogst

Den årlege tilveksten er i dag 24 millionar m<sup>3</sup>, og avverkinga for sal har dei siste åra vore mellom 7 og 8 millionar m<sup>3</sup>. Skilnaden mellom desse tala kunne indikere at avverkinga kunne ha vore mykje høgare, men her må ein og sjå på mellom anna virke som blir nytta til ved og konsekvensar av hogstformer, og miljøomsyn. Det finst ikkje sikre oversikter over dette, men ein reknar med at forbruket av ved ligg mellom 2 og 3 millionar m<sup>3</sup>. Det totale uttaket av virke frå norske skogar er derfor truleg mellom 9 og 10 millionar m<sup>3</sup> årleg.

Treslagsfordelinga og hogstklassefordelinga er elles slik at tilvekst aleine ikkje gir eit godt bilete av kva som er rett avverkningsnivå. Den skogen som blei etablert på dei høgproduktive areala etter omlegginga til bestandsskogbruk utgjer store volum med stor tilvekst. Tilveksten i denne skogen er i dag på det høgaste, og skogen er derfor under van-

lege tilhøve ikkje moden for avverking. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) ventar at dei store areala med høgproduktiv skog på Austlandet som blei etablert etter overgangen til bestandskogbruk, først blir hogstmodne om 25 år. Det same gjeld for skogen på Vestlandet og i Nord-Noreg. Her utgjer gran etter skogreising og treslagsskifte store volum med stor tilvekst, men heller ikkje i desse områda vil så mykje av skogen vere hogstmoden at ein kan auke avverkinga før om 10–20 år. Tala for volum og tilvekst gir derfor isolert sett eit misvisande bilete av grunnlaget for hogst.

NIJOS har konkludert med at avverkningspotensialet for gran har vore utnytta både i låglandet Austafjells, på Vestlandet og i Trøndelag og Nord-Noreg. På kort sikt er det berre innafor den regionen som omfattar Agder-fylka og dalstroka og fjellbygdene på Austlandet at det er grunnlag for å auke avverkinga av gran. Dette krev at det blir bygd nokre nye vegar slik at enkelte område blir lettare tilgjengeleg for drift, og det fører til at skog som står i bratt og vanskeleg terreng blir utnytta i større grad enn tidlegare.

Furu og lauvtre tåler derimot auka avverking i heile landet. For furu er det eit stort overskot av hogstmodent virke, men skogindustrien har liten kapasitet til foredling av massevirke av furu, og dette har påverka avverkinga av furu i stor grad, spesielt i dei områda som har høge transportkostnader som følgje av store avstandar til skogindustrien. Sjølv om det i enkelte område har vore eit stort omfang av foredling av lauvtrevirke til panelar og liknande, har det meste av lauvtrevirket fram til no vore utnytta til energivirke. Ein må derfor kunne vente at utviklinga på bioenergisektoren framover vil ha mykje å seie for avverkinga av furu og lauvtre. I enkelte fylke er i dag faren for elgskadar ei årsak til lågare avverking av furu enn ressurstilgangen skulle tilseie. Skogeigarane lét heller furuskogen stå, fordi det etter hogst er vanskeleg å få opp ny furuskog på grunn av elgskadar på forynginga. Ei auka avverking av furutømmer i slike område ville elles gitt grunnlag for verdiskaping gjennom foredling.

#### Boks 3.1 Bestandsskogbruk

Eit bestand er eit avgrensa skogareal med relativt einsarta tresetting og av ein slik storleik at det kan utgjere ei sjølvstendig behandlings- og driftseining. I bestandsskogbruket er bestandet behandlingseining. Produksjonstida er avgrensa (omløpstid). Forynginga skjer flatevis, og er avgrensa til ein relativt kort periode etter at hovedhogsten er gjort. Det inneber rask forynging på opne flater. Da blir alle bestand einsaldra. Ved hogst blir heile eller nesten heile bestandet teke. Overgangen til bestandsskogbruk innebar at ein konsentrerte aktiviteten samstundes som ein i langt større grad enn tidlegare la vekt på å få til god forynging etter hogst.

### 3.3.3 Vernskog

Etter skogbrukslova kan eit område få status som vernskog. Vernskog er i første rekkje skog som tenner som vern mot skred, ras, elvebrot, sandflukt eller liknande, eller skog som gir særleg vern for annan skog, dyrka jord eller bygningar.

Formålet med å gi skogareala ein eigen status er at ein gjennom meir kontrollert forvaltning kan sikre vekst og livskår for skog i utsette område. Det er i hovudsak det biologiske og klimatiske grunnla-

get for å kunne halde oppe skogproduksjon som er bakgrunnen for vernskogføresegnene i skogbrukslova. Vernskog omfattar i hovudsak sårbar skog, fjellskog og skog ut mot havet. Ein gjennomgang av alle vernskogområda i Noreg på starten av 1990-åra viste at om lag 20 % av den produktive barskogen er vernskog etter skogbrukslova. I all vernskog er det generell meldeplikt for all hogst, og i fleire område er det også meldeplikt for andre tiltak i skogen.

### 3.4 Vegar og transport

Eit tenleg skogsvegnett er ein føresetnad for å kunne drive eit stadstilpassa og konkurransedyktig skogbruk. På Sørlandet, Austlandet og i Trøndelag er hovudvegnettet langt på veg utbygd, og vegbyggingaktiviteten i desse områda vil framover stort sett knyte seg til bygging av sidevegar og modernisering av eksisterande vegnett. I dei tidlegare skogsreisingsstrøka (i hovudsak kystområda på Sørlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg) har ikkje

vegutbygginga kome like langt, og viss ein skal hauste dei ressursane som er bygde opp, er det nødvendig å halde fram med vegutbygginga i desse områda.

Dei fleste stader er eigedoms- og terrengforholda i Noreg slik at samarbeid mellom fleire skogeigarar er ein føresetnad for å få etablert gode vegløyningar. I mange område tener det same vegnettet også fleire interesser. Døme på dette er skogbruks-, jordbruks-, busetjings- og friluftslivsinteressene. Samordning av dei ulike interessene er derfor den største utfordringa ved planlegging av skogsvegar. For å møte denne utfordringa har om lag halvparten av kommunane i landet utarbeidd hovudplanar som viser korleis vidare utbygging av skogsvegnettet bør skje. Forskrift med krav om søknad frå skogeigar og godkjenning frå kommunen før bygging av landbruksvegar kan setjast i gang gjeld likevel også i desse kommunane.

I vegnære og lett tilgjengelege skogområde har hogsten i lengre tid vore like stor som, eller større enn, tilveksten. I område som ligg langt frå veg og i bratt terreng er det på den andre sida bygd opp my-

Tabell 3.1 Skogsbilvegar

FYLKE	Skogs- bilvegar, km, 2003	Andre vegar som kan nyttast til tømmer- transport, km	Sum bilvegar, 2003	Vegtettleik meter/ha 2003
Østfold .....	1878	400	2278	9,9
Akershus .....	2512	600	3112	9,6
Hedmark .....	11738	3300	15038	11,1
Oppland .....	6593	2350	8943	12,4
Buskerud .....	6311	1120	7431	13,0
Vestfold .....	1275	570	1845	15,4
Telemark .....	4922	1700	6622	12,7
Aust-Agder .....	2614	1580	4194	13,2
Vest-Agder .....	657	1000	1657	6,8
Sør-Trøndelag .....	1521	1260	2781	6,8
Nord-Trøndelag .....	3326	1325	4651	7,5
<i>Skogfylka, sum</i> .....	<i>43347</i>	<i>15205</i>	<i>58552</i>	<i>10,8</i>
Rogaland .....	310	330	640	4,6
Hordaland .....	453	570	1023	4,1
Sogn og Fjordane .....	500	700	1200	4,4
Møre og Romsdal .....	739	650	1389	5,0
Nordland .....	1002	1550	2552	4,4
Troms .....	623	630	1253	3,1
Finnmark .....	140	180	320	3,8
<i>Skogreisingsstrøk</i> .....	<i>3767</i>	<i>4610</i>	<i>8377</i>	<i>4,2</i>
<i>Heile landet</i> .....	<i>47114</i>	<i>19815</i>	<i>66929</i>	<i>9,0</i>

kje hogstmoden skog. Samstundes er bygginga av skogsbilvegar redusert frå ca 800 km per år på starten av 1990-talet til 120 km i 2003. Som ein følgje av dette forventar ein at gjennomsnittleg driftsveg-lengde vil auke til om lag det dobbelte av det lengda har vore dei siste 25 åra. Dette får stor verknad på økonomien ved drift av skogen.

Driftsveg-lengda kan reduserast noko gjennom auka satsing på vegbygging, men mykje av den hogstmodne skogen står på mark med låg produksjonsevne, delvis i høgareliggande skog. I desse områda vil det ikkje vere økonomisk lønnsamt å byggje eit tett vegnett slik det er i dei høgproduktive områda. Det er behov for fleire vegar i skogreisingsstrøka etter kvart som skogen blir hogstmoden, og noko meir vegar i skogstrøka.

Direktoratet for naturforvaltning har delt Noreg inn i område etter kor lang avstand dei ligg frå tekniske inngrep. Inngrepsfrie område er område som ligg meir enn 1 km frå eksisterande tekniske inngrep som vegar og liknande. Innan dei inngrepsfrie områda blir område som ligg meir enn 5 km frå eksisterande tekniske inngrep definerte som villmarksprega område. For slike villmarksprega område er det i dag knytt restriksjonar til vegbygging. Desse restriksjonane har små konsekvensar i fylka nord til og med Sør-Trøndelag, men i Nord-Trøndelag, Nordland og Troms er om lag 10 % av skogarealet påverka av desse reguleringane.


Reglane som gjeld framføring av veg og kva for endringar departementet meiner det er behov for å gjere i dei er omtala under kapittel 6.4.5.

### 3.5 Forynging av skog

Forynging av skog er grunnleggjande for framtidige moglegheiter for å hauste av tømmerressursane og kvaliteten på det virket som blir produsert. Hogst av tømmer utan påfølgjande investeringar og tilrettelegging for ny forynging inneber eit haustingsskogbruk som har negative konsekvensar for både råstofftilbodet og kvaliteten i framtida. Forynging med stadstilpassa treslag er derfor viktig for den framtidige ressurstilgangen. Dette har verdi for skogen sin evne til å tilpasse seg langsiktige endringar i klima. Ein oversikt over det produktive skogarealet etter dominerande treslag viser at vi har 41 % gran, 33 % furu og 26 % lauvtre (NIJOS). Fordi grana er mest utbreidd og er vanskelegast å forynge naturleg, er det dette treslaget som i hovudsak blir planta. I 2003 var 91 % av selte skogplanter vanleg gran.

Hogstform og foryngingsmetode skal vere tilpassa veksestaden. Riktig val av hogstform har mest å seie for at hogstfeltet blir godt tilrettelagt for forynging. I ein del høve er det nødvendig å gjere førebuande tiltak på hogstflata før forynging. I 2002 blei det gjort markriving på 14 % av det arealet som skulle foryngast, sprøyta mot ugras på 1 % av arealet, og grøfta på 4 % av arealet.

Resultatkontrollen av foryngingsfelt blir utført kvart år på 1000 felt og i tre sesongar etter avverking på desse felte. Kontrollen viser at det på ca 25% av det årlege foryngingsarealet ikkje blir gjort god nok tilrettelegging for oppbygging av ny skog med



Figur 3.4 Utvikling i planta areal (daa) 1952–2003

tilstrekkeleg kvalitet. Kontrollen viste vidare at i 2002 blei 46,6 % av det totale hogstarealet foryngt ved planting, 7,5 % ved ein kombinasjon av planting og naturleg forynging, 0,7 % ved såing og at 23,6% var lagt til rette for naturleg forynging. Den delen av foryngingsfeltene som ikkje er tilfredsstillande tilrettelagt for ny skog auka frå 2001 til 2002 med 3,5 %.

Skogplantesalet har minka mykje dei siste åra. I 1995 blei det selt 48 millionar planter, medan det i 2003 berre blei selt 23 millionar skogplanter. Oversikt over utvikling i planta areal, figur 3.4, viser den same tendensen. Omfanget av tilplanta areal i 2002 var på nivå med tilplantinga midt på 1950-talet.

Blant dei feltene som var tilplanta eller tilrettelagt for naturleg forynging, hadde høvesvis 21 og 40 % behov for tiltak for å oppnå tilfredsstillande forynging. For 34 % av det naturleg foryngt arealet var det i undersøkinga for tidleg å vurdere kor god forynging ein kan vente. I tillegg, som nemnt over, var 21,6 % av det totale foryngingsarealet ikkje tilrettelagt for nokon type foryngingsmetode.

Skogreising har vore ein viktig del av skogbruken i kystområda i dei siste om lag hundre åra, anten som skogreising på snaumark eller som treslagsskifte i skog der dei eksisterande treslagene har vore av dårleg kvalitet og gitt liten produksjon av virke for sal. Ved vurdering av kva slags areal som ein bør reise skog på, har ein lagt vekt på å finne område der granskog eller annan barskog ville gi betre og eventuelt større produksjon enn naturlege treslag på staden.

I dag er det små areal der det blir gjennomført skogreising eller treslagsskifte. I 2002 utgjorde dette arealet 14 000 dekar.

Stiftinga Det norske Skogfrøverk skal sørge for ein landsdekkjande tilgang på skogfrø av høg kvalitet, og drive rådgjeving om frø- og planteforsyning. Dette inneber mellom anna drift av frøplanta-sjar, frøavl og konglesanking. Det er private planteskular rundt om i landet, i mange høve ått av skogselskapa i fylka, som står for produksjonen av skogplanter.

Reglane som gjeld forynging og kva for endringar departementet meiner det er behov for å gjere i dei er omtala under kapittel 6.4.4.

### 3.6 Ungskogpleie

Etablert forynging må følgjast opp med nødvendig ungskogpleie. Ungskogpleie omfattar i hovudsak regulering av treslag, tretal og fjerning av tre av dårleg kvalitet, overstandarar (tre som av ulike grunnar får stå igjen etter hogst) og annan konkurrerende vegetasjon. Ungskogpleie blir i første rek-

kje gjort for å auke mengda kvalitetsvirke, men også for å oppretthalde produksjonen. Ungskogpleie blir i hovudsak gjort manuelt med ryddesag. Noko areal blir sprøytet for å sikre forynginga. I hovudsak er dette areal der gras, urter og annan vegetasjon truar det treslaget ein ønskjer å etablere framtidsskog av.

Ungskogpleieaktiviteten hadde ein topp i siste halvdel av 80-talet med nærare 700 000 daa årleg, men fekk ein nedgang først på 90-talet til om lag 400 000 daa. I 2003 blei det gjennomført ungskogpleie på om lag 120 000 daa eller om lag 16 % av aktiviteten i toppåra. Tal frå landbruksavdelingane hos fylkesmennene viser behov for ungskogpleie på vel 2 mill daa. Omfanget av sprøyting har minka kraftig dei siste åra. I 2003 blei det sprøytet vel 6 000 daa. Dette er ei halvering sidan 2000.

Ut over ungskogpleie blir det gjennomført ein del andre kvalitetsfremmande tiltak i form av kunstig kvisting og skadeførebyggjande tiltak mot råte- og beiteskadar. Kunstig kvisting har hatt eit årleg omfang på om lag 8 000 daa.

Beiteskadar på skog dreier seg i hovudsak om elgbeiting på furuskog på Austlandet og hjortebeting på granskog på Vestlandet. I fleire deler av landet reduserer dette sjansen for å få opp furuforynging. Elgbeiterregistreringar viser at det i nokre område ikkje har kome opp ny skog av furu dei siste 30–40 åra. Med tanke på utvikling av skog som er godt tilpassa veksestaden er dette ei viktig utfordring. Mange skogeigarar hentar inntekt både frå skogbruk og frå sal av jaktrettar. Samstundes ser ein også at det i enkelte regionar er konfliktytt å finne ein god balanse mellom store stammer av hjortevilt og forynging og framvekst av ny skog med høg kvalitet. Dette blir særleg eit problem der hjorteviltet har fast trekk slik at dei om vinteren beiter ned skog i andre område enn der dei oppheld seg i jaktperioden. Med mykje hjortevilt på avgrensa areal, særleg elg og hjort, kan beitinga bli så omfattande at det hindrar ei normal utvikling av viktige beiteplanter. Overbeitinga gjer det vanskeleg eller umogleg å få opp ny ungskog med nødvendig tettleik og rette treslag, særleg på stader der lauv og furu høver best. Det blir vanskeleg å sikre eit vinterbeite av god kvalitet for hjorteviltet, noko som har uheldige konsekvensar for kondisjonen og utviklinga av viltstammen, og det kan samstundes påverke det biologiske mangfaldet meir generelt.

I enkelte område har ein kartlagt tilgangen på viltbeite og utnytting av beitet. Særleg viktige er områda for vinterbeite. Slik kartlegging kan brukast for å gi eit betre grunnlag for å treffe avgjerder der motsetningane mellom viltinteresser og skoginteresser er store.

Reglane som gjeld forynging og kva for endringar departementet meiner det er behov for å gjere i dei er omtala under kapittel 6.4.4. Tilsvarende omtale av reglane som gjeld førebygging av skadar finst i kapittel 6.5.5.

### 3.7 Skog og miljø

#### 3.7.1 Innleiing

Skogbruk og miljøvern har ei over hundre år felles historie, og dei første med høgare skogbruksutdanning var samstundes med på å stifte dei første naturvernforeningane og fekk freda dei første skogareala. I dei siste tre tiåra har ulike meiningar om korleis skogsdrifta bør skje dominert og skygga for den lange felles tradisjonen. Det har vore sterke ordskifte om «stygt og pent», om storleiken på hogstflater, om vegbygging og i dei siste åra også om omfanget av vern av skog.

Etter at miljøprofilen i gjeldande skogbrukslov blei styrkt ved lovendringane i 1976, kom det fleire politiske signal om ei større vektlegging av miljøverdiane i dei ulike sektorane. Innafor skogbruket blei dette følgt opp med utgreiinga «Flersidig skogbruk» – NOU 1989:10. I utgreiinga blei det lagt fram fleire forslag med sikte på ei betre innarbeiding av miljøomsyna i skogpolitikken og i dei skogpolitiske verkemidla. Utgreiinga la mellom anna grunnlaget for revisjonen av vernskoggrensene på 1990-talet, fastsetjinga av den første vegforskrifta etter § 17 a i gjeldande skogbrukslov, auka vekt på miljøomsyn ved skogreising og drift i fjellskog, og ei samordning av praktiseringa av skogbrukslova på både offentlege og private skogareal.

Det er to hovudutfordringar knytt til miljøarbeidet i skogpolitikken. Det er viktig å sikre miljøomsyn i næringsverksemda. Vidare er det viktig å auka dei positive miljøbidraga frå skogsektoren. Desse miljøtema er særleg sentrale:

- biologisk mangfald og genetiske ressursar,
- kulturminne, kulturlandskap og andre kulturverdier,
- opplevings- og rekreasjonsverdier,
- miljønytte ved auka bruk av trevirke.

Dei ulike miljøkvalitetane krev omsyn både til enkeltelement og til samanhengen mellom element, og i mange høve er det rett å ta utgangspunkt i landskapet når ein gjennomfører tiltak.

#### 3.7.2 Biologisk mangfald og genetiske ressursar

Skogøkosystema har eit stort mangfald av livsmiljø for plante- og dyreartar, sopp, lav og mosar. Både kulturskog og skog utan særleg menneskeleg påverknad har ein dynamikk der leveområde forsvinn og kjem attende. Naturen er stadig i endring, og det biologiske mangfaldet vil også endre seg.

Dette gjer at vi treng kunnskap om økologiske prosessar i stor og liten skala, slik som biotop- og arealkrav for dei ulike artane. Det er ei stor utfordring å ta omsyn både til artar med eit relativt spesialisert levevis, og artar med meir generelle krav til kvalitet og storleik på leveområda.

Landbruks- og matdepartementet har lagt til rette for utvikling av eit standardisert og godt dokumentert registreringsopplegg knytt til biologiske miljøverdier. Norsk institutt for skogforskning (Skogforsk) har leda forskingsarbeidet som er grunnlaget for registreringsopplegget, og Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) har teke del i den praktiske utforminga av opplegget. Slike miljøregistreringar er ein del av skogbruksplanane til skogeigarane, og eit viktig grunnlag for miljøarbeidet i skogbruket. Om lag 15 millionar dekar er så langt registrert etter MiS-metodikk.

#### Raudlista

Fleire av dei internasjonale naturvernavtalene (konvensjonane) som Noreg har slutta seg til omfattar mellom anna forpliktingar til vern og berekraftig utnytting generelt, og med særskilt merksemd omkring sikring av trua artar. Det enkelte medlemsland må, for å følgje opp desse konvensjonane, mellom anna ha oversikt over bestandssituasjonen for dei artane som er omfatta av avtalene. Utarbeiding av nasjonale raudlister har mellom anna av den grunn blitt ei prioritert oppgåve. Dette er lister over artar som ein kan rekne med er trua, sårbare, omsynskrevjande, eller artar ein veit for lite om til å kunne vurdere kva for status dei skal ha.

På den norske raudlista blei om lag 3 000 artar i 2000 omtala som trua, sårbare eller omsynskrevjande. Nær halvparten av dei lever i skog. Som ei oppfølging av St. meld. nr. 42 (2000–2001) Biologisk mangfald – sektoransvar og samordning, har regjeringa sett i gang fleire oppgåver knytt til forbetring av raudlistearbeidet. Ein vurderer mellom anna kriterier for å raudliste artar. Ein ser også på om det er mogeleg å gjere raudlista til eit betre forvaltningsverktøy ved å bruke meir standardisert vurderingsmetodikk, meir presis dokumentasjon og betre datagrunnlag.



Som eit resultat av auka kunnskap om verdien av dødt virke for det biologiske mangfaldet, blei registrering av dødt trevirke og vindfall innlemma i Landsskogtakseringa i 1994. Slike registreringar er også sentrale element i dei miljøregistreringane som går inn i skogbruksplanane. Berre i Noreg er det om lag 4 600 artar som treng dødt virke i heile eller deler av livssyklusen sin. Desse artane, i hovudsak frå gruppene sopp, biller og andre insekt, er i tillegg avhengige av ulike kvalitetar av dødt trevirke slik som nedbrytingsgrad, treslag, dimensjon og eksponering. Resultat av arbeidet i Landsskogtakseringa så langt viser at det i Noreg i snitt er 8 m<sup>3</sup> dødt trevirke pr. ha. I Sverige og Finland er det i snitt 6 m<sup>3</sup>. Sverige har som miljømål å auke delen «hård død ved» med 40% i heile landet innan 2010. Dei vil da kome så vidt over det nivået vi har i dag. I Noreg aukar også mengda av dødt trevirke, og vi vil derfor ha ei høgre arealmengde av dødt trevirke enn i Sverige. Når det gjeld mengda av dødt trevirke i ulike typar av skog, er det meir død ved i gamal skog og på høg bonitet. Død ved finst i nær sagt alle vegetasjonstypar, men det er større mengder død ved på rike vegetasjonstypar som er viktige for det biologiske mangfaldet. NIJOS-rapport «Skog 2000» viser at for tørre tre og vindfall er mengda fordobla frå perioden 1919–1930 og fram til i dag.

#### *Genetiske ressursar*

Skogstre er av dei artane som har størst genetisk variasjon. Denne variasjonen er eit resultat av ei dynamisk utvikling over mange generasjonar, og variasjonen er viktig for tilpassingsevna for arten på både kort og lang sikt. Med treslaget sine genetiske ressursar forstår vi genetisk variasjon som har verdi for både naturleg utvikling og utnytting med dei miljøtilhøva som er i dag og kjem i framtida.

Spesielt for Noreg er det at mange treslag her veks på si nordlegaste grense. Marginale populasjonar kan innehalde genetiske variasjonsmønster som ikkje finst andre stader i utbreiingsområdet til arten. Dersom slike populasjonar er trua, er det spesielt viktig å bevare den genetiske variasjonen deira.

På verdsbasis trur ein at ca. 10% av alle treslag er direkte trua av utrydding. Dermed kan verdifull genetisk variasjon gå tapt. Dei fleste av dei utryddingstrua artane er tropiske artar, og i dei nordiske skogane er ingen treslag direkte utryddingstrua. Det er fleire faktorar som påverkar den genetiske variasjonen og tilpassingsevna hos treslag. Under norske forhold er truleg klimaendringar den enkeltfaktoren som kan bety mest i framtida.

Hovudmålet med bevaring av genetiske ressurs-

ar er å skape gode forhold for framtidig utvikling og utnytting. Dette kan gjerast ved å sikre verdifulle gen og genetiske variasjonsmønster. Grunnlaget for bevaring er etter dette både biologisk, økonomisk og etisk motivert.

Ved utnytting av genressursane på kort sikt er det viktig å etablere og bevare populasjonar som kan generere plantemateriale med gode vekst- og kvalitetsegenskapar. I eit lengre framtidsperspektiv er det viktig å ta vare på genetisk variasjon som kan gi opning for å gjere utval for eigenskapar som kanskje ikkje er påakta i dag, samstundes som tilpassingsevna til varierende miljøforhold blir teke vare på. Den etiske grunngevinga for bevaring av genetiske ressursar er den same som gjeld for å bevare naturmiljøet generelt. Grunngevinga er akseptert gjennom internasjonale konvensjonar.

Bevaring av genetiske ressursar går inn som eit av ledda i Konvensjonen om biologisk mangfald som Noreg har ratifisert. Konvensjonen forpliktar Noreg til m.a. å bevare den biologiske diversiteten som finst, og til å utvikle nasjonale strategiar for slik bevaring. Ved den første konferansen i Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa (Strasbourg 1990) slutta Noreg seg til resolusjon 2 om bevaring av skogstrea sine genetiske ressursar. I samband med dette har Noreg utarbeidd ein strategi for bevaring av genressursane.

#### **3.7.3 Kulturminne, kulturlandskap og andre kulturverdiar**

Skogareala er rike på spor etter busetjing, næringsverksemd og annan menneskeleg aktivitet attende til steinalderen. Kulturminna – og kulturmiljøa dei ofte går inn i – er ein historisk arv det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på.

Sjølv om store delar av denne kulturarven er formelt freda etter kulturminnelova, er det ikkje til å unngå at nokre spor etter menneskeleg verksemd går tapt over tid. Skogbruksverksemd kan uforvarende skade eller øydeleggje den arkeologiske kulturarven under markoverflata, til dømes ved bygging av skogsvegar, hogst med tyngre maskinelt utstyr, terrengtransport, markriving, grøfting eller planting.

Kunnskapen om kulturminne i skog er varierende, men generelt er det registrert lite i tradisjonelle utmarksområde. Den informasjonen som finst omfattar i hovudsak kulturminne med vernestatus etter kulturminnelova. Tilgangen til denne informasjonen er heller ikkje så god utanfor kulturminneforvaltninga, og mange lokalt initierte registreringsprosjekt er berre tilgjengelege i papirformat. Undersøkingar viser at det er varierende kvalitet på

data, spesielt data som gjeld stadfesting. Landbruks- og matdepartementet har sett i gang eit prosjekt ved NIJOS som siktar mot å lage eit registreringsopplegg for kulturminne i samband med skogbruksplanlegginga. Kulturminneregistrering utført av skogbruksplanleggjarar i samband med skogtakst synest så langt å vere ei kostnadseffektiv og påliteleg kulturminneregistrering.

### 3.7.4 Opplevings- og rekreasjonsverdier

Skogen er eit viktig landskapselement i Noreg fordi dei skogkledde areala dekkjer ein så stor del av landet. Skogen er viktig i rekreasjonssamanheng, og er etter friluftslova tilgjengeleg for alle. Skogen blir brukt til ulike friluftslivs- og idrettsaktivitetar der mellom anna opplevingsverdiane er sentrale. Bruken varierer sterkt frå dei tettstadnære skogområda, som er viktige turområde og område for leik, idrettslege aktivitetar og undervisning, til skogområde som ligg langt frå folk og som blir brukt mindre intenst og som kan gi oppleving av lite påverka natur.

Det er eit viktig mål for skognæringa å tilpasse verksemda til dei behova folk har for friluftslivs- og opplevingsområde. Skogbruket må leggje vekt på å unngå at det oppstår brukskonfliktar, ved mellom anna å ta omsyn til turvegar, stiar og skiløyper.

Skogbruksnæringa har særlege utfordringar når det gjeld omsyn til opplevingskvalitetane i by- og tettstadnære område, og i samband med vegbygging i såkalla villmarksprega område.

### 3.7.5 Skogbruk og miljøomsyn

Skogbruket har eit klart ansvar for å ta omsyn til dei ulike miljøkvalitetane. Nokre av miljøelementa knytt til biologisk mangfald er viktige i miljøsamheng, men samstundes også nødvendige for langsiktig skogbruk. Viktige spørsmål er mellom anna:

- Kvar er miljøverdiane og kva for omsyn skal ein ta i høve til dei?
- Korleis kan ein sikre god balanse mellom miljøomsyn og næringsverksemd?

Miljøregistreringar i skog (MiS-registreringar) er i dag ein del av skogbruksplanane som skogeigaren bruker i drifta av eigedommen, og slike registreringar og planar er eit viktig grunnlag for miljøinnsatsen i skogbruket. Om lag 15 millionar dekar er så langt registrert etter MiS-metodikk.

Det er ei utfordring å finne gode løysingar som sikrar balanse mellom bruk og vern. Dette krev i

enkelte tilfelle forbod og restriksjonar på bruk, i andre tilfelle tilpassingar i næringsverksemda. I nokre tilfelle er det også mogleg å sikre miljøkvalitetane gjennom å leggje til rette for anna økonomisk næringsverksemd med basis i dei viktige miljøkvalitetane – t.d. reiseliv og turisme – slik at det også blir lønnsamt å ta vare på det ein ønskjer å verne.

Det har vore ein lang periode med sterk vekt på å innarbeide miljøomsyn i alt skogpolitisk regelverk, og det er også gjennomført store samarbeidsprosjekt mellom skognæringa og miljøvernorganisasjonane.

Krava til skogbruket om å ta betre omsyn til ulike miljøkvalitetar er blitt meir omfattande. Ein legg i dag stor vekt på miljøregistreringar, betre oversikt over miljøverdier og behovet for meir målretta og miljøtilpassa tiltak i skogbruket. Det er generelt auka etterspørsel etter dokumentasjon på at skogprodukt kjem frå eit berekraftig skogbruk. Ulike ordningar for dokumentasjon og sertifisering har vokse fram på 1990-talet, og dei fører med seg nye krav til den enkelte skogeigaren når det gjeld hogst og skjøtsel av skogen. Sertifiseringa fører mellom anna med seg etter måten grundige kontrollrutinar som skal gi betre dokumentasjon på korleis skogen blir forvalta. Skogbruket og skogindustrien sitt samarbeid i prosjektet Levende Skog om standardar for berekraftig skogbruk og etablering av sertifisering basert på standardane er eit eksempel på dette.

Trass i endringane i skogpolitikken og den innsatsen skognæringa sjølv har gjort, har det ut over 1990-talet vore ei sterk fokusering på moglege negative effektar av skogbruk, spesielt i høve til biologisk mangfald. Natur- og miljøvernorganisasjonar, og i aukande grad marknadsaktørar og forbrukarar, stiller stadig større miljøkrav til skogbruksverksemda. Mange skogeigarar har til dels frykta for konsekvensane av krava, og i nokre høve har det vore uklart for dei kva slags kunnskap og vitenskapelig grunnlag krava er bygde på. Aktørane innafor skogbruket har også opplevd at det har vore stor avstand mellom krava frå organisasjonane og dei føresegnene som er nedfelte i lov- og regelverket. Det er ei viktig utfordring framover å finne gode løysingar som sikrar aktivitet og næringsverksemd med grunnlag i skogressursane. Ei ny skogbrukslov bør vere ein reiskap som samstundes skal gi gode rammer for framtidig næringsverksemd og klare standardar for forvaltninga av ressursgrunnlag og miljøkvalitetar.

## 3.8 Verkemiddel for berekraftig skogbruk

### 3.8.1 Skogavgift

Etter gjeldande lov skal skogeigaren betale inn ei skogavgift, som er ein tvungen fondsavsetnad. Plikta til å setje av skogavgift gjeld ved alt sal av tømmer og biobrensel. Siktemålet er å sikre nødvendige langsiktige investeringar i vedkommande skog. Avsetnaden gir skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere eit berekraftig skogbruk.

Ordninga med skogavgift har vore eit berande element i bruken av verkemiddel i skogpolitikken. Pr. 1. januar 2003 hadde norske skogeigarar 700,2 millionar kroner ståande inne på skogavgiftskonti. Frå hogster i 2003 blei det innbetalt 189,9 millionar kroner i skogavgift, og 195,4 millionar kroner blei investert i ulike tiltak i skogen. Pr. 1. januar 2004 var det 694,7 millionar kroner inneståande på skogavgiftskonti.

Reglane som gjeld skogavgift og kva for endringar departementet meiner det er behov for å gjere i dei er omtala under kapittel 6.7.1.

### 3.8.2 Meldeplikt og andre offentlege pålegg

Meldeplikt for skogbrukstiltak etter gjeldande lov har vore aktuelt i vernskog og i skog der det er fastsett forskrift etter § 17 b, eller når meldeplikt er innført etter § 19. Meldeplikt vil seie at ein skogeigar må melde frå til skogoppsynet før han skal hogge, eller gjennomføre andre tiltak som det er innført meldeplikt for. Praktiseringa av meldeplikta vil vere fastsett i forskrift, eller i vedtak frå eit skogoppsynsorgan. Der vil det vere bestemt om skogeigaren må vente på eit svar, eller om arbeidet kan starte opp om ikkje skogoppsynet har reagert innan ei viss tid. Det er innført meldeplikt i all skog som er vernskog. Skogområda i Oslo og nærliggande kommunar (Oslo-marka) er det mest kjende området med forskrift etter § 17b. Formålet med denne forskrifta er å sikre at skogbruket i Oslomarka er med på å ivareta og utvikle kvalitetar knytt til friluftsliv, naturmiljø, landskap, kulturminne og vassforsyning. Heimelen til å innføre meldeplikt i § 19 har berre vore nytta i nokre få tilfelle opp gjennom åra. I 1990 var Tønsberg den første kommunen som innførte meldeplikt for alle skogeigarar i kommunen. Meldeplikta blei innført for å sikre at reglane i skogbrukslova blei følgde. Heimelen har seinare blitt nytta i enkelte område med særskilde miljøverdiar, m.a. nokre kystgranskogområde i Møre og Romsdal og dei to fylka i Trøndelag.

Gjeldande skogbrukslov har fleire føresegner som gir heimel for skogoppsynet til å påleggje ein skogeigar å stoppe eller utføre tiltak i eigen skog. Den einaste av desse som har vore nytta meir enn i nokre få tilfelle er § 16, 4. ledd, som gir heimel til å stanse ein planlagd eller oppstarta hogst. Ein har opp gjennom åra hatt tilfelle der skogoppsynet har måtte gripe inn ved overdriven økonomisk utnytting av skogeigedommar, eller forsøk på å gjennomføre reine avskogingar før ei odelsløysing eller eit tvangssal. I dei seinare åre har det også vore nokre vedtak der ein har pålagt å redusere hogster i område med viktige miljøverdiar. Heimlane til å påleggje skogkulturarbeid etter § 17, gjennomføring av tiltak etter skade på skog etter §§ 22 og 23 og pålegg om å opprette skogbruksplan etter § 30 har ikkje vore nytta mykje. I samband med kampen mot barkbillene på slutten av 1970-talet blei det gitt fleire pålegg etter § 28 om tiltak mot insekt- og soppangrep med vidare.

Reglane som gjeld meldeplikt og kva for endringar departementet meiner det er behov for å gjere i dei er omtala under kapittel 6.5.2.

### 3.8.3 Statstilskot til skogbruket

Det er dei siste åra gitt rammer for tilskot til formål i skogbruket over statsbudsjettet og over jordbruksavtalen gjennom Landbrukets utviklingsfond. Tilskotsordningane gjeld i hovudsak langsiktige investeringstiltak i skogbruket som planlegging, skogkultur og bygging av skogsbilvegar. I tillegg er det gitt tilskot til langtransport på Vestlandet og i Nord-Noreg, til tiltak for å fremme foredling av trevirke, og til nokre andre tiltak i skogbruket. Sidan tidleg på 1990-talet er tilskota samla sett reduserte år for år.

Verkemiddelbruken i skogpolitikken blei endra i 2003. Frå 2004 er tilskot til skogbruk i all hovudsak flytta frå jordbruksavtalen til ein annan post på statsbudsjettet. Med unntak av dei midla som er knytt til kompetansehevande tiltak blir det alt vesentlege av midla fordelt frå departementet til fylkesmennene og vidare til kommunane ut frå kommunevise tiltaksstrategiar. Tildelinga til kommunane er eit resultat av at kommunane gjennom kommunereforma er gitt større ansvar og fridom. I statsbudsjettet for 2004 blei det løyvd ei tilskotsramme på 137 millionar kroner til dei tradisjonelle skogbrukstiltaka. I tillegg blei det sett av 18 millionar kroner til bioenergisatsing, og 39 millionar kroner til verdiskapingstiltak (i hovudsak til Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke).

Det er ikkje føresegner i gjeldane lov om stat-

lege tilskot. Forskriftene om tilskot er for ein del fastsett med heimel i jordlova og delvis fastsett med bakgrunn i Stortinget sine årlege budsjettvedtak. Frå februar 2004 blei reglane for alle tilskotsordningane i skogbruket med unntak av skogbruksplanlegging samla i ein forskrift.

Reglane som gjeld tilskot og kva for endringar departementet meiner det er behov for å gjere i dei er omtala under kapittel 6.7.2.

### 3.9 Internasjonal skogpolitikk

Skogspørsmål kom høgt på den internasjonale dagsorden i samband med førebuingane og gjennomføringa av FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio i 1992. Oppfølginga har skjedd i arbeidet med FN sitt mellomstatlege skogpanel, FN sitt mellomstatlege skogforum og seinare i Skogforumet i FN som blei oppretta i 2000. Skogforumet er i dag eit organ som er direkte lagt inn under FN sitt sosiale og økonomiske råd. Det er forhandla fram eit fleirårig program for arbeidet, under dette ein handlingsplan. Hovudoppgåva er å gjennomføre handlingsplanen og dei tiltaka som landa er samde om i det internasjonale samarbeidet. Handlingsplanen er omfattande og femner tiltak knytt til miljø og økonomiske og sosiale forhold ved forvaltning av skog. Seinast under verdstoppmøtet i Johannesburg i august 2002 samla medlemslanda i FN seg om Skogforumet i FN og handlingsplanen. Tiltaka som går inn i handlingsplanen er omtala i sluttrapportane frå FN sitt mellomstatlege skogpanel (E/CN.17/1997/12) og FN sitt mellomstatlege skogforum (E/CN.17/2000/14).

Skog er også eit viktig element i Konvensjonen om biologisk mangfald og Klimakonvensjonen. Partane i konvensjonen om biologisk mangfald vedtok på det sjette partsmøtet i 2002 eit utvida arbeidsprogram for biologisk mangfald i skog (CBD COP Decision VI/22). Arbeidsprogrammet konkretiserer og utvidar arbeidet med vern av biologisk mangfald innfor rammene av konvensjonen.

Konvensjonane og skogprosessen i FN har medverka til auka merksemd om skogen som ein globalt sett viktig ressurs med stor verdi for klima, som fornybart råstoff og med store ressursar av verdifullt biologisk materiale. Konvensjonane om biologisk mangfald og klima har saman med skogprosessen i FN hatt innverknad på utforminga av skogbrukslovgeving i mange land. Det har også haldningane i marknadene for forbruksvarer. Haldningane har kome til uttrykk gjennom ordningar for sertifisering og merking av opphavet for ulike skogprodukt.

I Europa har det sidan 1990 vore eit aktivt skogpolitisk samarbeid knytt til oppfølginga av Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa. Dette regionale samarbeidet har i stor grad teke opp dei globale skogpolitiske problemstillingane, og søkt å finne løysingar på desse i forhold til dei spesifikke forholda og utfordringane vi har i Europa. Landa er mellom anna samde om kriteria, som beskriv målområda for ei berekraftig skogforvaltning, og indikatorar til å måle utviklinga i forhold til desse kriteria i dei enkelte land. Indikatorane blir nytta ved rapportering av status og utvikling i skogtilstand i samband med det internasjonale skogpolitiske samarbeidet. Samarbeidet omfattar også ei rekkje andre forhold knytt til utforming og gjennomføring av skogpolitikken i deltakarlanda. Det gjeld mellom anna skogen sitt bidrag til regional utvikling, vern av skog, dei økonomiske føresetnadene for skogbruk som næring og rammeverk for utforming av skogpolitikken slik dette er trekt opp i arbeidet i FN (nasjonale skogprogram). Vedtaka i prosessen er nedfelt i erklæringar og resolusjonar frå dei fire ministerkonferansane i Strasbourg (1990), Helsinki (1993), Lisboa (1998) og Wien (2003).

Skogpolitikken i EU er dei enkelte medlemslanda sitt ansvar. Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa er derfor arenaen for skogpolitisk samarbeid i vår verdsdel. Andre politikkområde i EU som jordbrukspolitikken, distriktsutvikling, og miljø- og industripolitikk er likevel svært viktige for rammevilkåra for skogsektoren og for utforminga av skogpolitikken i medlemslanda i EU.

I det internasjonale arbeidet med skogspørsmål globalt og i Europa legg ein vekt på at vilkåra for skogsektoren varierer mellom land og område. Resultata gir føringar og støtte for deltakarlanda i utforminga av nasjonal politikk på området, men også rom for utforming av verkemiddel som varierer mellom land avhengig av nasjonale forhold og prioriteringar. I denne samanhengen er det viktig å sjå korleis administrative og økonomiske virkemiddel, samt informasjon og opplæring, spelar saman med skoglovgevinga. Sjølv om dei enkelte tiltaka som landa har samla seg om i dei fleste høva ikkje er juridisk bindande, har Noreg ei politisk plikt til å gjennomføre tiltak som er aktuelle for oss. Landbruks- og matdepartementet har derfor over tid lagt vekt på å integrere internasjonale skogpolitiske vedtak og prinsipp i den nasjonale skogpolitikken.

Departementet tok hausten 2003 initiativ til ei kartlegging av internasjonale vedtak og tilrådingar knytt til skogsektoren, og kartla også korleis desse er følgt opp nasjonalt. Kartlegginga vert gjennomført av Norges Landbrukshøgskole, Institutt for na-

turforvaltning, og vil vere avslutta hausten 2004. Ei rekkje aktørar, blant dei ulike sektorstyresmakter,

private organisasjonar, frivillige organisasjonar og ulike fagmiljø tek aktivt del i arbeidet.

## 4 Gjeldande lov i Noreg og i nokre andre land

### 4.1 Tidlegare lovgjeving i Noreg

#### *Lov om skogvesenet av 1863*

Den første lova i Noreg som omhandla korleis ein skal skjøtte og nytte skogressursane blei vedteken i 1863. Lova var eit resultat av ei sterk utnytting av skogen over lengre tid. For ein stor del hadde dette si årsak i at tømmerhandelen blei frigitt i 1836. Lova baserte seg på to skogkommisjonar som la fram sine innstillingar i 1849 og 1859. Lova var først og fremst ei vedtektslov, som gav høve til å påleggje avgrensingar i hogsten for å førebyggje rovdrift på skogen.

Alt da lova blei vedteken var det klart at ho var ufullstendig og førebels, og at ho måtte kompletterast. Den sterke averkinga førte til at uroa om skogspørsmåla heldt fram utover i andre halvdel av 1800-talet. Ein offentlig skogadministrasjon blei oppretta omlag på same tid som lova av 1863 blei vedteken, men trass i at både lova og skogadministrasjonen kom på plass, varte nedbygginga av skogressursane ved.

#### *Lov om Værneskogens Bevarelse og mod Skogenes Ødelæggelse av 20. juli 1893*

Det blei sett ned ein ny skogkommisjon i 1874. Kommisjonen fekk i mandat å vurdere både endringar i skogforvaltninga og lovgjevinga om skogbruk. Kommisjonen kom fram til at det blei hogd 36 % meir enn tilveksten i dei norske skogane i den tida, og kommisjonen la fram «Foreløpig utkast til lov om skogvesenet» i 1879. I tillegg til reglane i lova av 1863 omfatta utkastet føresegner som tok sikte på å regulere privatskogbruket. Forslaga inneheldt mellom anna forslag om ei plikt til skogkultur som møtte sterk motstand.

Lovutkastet frå skogkommisjonen var i utgangspunktet eit forslag til ei «gjenvekstlov» for å sikre ny skog etter hogst, og lova blei eit føredøme for seinare skogbrukslovgjeving. Eit lovforslag som bygde på kommisjonen sitt arbeid blei lagt fram i 1893, og forslaget førte til at «Lov om Værneskogens Bevarelse og mod Skogenes Ødelæggelse» blei vedteken i 1893. Denne lova fanga likevel ikkje opp skogkommisjonen sitt forslag om ei plikt til å gjen-

nomføre skogkultur. Derfor sto jamvel lova av 1893 fram som ei vedtektslov som i hovudsak gav lokale myndigheiter høve til å fastsetje vedtekter om avgrensingar i hogsten.

#### *Lov om vernskogens bevarelse og mot skogens ødeleggelse av 1908*

Lova av 1893 blei endra i 1908 og seinare revidert fleire gonger, mellom anna med sikte på å presisere minste dimensjonar for tre som kunne hoggast, og reglar for hogst i vernskog. Generelt sto skogvern sterkt i samfunnet, og føresegnene i lova spegla behovet for å førebyggje at skogressursane blei raserte. Føresegnene om avgrensing av hogst som blei vedtekne av dei lokale styresmaktene (heradsstyret) var ofte mangelfulle. Ved endringane i lova i 1908 fekk departementet større mynde til å gripe inn der lokale styresmakter ikkje hadde nytta ut sine fullmakter. Lovendringa i 1908 gav dessutan heimel for at ein kunne vedta føresegner om å betale ei avgift til kulturarbeid i skogen etter hogst. Heimele til denne avgifta blei sett på som ei viktig prinsipiell endring. Høvet til å sikre ny skog etter hogst på dette viset blei likevel lite nytta.

#### *Lov om erhvervelse av skog av 1909 (skogkonesjonslova)*

Skogkonesjonslova frå 1909 fastsette at det måtte søkjast konsesjon for kjøp av skogeigedom over ein viss storleik. Lova hadde fleire formål. Eitt formål var å hindre at utanlandske statsborgarar eller selskap kjøpte skog i Noreg. Eit anna var å hindre at avkastinga frå skogareala blei trekt ut av bygdene. Det var eit mål at skogen skulle vere knytt til jordbrukseigedom slik at avkastinga samla sett kunne gje trygge arbeidsplassar. Ved seinare lovendringar blei det lagt vekt på at lova skulle brukast til å hindre spekulasjon og pengeplassering knytt til skogseigedom. Skogkonesjonslova var, saman med ei rekkje andre konsesjonslover (t.d. myrkonesjonslova og fjellkonesjonslova), forløparen til ei meir generell konsesjonslov for kjøp av fast eigedom i 1974, jf. lov 28. november 2003 som gjeld i dag.

### *Lov om skogvern av 1932 (skogvernlova)*

Frå 1919 tok skogadministrasjonen til med skogregistreringar. Registreringane blei utførte av det som seinare blei kalla Landsskogtakseringa. Resultata viste at hogsten ikkje hadde vore så sterk som frykta, men at skogressursane framleis var i dårleg tilstand. Det førte til at lovgjevinga om skogbruk nok ein gong måtte endrast. Denne gongen fann ein behov for ei vanleg lov om skogbruk som kunne underbygge utvikling av rasjonell skogskjøtsel, og som hadde mål om forynging av skogen og høgare produksjon. Eit nytt lovforslag blei lagt fram i 1931 og behandla av Stortinget i 1932. I proposisjonen til lova er det teke inn at arbeidet med lova retta seg mot å verne skogen, regulere hogsten, sikre forynging og oppmuntre til arbeid med skogkultur. Skogvernlova av 1932 blir sett på som den viktigaste hendinga i historia til norsk skogbruk. Lova gjorde ende på ein tradisjon gjennom hundre år med å drive eit haustingsskogbruk. Skogbruksdrifta blei bygd opp om ein planmessig skogproduksjon der plikta til å drive skogkultur er eit sentralt element. Til dømes skulle skogeigarane svare ei kulturavgift på 1 % av bruttoverdien på trevirke, om dei ikkje kunne dokumentera at dei hadde brukt ein tilsvarende sum til å fremme forynging etter hogst.

Lov om skogvern av 1932 blei endra ei rekkje gonger, og i 1951 sette departementet ned ein ny skogkommisjon. Kommisjonen fekk som mandat å vurdere skogpolitikken og tiltak for å nytte moglegheitene for skogproduksjon på beste måte. Kommisjonen konkluderte mellom anna med at ein stor del av skogarealet var dårleg tresett, og at produksjonsevna derfor ikkje var godt nok utnytta. Kommisjonen hevda at det var mogleg å auke tilveksten med meir enn 80 %, om ein skjøtta skogane meir rasjonelt og tok i bruk skogreising og skogkultur meir planmessig. Kommisjonen meinte at evna til investeringar, tilgang på arbeidskraft og avsetnad for skogprodukta i marknaden var sentrale for grunnlaget for den auka produksjonen.

## **4.2 Lov om skogbruk og skogvern av 1965 (skogbrukslova)**

Med utgangspunkt i arbeidet til Skogkommisjonen av 1951 la departementet i 1962 fram forslag til ei ny lov om skogproduksjon og skogvern. Lova blei vedteken i Stortinget i 1965, og er med seinare endringar den lova som gjeld i dag. Formålet med lova var å fremme skogproduksjon, skogreising og skogvern. Formålsparagrafen frå 1965 nemner at ein mellom anna skal ha som siktemål at skogbru-

ket gjennom rasjonell skjøtsel skal gi eit tilfredsstillande resultat for dei som driv i næringa, og sikre ei effektiv og jamn tilføring av råstoff til industrien. Dei fleste av prinsippa frå 1932-lova blei førte vidare, prinsipp som har vore særleg viktige for den vidare oppbygging av skogressursane i siste halvdel av 1900-talet. Særleg er det grunn til å nemne plikta til å svare skogavgift, som i lova frå 1965 blei ført vidare og utvikla ut frå dei erfaringane ein hadde med kulturavgift i skogbrukslovane frå 1908 og 1932. Skogavgift er knytt til eigedommen, og sikrar tilgang på eigenkapital til dei langsiktige investeringane i skogbruket. Dette har vore ein viktig mekanisme for å finansiere utviklinga av eit berekraftig skogbruk i nyare tid. Føresegnene om hogst (§ 16) og skogkultur (§ 17) har og vore viktige føresegner for å nytte og pleie skogressursane.

Lova er justert fleire gonger. I 1976 blei lova gjennomgått på breitt grunnlag for å styrke miljøprofilen. Da blei mellom anna namnet på lova endra til Lov om skogbruk og skogvern, og formålet blei utvida. I eit tillegg i formålsparagrafen blei det slått fast at skogbruket skal leggje vekt på skogen sin verdi som kjelde til rekreasjon for folket, som viktig del av landskapsbiletet, som livsmiljø for planter og dyr, og som områder for jakt og fiske. Fleire av føresegnene blei endra, og det blei gjort tillegg som gjaldt dei omsyna skogeigaren og styresmaktene må ta i høve dei ulike miljøverdiane i skogen.

## **4.3 Lovgjeving i andre land**

Mange land har gjennom dei siste 10–15 åra gjennomført revisjonar av lovgjevinga om skogbruk for å tilpasse seg internasjonale endringar med verknad for skogpolitikken. Nokre har gjort mindre justeringar, andre fullstendige revisjonar. Endringane har, i tillegg til nasjonale strategiar, ofte hatt ein bakgrunn i utviklinga i det internasjonale samarbeidet om skogspørsmål.

I framstillinga nedanfor er nokre kommentarar utover utforminga av lovgjevinga tekne med. Skogtilhøva i Noreg, Sverige og Finland liknar mykje på einannan. Dette kjem også til uttrykk i lovgjevinga. Samstundes er det viktige skilnader i korleis dei skogpolitiske verkemidla er sett saman. Lovgjevinga i Sverige og Finland er derfor omtala særskilt under kapittel 4.4.

I nokre land som i dei seinare åra har revidert skogbrukslovgjevinga si er formål og plikter omtala i generelle vendingar. I andre land er formåla og pliktene omtala i ein konkret form. I dei fleste høve der det er brukt meir generelle formuleringar er

det gitt heimlar for utforming av detaljerte føresegner og reglar, og ansvaret for handheving av lova er ofte delegert til særlege offentlege organ. Eit døme på dette er Sverige. I forbundsstatar nyttar ein som regel eit landsdekkjande lovverk, med ulike opningar for regional tilpassing gjennom lovverk i delstatane. Lovgjevinga i Tyskland og Austerrike er døme på slike løysingar. Ein eigen kategori er statar som har overgangsøkonomi og statar som har prosessar for privatisering av skogbruket. I desse landa er lovgjevinga meir detaljert og omfattande. Ein finn døme på detaljerte lovføresegner om oppgåvene og pliktene til den offentlege administrasjonen, føresegner om omsetning av trevirke og føresegner med sikte på å unngå korrupsjon. Fleire av dei nye medlemslanda i EU har store skogressursar, og mange av dei er inne i slike prosessar.

I dei fleste lovene om skogbruk tek ein sikte på å oppnå ein balanse mellom den næringsmessige funksjonen skogen har, og andre funksjonar, til dømes vernskog, friluftsliv og omsynet til biologisk mangfald. Det blir lagt vekt på den langsiktige karakteren i skogbruksverksemda. I reglane om forvaltning av skogen er det i dei fleste land sentralt å trekkje klare grenser mellom lovgjeving som gjeld naturvern og skogbruk. Det blir lagt større vekt på omsynet til planter og dyr og vern av det biologiske mangfaldet enn tidlegare. Forvaltning av vilt og føresegner for jakt er vanlegvis behandla i anna lovverk, sjølv om det også er viktig i skogen, og høyrer med i eit utvida skogbruksomgrep, ikkje minst av økonomiske årsaker. Reguleringa av det næringsmessige skogbruket blir behandla på ulike vis. Her spelar ulike land sine tradisjonar ei rolle, det same gjer eigedomsstrukturen, omfanget av skog som blir eigd av private m. v. Tiltak for kontroll og reaksjonar på lovbrøt varierer på same vis.

## 4.4 Lovgjeving i Sverige og Finland

### 4.4.1 Sverige

Skogpolitikken i Sverige blei lagt om i 1993. Lovgjevinga om skogbruk blei da endra vesentleg. Den reviderte lova slår fast at skogen er ein nasjonal ressurs som det er eit mål å skjytte slik at han gir varig god avkastning, og samstundes tar vare på det biologiske mangfaldet.

Den svenske skogpolitikken definerer to mål for skogpolitikken; eit produksjonsmål, og eit miljømål. Ved behandlinga av skogpolitikken vedtok Riksdagen at produksjonsmålet og miljømålet skulle likestillast. Likestillinga er ikkje konkretisert nærare i lova, men følgjer av dei vedtaka som Riksda-

gen treffer om skogpolitiske saker og budsjett. Ansvaret for iverksetjinga av dei skogpolitiske vedtaka som Riksdagen og regjeringa treffer, er delegert til «Skogsvårdsorganisationen». Dette er ein statleg organisasjon. Organisasjonen er bygd opp av regionale «Skogsvårdsstyrelser» med egne styrer, og med Skogsstyrelsen som det landsomfattande overordna organet. Skogsstyrelsen har budsjettansvar og rett til å instruere dei regionvise organa i ei rekke saker.

Endringa av måla for skogpolitikken i Sverige blei følgt opp med vesentlege endringar i bruk av politiske verktøy. Lovverket blei forenkla. Mellom anna blei fleire detaljerte lovføresegner oppheva. Døme på dette er kravet til lågaste alder på bestand før slutthogst og plikt til rydding og tynning. Plikt til å ha ein skogbruksplan for skogeigedommen blei avløyst av krav om ein «skogs- og miljøredovising» for alle skogeigedommar. Endringane blei sett i verk frå 2002. Statlege tilskot til skogbruk blei reduserte og opphøyrd heilt i nokre tilfelle. Ressursane til skogstyresmaktene blei reduserte, og statlege middel blei ikkje lenger brukt til å betale registreringar for private skogeigedommar. Oppbygginga av skogstyresmakta var som før, med Skogsstyrelsen som sektorstyresmakt under Næringsdepartementet. Regionalt er det også i dag regionale skogsvårdsstyrelser med egne styrer og tilsette i distrikta.

Omlegginga av skogpolitikken førte i prinsippet med seg auka fridom og ansvar til skogeigarane. Forenklingane i lovverket førte til at nokre interessegrupper var tvilande til om lovverket ville vere eit tilstrekkeleg verktøy til å nå dei skogpolitiske måla. Dersom ein skal nå måla ved omlegginga meiner styresmaktene det er nødvendig å tilby rådgjeving, og å bygge opp kompetanse hos skogeigarar og tilsette i skogbruket. Dei fleste føresegnene i lova gir heimel til å utforme forskrifter. Lova gir heimel for meldeplikt for tiltak i skogen til skogstyresmakta på distriktsnivå. Meldeplikta legg tilhøva til rette for effektiv rådgjeving før tiltaka startar, og for effektivt tilsyn og kontroll med at tiltak som er i strid med lova og forskrifter ikkje blir sett i verk.

Etter vedtak i Riksdagen er det gjennomført to evalueringar av verknadene av den nye skogpolitikken; ein i 1997–98 og ein i 2001–02.

I den første evalueringa konkluderte ein samla sett med at mykje sto att før produksjonsmålet og miljømålet blei oppfylt. Evalueringa førte likevel ikkje til endring av innrettinga i skogpolitikken. I etterkant av evalueringa blei føresegnene i lova og forskriftene skjerpa noko, det same gjaldt tilsynet med praktiseringa av dei. Det blei også lagt auka vekt på utdanning og rådgjeving frå skogsvårdsor-



ganisationen, og ei auka vekt på løyvingar til varig vern av skogreservat.

Hovudkonklusjonen i den andre evalueringa var at mål og innretting av skogpolitikken skulle liggje fast. Ein tilrådde heller ikkje endringar i lova. Evalueringa viste ein negativ trend i høve til produksjonsmålet og ein positiv trend i høve til miljømålet. Det blei konstaterert at både forynging og skjøtsel av ungskog viste ei lite tilfredsstillande utvikling. Dette kunne gjere dei langsiktige måla for hogstkvanta i Sverige urealistiske. Ein fann det likevel ikkje aktuelt å gjeninnføre plikt til å rydde foryngingsfelt. Resultata gav elles grunn til å intensivere arbeidet med å redusere omfanget av beiteskadar av vilt. På miljøsidea konkluderte evalueringa med at det framleis fanst eit behov for å auke omfanget av biotopvern, for å leggje auka vekt på avtaler om naturvern med enkeltskogeigarar og for å ta meir omsyn til fortidsminne i skog. Evalueringa legg stor vekt på å følgje opp utviklinga av skogtilstanden og gjennomføre resultatkontroll. Ein føresetnad for dette er auka ressursar til tilsyn og kontroll med at skoglovgjevinga blir overhalde.

#### 4.4.2 Finland

Finland reviderte både skogbrukslovgjevinga og naturvernlovgjevinga i slutten av 1990-åra. Den nye skogbrukslova tok til å gjelde i 1997. Samstundes blei det vedteke ei eiga lov om finansiering av eit berekraftig skogbruk. Finland har elles frå 1995 innført ei eiga lov om oppbygging og organisering av skogstyresmakta, og ei særskilt landsomfattande utviklingsverksemd – Tapio – som har som oppgåve å arbeide med ulike utviklings- og kvalitetssikringsoppgåver knytt til skogpolitikken og drift av skogressursane i Finland. Finland har og ei lov frå 1999 om skogeigarsamvirke.

Formålet i skogbrukslova er å fremme ei økonomisk, økologisk og sosialt berekraftig skogforvaltning. Lova inneheld ei meldeplikt som gjeld alle skogbrukstiltak. Han eller ho som set tiltaka i verk er ansvarleg for å oppfylle meldeplikta.

Dei viktigaste naturtypane, sett frå ein økologisk synsvinkel, er definerte og lista opp i lova. Lova vernar eigenskapane til desse naturtypane, og det skal visast omsyn til dei ved hogst og skogkulturtiltak. Dersom restriksjonane er økonomisk tyn-gande, kan det, for å ivareta skjøtselen av naturtypane som er lista opp i lova, bli gitt statstilskot i form av naturstønad eller erstatning.

Regionale skogsentralar har etter lova ansvar for å utarbeide rullerande regionale målprogram for skogsektoren. Målprogramma blir utarbeidd i samarbeid mellom ulike myndigheiter og organisasjonar. Målprogramma skal vise status, visjonar og planar for utvikling av skogsektoren i regionen.

Oppgåvene med tilsyn og kontroll av om skogbrukslovgjevinga blir etterlevd er lagt til 13 regionale skogsentralar. Skogsentralane fungerer som regionale kompetansesentra, og har omfattande offentlege oppgåver knytt til gjennomføringa av skogpolitikken. Skogsentralane har også eigne styre, og er underlagt Jord- og Skogbruksministeriet, m. a. gjennom budsjett. Dei spelar ei viktig rolle når det gjeld å kontrollere om skogbrukslovgjevinga saman med andre verkemiddel fungerer i gjennomføringa av skogpolitikken. Skogsentralane har dessutan ansvar for forvaltning av økonomiske verkemiddel, styring av prosjekt og tilsyn med verksemda i skogeigarsamvirke; særleg det forvaltningsansvaret samvirket er tillagt, og bruken av den lovheimla skogvårdsavgifta. Verksemda i skogeigarsamvirke er regulert i ei eiga lov (Lag om skogsentraler och Skogsbrukets Utvecklingscentral TAPIO), og samvirket har eit eige styre.

Lova om finansiering av eit berekraftig skogbruk omhandlar dei økonomiske verkemidla i finsk skogpolitikk. Måla i skogbrukslova gir finansieringslova grunnlag for eit breiare spekter av statlege tilskot enn dei hadde tidlegare i Finland. Målet er å sikre produksjon av virke til skogindustrien, å oppretthalde mangfaldet i skogen og å gjennomføre prosjekt som er viktige av omsyn til naturen som eit heile. Integrering av miljømåla er ei viktig side i lovgjevinga. Naturvernlova blei endra på same tid som skogbrukslova og finansieringslova. Desse lovene er godt tilpassa kvarandre.

Den nye lova om skogeigarforeiningar kom i 1999. Lova tek sikte på at samvirke skal sikre tilstrekkeleg rådgjeving og gi ulike tilbod innafor ei rekkje tenester. I saker som gjeld utdrift og sal av virke skal samvirke berre gi fagleg hjelp og bistand til den som sel virke, ikkje til kjøparen. Lova set også forbod mot at samvirke kan vere medlem eller deleigar i selskap som driv med handel av skogsvirke. Forbodet har samanheng med «skogvårdsavgifta» som skogeigarane betaler inn, og som er den viktigaste finansieringskjelda for verksemda i samvirket. Innbetaling av skogvårdsavgifta gir skogeigaren rett til råd og tilbod om tenester.

## 5 Bakgrunnen for lovforslaget

### 5.1 Behandling av St.meld. nr. 17 (1998–1999) Skogmeldinga

#### 5.1.1 St.meld. nr. 17 (1998–1999) Skogmeldinga

I St.meld. nr. 17 (1998–99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren, foreslo regjeringa at det skulle utarbeidast ei ny lov om skogbruk til erstatning for gjeldande skogbrukslov. Arbeidet skulle ha som mål at den nye lova skal innehalde klare føresegnar om eit berekraftig skogbruk og om langsiktig ressursforvaltning. Ein ønskte at skogeigararen sitt ansvar for å forvalte eigne skogressursar og å ta miljøomsyn skulle stå sentralt i ei ny lov. Føresegnene om å etablere ny skog etter hogst burde sikrast ei utforming som i større grad enn i gjeldande lov sikrar at forynging skjer. I arbeidet ønskte ein både å leggje vekt på verdien av lova som eit nasjonalt verkøy for utviklinga i skogbruket, og som eit middel for å dokumentere hovudlinjene i den norske skogpolitikken utanlands.

Regjeringa foreslo å behalde skogavgiftsordninga omtrent som i dag, men ein viste til at ordninga burde få verknad også i høve til miljøtiltak og i samheng med verdikjeda. Ein foreslo derfor å utvide ordninga ved å gi ein generell skattefordel for bruk av skogavgift til konkrete definerte miljøfremmande tiltak.

Regjeringa ønskte også å styrkje forskning og utvikling, og foreslo at det blei innført ei FoU-avgift.

I eit overordna perspektiv på verkemiddelbruken meinte regjeringa at ein måtte fokusere på dei moglegeheitene som ligg i skogbrukssektoren, og ein viste særleg til at:

- Verdiskapinga frå skogbaserte næringar skulle aukast og
- Skogsektoren skulle vere med på å løyse viktige miljøoppgåver.

Hovudstrategien til regjeringa for å auke den skogbaserte verdiskapinga var å utvikle ein meir heilskapleg politikk for skogbruk og skogindustri. Ein viste til at dersom verdiskapinga aukar, vil det kome distrikta til gode.

Departementet peika på at det var nødvendig med eit fortsett statleg engasjement i dei langsiktige investeringane i samband med aktiv skogkultur.

Ein ønskte, i samarbeid med næringa, å styrkje rettleiing og kontroll omkring skogkultur. Departementet peika elles på at det framleis er behov for å byggje fleire kilometer nye skogsbilveggar i Noreg. Ut over dette viste ein til at regjeringa ville setje i verk eit verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke.

Regjeringa meinte at miljøprofilen i skogpolitikken må bli tydelegare. Ein la til grunn at skogbruket må ha ei aktiv haldning til miljøutfordringane. Skal ein møte desse utfordringane bør ein ha høg kompetanse, og leggje auka vekt på miljøregistrering og planlegging. Det er og nødvendig at bruken av verkemidla blir tilpassa produksjonsevna på areala og dei miljøkvalitetane som er på areala. Ut over dette tok regjeringa sikte på å fastsetje ei miljøforskrift med heimel i gjeldande skogbrukslov, og å styrkje satsinga på bioenergi.

#### 5.1.2 Innst. S. nr. 208 (1998–1999)

Næringskomiteen meinte at lova burde vere ei næringslov som byggjer på prinsippet om fridom under ansvar, og at lova burde gi klare rammer for dei miljøomsyna skogbruket har, og som er ein viktig del av skogeigararen sitt forvaltaransvar.

Komiteen meinte at plikta til å setje av skogavgift bør oppretthaldast. Ordninga med skogavgift burde vere ein grunnpilar i finansieringa av berekraftig skogbruk. Komiteen bad departementet vurdere ei endring av beløpsgrensene i ordninga med sikte på å stimulere til auka investeringar. Komiteen bad om ei vurdering av om skattefordelen kunne utvidast, og om han kunne aukast til 50 %. Komiteen var samd i at skogavgift med skattefordel burde kunne nyttast til miljøtiltak.

Komiteen heldt fram som mål at investeringane til forskning og utvikling innafor norsk treindustri burde hevast, og stilte seg positive til ei FOU-avgift. Ressursane burde rettast mot felt som best styrkjer lønsemda i næringa. Fokuset burde endrast frå produksjons- og råvarehandtering til marknads- og brukarorientering.

Komiteen slutta seg til regjeringa sin hovudstrategi om å auke verdiskapinga gjennom ein meir heilskapleg politikk for skogbruk og skogindustri. Komiteen understreka at potensialet for auka verdi-

skapning og sysselsetjing er størst innafor foredling. Måla for skogpolitikken som regjeringa hadde stilt opp fanga etter komiteen sitt syn hovudperspektiva i dei utfordringane skogsektoren står overfor. Komiteen peika på at verdiskaping i skogbruket kan ha distriktsmessige konsekvensar, og la til grunn at:

«... det er et mål at skogbruket kan spille en sentral rolle for bosetting og sysselsetting i distriktene. Forutsetningen er at det er lønnsomt og attraktivt å arbeide med skogbasert verdiskaping.»

Komiteen slutta seg til at det er viktig å ivareta omsynet til komande generasjonar gjennom aktiv og målretta skogkultur. Eit fleirtal i komiteen sa seg også samd i at det var eit for lågt investeringsnivå og for låg aktivitet i skogkulturen i høve til eit slikt mål, slik at investeringane i skogbruk bør aukast.

Komiteen understreka verdien av at skogbruksverksemda skjer på ein planmessig måte, som femner både skogfaglege vurderingar og omsyn til miljø.

Komiteen var samd med departementet i at skogsvegane er vesentlege for verdiskapinga, og at det framleis er behov for å byggje ut og ruste opp slike vegar. På same tid peika komiteen på at det i rutineane for saksbehandlings- og planleggingsprosessane må leggjast vekt på miljøaspektet ved vegbygginga.

Komiteen meinte at arbeidet med sertifisering vil vere viktig framover, og at det kan fremme skogbruksmessige og miljømessige tilpassingar. Komiteen såg det som ein fordel om skogbruksmyndighetene sitt regelverk som femner alle skogeigarane, kan leggjast direkte til grunn for sertifisering. Eit fleirtal i komiteen bad departementet utforme forskrifter som kan setje standardar for eit sertifiseringssystem. Komiteen vurderte samarbeidsprosjektet Levende skog som ein konstruktiv dialog om skogspørsmål. Ut frå drøftingar mellom komiteen og ulike partar innafor skogbruket meinte komiteen at det kunne undergrave denne dialogen dersom det blei fastsett ei miljøforskrift. Eit fleirtal av komiteen meinte likevel at ein i samband med utarbeidinga av ny skogbrukslov burde vurdere spørsmålet om miljøforskrift på nytt.

## 5.2 Økonomiske premisser og endringar i skogpolitiske verkemiddel

Trass i auka tilvekst og volum av tømmer i Noreg, har aktiviteten innafor tradisjonelt skogbruk vorte

stadig lågare frå starten av 90-talet fram til i dag. Fleire tilhøve, særleg fallande tømmerpris og aukande krav om naturvern og omsyn til friluftsinteresser, har medverka til at vesentlege delar av skogarealet i dag ikkje blir nytta til tradisjonelt skogbruk. Tømmerprisane varierer med tilhøva på verdsmarknaden og har vist ein markant negativ trend. Lågare tømmerprisar og lågare avverkning gjer at bruttoverdien av skogsavverkninga er halvert dei siste 10 åra. Skogeigarar hentar i aukande grad delar av inntekta si frå verksemd utanfor eigedommen. Nyare undersøkingar tyder til dømes på at berre 5 % av skogeigarane hentar meir enn 50 % av inntekta frå tradisjonelt skogbruk.

Andre skogrelaterte verksemdar og produksjon ut over tømmer, og omfanget av utmarksnæring basert på jakt, fiske, turisme og anna er derimot aukande.

Med redusert lønsemd i skognæringa er det ei stadig større utfordring å sikre ein tilfredsstillande innsats innafor skogkultur, miljøtiltak, vegar med vidare i eit langsiktig og samfunnsretta perspektiv. Med grunnlag i dei offentlege resultatkontrollane ser vi til dømes at forynginga på delar av skogarealet ikkje er tilfredsstillande.

Intensjonane i lov om skogbruk og skogvern (1965) er i stor grad nådd gjennom aktiv bruk av informasjon, rettleiing og økonomiske verkemiddel. Ei aktiv offentlig rettleiingsteneste med eit sett av økonomiske instrument har stimulert til eit aktivt skogbruk.

Ein har dei siste åra gjennomført store endringar knytt til dei økonomiske verkemidla i skogpolitikken. Mellom anna blei ordninga med skogavgift styrkt, og det statlege tilskotet til skogkultur blei teke bort i 2003. Samstundes er arbeidet med verdiskaping, foredling og nyskaping styrkt gjennom verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke (Treprogrammet). Saman med endringane i konsesjonslova, satsingane på bioenergi, reiseliv og auka næringsverksemd i utmark går desse endringane inn i ei samla landbrukspolitisk satsing for auka verdiskaping og vitalitet i distrikta. Mynde knytt til gjennomføring av skogpolitikken er i stor grad overført til kommunalt nivå. Kommunane må prioritere dei skogrelaterte oppgåvene opp mot andre oppgåver. Dette har truleg ført til mindre ressursar til rettleiing og oppfølging av skogeigarane.

Med bakgrunn i dei endra økonomiske premisane for skognæringa, endringane i dei økonomiske verkemidla og reduksjonane i ressursar til rettleiing og oppfølging meiner Landbruks- og matdepartementet det er nødvendig å leggje større vekt på styring gjennom lova. Etter departementet si vurdering vil ei ny lov gi ei betre heilskapleg tilnær-

ming til dei skogpolitiske utfordringane, setje klare rammer for skogeigarane sitt forvaltningsansvar og vere eit betre verktøy for skogbruksstyresmakta. Samstundes er det lagt avgjerande vekt på at den nye lova ikkje skal auke dei administrative kostnadene knytt til næringsverksemd og verdiskaping i skogsektoren.

### 5.3 Tydelegare reglar knytt til miljø

Krava til skogbruket om å ta betre omsyn til miljø er blitt meir omfattande. Dette femner miljøregistreringar og betre oversikt over miljøverdiar, behov for meir målretta og miljøtilpassa tiltak i skogbruket, og generelt auka etterspørsel etter god dokumentasjon på at skogprodukta kjem frå eit berekraftig skogbruk. Ulike ordningar for dokumentasjon og sertifisering som har vakse fram på 1990-talet, fører med seg nye krav til den enkelte skogeigaren både når det gjeld hogst og skjøtsel av skogen. Skogbruket og skogindustrien sitt samarbeid i prosjektet Levende Skog om standardar for berekraftig skogbruk og etablering av sertifisering ut frå desse er eit eksempel på dette. Sertifiseringa fører m.a. med seg etter måten grundige kontrollrutinar som skal gi betre dokumentasjon på korleis skogen blir forvalta.

Ei god integrering av miljøomsyn er eit viktig element for høg internasjonal og nasjonal tillit til at lovverket sikrar eit berekraftig skogbruk. Samstundes er miljøomsyn viktige av omsyn til skogen som økosystem. Gjeldande lov om skogbruk og skogvern blei revidert i 1976, med sikte på betre integrering av miljøomsyna. Styresmaktene regionalt og lokalt kjem likevel oftare og oftare opp i situasjonar der det er vanskeleg å tolke kor langt gjeldande lov rekk og der det må trekkast grenser i høve til miljøomsyn. Det er også eit mål å få meir miljønytte ut av skogen og skogprodukta. Ei ny lov – og dei forskriftene som blir fastsett med heimel i lova – vil etter departementet si vurdering gi eit betre grunnlag for arbeidet med miljøomsyn og høgare miljønytte, jf. også omtalen av miljø knytt til formålet i den nye lova og til skogeigaren sitt forvaltaransvar, sjå kapittel 6.1.3 og 6.4.3.

### 5.4 Forenkling og modernisering

Lovstrukturutvalget tilrådde i NOU 1992:32 at ein vurderer å samle dei lovene som gjeld den direkte utnyttinga av landbruksareala, i ei lov. Utvalet viste særleg til jordlova, konsesjonslova, forpaktingslova,

skogbrukslova, beitelova og grannegjerdelova. Landbruksdepartementet konkluderte i St.meld. nr. 43 (1992–93) side 6 med at ei samordning av landbrukslovgjevinga bør vere eit mål, men at ressursituasjonen på det tidspunktet ikkje gav rom for ei samordning. Seinare er det fastsett ny jordlov og ny konsesjonslov utan at det er teke steg som fører til ei samordning av landbrukslovgjevinga. I forarbeida til lovene er det likevel gjenteke at landbrukslovgjevinga bør samordnast på sikt.

Regjeringa lanserte hausten 1999 Prosjektet Et enklere Norge. Prosjektet er sidan ført vidare, og det gjeld nær sagt alle saksfelt. Det har også innverknad på skogbrukspolitikken. Eit mål i prosjektet er at gjeldande regelverk til alle tider skal vere oppdatert, og at reglane gir uttrykk for reelle behov. Eit anna mål er å redusere næringslivet sine byrder knytt til rapporteringsplikter, og å leggje til rette for ein næringsvennleg offentleg sektor mellom anna ved å vurdere auka bruk av fristar for saksbehandlinga i det offentlege.

St.meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå, legg til grunn at kommunen skal få mynde til å avgjere alle delings- og konsesjonssaker, og saker etter skogbrukslova som ikkje gjeld vernskog. Grunnleggjande mål og prinsipp for satsinga var å gi auka ansvar til kommunane, invitere kommunane som ein aktiv landbrukspolitisk aktør, og sikre regionalt og lokalt tilpassa politikk. Endringa blei gjennomført pr. 1. januar 2004, og er ein grunnleggjande premiss for arbeidet med forenklingar i ny skogbrukslov.

Eit viktig mål med lovarbeidet her er etter dette å få til forenklingar både når det gjeld innhaldet i dei ulike føresegnene og rutinane for behandling av saker etter lova. Føresegner som ikkje lenger er aktuelle bør opphevast, og ein bør korte ned talet på instansar som skal behandle ulike saker. Ordningar som det er ønskeleg å halde fast ved må kome tydeleg fram i lova. Reglane bør utformast slik at skogbruksstyresmakta kan administrere regelverket på ein effektiv måte, med enkle rutinar som tar omsyn til at skogeigaren sjølv har ansvaret for drift og forvaltning av skogen.

### 5.5 Internasjonale politiske rammevilkår

Skogprosessen i FN – Skogforumet og den handlingsplanen som forumet har vedteke – er ei drivkraft for å sikre berekraftig skogforvaltning globalt, og Landbruks- og matdepartementet vurderer resultatane frå prosessen som viktig i samband med utforminga av ny lov om skogbruk. Departementet

meiner også at vedtak frå dei pan-europeiske Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa, samt det utvida arbeidsprogrammet for biologisk mangfald i skog, har vesentleg relevans for skogbrukslovgjevinga.

Det er internasjonal semje om at dei nasjonale styresmaktene skal føre ein skogpolitikk som fremmer berekraftig forvaltning av skogressursane. Dette inneber å verne om og utvikle – på ein balansert måte – både dei økonomiske, miljøretta, sosiale og kulturelle verdiane som skog har for samfunnet. I Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa har Noreg og dei andre europeiske landa blitt samde om ein definisjon av omgrepet berekraftig skogforvaltning. Det er dessutan vedteke retningslinjer som er førande for korleis landa skal praktisere berekraftig skogforvaltning (Resolution H1, 1993).

I dei internasjonale skogprosessane har eit av fokusområda vore å bevare skogressursane for framtidige generasjonar. I dei siste ti åra har ein oppnådd internasjonal semje om ei rekkje handlingsforslag knytt til dette. Ikkje alle forslaga er adresserte til land i vår del av verda, men Landbruks- og matdepartementet meiner at prinsipielt viktige

og for Noreg relevante tiltak bør reflekterast i lova.

Bevaring av det biologiske mangfaldet i skogen som eit element i berekraftig skogforvaltning, har dei seinare åra fått stadig sterkare internasjonal forankring. Når det gjeld omsynet til bevaring av skogen som økosystem er konvensjonen for biologisk mangfald retningsgivande for skogpolitikken. Samstundes er det internasjonalt lagt aukande vekt på verdien av skogane i samband med rekreasjon, friluftsliv og kulturhistorie.

Etter departementet si vurdering bør dette føre til at særleg følgjande prinsipp og vedtak blir lagt til grunn for ny lov om skogbruk:

- Retningslinjene for berekraftig forvaltning av skog bør liggje til grunn både for formålet og innhaldet i ei ny norsk skogbrukslov.
- Det er behov for klare pålegg i lova som kan sikre ny forynging av skog etter hogst, hindre skadar på og øydelegging av skog, og tiltak for å bøte på skade.
- Lovgjevinga bør reflektere det internasjonale fokuset på bevaring av biologisk mangfald som eit element i berekraftig forvaltning, og på same tid fremme viktige miljøverdiar og sosiale og kulturelle verdiar i skogen i Noreg.

## 6 Allmenne merknader til lovutkastet

### 6.1 Formålet med lova

#### 6.1.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

I gjeldande skogbrukslov er det lagt til grunn at lova skal fremme skogproduksjon, skogreising og skogvern. Målet er at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel kan gi eit tilfredsstillande resultat for næringsutøvarane, og å sikre effektiv og jamn tilgang på råstoff til industrien. I saker etter lova skal det leggjast vekt på skogen som rekreasjonskjelde for allmenta, som viktig del av landskapsbiletet, som livsmiljø for planter og dyr, og som områder for jakt og fiske.

I høyringsnotatet foreslo departementet at formålet i den nye lova skulle endrast. Ein viste til at bruk av skog og skogen sine funksjonar blir vurdert i eit vidare perspektiv i internasjonale prosessar og debattar enn det som er reflektert i formålet i gjeldande lov. Elles la ein til grunn at det er viktig at den nye lova gjer det klart kva for ei rolle og kva for eit ansvar skogbruket har når det gjeld å vege skogproduksjon og miljø i forhold til kvarandre. Departementet la til grunn at den nye lova som eit heile bør sikre og vere ein garanti for at skogen blir forvalta og brukt på ein berekraftig måte, økonomisk, økologisk og i eit samfunnsperspektiv.

Med dette som bakgrunn foreslo departementet at lova skulle ha til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. Omsynet til skogreising blei ikkje foreslått ført vidare i den nye lova. Ein foreslo heller ikkje å føre vidare dei særskilte uttrykte måla om eit tilfredsstillande resultat for næringsutøvarane og å sikre effektiv og jamn tilgang på råstoff til industrien. Dei nye formuleringane om verdiskaping dekkjer likevel opp noko nær det same som omsynet til næringsutøvarane etter gjeldande lov.

#### 6.1.2 Innspel frå høyringsinstansane

Departementet har motteke innspel frå 93 høyringsinstansar i samband med forslaget til nytt formål. Innspela er gitt frå Justisdepartementet, Miljøverndepartementet, 14 fylkeslandbruksstyre, 8 fylkesmenn, 48 kommunar og 21 organisasjonar og enkeltmenneske.

Hovudtyngda av høyringsinstansar støttar forslaget. Ein del av dei som har uttalt seg gir likevel uttrykk for at næringsaspektet i forslaget er for svakt. Norges Skogeierforbund uttaler til dømes om dette:

«I en ny skogbrukslov er det naturlig at både økonomiske sosiale og økologiske interesser synliggjøres i formålparagrafen, uten at grensedragninga mellom skogbruksloven og vernelover endres. Det er ivaretatt gjennom Landbruksdepartementets forslag.

Vi mener imidlertid at det næringsmessige aspektet bør tydeliggjøres. Det bør uttrykkes klarere at loven skal fremme en aktiv og lønnsom utnytting av skogressursene. Vi savner også en synliggjøring av næringens utøvere og næringens likestillingsutfordring i formålparagrafen.»

Norges Naturvernforbund støttar forslaget, men meiner at berekraftomgrepet ikkje omfattar økonomi eller distriktpolitikk slik departementet synest å leggje til grunn i høyringsnotatet. Næringslivets Hovudorganisasjon peikar på at det er unaturleg å fjerne eit så sentralt mål som omsynet til effektiv og jamn råstofftilførsel for industrien. Norges Jeger- og Fiskeforbund ber om at jakt og fiske blir nemnt i føresegna, og Norske Reindriftsamers Landsforbund ber om at reindrift blir nemnt særskilt. Også andre, til dømes fylkeslandbruksstyret i Oppland, meiner at ein bør ta inn fleire særlege omsyn i ordlyden. I merknadene som ligg til grunn for styret sitt vedtak heiter det:

«Lovforslaget kunne vært tydeligere i forhold til å ivareta den langsiktige ressurstilgangen fra skogbruket, gjerne ved å ta dette inn i formålparagrafen. Det er en åpenbar fare for at skogens ressurser bygges ned igjen, sett i forhold til dagens situasjon, dersom skogloven ikke er tydelig på at virkesressursen skal vedlikeholdes på lang sikt.»

#### 6.1.3 Departementet sine vurderingar

Det går fram av kapittel 5.1.2 at Næringskomiteen meinte at lova burde vere ei næringslov som byggjer på prinsippet om fridom under ansvar. Tittelen på skogbrukslova da ho tok til å gjelde i 1965 var Lov om skogbruksproduksjon og skogvern. Depar-

tementet meiner at tittelen på den nye lova bør vere Lov om skogbruk (skogbrukslova). Omgrepet skogbruk viser at lova er ei næringslov som først og fremst regulerer aktivitet ut frå målet om ei berekraftig forvaltning av skogressursane.

Føresegnene i forslaget til ny skogbrukslov gjeld skogeigaren sitt ansvar for dei skog- og eigedomsressursane han forvaltar, og skogbruksstyresmaktene sine verkemiddel for å regulere skogeigaren sin bruk av desse ressursane. Formålet i lova bør omfatte dei hovudomsyna som tener som ramme for desse reglane. Forslag til formål er teke inn som § 1 i lovutkastet.

Målet om berekraftig forvaltning går mellom anna fram av Grunnlova § 110b der det er lagt til grunn at naturen skal disponerast ut frå ei langsiktig og allsidig tilnærming som tek vare på ressursane for etterslekta. Berekraftig utvikling er også eit mål for planlegging og verksemd i samfunnet. Produksjonen i skogbruket og bruk av skogprodukta kan gi viktige bidrag til ei slik utvikling. Den enkelte skogeigaren kan vere ein bidragsytar til ei berekraftig utvikling gjennom dei måla og tilpassingane han legg til grunn. Aktiv forvaltning av ressursane er avgjerande for at skogbruket som sektor kan gi eit positivt bidrag til auka verdiskaping og til å løse viktige miljøoppgåver. Sjå omtale av dette i kapittel 3.1. Departementet meiner med dette som bakgrunn at det bør gå fram av ordlyden i lova at målet er å fremme berekraftig forvaltning av skogressursane. Dette fører til at avveginga mellom dei ulike omsyna som skal trekkjast inn ved forvaltninga av skogressursane må byggje på ei langsiktig vurdering knytt til både skog og areal.

Departementet meiner at det å fremme verdiskaping basert på skogressursane og å leggje til rette for at skogeigaren og forvaltninga tek grunnleggjande miljøomsyn når skogressursane blir utnytta, er dei hovudomsyna som er aktuelle i dag. Dette er omsyn som ligg til grunn for utforminga av forslaga til nye reglar. Formålet i den nye lova bør byggje opp under dette slik at både dei som driv næringsverksemd i skogen og styresmaktene på ulike nivå får signal om at forvaltninga av skogareal og skogressursar handlar om ein balanse mellom økonomiske verdiar, miljøverdiar og sosiale verdiar. Lova bør såleis leggje til rette for økonomisk verksemd og samstundes hegne om dei ulike miljøverdiane skogen har. Departementet oppfattar innspela frå høyringsinstansane slik at dei er samde i dette.

Departementet meiner det er ønskeleg å nemne desse omsyna direkte i lovteksten.

Departementet foreslår såleis at føresegna skal ta sikte på verdiskaping, og at dette går fram av ord-

lyden. Ein legg da til grunn at det er eit mål for lova at ressursane skal forvaltast aktivt og med ei økonomisk målsetjing. Distriktperspektivet er ein del av dette. Når verdiskaping er eit mål, er det også eit mål å sikre økonomisk vinst av skogbruksverksemda. I denne samanhengen må det vere rom for individuelle strategiar for forvaltning av skogen. Den enkelte eigaren må innafor rammene i lova kunne leggja vekt på ulike mål ved forvaltninga. Målet om verdiskaping tilseier at det blir lagt til rette for at skogbruksverksemda samla sett og i eit samfunnsperspektiv blir lønnsam. Produksjon av miljøgode og verdiar som kan vere viktige for annan næring på eigedommane eller i området må omfattast av målet om verdiskaping. Departementet meiner at det likevel ikkje lenger bør vere eit eige mål å sikre industrien effektiv og jamn forsyning. Tidlegare sette handelsgrenser og transporttilhøve grenser for omsetjing av tømmer og skogprodukt. Dette gjeld ikkje i same grad i dag, og industrien hentar trevirke frå mange land. Departementet viser til at import av sagtømmer og anna virke har vore aukande. Omsynet til industrien må trekkjast inn under og avstemmast i høve til samleomgrepet verdiskaping.

Det bør også gå fram av ordlyden at ei berekraftig forvaltning av skogressursane bør ta sikte på å sikre det biologiske mangfaldet, omsynet til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. Med ei slik utforming er det eit mål å leggje til rette for skogbruksverksemd som tek vare på ressursgrunnlaget og dei livsberande økologiske prosessane, og å drive stadstilpassa verksemd der også biotopar for trua, sårbare og omsynskrevjande artar blir tekne vare på. Forslaget er ei oppfølging av konvensjonen om biologisk mangfald og St.meld. nr. 25 (2002–2003) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Det er dessutan eit mål å utvikle vidare og ta vare på verdiar knytt til friluftsliv og opplevingar slik at skogen kan bli brukt som arena for fysisk aktivitet. Når målet er å ta omsyn til landskapet, legg departementet til grunn at det ikkje er eit mål at landskapet blir statisk. Eit landskap i utvikling har opplevingsverdiar, og det er ein ressurs både for friluftsliv og for økonomisk verksemd, til dømes turistnæring. Målet i lova må tolkast i ein slik samanheng. Departementet meiner at det også bør gå fram av formålet at forvaltninga skal ta omsyn til kulturverdiane i skogen. Det finst store kulturverdiar i skogareala, verdiar som bind saman notid og fortid. Desse verdiane er også ei viktig kjelde til kunnskap om langsiktig forvaltning av areal og ressursar. Omgrepet kulturverdiar femner noko vidare enn omgrepet kulturminne og kulturmiljø. Departementet legg til grunn at omgrepet

kulturverdiar i denne samanheng også omfattar verdiar knytt til skog og kulturlandskap. Lovfesting av dei omsyna som her er omtala, er ei oppfølging av dei hovudutfordringane som er omtala i kapittel 3.7.

I høyringsinnspela går det fram at det er noko ulike meininger om kor stor vekt dei ulike omsyna skal tilleggjast i forhold til kvarandre. Mange av høyringsinstansane meiner til dømes at forslaget i høyringsnotatet fører til at omsynet til skogbruksnæringa blir svekt i forhold til føresegna i gjeldande lov, og dei peikar på at dette er uheldig. Andre høyringsinstansar meiner at miljøomsyna i forslaget ut frå forslaget skal tilleggjast same vekt som omsynet til verdiskapinga, og sluttar seg til dette. Departementet meiner, som nemnt ovanfor, at formålet må leggje til rette for at det blir lagt vekt på både verdiskaping og miljøverdiar ved forvaltning av skogressursane. Ein er klar over at nærings- og miljøinteressene kan ha ulike syn på når det skal gjennomførast skogbrukstiltak. I dei fleste høva vil det likevel ikkje vere motsetningar mellom desse omsyna når forvaltninga skal vere berekraftig. I dei enkelte føresegnene i lova går det elles konkret fram kva for omsyn som skal takast, og korleis omsyna skal vegast i høve til kvarandre. Avvegingar basert på formålsføresegna aleine vil dermed i liten grad vere avgjerande for den vekta dei ulike omsyna skal ha. Med dette som grunnlag meiner departementet at det er lite tenleg at det i formålet vert lagt fast kor stor vekt dei ulike omsyna skal ha i forhold til kvarandre.

Det er eit viktig mål å forynge skogen, men det er ikkje lenger noko politisk mål å reise ny skog. Sjå om skogressursane under kapittel 3.3 og forynking av skog under kapittel 3.5. Departementet foreslår derfor at dette ikkje lenger bør vere eit mål for ny skogbrukslov. Ein kan ikkje sjå at høyringsinstansane har hatt innvendingar mot dette.

Departementet har merka seg at ei rekkje høyringsinstansar meiner at ordlyden i formålet bør utvidast til å omfatte mange andre og ulike interesser. Dei gir på ulike måtar uttrykk for at interessene bør nemnast særskilt. Departementet vil peike på at skogbruk har verknad for mange ulike brukargrupper. Skulle alle nemnast særskilt, ville formålet i lova bli ei lang, og truleg også ei vanskeleg tilgjengeleg føresegn, utan at tolkinga av regelen blir nemnande annleis. Departementet meiner det vil vere uheldig, og held fast ved at det ikkje er ønskeleg å arbeide inn ulike særinteresser i føresegna.

## 6.2 Virkefelt for lova

### 6.2.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Skogbrukslova gjeld i dag all skog og skogmark, jf. § 3. Pålegg, tiltak og forskrifter etter § 28 (tiltak mot insekt-, soppangrep og liknande) kan fastsetjast utanfor dette virkefeltet.

Det er gjort serlege unntak frå virkefeltet i lova ved omdisponering av skogmark etter § 50. Reglane om omdisponering gjeld ikkje område som er regulert til andre formål enn landbruk og fareområde, eller for areal som i bindande arealdel til kommuneplanen er lagt ut til serlege formål som ikkje gjeld landbruk.

I høyringsnotatet til ny skogbrukslov la Landbruks- og matdepartementet til grunn at den nye lova skulle ha det same virkefeltet som i gjeldande lov. Departementet sitt utgangspunkt var at lova skulle gjelde alle areal der ein driv skogbruk, og areal der det er aktuelt å drive skogbruk. Lova skulle gjelde alle slike areal med mindre heile eller delar av lova er sett ut av kraft for bestemte område gjennom juridisk bindande planar etter plan- og bygningslova eller verneforskrifter etter naturvernlova. I slike høve ville det vere planvedtaket eller vedtaket etter naturvernlova som set skogbrukslova ut av kraft i det aktuelle området.

Landbruks- og matdepartementet foreslo likevel at lovregelen blei formulert noko annleis enn i gjeldande lov. I forslaget til § 2 første ledd foreslo ein at lova skulle gjelde all skog, «det vil seie all grunn som produserer skog eller som etter ei samla vurdering er best egna til skogproduksjon».

I høve til plan etter plan- og bygningslova foreslo departementet i § 2 andre ledd å innarbeide ein regel om tilhøvet mellom den nye skogbrukslova og plan- og bygningslova. Ein foreslo at lova skulle gjelde sjølv om området er lagt ut til andre formål enn skogbruk i arealdelen til kommuneplanen eller i reguleringsplan så lenge skogbruk ikkje er i strid med reguleringsformålet. Ein foreslo to unntak frå denne hovudregelen: Dersom noko anna går fram av sjølvne planen, eller dersom arealet er teke i bruk til andre formål.

I gjeldande skogbrukslov finn ein ingen særlege reglar om avgrensinga mellom naturvernlova og skogbrukslova. I lovtkastet § 2 andre ledd i høyringsnotatet foreslo departementet at ein lovfesta ei avklaring i samsvar med gjeldande rett.

Lovtkastet § 2 tredje ledd inneheldt ei avklaring i høve til dei rettane reindriftssamane har både på privatrettsleg grunnlag og med heimel i reindriftslova § 13 til trevirke og brensel.



### 6.2.2 Innspel frå høyringsinstansane

Departementet har teke imot totalt 54 høyringsinnspel knytt til virkefeltet for den nye lova. Ein mottok innspel frå Justisdepartementet, Miljøverndepartementet, Olje- og energidepartementet, 5 fylkeslandbruksstyre, 5 fylkesmenn og 30 kommunar. I tillegg er virkefeltet kommentert av 11 organisasjonar. Høyringsinstansane har kommentert både bruken av nye omgrep i samband med virkefeltet og tilhøvet mellom ny skogbrukslov og anna lovgjeving.

Dei fleste innspela gjeld bruken av dei nye omgrepa i lovutkastet § 2 første ledd, og mange meiner at omgrepa kan framstå som forvirrande, eller beint fram lite dekkjande for det lova bør gjelde. Glåmdal regionråd kommenterer overgangen mellom jordbruksareal som er ute av drift og skog.

Andre innspel gjeld tilhøvet mellom den nye skogbrukslova og anna lovverk. Miljøverndepartementet legg til grunn at forslaget til lovtekst har ei klar nok formulering, og at presiseringane i kommentaren til forslaget gir eit høveleg bilete av avgrensinga mellom ny skogbrukslov og plan- og bygningslova. Fylkesmannen i Telemark peikar på at lova bør gjelde i alpinbakkar og kraftgater. Riksantikvaren etterlyser ein omtale av grenseflatene i høve til kulturminnelova. Fylkeslandbruksstyret i Nordland peikar på si side på at utkastet til regel ikkje er presist nok i høve til naturvernlova.

Landbrukshøgskulen peikar på at slik lovutkastet er utforma, kan det løyse ut eit behov for oppgradering av verneforskriftene for alle verneområde med produktiv skog. Det er vist til at ein kan unngå dette dersom lovteksten blir omforma noko slik at skogbrukslova gjeld «dersom skogbruk ikke er til hinder for verneformålet».

Kommunaldepartementet peikar på at det er nødvendig å ta omsyn til arealvernet for reindrifta gjennom praktiseringa av lovverket. Departementet peikar mellom anna på at dette er i samsvar med regjeringa si tilleggsmelding om samepolitikk, St.meld. nr. 33 (2000–2001). Norske Reindriftssamers Landsforbund viser til at dei er nøgde med at retten for reindrifta til å ta ut trevirke og brensel går fram av lova.

Olje- og energidepartementet ønskjer at det blir gitt ei særskilt omtale av forholdet til vassdrag og vannressursloven. Departementet uttaler:

«Vannressursloven regulerer alle tiltak som har virkningar i vassdrag og grunnvann (unntatt forurensningsvirkningar). Det er virkningene av et tiltak som avgjør om loven kommer til anvendelse eller ei. Dette innebærer at samme tiltak både kan omfattes av vannressursloven og

skogloven. Dette bør presiseres i forarbeidene til ny lov om skogbruk.»

### 6.2.3 Departementet sine vurderingar

Landbruks- og matdepartementet vil presisere at det i utgangspunktet ikkje synest å vere behov for å endre innhaldet av virkefeltet i ei ny skogbrukslov i forhold til gjeldande lov. Lova skal gjelde all skog og skogmark, og tilhøvet mellom den nye lova og anna lovverk bør vere det same som i gjeldande lov. Departementet oppfattar innspela frå høyringsinstansane slik at dei sluttar seg til dette utgangspunktet. Departementet meiner likevel at det er grunn til å gjere nokre endringar i utforminga av regelen.

Det går fram av kapittel 6.10 at departementet foreslår å oppheve regelen om omdisponering i gjeldande skogbrukslov § 50. Forslaget inneber at unntaket i gjeldande lov § 3 første og andre ledd ikkje blir ført vidare i føresegna om virkefelt for den nye lova.

Departementet legg vekt på dei mange merkna-dene som er gitt frå høyringsinstansane i samband med forslaget til endringar i språkbruken i høyringsutkastet § 2 første ledd. Ein er samd i at dei nye omgrepa kan framstå som forvirrande. Sidan ein heller ikkje tek sikte på å gjere materielle endringar, meiner departementet på dette grunnlaget at ein er betre tent med å bruke noko nær dei same omgrepa som finst i gjeldande lov. Ein foreslår på dette grunnlaget at virkefeltet for lova skal vere all skog og skogmark. Med skogmark forstår ein som i gjeldande lov grunn som er skogproduserande, eller som etter ei samla vurdering er best eigna for skogproduksjon, og som ikkje er nytta til andre formål. Når ein legg vekt på ei samla vurdering, må ein ta utgangspunkt i objektive kriterium knytt til areala, og desse kriteria må tolkast i lys av § 1 og den enkelte føresegna i lova. Ein må sjå på kva for areal som kan gi avkasting, og ei økonomisk vurdering av innsatsmidla i høve til påreknaleg avkasting. Arealet må kunne gi grunnlag for skogbruksverksemd. Forslaget går fram av lovutkastet § 2 første ledd.

Etter Landbruks- og matdepartementet sitt syn er det ønskeleg å synleggjere tilhøvet mellom ny skogbrukslov og naturvernlova i virkefeltet for ny skogbrukslov. Dette kan klargjere tilhøvet mellom dei to lovene, og ein kan truleg også unngå overlappande reglar. Departementet meiner at ein ved ei slik lovfesting ikkje bør gjere realitetsendringar i høve til dei reglane ein finn i gjeldande lover. Ein oppfattar dei andre innspela frå høyringsinstansane slik at dei sluttar seg til departementet sitt syn på dette.

Der skogen blir verna etter naturvernlova har praksis vore at skogbrukslova blir sett ut av kraft ved dei strengaste formene for vern (reservat, nasjonalpark og naturminne), der vernet gjeld ivaretaking av skogen. For vern av landskapsvernområder er utgangspunktet at skogbrukslova gjeld. Verneforma landskapsvernområde skal etter forarbeida til naturvernlova ikkje hindre vidare drift av jord og skog etter tidsmessige metodar. I slike høve må brukaren ta rimelege estetiske omsyn til landskapet i samband med drifta.

Departementet har merka seg at lovutkastet i høyringsnotatet ikkje tek høgde for at vernevedtaket kan gjere at skogbrukslova blir sett ut av kraft. Departementet meiner at det bør gå fram direkte i lova at ny skogbrukslov ikkje gjeld dersom dette går fram av vernevedtaket eller føresegner knytt til vedtaket. Forslaget går fram av lovutkastet § 2 andre ledd. I dei fleste tilfelle er det ikkje vernevedtaket sjølv, men føresegner gitt med heimel i vedtaket som regulerer kva slags drift av skogen som vil vere i strid med verneforskrifta, og kva slags drift som kan gjennomførast utan at det er i strid med vernet eller som vil krevje dispensasjon frå forskrifta.

Areala i landet vårt blir i stor grad regulerte eller lagt ut til ulike formål i medhald av plan- og bygningslova. I mange kommunar blir landbruksverksemda behandla gjennom kommunane si nærings- og utviklingsplanlegging etter plan- og bygningslova, noko som er i samsvar med råd frå departementet.

Sjølv om areala er regulerte, eller i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til andre formål enn landbruk (skogbruk), vil dei som regel fortsette med å vere skogområde for ein kortare eller lengre periode. Berre i nokre få høve blir arealet bygd ned med det same. I dei først nemnde områda er hovudprinsippet at reguleringa etter plan- og bygningslova ikkje set gjeldande skogbrukslov ut av kraft, så lenge det står skog på arealet. Grunnen til dette er eit ønske om å sikre forsvarleg stell og avverking fram til området blir teke i bruk i samsvar med planen. I denne perioden må det derfor ikkje setjast i verk tiltak med heimel i skogbrukslova som kan vere i strid med planen, eller som kan gjere gjennomføringa av planen vanskeleg. Kommunen kan likevel i reguleringsføresegner fastsetje at lova ikkje skal gjelde. Departementet meiner tilhøvet til planar etter plan- og bygningslova bør vere det same i ny skogbrukslov. Ein viser til at det frå tid til annan kan oppstå situasjonar som har verknad for vitaliteten og helsa i skogen over større område. Dette kan vere ordinær drift av arealet eller særlege tiltak etter skadar som ikkje fell inn under lovforslaget

§ 9, som mellom anna gjeld insekt- eller soppskadar. Departementet meiner også at det er viktig at utnyttinga av skogmark ikkje blir bandlagt unødig. Areala bør kunne nyttast til skogproduksjon så lenge det ikkje er til hinder for, eller er i strid med formålet med reguleringa. Landbruks- og matdepartementet oppfattar utsegnene frå høyringsinstansane slik at dei sluttar seg til dette synet, og ein viser særleg til utsegna frå Miljøverndepartementet om at forslaga i høyringsutkastet gir eit høveleg bilete av avgrensinga mellom ny skogbrukslov og plan- og bygningslova.

Landbruks- og matdepartementet meiner at det er ønskeleg å synleggjere tilhøvet mellom dei to lovene i lovteksten som gjeld virkefeltet for ny skogbrukslov. I høyringsutkastet søkte ein å innarbeide dette i § 2 andre ledd. Sjølv om ikkje høyringsinstansane har peika på nemnande ulemper ved den lovteksten som blei sendt på høyring, meiner departementet at formuleringa av regelen blir klarare og får betre samanheng med lovteksten som gjeld naturvernlova dersom ein startar med hovudregelen, og deretter nemner unntaka der ny skogbrukslov ikkje skal gjelde. Departementet foreslår derfor ei reint språkleg endring i høve til den lovteksten som blei sendt på høyring. Forslaget går fram av lovutkastet § 2 andre ledd.

I reindriftslova § 13 er det fastsett at reindriftsnæringa i samband med lovleg reindriftsverksemd har rett til å ta virke til mellom anna brensel, til gammar, koier og liknande. Føresegna gir og retningslinjer for når skogeigaren har rett til å krevje betaling for virket. I gjeldande skogbrukslov § 3 siste ledd er det som nemnt vist til at lova ikkje kan nyttast i strid med dei rettane samane har. Departementet viser til innspela frå høyringsinstansane, og meiner at ein også i den nye skogbrukslova bør ha ein regel som gjer merksam på dei rettane reindriftsnæringa har. Regelen er innarbeidd i lovutkastet § 2 tredje ledd. Regelen inneber at skogeigaren ikkje kan gjennomføre tiltak som er i strid med dei rettane reindriftsamane har til trevirke og brensel. Etter departementet si meining gir regelen ikkje reindriftssamane rett til å ta ut virke dersom slike uttak vil vere i strid med reglane i lova.

Reglane i skogbrukslova har mellom anna samanheng med anna lovgjeving, dette gjeld særleg areallovgevinga, som til dømes plan- og bygningslova, jordlova, konsesjonslova og odelslova. I tillegg til dette inneheld kulturminnelova ei rekkje føresegner som er viktige for planlegging og gjennomføring av tiltak i skogbruket. Virkefeltet for lova må vurderast i lys av dette, og ut frå pårekleleg framtidig utvikling innan areallovgevinga. Departementet er merksam på at Planlovutvalet i NOU 2003:14

Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven II la fram forslag til endringar i areallovgjevinga. Utvalet foreslo mellom anna at kommunen skal kunne markere soner på tvers av ulike formål i arealdelen av kommuneplanen. Utvalet foreslo også at plan- og bygningslova fekk eit eige kapittel med reglar om planlegging for større samanhengande natur- og friluftsområde og større friluftsområde omkring byar og tettstader. Utvalet peika på at staten, fylkeskommunen og kommunane har eit felles ansvar for å sikre natur- og friluftsverdiane i slike område i kombinasjon med anna verksemd. Forslaga til utvalet er ikkje ferdigbehandla, og dei får såleis ikkje konsekvensar for forslaga som ein no fremmer om ny skogbrukslov.

Etter lov 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann § 8 kan tiltak som kan ha verknad i vassdraget ikkje gjennomførast utan at det er gitt konsesjon. Lova har ei eiga føresegn i § 20 som skal sikre samordning med tilgrensande eller overlappende lovverk. I denne føresegna punkt e) er det fastsett at vassdragsstyresmakta kan vedta i forskrift at det ikkje skal vere nødvendig med løyve etter § 8 dersom tiltaket er godkjent etter forskrift gitt med heimel i skogbrukslova § 17 a. Departementet legg til grunn at denne løysinga bør førast vidare med ny skogbrukslov, og at tilvisinga i vannressurslova § 20 bør oppdaterast i samsvar med tittelen på den nye skogbrukslova. Ein viser til drøftinga av tilhøvet mellom dei to lovene som går fram i Ot.prp.nr. 39 (1998–99). Departementet sitt forslag til endring går fram av lovutkastet § 26.

## 6.3 Forvaltningsorgan

### 6.3.1 Skogbruksstyresmakt

#### 6.3.1.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

I gjeldande skogbrukslov er det etablert eit særskilt forvaltningsapparat – skogoppsynet. Skogoppsynet skal sjå til at reglane i lova blir følgde. Skogoppsynet er kommunen, fylkeslandbruksstyret og departementet. Fylkeslandbruksstyret er eit statleg styre, jf. jordlova § 5, og er såleis underordna departementet, men er etter skogbrukslova § 4 overordna kommunen. Oppgåver som er lagde til underordna oppsynsstyresmakt kan gjerast av overordna oppsynsstyresmakt dersom styresmakta finn det tenleg. Departementet kan gi føresegner om fordeling av mynde til å avgjere saker etter lova mellom skogoppsynet og administrasjonen.

I gjeldande skogbrukslov § 35 er det fastsett særlege reglar for skog som er eigd av kommunar

og fylkeskommunar. I slike høve er det vedkommande fylkeslandbruksstyre eller departementet som skal vere skogoppsyn.

I høyringsnotatet la departementet til grunn at dei oppgåvene skogbruksstyresmaktene må løyse i framtida i stor grad vil vere dei same som i dag, men at dei har vorte meir samansette. Oppgåvene må også i større grad enn før løysast gjennom samhandling med andre styresmakter og fagmiljø. Departementet viste til at dette gjer det nødvendig å føre styresmakta på kommune- og fylkesnivå vidare med ei organisering som kan gjere det mogleg å følgje opp reglane og dei nasjonale skogpolitiske måla på ein god måte både regionalt og lokalt. I den nye lova ønskte ein likevel å leggje til rette for større handlefridom på lokalt nivå.

Departementet peika på at dei fleste kommunane har bygd ned skogbrukskapasiteten sin gjennom redusert bemanning, eller ved at han eller ho som har skogbruksfagleg kompetanse i kommunen må handtere fleire oppgåver enn dei som er skogbruksrelaterte. Trass i dette, og trass i at mange kommunar i dag samarbeider om skogkompetansen, meinte departementet at ei ny skogbrukslov ikkje bør innehalde reglar som organiserer skogbruksstyresmakta i større regionale kontor. Ei slik organisering ville ikkje vere i tråd med den utviklinga i organisering som har skjedd i den seinare tida – mellom anna den organiseringa som blei valt ved St.meld. nr. 40 (1991–92) Frå sektoretatar til samfunnsetatar.

I høyringsnotatet foreslo Landbruks- og matdepartementet at tredelinga av skogbruksstyresmakta skulle førast vidare i ny skogbrukslov, sjå høyringsutkastet § 3 første ledd. Departementet meinte at ein i den nye lova på same måte som gjeldande lov burde fastsetje ei samlenemning for dei som har oppgåver som skogbruksstyresmakt. Ein foreslo at omgrepet «skogoppsyn» i gjeldande lov blir bytta ut med nemninga «skogbruksstyresmakt».

Departementet foreslo at heimelen i gjeldande lov om at overordna skogbruksstyresmakt kan fatte vedtak i staden for underordna skogbruksstyresmakt skulle oppretthaldast i den nye lova. Ein viste til at dette ville gjere det mogleg å fatte avgjerd i prinsipielt viktige saker eller saker av stor politisk interesse, og i saker som må samordnast over kommunegrensene.

Departementet foreslo at regelen om kven som skulle vere skogoppsyn for skog som er eigd av kommune eller fylkeskommune skulle oppretthaldast i den nye lova fordi ein ønskte å unngå at kommunane og fylkeskommunane fekk habilitetsproblem som skogbruksstyresmakt for eigen skog, jf. høyringsutkastet § 3 tredje ledd. For kommunalt

eigd skog foreslo ein at Fylkesmannen skulle vere skogbruksstyresmakt, og for fylkeskommunalt eigd skog at departementet skulle kunne fastsetje kven som skulle vere skogbruksstyresmakt.

### 6.3.1.2 *Innspel frå høyringsinstansane*

Departementet har teke imot 71 høyringsinnspel som gjaldt desse forslaga. Det kom innspel frå Kommunaldepartementet, 12 fylkeslandbruksstyre, 5 fylkesmenn, 1 fylkeskommune og 45 kommunar. I tillegg til dette kom det innspel frå 7 organisasjonar.

Mange av høyringsinstansane peikar på at kommunane må få nok ressursar til å følgje opp den nye lova. Fleire høyringsinstansar er elles opptekne av kommunen sin kompetanse i skogbruksspørsmål.

Ei rekkje kommunar, 2 fylkeslandbruksstyre og ein Fylkesmann, har innvendingar mot namneskiftet frå skogoppsyn til skogbruksstyresmakt. Elverum kommune er eit døme på dette. Kommunen uttaler:

«Dagens offentlige skogadministrasjon går under betegnelsen «skogoppsyn». Forslaget om å omdøpe dette innarbeidede begrepet til «skogbruksstyresmakt» virker tungvindt. Det bør benyttes et innarbeidet gjennomgående begrep som brukerne har et forhold til. Det nylig opprettede «statens naturoppsyn» tyder på at den eksisterende betegnelse «skogoppsyn» ikke er ute på dato.»

Kommunaldepartementet peikar på at det er behov for å leggje til rette for interkommunale løysingar. Departementet etterlyser ei vurdering av om også slike interkommunale einingar kan få vedtakskompetanse etter lova, og opplyser at Kommunaldepartementet for sin del vil vurdere dette på generell basis i løpet av året.

Kommunaldepartementet har innvendingar mot høyringsutkastet § 3 andre ledd om overordna skogbruksstyresmakt sin rett til å gripe inn i høve til avgjerd eller vedtak som etter lova ligg til underordna skogbruksstyresmakt. Kommunaldepartementet skriv:

«I forslaget til ny skoglov § 3, andre ledd heter det at departementet eller annen skogbruksmyndighet har anledning til på eget initiativ å behandle vedtak eller oppgaver som i medhold av loven er lagt til kommunen. Vi viser i denne sammenheng til at når kommunen, som selvstendig rettssubjekt, skal tildeles oppgaver fra staten, skal dette ikke skje via delegasjonsvedtak, men ved at kommunene i lovs eller forskrifts form tildeles oppgaven. Dette tilsier en omformulering av § 3, andre ledd. Statens be-

hov for veiledning bør skje gjennom andre virkemiddel enn å gripe inn i enkeltsaker. Behovet for kontroll bør og skal ivaretas blant annet gjennom det ordinære klagesystemet og lovlig-hetskontroll etter kommuneloven § 59.»

I ei felles uttale frå kommunane Flatanger, Namdalseid, Fosnes, Namsos og Overhalla er det også gitt kommentarar til forslaget til § 2 andre ledd. Kommunane uttaler:

«MNR mener at 2. ledd i § 3 er uheldig når kommunen skal være den primære håndheveren av skogloven. Det bør fremgå klart i hvilke tilfelle departementet eller annen skogbruksmyndighet kan overta oppgaver eller vedtak fra kommunene. Det bør også fremgå hvilke hensyn som tilsier at dette kan/bør skje.»

Kommunaldepartementet ber om at spørsmålet om habilitet når kommunen eig skog blir omtala noko nærare, og uttaler i samband med dette:

«Vi viser i denne sammenheng til at det ikke er uvanlig at kommunen er forvaltningsmyndighet også i forhold til egne eiendommer, jf. for eksempel saker etter plan- og bygningsloven.»

Drammen kommune viser på si side til at det er positivt i ein skogkommune som Drammen at Fylkesmannen er skogbruksstyresmakt for skog som er eigd av kommunen.

### 6.3.1.3 *Departementet sine vurderingar*

Dei oppgåvene kommunane har hatt som skogbruksstyresmakt har blitt meir samansett dei siste åra, og forslaga til ny skogbrukslov fører med seg ein del nye oppgåver. Mange av oppgåvene må, i større grad enn tidlegare, løysast gjennom samhandling mellom andre styresmakter og fagmiljø. Skogbruksstyresmakta si rolle, namn, kompetanse og organisatorisk oppbygging må vurderast ut frå dette utgangspunktet for oppgaveløysing.

Den organisatoriske oppbygginga av skogbruksstyresmaktene må gjere det mogleg å følgje opp reglane og dei nasjonale skogpolitiske måla på ein god måte både regionalt og nasjonalt. Departementet foreslår derfor at ein i den nye lova held fast ved ei organisasjonsform med tre forvaltningsnivå som omfattar departementet, fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og kommunen. Oppbygginga er likevel ikkje til hinder for at departementet kan leggje mynde til andre statlege organ, t.d. behandling av klage over fylkeslandbruksstyra sine vedtak. Departementet oppfatar det slik at høyringsinstansane ikkje har merknader til denne inndelinga. Forslaget er innarbeidd i lovutkastet § 3 første ledd.

I forslaget til ny skogbrukslov har departementet, på bakgrunn av St. meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå og Stortinget si behandling av henne, lagt opp til at kommunane skal få større mynde til å treffe vedtak i første instans i saker som gjeld skogbruk. Slik mynde er i dei seinare åra overført frå fylkeslandbruksstyret til kommunane. I forslag til ny lov blir mynde lagt direkte til kommunane. Eit døme på dette er nedlegging av forbod mot hogst, jf. lovutkastet § 8 andre ledd, og tiltak etter skade på skog, jf. § 10 i lovutkastet. I nokre høve er også mynde som etter gjeldande lov ligg til departementet lagt til kommunane i lovutkastet, til dømes førebyggjande tiltak.

Mange kommunar har etter omorganiseringa av landbruksetatane i 2004 bygd ned skogbrukskapasiteten sin gjennom redusert bemanning, eller ved at han eller ho som har skogbruksfagleg kompetanse i kommunen må handtere fleire oppgåver enn dei reint skogbruksrelaterte. Med verknad frå 1. januar 2004 blei kravet i jordlova og skogbrukslova om jordbruksfagleg og skogbruksfagleg kompetanse i kommunane oppheva. Sjølv om det lovfaste kravet om kompetanse er borte, er dette ikkje eit signal om at slik kompetanse vil vere mindre viktig i framtida. Talet på saker og omfanget skogbruksverksemda har som næring i den enkelte kommune bør vere avgjerande for kommunen sitt behov for kompetanse.

Retningslinjene i St. meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet tilseier likevel at det er opp til kommunen sjølv å avgjere korleis ressursane i kommunen vert brukt, og det er opp til kommunen å vurdere kva for behov ein har for skogbruksfagleg kompetanse. Det er også grunn til å tru at kommunane vil utvikle ulike former for samarbeid om oppgåveløysinga. Dette kan på sikt gi eit betre grunnlag enn vi har i dag for å utvikle og ta vare på skogareala som grunnlag for verdiskaping og busetjing.

Departementet er merksam på oppmodinga frå Kommunaldepartementet om å leggje til rette for interkommunale løysingar. Landbruks- og matdepartementet har også merka seg Kommunaldepartementet si utsegn om at departementet vil vurdere generelle reglar om interkommunale løysingar. Landbruks- og matdepartementet er samd i at dette er spørsmål som bør vurderast på generelt grunnlag. Departementet meiner elles at det ikkje ligg til rette for ei tenleg organisering på kommunenivået dersom ein utarbeider særlege reglar om dette i ei ny skogbrukslov. Det vil da vere høg risiko for at løysingane må endrast kort tid etter når dei nye generelle reglane kjem. I lovutkastet har ein etter det-

te ikkje innarbeidd særlege føresegner om interkommunale løysingar.

Landbruks- og matdepartementet har merka seg at mange høyringsinstansar meiner at ein bør behalde samleomgrepet «skogoppsyn» i ny lov om skogbruk. Departementet meiner at den offentlege forvaltninga som følgjer av den nye lova ikkje bør ha nemninga «oppsyn». Ei slik nemning kan forvekslast eller bli samanlikna med Statens naturoppsyn som er eit oppsyn som i hovudsak driv utekontroll knytt til bruken av skog og utmark. Skogbruksstyresmaktene si rolle er breiare samansett enn dei oppgåvene som er knytt til rein oppsynsverksemd. Mange av oppgåvene er forvaltningsoppgåver. Departementet meiner såleis at samlenemninga for dei organa som har oppgåver etter den nye skogbrukslova bør vere «skogbruksstyresmakt».

Etter gjeldande skogbrukslov kan overordna skogoppsynsmakt treffe vedtak eller gjere oppgåver som er lagt til underordna skogoppsyn dersom dette er tenleg. Denne ordninga er med nokre endringar foreslått ført vidare i den nye lova. Landbruks- og matdepartementet har merka seg innspelela frå Kommunaldepartementet og fellesuttala frå kommunane i Flatanger, Namdalseid, Fosnes, Namsos og Overhalla. Landbruks- og matdepartementet er samd i at ein generell heimel som gir overlappende kompetanse i alle saker etter lova kan vere egna til å pulverisere det ansvaret kommunane har for saksfeltet. Det kan også vere forvirrande for dei som skal lese lova. Etter departementet sitt syn er det likevel slik at overordna skogbruksstyresmakt må kunne ta avgjerd i saker som må samordnast over kommunegrensar, til dømes saker som gjeld tiltak for å hindre skade på større skogområde (lovutkastet § 9), eller ved innføring av meldeplikt (§ 11) over eit større område. Dette er regelen i dag, og ein ser det som nødvendig å føre regelen vidare i den nye lova, ikkje minst av miljø- og ressursmessige grunnar. I nokre høve har også kommunane bedt om at departementet fattar rettleiande vedtak i nye sakstifelle der nasjonale interesser er sentrale. Landbruks- og matdepartementet foreslår etter dette at føresegna blir ført vidare i ny skogbrukslov, men at ho blir endra slik at ho berre gjeld dersom saka må samordnast over kommunegrensar, eller der viktige nasjonale omsyn tilseier det. Landbruks- og matdepartementet oppfattar at ei endring i samsvar med dette er i samsvar med fellesuttala frå dei nemnde kommunane. Føresegna er teken inn i § 3 andre ledd i lovutkastet.

Landbruks- og matdepartementet meiner at regelen i gjeldande lov § 35 om skog som er eigd av kommunar og fylkeskommunar bør førast vidare i den nye lova. Ein meiner at det bør fastsetjast i lova

at Fylkesmannen skal vere skogbruksstyresmakt for skog som er eigd av kommune eller av fylkeskommune. Dette tilsvarer den løysinga som ein har lagt opp til for kommunen sine avgjerder i samband med saker etter jordlova og konsesjonslova. Førsegna går fram av lovutkastet § 3 tredje ledd. Forslaget er noko endra i høve til det forslaget som blei sendt på høyring. Etter høyringsutkastet skulle departementet avgjere kven som skulle vere skogbruksstyresmakt for skog som er eigd av fylkeskommunen. Departementet ser det no slik at Fylkesmannen bør vere skogbruksstyresmakt for skog som kommunane og fylkeskommunane eig.

### **6.3.2 Skogbruksstyresmaktene sine oppgåver, tilsyn, rapportering og klage**

#### *6.3.2.1 Gjeldande rett og forslag til endringar*

Skogbruksstyresmaktene har ulike oppgåver etter gjeldande lov, og forslaget til lovendringar legg opp til at skogbruksstyresmaktene skal ha om lag dei same oppgåvene etter den nye lova.

Styresmaktene skal føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, behandle søknadar og fastsetje pålegg etter reglane i og forskrifter fastsett etter lova. For å utføre desse oppgåvene bør styresmaktene sikre seg oversikt over utviklinga i skogbruket lokalt, regionalt og sentralt. Nokre oppgåver bør omtalast særskilt. Dette gjeld tilsyn og rapportering, samt klagebehandling

For vedtak fatta med heimel i skogbrukslova gjeld reglane om klage i kap. VI i Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova). Mellom anna fordi skogbruksstyresmakta består av to ledd på fylkesnivå – fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen – som begge vil ha vedtaksfunksjonar etter lova og vere klageinstans for kommunane sine vedtak, er det behov for ei føresegn i skogbrukslova om klage.

I gjeldande skogbrukslov § 11 er det lagt til grunn at skogoppsynet sentralt har oppsyn med gjennomføring og etterleving av lova. Sentralt skogoppsyn skal kontrollere underordna skogoppsyn, og gi slike instruksar og pålegg som er nødvendige for å sikre best mogleg resultat. Departementet kan påleggje underordna skogoppsyn oppgåver i samband med skogbruket sjølv om oppgåvene ikkje har heimel i skogbrukslova.

Gjeldande skogbrukslov har ingen generelle reglar om kva som konkret skal gjerast for å sikre gjennomføring eller etterleving av lova. Slike reglar finn ein likevel i samband med den enkelte føresegna i lova. Finn til dømes skogoppsynet at skogeiga-

ren har planlagt, påbegynt eller gjort foryngingshogst som kan føre til skade for friluftslivet eller naturmiljøet, skal departementet etter § 16 fjerde ledd forby eller setje grenser for hogsten for ein bestemt tidsperiode.

Gjeldande skogbrukslov har heller ikkje generelle føresegner som gjer det mogleg for skogbruksstyresmaktene å krevje opplysningar om drifta. Slike opplysningar kan berre krevjast i samband med særlege skogbruksstiltak, til dømes ved manglande forynging jf. § 17 andre ledd. Dei fleste opplysningane om skogsdrift blir i dag samla inn i samband med skogavgiftsordninga og rapportering knytt til statlege tilskotsordningar.

I høyringsnotatet la departementet til grunn at kontrollfunksjonane i skogbruket må vere slik at dei samla sett fungerer mest mogleg kostnadseffektivt. Dette gjeld både dei private i form av sertifiseringsløysingar, og den offentlege resultatkontrollen.

Departementet foreslo på dette grunnlaget at kommunen skulle ha til oppgåve å føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne. Kommunen skulle også ha ansvaret for at vedtak med heimel i lova blir gjennomførte. Forslaget går fram av høyringsnotatet § 19. Ein la til grunn at departementet kunne gi forskrifter om kommunen sin kontroll.

I høyringsnotatet foreslo ein at departementet også skulle kunne fastsetje forskrifter om internkontrollar i skogbruket og om rapportar frå desse. Departementet såg behov for ein heimel som kunne gi kommunane tilgang til opplysningar som blei samla inn gjennom sertifiseringsordninga i skogbruket. Dette kunne spare ressursar for styresmaktene både lokalt og sentralt. Ein peika på at auka vekt på internkontrollsystem gjer slik harmonisering og koordinering mogleg.

I § 14 i gjeldande lov går det fram av første ledd at kommunen sine avgjerder kan påklagast til fylkeslandbruksstyret med mindre departementet bestemmer at Fylkesmannen skal vere klageinstans. Det er fastsett i andre ledd at offentlege naturvern- og friluftsmyndigheiter har rett til å klage dersom avgjerda gjeld interesser som høyrer under deira myndighetsområde.

Departementet foreslo i høyringsnotatet at fylkeslandbruksstyret burde halde fram som klageinstans over vedtak fatta av kommunane, om ikkje departementet hadde bestemt at Fylkesmannen skal vere klageinstans. Forslaget går fram i høyringsnotatet § 20. Ein foreslo vidare at departementet eller den departementet har gitt mynde skal vere klageinstans for vedtak gjort av fylkeslandbruksstyret eller Fylkesmannen. Departementet foreslo elles å sløyfe føresegna i § 14 andre ledd i gjeldande skog-

brukslov, der offentlege naturvern- og friluftsmyndigheiter er gitt særskilt klagerett.

### 6.3.2.2 *Innspel frå høyringsinstansane*

Departementet har motteke innspel frå 40 høyringsinstansar i samband med forslaget til føresegn om tilsyn, kontroll og rapportering. 9 fylkeslandbruksstyre, 2 fylkesmenn, 23 kommunar og 9 organisasjonar har hatt merknader til føresegna. Hovudinntrykket er at forvaltningsorgana har merknader til kommunane og fylkesleddet si rolle knytt til tilsyn og rapportering, medan organisasjonane i hovudsak har merknader til forslaget om ei forskrift om internkontroll.

Fylkeslandbruksstyret i Østfold peikar til dømes på at det bør gå fram av lova at Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane. Kommunane Sørreisa, Torsken, Rødøy, Berg og Bardu, samt fylkeslandbruksstyra i Nordland og Troms er opptekne av at føresegna også bør omfatte rettleiingsplikta som forvaltninga har. Voss kommune viser til at tilsynet frå kommunane si side ofte er avgrensa og tilfeldig, medan kommunane Flatanger, Fosnes og Overhalla ber om at den framtidige forskrifta om kontroll blir utforma detaljert slik at kommunane sikkert veit kva dei har ansvar for. Stor-Elvdal kommune meiner på si side at forskrifta bør utformast slik at ho viser minimumsnivå for det tilsynet og den kontrollen kommunen skal utføre.

Mange av næringsorganisasjonane peiker på at det ikkje er ønskeleg å innføre ein heimel for forskrift om internkontroll i skogbruket. Norges Skogeierforbund uttaler:

«Skogeierforbundet finner det uakseptabelt at departementet skal kunne gi forskrifter om internkontroller i skogbruket og om rapporter fra disse. Internkontrollen i skogbruket skjer i dag ut fra de krav sertifiseringssystemet, Norsk Akkreditering og sertifiseringsorganene stiller. I tillegg kommer internkontrollen etter HMS-forskriften. At Landbruksdepartementet i tillegg skal stille krav til internkontrollen blir uholdbart og vil øke de allerede høye kostnadene som er forbundet med sertifiseringen av norsk skogbruk.

Vi ser ikke bort fra at forslaget kan være begrunnet i et ønske om å kunne utnytte dataene fra skogbrukets interne kontrollsystemer i den offentlige resultatkontrollen. Det stiller næringssektoren selvsagt opp på. Forutsetningen er imidlertid at departementet klargjør hvilke data de vil ha, og at eventuelle merkostnader knyttet til å framskaffe disse dekkes av myndighetene.»

NORSKOG uttaler:

«Det foreslås nå hjemmel for departementet om å gi forskrift om internkontroller i skogbruket. Dette finner vi lite akseptabelt. Skogbrukets internkontroller er utviklet spesielt for å etterleve internkontrollforskriften og/eller for å etterleve sertifiseringsordninga som er valgt. Dette er ordninger som er tilpasset den enkelte bedrift, og må forventes å være utviklet slik at de blir mest mulig hensiktsmessig for den oppgave de skal løse. Det kan bli svært uheldig dersom departementet skal legge føringer for hvordan internkontrollen skal gjennomføres.»

Departementet har motteke innspel frå Miljøverndepartementet og 3 fylkeslandbruksstyre som tilrår at den særskilde klageretten blir teken ut i den nye lova. 3 fylkesmenn meiner at offentlege naturvern- og friluftsmyndigheiter framleis bør ha klagerett ved avgjerder etter lova eller forskriftene.

### 6.3.2.3 *Departementet sine vurderingar*

Oppfølginga av St. meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå fører til at ei rekkje oppgaver innan landbruksområdet skal leggjast til kommunane. Forslaget til ny skogbrukslov følgjer dette opp. Departementet foreslår at dei fleste oppgåvene knytt til tilsyn, behandling av søknader, pålegg, oppfølging og kontroll blir lagt til kommunane direkte i lova. Sjå døme på dette i §§ 6, 8, 9, 10, 11, 19 og 20. I samheng med dette er det naturleg at kommunane også får ansvar for å sjå til at føresegnene i lova blir haldne, og til å kontrollere at vedtak med heimel i lova blir gjennomførte. Departementet foreslår, som i høyringsnotatet, at dette går fram av lovutkastet § 20. Ein oppfatar det slik at høyringsinstansane har slutta seg til dette, men at det er noko uklart for dei kva omfang kommunen sine tilsyns- og rapporteringsoppgåver vil få. Departementet vil kome tilbake til dette når forskrifta blir sendt på høyring.

Departementet er elles samd med dei høyringsinstansane som peiker på at det i lovutkastet i liten grad er sett fokus på dei rettleiingsoppgåvene kommunane har overfor skogeigaren. Eit ledd i kommunereforma innan landbrukssektoren er at kommunane sjølv skal få høve til å forme ut lokal landbrukspolitikk. Behovet for rettleiing er etter departementet sitt syn varierende i dei ulike kommunane, og departementet ser det som ønskeleg at kommunane sjølv får utforme denne oppgåva utan bindingar i lova.

Departementet ser at høyringsrunden viser at kontrollomgrepa er upresist brukt i høyringsutkas-

tet. Samla sett femner omgrepet «kontroll» om alt frå inspeksjon og stikkprøvekontroll til overvaking og til den internkontrollen som skogbruket sjølv gjennomfører når ein rapporterar måloppnåing og avvik i høve til sertifiseringsrutinane.

Det er utforma eit resultatkontrollopplegg i skogbruket som femner to hovudelement; tilstandsovervaking og aktivitetskontroll. Tilstandsovervakinga er basert på Landsskogtakseringa og overvakingssystemet for skogskadar (OPS). Dette er overvaking av skogen si utvikling med omsyn på treslag, volumutvikling, tilvekst, helsetilstand og så bortetter. Gjennom denne overvakinga har ein kontroll med utviklinga av skogressursane. Aktivitetskontrollen er ein stikkprøvekontroll i høve til konkrete tiltak i skogbruket som foryngingshogst og vegbygging. Ein tek stikkprøvar eller gjer statistisk utplukking der målet er å samle kunnskap om korleis skogbruket i gjennomsnitt følgjer regelverk og vedtak.

I tillegg til dette gjennomfører kommunane kontroll av enkelttiltak i skogbruket der ein kontrollerer om den enkelte skogeigaren respekterer og etterlever styresmaktene sine vedtak. Finn ein brot på regelverk, avgjerder eller liknande, er det aktuelt å setje i verk reaksjonar mot den eller dei som har brote regelverket.

Departementet meiner at kontrollfunksjonane i skogbruket må utformast slik at dei samla sett blir mest mogleg kostnadseffektive og at den skogpolitiske kontrollen tek utgangspunkt i både dei private kontrollordningane i samband med ulike sertifiseringsløysingar og den offentlege resultatkontrollen. Departementet varsla derfor i St.meld. nr. 17 (1998–1999) Skogmeldinga, at det er aktuelt å sjå nærare på dei heimlane som regulerer utveksling av data mellom offentlege og private databasar. Ein varsla vidare at det var aktuelt å ta i bruk internkontrollprinsippet i skogbruket som det og er gjort i mange andre sektorar. Ein peika også på behovet for å leggje til rette for betre samordning og utnytting av offentlege data, og for ein betre dokumentasjon av eksisterande kontrollrutinar.

Departementet meiner at den store kontrollinnsatsen knytt til ulike sertifiseringssystem gir mykje god og systematisk dokumentasjon om verksemda i skogbruket. Departementet har derfor kome til at det er ressurseffektivt for både næringa og skogbruksstyresmaktene å harmonisere og koordinere den samla kontrollinnsatsen.

Nokre høyringsinstansar har oppfatta det slik at departementet vil påleggje næringa nye internkontrolloppgåver. Departementet legg ikkje opp til nye kontrollrutinar, men meiner det er behov for ein

heimel som gjer det mogleg å samordne den offentlege kontrollen som blir gjennomført av kommunane og fylkesmennene og den interne sertifiseringskontrollen som blir gjennomført av næringa sjølv i samband med sertifiseringa. Ein slik heimel for å samordne kontrolltiltaka kan venteleg føre til at både den offentlege kontrollen og den private kontrollen kan bli meir effektiv og kanskje også betre. Effekten av heimelen er først og fremst at skogbruksstyresmaktene kan hente informasjon frå den private kontrollen i staden for å gjennomføre parallell kontroll av om lag dei same tilhøva. Heimelen gjer det dessutan mogleg for departementet gjennom forskrift å gi retningslinjer for rapportering til styresmaktene frå sertifiseringskontrollen som næringa gjer. Forslaget går fram i lovutkastet § 20 andre ledd.

Departementet foreslår, som i høyringsnotatet, at fylkeslandbruksstyret bør vere klageinstans i vedtak fatta av kommunane. Forslaget går fram i lovutkastet § 21 som erstattar gjeldande lov § 14 første ledd. I kurante saker der det ikkje er snakk om landbruksfaglege heilskapsvurderingar, ligg det likevel til rette for at Fylkesmannen bør vere klageinstans. Departementet vil fastsetje forskrifter om kva for saker som skal ligge til fylkeslandbruksstyra og kva for klagesaker som skal høyre inn under Fylkesmannen. I enkelte saker vil truleg slik mynde bli lag til Statens landbruksforvaltning (SLF).

Som nemnt kan offentlege naturvern- og friluftstyresmakter etter gjeldande skogbrukslov påklage avgjerd etter skogbrukslova dersom avgjerda gjeld interesser som høyrer inn under arbeidsfeltet der. I praksis er det Fylkesmannen si miljøvern- og friluftstyresmakter som gjer bruk av denne klageretten. Klageordninga fører til at Fylkesmannen på same tid har ei rolle som sekretariat for fylkeslandbruksstyret og som part i klagesaker. Departementet meiner at dette er uheldig, og er også merksam på at klageretten har ført til forseinkingar i saksbehandlinga. I nokre saker har det blitt nødvendig å behandle saka i eit anna fylkesmannsembete. Klageretten for offentlege naturvern- og friluftsmyndigheiter bør derfor avviklast slik at berre dei som er partar, eller som har rettsleg klageinteresse jf. reglane i forvaltningslova, kan påklaga slike vedtak. Departementet meiner elles at samarbeidet ved behandling og samordning av saker som gjeld skog og miljø er vesentleg forbetra internt i embeta i dei åra som er gått frå føresegna i gjeldande lov blei vedtatt i 1976. Det er såleis ikkje det same behovet for den særskilte føresegna om klage som tidlegare.



## 6.4 Skogeigaren si rolle

### 6.4.1 Skogeigaren sitt forvaltaransvar

#### 6.4.1.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Eigedomsretten til skog gir skogeigaren råderett over skogressursane og eigedommen elles. Skogeigaren har samstundes eit ansvar i høve til samfunnet for å forvalte skogen på ein måte som er til gagn for samfunnet. Dette forvaltaransvaret er nedfelt i lovgjevinga som plikter som set grenser for skogeigaren sin handlefridom. I gjeldande skogbrukslov § 15 er det til dømes fastsett at skogeigaren sjølv har rett til å blinke og stelle skogen innafor dei rammene som blir fastsett i lova eller føresegn gitt med heimel i lova. Dei aktuelle rammene er knytt til ulike samfunnsomsyn; omsynet til skogressursen, til miljø, friluftsliv eller anna.

I moderne skogbruk er det ikkje lenger blinking i skogen, og det er dessutan langt færre skogeigarar som sjølv gjer det praktiske arbeidet der. I høyringsnotatet foreslo departementet at retten i gjeldande lov § 15 til å bestemme over drift av eigen skog, utforma slik at skogeigaren sjølv har rett til å blinke og stelle skogen, skulle først vidare i ny skogbrukslov. Ein foreslo likevel at ordlyden i lovutkastet § 4 første ledd skulle omfatte det overordna ansvaret skogeigaren har for å administrere og følgje opp tiltak i skogen, ikkje berre rett til blinking. I forslaget la ein opp til at skogeigaren har ansvar for at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med føresegnene i lova og med forskrifter gitt i medhald av lova.

Forslaget er oppsummert i utkastet § 4 første ledd siste punktum med at skogeigaren innafor desse rammene står fritt til å forvalte skogen sin ut frå egne mål. Departementet meinte at denne formuleringa viser at lova er ei næringslov der det er markert tydeleg at skogeigaren har fridom under ansvar.

Skogeigaren sitt ansvar skulle etter forslaget mellom anna femne plikt til å ha kunnskap om og følgje utviklinga på skogareala og miljøverdiane i skogen i ulike fasar. Departementet foreslo i lovutkastet § 4 første ledd andre punktum at det burde gå fram av lova at skogeigaren pliktar å ha oversikt over og å ta omsyn til miljøverdiane ved alle tiltak i skog. Ein viste til at vern av det biologiske mangfaldet, omsynet til landskap, friluftsliv og kulturverdiar er sentrale i forslaget til det nye formålet som blei foreslått, og at dette burde reflekterast i ein tydeleg regel om skogeigaren sitt ansvar.

I lovutkastet § 4 første ledd tredje punktum streka departementet under at skogeigaren sitt miljøansvar kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan

gjennomførast og at skogeigaren må la enkelte areal stå urørte utan at dette gir rett til erstatning.

Departementet foreslo i høyringsutkastet § 4 første ledd fjerde punktum at skogeigaren bør ha ansvar for at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lovgjevinga, og at dette bør gå fram i lovteksten. Departementet opplyste at ein vurderte om det burde lovfestast eit klarare sjølvstendig ansvar for entreprenørar og andre som gjer arbeid i skogen, men at ein kom til at ansvaret i slike høve må byggje på det privatrettslege forholdet mellom skogeigaren og han eller ho som blir leigd inn for å gjere arbeidet. På dette grunnlaget meinte ein at det ikkje var aktuelt å fastsetje særlege reglar i skogbrukslova om slikt ansvar.

I § 4 andre ledd foreslo departementet ein eigen heimel for å fastsetje forskrift om miljøomsyn knytt til ulike tiltak i skogbruket. Departementet meinte at ein slik heimel kan sikre eit målretta miljøarbeid på alle nivå.

I høyringsnotatet viste ein til at det er ønskeleg å fastsetje miljøforskrift parallelt med iverksetjinga av den nye lova. Departementet bad høyringsinstansane om deira syn på innhaldet av ei slik forskrift, mellom anna om reglar som regulerer hogst knytt til reirlokaltetar for rovfugl o.a., grøfting av myr og sumpmark, fjerning av kantsoner mot vatn og vassdrag har nokon verdi.

#### 6.4.1.2 Innspel frå høyringsinstansane

Departementet har motteke 150 innspel som gjaldt forslaget til lovutkastet § 4. Innspela kom frå 4 departement, 15 fylkeslandbruksstyre, 5 fylkesmenn, 94 kommunar og 32 organisasjonar og enkeltmenneske.

Hovudtyngda av innspel (fleire enn 90) gjaldt kommentarar til forslaget om heimel for miljøforskrift.

Høyringsinstansane seier seg samde i at forvaltaransvaret bør bli lovfesta. Det er likevel ulike meiningar om kva dette ansvaret bør omfatte, og om ansvaret bør utformast detaljert eller i ei overordna form. Blant dei som meiner at ansvaret må konkretiserast er det ulike meiningar om dette bør gjerast i lovteksta, eller om det er meir tenleg å innarbeide det i ei forskrift slik forslaget gjekk ut på. I samband med forslaget om miljøforskrift er det ulike meiningar om behovet for slik forskrift, om når ei slik forskrift bør innførast, og om innhaldet i ei eventuell forskrift.

Hovudinstrykket er at høyringsinstansane støttar forslaget om å lovfeste skogeigaren sitt forvaltaransvar i ei form der det samstundes blir lagt vekt på fridom under ansvar. Dei gir og uttrykk for at

forslaget bør femne ansvar for skogskjøtsel, for miljøverdiane i skogen, og for det som blir gjort i skogen av andre som arbeider der etter oppdrag frå eigaren. Norges Skogeierforbund uttaler om dette:

«Norges Skogeierforbund er enig i at loven presiserer skogeierens ansvar for å holde seg innenfor lovverkets rammer, og at skogeierne innenfor disse rammene står fritt til å forvalte skogen sin ut fra egne mål. Dette er en presisering av prinsippet om frihet under ansvar.»

Fleire av høyringsinstansane meiner at miljøansvaret ikkje er klart nok formulert i høyringsnotatet eller i lovutkastet. Miljøverndepartementet peikar på at miljøansvaret primært bør innarbeidast i lova. Det same gjer Fylkesmannen i Hedmark, World Wild Life Fund og fleire andre høyringsinstansar. Miljøverndepartementet uttaler:

«Miljøverndepartementet mener primært det hadde vært ønskelig med flere presise miljøbestemmelser direkte i den nye skogloven. Miljøverndepartementet har merket seg at Landbruksdepartementet isteden tar sikte på å konkretisere miljøbestemmelsene i en egen miljøforskrift.....»

Justisdepartementet er på si side oppteke av å få fram kva som ligg i omgrepet ansvar, og peikar på at det kan vere lite heldig å bruke omgrepet slik det er gjort i føresegna. Andre høyringsinstansar er meir oppteke av kor langt ansvaret strekker seg. Skogeierforbundet uttaler:

«Høyringsnotatet er ikke klart på hvor langt skogeierens ansvar for å ta miljøhensyn strekker seg. I utgangspunktet regner vi med at den norske skogbruksloven ikke er ment å gå lengre enn det lovverket i våre naboland Sverige og Finland gjør. Som det også framgår av høyringsnotatet har spesielt svenskene vært klare på dette punktet. For å klargjøre hvor langt ansvaret strekker seg, bør det derfor i lovproposisjonen presiseres at norske skogeiere ikke skal kunne pålegges mer økonomisk tyngende restriksjoner enn hva som er tilfellet i Sverige og Finland, jf. beskrivelsen av dette i høyringsnotatet.»

Behovet for avklaring av dette er og kommentert av fylkeslandbruksstyra i Oslo og Akershus. Fylkeslandbruksstyret i Oslo uttaler:

«Lokale og regionale skogbruksmyndigheter kommer ofte opp i situasjoner der det er vanskelig å tolke hvor langt loven rekker og begrensninger i forhold til miljøhensyn. Fylkeslandbruksstyret kan ikke se at det foreliggende forslag til ny lov inneholder den avklaring det her er behov for. I kommentarene til lovforslaget viser departementet til at lovens bestemmel-

se om skogeiers ansvar i forhold til miljøverdier tar utgangspunkt i dagens rettstilstand og praktisering av lovverket. Denne rettstilstand og forvaltningspraksis bør nedfelles i loven slik at nivået for skogeiers ansvar går klart frem av lovteksten uttrykt i konkrete størrelser. Eventuelt kan denne avklaringa innarbeides i en egen forskrift om miljøhensyn.»

Mange høyringsinstansar har gitt kommentarar til forslaget om at skogeigaren må ha miljøkunnskap, og hovudinntrykket er at høyringsinstansane støtter dette. Nokre er likevel oppteke av at ansvaret må avgrensast. Norges Skogeierforbund uttaler:

«Vi finner det også naturlig at loven presiserer at skogeier har plikt til å ha oversikt over og ta hensyn til miljøverdier. Plikten må imidlertid knyttes til å ha oversikt over og ta hensyn til de miljøverdier som finnes i det området hvor tiltaket skal gjennomføres.»

Fylkeslandbruksstyret i Troms meiner også at berre kjente miljøverdier bør reknast med. Styret viser til at ein må definere klart kva for miljøverdier som skogeigaren pliktar å ha kunnskap om, og uttaler:

«Skogeier bør ha ansvar for å ta omsyn til åpentbart kjente miljøverdier på sin eiendom. Det kan imidlertid være mange ulike oppfatningar om hva som skal ha status som miljøverdi, alt etter hvilke fagmiljø som uttaler seg. Dersom skogeier skal ta omsyn til miljøverdier ved tiltak i skogen, må det klart defineres hvordan miljøverdier det er snakk om. Det er mange ulike faginstusjoner som sitter med forskjellige miljøregistreringar, noe som gjør at det vil være svært arbeidskrevende for skogeier, dersom han skal skaffe seg oversikt over alt som er registrert. Skogeieren bør uansett få kjennskap til de registreringar som gjøres på hans eiendom.»

Nokre av høyringsinstansane har vore oppteke av tilhøvet mellom råderettsinnskrenkingar og skogeigarane sin rett til erstatning. Skogeierforbundet uttaler til dømes:

«Vi erkjenner på samme måte at plikten til å ta hensyn til miljøverdier i skogen kan innebære at enkelte skogbrukstiltak ikke kan gjennomføres. En eksemplifisering av hvilke hensyn som er aktuelle hører imidlertid etter vårt syn ikke hjemme i loven.»

Skogeierforbundet og Det norske skogselskapet foreslår begge at setninga om at plikta til å ta omsyn til miljøverdier kan føre til at enkelte skogbrukstiltak ikkje kan gjennomførast, blir sløyfa. Skogselskapet viser til at setninga er unødvendig formanande sett i høve til paragrafen elles.

Norges Naturvernforbund meiner på si side at lovteksten i tillegg burde innehalde døme på kva for omsyn som kan føre til avslag på tiltak. Dei viser til at regelen får preg av eit prinsipp, ikkje eit flytande skjønsspørsmål. Også Miljøverndepartementet meiner det er ønskeleg at tilhøvet til erstatningar blir omtala i lova. Departementet uttaler:

«Det er viktig og riktig at man nå gjør det klart i lovteksten at dette miljøansvaret kan innebære at enkelte tiltak i skogen ikke kan gjennomføres. Vi deler Landbruksdepartementets syn og sonderinger om at den generelle plikten til å ta hensyn til miljøverdier vil medføre at skogeierne må ta ansvar for å la enkelte arealer stå urørt, uten at dette medfører noen form for erstatning.»

Nokre høyringsinstansar har gitt merknader til forslaget om at skogeigaren bør ha ansvar for handlingar som blir gjort av dei som arbeider i skogen. Skogeigarforbundet meiner det må vere slik, og uttaler:

«Vi erkjenner at skogeiers ansvar for alle tiltak som gjennomføres i skogen, også innebærer at skogeier er ansvarlig for at andre som gjør arbeid i skogen holder seg innenfor lovverkets rammer.»

Forbundet meiner likevel det er tilstrekkeleg at dette blir presisert i forarbeida til lova. Miljøverndepartementet på si side meiner at det er heldig at ansvaret er nedfelt i lova.

Maskinentreprenørenes forbund viser til at bruk av eventuelle entreprenørtjenester er regulert gjennom anna lovgjeving, og foreslår at innhaldet i § 4 eventuelt blir nærare presisert gjennom miljøforskrift.

Innspela viser at det er ulike meiningar om behovet for miljøforskrift, når ei slik forskrift eventuelt bør innførast og kva ei forskrift bør innehalde. Om lag 2/3 av dei høyringsinstansane som har sendt inn ei uttale har tilrådd at ein innfører slik forskrift.

Nokre høyringsinstansar viser til at forskrift ikkje er nødvendig. Andre meiner at ei forskrift vil kunne undergrave det frivillige arbeidet som blir lagt ned i sertifiseringsordninga. Uttala frå Fellesforbundet illustrerer dette:

«.. Fellesforbundet er imidlertid mer skeptisk til behovet for å fastsette en egen miljøforskrift parallelt med at loven trer i kraft. I dag er praktisk talt hele skogbruket sertifisert etter standardene i Levende Skog. Næringen har her selv tatt sitt ansvar, noe som har medført et betydelig miljøløft for skogbruket. De detaljerte reglene for hvordan tiltak skal gjennomføres bør fortsatt

ligge til sertifiseringen. Loven må gi de overordnede føringer og rammer for hvordan skogbruket skal drives, men samtidig inneha de nødvendige hjemler for å gripe inn hvis skogeiere og skogbruket ikke overholder sitt miljøansvar.»

Skogeierforbundet uttaler tilsvarande:

«Generelle politiske signaler de seinere årene, ikke minst fra regjeringspartiene, har vært at enkeltpersoner og næringer i økende grad skal få og selv ta ansvar. For oss blir det da et tankekors hvis en næring som tar miljøansvaret så alvorlig som skogbruket nå gjør, blir møtt med økt detaljstyring fra det offentliges side. Ansvarlighet burde i prinsippet bli møtt med mindre lovregulering, ikke mer.....

Det er viktig at lovverket tar utgangspunkt i at sertifisering faktisk har kommet for å bli i norsk skogbruk, og at næringen selv tar ansvaret for å drive et bærekraftig skogbruk. Loven bør derfor nøye seg med å gi de overordnede føringene og rammene for hvordan skogbruket skal drives, og ha de nødvendige hjemler til å gripe inn hvis skogeier ikke holder seg innenfor disse. De mer detaljerte reglene for hvordan tiltak skal gjennomføres bør derimot overlates til sertifiseringen.»

Også NORSKOG ser forslag om miljøforskrift i samanheng med Levende Skog. Organisasjonen viser til at også sentrale styresmakter har gitt uttrykk for at prosessane med Levende Skog har vore tilfredsstillande. Det å fastsetje miljøforskrift vil underkjenne at næringa sjølv tar ansvar, og det kan øydeleggje for sertifiseringsarbeidet.

Skogindustrien, representert ved Prosessindustriens Landsforening og Treforedlingsindustriens Bransjeforening, støtter også dette synet. Organisasjonen etterlyser ei evaluering av resultatata frå Levande skog. Dei uttaler:

«Miljøsertifiseringa dekker i praksis alt skogbruk i Norge. Styringssystemet er under kontinuerlig forbedring, noe som gir klare utslag i miljøtilstanden i skogen. Slik miljøforvaltninga gjennomføres i skogbruket kan ikke PIL og TFB se noe behov for å fastsette en miljøforskrift på det nåværende tidspunkt.»

Nokre av næringsinteressene opnar rett nok for at den nye lova bør få ein klarare heimel for miljøforskrift enn gjeldande lov. Representantane for industrien som er nemnde ovanfor og Norges Skogeierforbund er døme på dette. Forbundet uttaler:

«Etter Norges Skogeierforbunds syn må det være en forutsetning at den bare blir brukt dersom det i framtida viser seg nødvendig, og at det ved eventuell bruk av hjemmelen legges

vekt på å unngå at det blir unødvendig komplisert for skogeierne å drive skogbruk. Dersom det fastsettes detaljerte forskrifter om miljøhensyn, blir det ingen ting igjen av prinsippet om frihet under ansvar som er nedfelt i 1. ledd.»

Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og miljøvernorganisasjonane meiner det er behov for ein heimel for miljøforskrift. Mange gir gjennomgåande uttrykk for at miljøforskrift er ein føresetnad for å akseptere lovutkastet som det dei oppfattar som ei ramme- og fullmaktslov. Miljøverndepartementet uttaler:

«Vi mener en slik forskrift vil være nødvendig både for at man skal få konkrete oppfølgbare miljøbestemmelser og for å kunne vise til at Norge har et lov- og forskriftsverk på skogsektoren som på en tilfredstillende måte ivaretar miljøhensyn. Lovutkastet gir kun overordnede rammer på miljøområdet og vil ikke være tilstrekkelig i forhold til å sikre god praksis uten en egen miljøforskrift.»

Friluftsrådenes landsforbund tilrår miljøforskrift, og uttaler m.a. om sammenhengen mellom ei slik forskrift og sertifiseringsordninga:

«... På den andre sida oppnås det viktige resultat i skogbruket gjennom det frivillige arbeidet i Levende Skog, og denne formen for arbeid gir motivasjon og eierskap til miljøhensyn hos skogeierne på en helt annen måte enn myndighetsfastsatte forskrifter. FL vil oppfordre departementet til å vurdere om en gjennom forskriften kan gi insitamenter til oppfølging av standardene i Levende Skog. Samtidig må forskriften utgjøre et solid rammeverk som sikrer at all skog forvaltes med et nødvendig minimum av hensyn til biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturverdier.»

Høyringsinnspela frå ulike forvaltningsorgan viser at dei har ulike meiningar om behovet for miljøforskrift. Seks av dei åtte fylkeslandbruksstyra som har gitt kommentarar til dette meiner at det er behov for forskrift. Tre av fire fylkesmenn meiner at det ikkje er slikt behov. 44 kommunar meiner det er ønskeleg med forskrift, medan 23 kommunar uttrykker skepsis, eller dei er usikre på verdien av ei forskrift.

Blant dei høyringsinstansane som aksepterer ein heimel for forskrift er det ulike meiningar om når ei forskrift bør bli vedteken. Miljøvernorganisasjonane ønskjer at forskrifta skal etablerast raskt. Næringsinteressene meiner på si side at sjølv om dei aksepterer ein heimel for forskrift, bør slik forskrift ikkje fastsetjast med mindre det etter kvart viser seg nødvendig. Som omtalt tidlegare, aksepte-

rer Norges Skogeierforbund ein heimel for forskrift, men er mot at forskrifta blir fastsett parallelt med at lover trer i kraft.

Prosessindustriens Landsforening og Treforedlingsindustriens Bransjeforening uttaler:

«Slik miljøforvaltninga gjennomføres i skogbruket kan ikkje PIL og TFB se noe behov for å fastsette en miljøforskrift på det nåværende tidspunkt. Det kan imidlertid være hensiktsmessig med en hjemmel for bruk av forskrift dersom næringens egne systemer skulle falle helt eller delvis bort. Mål og rammer for en miljøforskrift må imidlertid fremkomme klarere enn den foreslåtte lovteksten.»

Ei rekkje høyringsinstansar meiner at innhaldet i ei miljøforskrift ikkje bør bli for detaljert. Eit døme på dette er Nærings- og handelsdepartementet som uttaler:

«Vi mener at det er viktig at en ny miljøforskrift ikke må ha så detaljerte regler at den eventuelt bidrar til å svekke næringens eget miljøansvar. Det er etter vår vurdering også viktig at en slik forskrift innebærer størst mulig forutsigbarhet og mest mulig lik praksis med hensyn til kommunens forvaltning av fremtidig forskrift.

Norges Skogeierforbund gir uttrykk for det same. Forbundet uttaler:

«En miljøforskrift måtte nødvendigvis fått en annen form og ordlyd og forvaltes av andre personer enn standardene. Dette ville skape forvirring blant skogeierne om hvordan han/hun skal forholde seg. En miljøforskrift vil dessuten innebære at staten overtar en del av det ansvaret skognæringen i dag har for at miljøhensyn blir tatt i det praktiske skogbruket. Ansvaret blir pulverisert og næringens vilje og evne til å selv å ta ansvar vil dermed bli undergravd. Etter Norges Skogeierforbunds syn må derfor en detaljert regulering av skogbruket gjennom en miljøforskrift være helt uaktuelt.»

Ein del høyringsinstansar gir nærare innspel til det konkrete innhaldet i ei eventuell forskrift. Mange meiner at innhaldet i forskrifta må vurderast i lys av sertifiseringsordninga. Olje- og energidepartementet uttaler:

«En slik forskrift bør baseres på standarder som allerede er innført via Levende Skog. Vi vil spesielt påpeke standarden om «vannbeskyttelse», dvs. bevaring av kantsoner mot vann og vassdrag der dette er mulig. Vannressursloven § 11 om kantvegetasjon ivaretar riktig nok noen av de samme forholdene, men en miljøforskrift vil kunne bidra til en bedre forvaltning av miljøverdiene som er en naturlig del av vassdragene.»

Riksantikvaren peikar på at kulturminneverdiane må få ein plass i forskrifta. Han viser vidare til at avvegingar knytt til markriving er døme på tema som bør omfattast.

#### 6.4.1.3 Departementet sine merknader

Det er knytt store interesser og verdiar til skogen og skogareala. Skogen er ei viktig kjelde til verdiskaping og inntekt både for den enkelte skogeigaren, og for samfunnet. Skogen er dessutan viktig som friluftsområde og område for opplevingar, og skogen er eit viktig leveområde for ei rad enkeltartar og miljøverdiar. Skogen er også viktig i klimasamanheng fordi binding av karbon hindrar utslipp av klimagassar til atmosfæren. Dei ulike interessene krev målmedveten og langsiktig forvaltning av ressursgrunnlaget.

I departementet sitt forslag til § 4 slår ein fast skogeigaren sitt forvaltaransvar i høve til dei interessene som er knytt til skogareala og ressursane. Føresegna slår også fast at skogeigarane har klare plikter til å ta miljøomsyn. Dette krev kunnskap om miljøverdiene, og det skal ligge til grunn for næringsverksemda. Føresegna fører også vidare den fridomen under ansvar som den enkelte skogeigaren har, og som inneber at skogeigaren står fritt innafor rammene i lova til å drive skogbruk slik han eller ho finn det rett. Ut over dette gir føresegna heimel for forskrifter om miljøomsyn i skogbruket.

#### *Forvaltaransvar, fridom under ansvar*

Gjeldande lov tek utgangspunkt i at skogeigaren har råderett over skogen og ressursane der. Dette utgangspunktet bør etter departementet si meining først vidare i den nye lova. Skogeigaren har såleis eit ansvar både for å utnytte ressursane på ein tenleg måte, og å ta nødvendige miljøomsyn.

På denne bakgrunn meiner departementet at det bør lovfestast ein generell regel om skogeigaren sitt forvaltaransvar i den nye skogbrukslova. Landbruks- og matdepartementet meiner at ordet «ansvar» er ei høveleg samlenemning på skogeigaren sine plikter, sjølv om dette ordet i juridisk terminologi oftast er knytt til straff eller erstatning. Omgrepet er med på å formidle ein verdibodskap. Med forvaltaransvar meiner ein her det ansvaret den enkelte har for å «ta vare på», og å «forvalte» naturressursane i eit langsiktig perspektiv. Dette må ikkje forvekslast med omgrepet forvaltningsansvar som har ei klarare adresse til styresmaktene og deira plikter. Forvaltaransvaret bør etter departementet sitt syn omfatte tiltak skogeigaren vil gjere i skogen, det er ikkje ei handleplikt for skogeiga-

ren. Ansvaret er såleis ein generell regel om krav til aktsemd. Størst sjølvstendig verdi har ansvaret for tiltak som ikkje er søknadspliktige etter lovutkastet.

Departementet foreslår at ansvaret skal gjelde tiltak i skogen. Skogeigaren skal sjå til at tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med føresegningene i lova og forskrifter gitt i medhald av lova. Departementet sitt forslag går fram av lovutkastet § 4 første ledd første punktum.

Under omtalen i kapittel 3.2. går det fram at bruken av entreprenørar i skogen aukar. I høyringsutkastet vurderte departementet om entreprenørar og andre som gjer arbeid i skogen for skogeigaren også etter lova skal vere ansvarlege for at tiltaka blir utførte i tråd med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. Departementet meinte at det framleis må vere skogeigaren som har dette ansvaret, og at forholdet mellom skogeigaren og entreprenørar i utgangspunktet høyrer inn under avtaleretten. Departementet oppfatar innspela frå høyringsinstansane slik at dei er samde i dette. Departementet foreslår derfor at det i lova blir fastsett at skogeigaren har eit slikt ansvar også når andre blir leigde inn for å gjennomføre tiltak. Ein har gjort dette tydelegare i gjeldande lov ved å ta inn eit eige ledd om at skogeigaren skal sjå til at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova og forskriftene, jf. § 8, andre ledd.

#### *Oversikt over og plikt til å ta omsyn til miljøverdiar og miljøforskrift*

Som nemnt er det knytt store miljøverdiar til skogareala. Dette gjeld både i samband med biologisk mangfald, kulturverdiar og når det gjeld friluftsliv og opplevingskvalitetar for befolkninga. Skogeigarane har allereie etter gjeldande rett ei plikt til å ta omsyn til desse verdiane, og skal ein ta omsyn er det også nødvendig å ha kunnskap om verdiane. Departementet foreslår derfor i lovutkastet § 4 andre punktum ei formulering som slår fast at skogeigaren skal ha oversikt over, og plikter å ta omsyn til, miljøverdiene ved alle tiltak i skog.

Departementet meiner at det er nødvendig at skogeigaren og andre som skal utføre arbeid i skogen har kunnskap om miljøverdiene, og at dei legg denne kunnskapen til grunn for tiltak. Skogeigaren si plikt til å ha oversikt over miljøverdiene følgjer av miljøinformasjonslova. Etter departementet si meining bør likevel denne plikta også stå i ny lov om skogbruk, og den bør koplust til skogeigaren sin aktivitet i skogen. Innhaldet i regelen følgjer av miljøinformasjonslova. Departementet oppfatar det slik at høyringsinstansane langt på veg er samde i dette.

Departementet har streka under at skogeigaren sitt miljøansvar kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast, og at dette i nokre høve kan føre med seg at skogeigaren må la enkelte areal stå urørte. Departementet oppfattar det slik at Norges Skogeierforbund også er samd i desse vurderingane. I lovutkastet § 4 foreslår departementet derfor å presisere at skogeigaren må finne seg i at rammene i lova kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Slik departementet vurderer det er det ikkje strengt nødvendig at dette går direkte fram av lova, men setninga har likevel ein informasjonsverdi som gjer at departementet finn at den bør stå i lova.

Skogeigaren sitt ansvar fører til at han også i nokre høve må finne seg i pålegg eller vedtak med heimel i skogbrukslovgivinga som gjeld restriksjonar fastsett av omsyn til miljøverdiane og som ikkje gir rett til erstatning. Der ein ønskjer å la areal stå urørt i eit større omfang meiner departementet at vernet må innførast etter reglane i naturvernlova, ikkje etter skogbrukslova. Dette samsvarer med reglane slik dei er praktiserte i dag.

Departementet meiner at spørsmål som gjeld ei mogleg miljøforskrift må sjåast i samanheng med skogbruket si miljøatsing elles. Gjennom miljøprosjektet Levende Skog blei det i 1998 fastsett standardar for eit berekraftig skogbruk. Desse standardane blei innarbeidd i eit sertifiseringssystem som no femner mellom 90 og 100 % av avverkinga i det norske skogbruket. Utvikling av standardar, heving av miljøkompetanse i heile næringa og utvikling av kvalitetssikringssystem har vore ei stor oppgåve for næringa, og gjennomføring av konkrete miljøomsyn det same. Departementet er svært tilfreds med den innsatsen næringa legg i miljøomsyn ved drift og forvaltning av skogressursane, ei satsing som har ført til at det blir teke vesentleg meir miljøomsyn i skogsdrifta i dag enn tidlegare.

Departementet meiner likevel at det er ønskeleg at skogeigaren sitt miljøansvar, slik dette er formulert i § 4 første ledd også går fram gjennom utfyllande forskrifter til lova. Dette fordi departementet meiner det er eit offentleg ansvar å gi næringa klare rammer for miljøomsyna i verksemda. Slike reglar har særleg verdi for verksemd som skjer utafør sertifiseringsordninga. Dei har og verdi der skogeigarar innafor sertifiseringsordninga ikkje følgjer dei frivillige ordningane dei har forplikta seg til, og heller ikkje oppfyller forskrifta. Reglane vil dessutan kunne fungere som eit sikringsnett dersom arbeidet med den frivillige sertifiseringsordninga skulle svekkast i høve til i dag. Samstundes legg departementet vesentleg vekt på ikkje å legge nye byrder på skogeigarar som aktivt følgjer opp

skogbruksnæringa sitt arbeid med miljøomsyn og miljøsertifisering. Ei forskrift må utformast slik at ho sikrar nødvendige minstekrav utan å svekkje den motivasjonen næringa har for frivillige miljøomsyn, og utan å kaste vrak på det verdifulle arbeidet som er lagt ned gjennom Levende Skog og sertifiseringssystem, kompetansehevingstiltak og anna som ligg i oppfølginga av Levende Skog. Departementet legg til grunn at dei som er tilslutta gjeldande sertifiseringsordning vil tilfredstille dei krava som blir sett i lova, og som vil følgje av den kommande forskrifta.

Det blei gjort greie for formålet med ei miljøforskrift i St.meld. nr. 17 (1998–99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren, i samband med forslaget til forskrift etter gjeldande lov. Ved behandlinga av Skogmeldinga meinte eit fleirtal i næringskomiteen at ein ikkje skulle fastsetje ei miljøforskrift på det tidspunktet, men heller vurdere spørsmålet om ei miljøforskrift på nytt i samband med utarbeiding av ny skogbrukslov. Når departementet no kjem attende til spørsmålet om miljøforskrift er det altså ei klar oppfølging av Stortinget sine merknader i samband med handsaminga av Skogmeldinga sommaren 1999.

Som nemnt oppfattar departementet høringsinstansane slik at dei aksepterer ein heimel for miljøforskrift. Departementet er nøgd med dette. Ei skogbrukslov anno 2004–2005 som ikkje har slike særlege miljøføresegner ville vere eit brot med norsk skogpolitikk til no, og dessutan ei svært anleis løysing enn det ein finn i dei fleste land det er aktuelt å samanlikne med.

Landbruks- og matdepartementet foreslår etter dette at det i ny skogbrukslov blir innarbeidd ein heimel for å gi ei miljøforskrift. Formålet med forskrifta bør vere å gi skogeigarane klarare rammer enn i dag.

Departementet må ha fridom til å utforme innhaldet i forskrifta slik at ho får eit innhald som høver med utviklinga innafor dette saksfeltet både når det gjeld utvikling av kunnskap og utvikling over tid. Forskrifta må også få ei tenleg avgrensing mellom anna til reglane om meldeplikt jf. lovutkastet § 11 og til forskrifter for område av særleg miljøverdi etter lovutkastet § 13. Det er dessutan grunn til å sjå innhaldet i forskrifta i samanheng med reglane om skogbrukstiltak, jf. lovutkastet kapittel 2, særleg forynging etter hogst (§ 6), vegbygging i skog (§ 7) og hogst og måling (§ 8) og forskriftene som vil bli utforma med heimel i desse føresegnene. Omtalen av tiltaka og forskriftsheimlane i føresegnene er teken inn under kapitla 6.4.4, 6.4.5 og 6.4.3.

Departementet meiner at det alt no er mogleg å peike på element som bør vurderast i samband

med ei miljøforskrift. Forskrifta bør innehalde krav om miljøregistrering i samband med hogst, og miljømessige krav til skogbruksverksemda som til dømes omsyn til biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv. Dette kan mellom anna vere reglar som avgrensar bruken av utanlandske treslag, reglar om forvaltning av biologisk viktige område som kantsoner mot vatn og vassdrag og reglar om grøfing av myr og sumpmark. Sertifiseringssystema inneheld klare reglar om dokumentasjon. Tømmersal som går utanom sertifiseringssystema har ikkje med seg den same dokumentasjonen, og ei forskrift må derfor innehalde klare krav til dokumentasjon til dømes når det gjeld miljøutgreiingar i samband med hogst, og gjennomførte miljøomsyn.

Landbruks- og matdepartementet meiner at miljøforskrifta bør fastsetjast i samband med iverksetjinga av ny skogbrukslov. Det førebuande arbeidet med forskrifta er sett i gang. Departementet har gitt økonomisk støtte til ei evaluering av Levande Skog, og resultatane frå denne evalueringa vil ventleg liggje føre før årsskiftet 2004–2005. Dette er resultat som er viktig både for næringa si satsing på miljøomsyn i framtida, og for utviklinga av dei offentlege verkemidla på området. Fram til evalueringa er avslutta er det såleis ikkje mogleg eller klokt å ta endeleg standpunkt til kva for element som bør inn i ei slik forskrift. Forskrifta bør sendast på høyring på vanleg måte så snart evalueringa av Levande Skog ligg føre, og Stortinget har tatt stilling til den nye lova.

## 6.4.2 Registrering og planlegging i skog

### 6.4.2.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Det går fram av § 29 at skogbruksplanen er ein plan for skjøtsel og drift av ein skogeigedom eller ein del av ein eigedom. Skogregistrering er registreringar som er nødvendige for å lage skogbruksplanar og områdevis oversikter. Skogregistrering kan skje sjølv om det ikkje ligg føre ei bestilling av skogbruksplan frå kvar enkelt skogeigar.

Det er i dag frivillig om ein vil ha ein skogbruksplan, slik at det er skogeigaren sjølv som avgjer om det er nødvendig eller ønskeleg med plan for sin eigedom. Ein skogbruksplan gir skogeigaren kunnskap om skogressursane og miljøkvalitetane på eigdommen. Samstundes gir planen råd om korleis skogeigaren best kan drive eit berekraftig skogbruk framover.

Skogbruksplanlegginga har ulike fasar; registrering/taksering, analyse og tilrettelegging av innhenta materiale, råd om skogbrukstiltak og utforming av skogbruksplanen for den enkelte eigdommen. Der ein gjer områdetakstar blir eit større

samanhengande område flyfotografert, og deretter gjer ein dei nødvendige feltregistreringane sjølv om området omfattar eigedommar som ikkje har tinga plan. Dei skogeigarane som ikkje tingar plan blir ikkje pålagte å betale for taksten. Skogbruksplanlegginga er basert på at skogeigarar som ønskjer ein plan kan søkje om statstilskot til registrering og utarbeiding av slike planar gjennom områdetakstar eller takstar av enkelteigedommar. Ein områdetakst oppstår såleis berre dersom mange nok, men ikkje nødvendigvis alle skogeigarane i eit område ønskjer skogbruksplan for eigdommen sin.

I gjeldande skogbrukslov kapittel V finst det reglar om skogbruksplanar og skogregistreringar.

I § 30 er det fastsett at fylkeslandbruksstyret kan påleggje den enkelte skogeigaren å utarbeide skogbruksplan i visse høve. Dette kan for det første gjerast der eigaren har brote reglane om avverking og måling i § 16. For det andre kan slikt påbod fastsetjast dersom styresmaktene har fatta vedtak med påbod om hogst eller skogkultur på grunn av at skogen er skada anten ved brann og naturulykker eller ved mangelfull skjøtsel. For det tredje kan påboda fastsetjast dersom skogeigaren er fråteken retten til sjølv å utføre blinking i skogen fordi han har avverka i strid med lova, jf. § 21.

Har fylkeslandbruksstyret pålagt skogeigaren å utarbeide skogbruksplan, skal planen etter § 30 leggast fram for styret for godkjenning. Skogeigaren har ei plikt til å følgje planen etter at han er godkjent. Føresegna har elles ein heimel for at departementet kan fastsetje kva som skal vere innhaldet i ein skogbruksplan.

Styresmaktene kan også, med heimel i § 31, krevje at frivillig utarbeidd plan skal leggast fram for styresmaktene dersom det er skilleg grunn til å tru at eigdommen ikkje er skjøtt i samsvar med reglane om avverking og måling i § 16, eller dersom skogeigaren med heimel i § 20 har kravd eller bede om at skogoppsynet skal utføre blinking. Departementet kjenner ikkje til at denne heimelen har vore nytta etter at lova blei fastsett i 1965.

Det er i fleire år gitt statleg tilskot til skogbruksplanlegging. Tilskot blir i hovudsak gitt i samband med registrering i eit større område eller for ein heil kommune, men også til enkelte skogeigarar eller til fleire skogeigarar i eit område som foretek ei registrering på same tid. Skogregistreringane og utarbeidinga av skogbruksplan for den enkelte eigdommen blir utført av dei skogeigarforeiningane som har eigne planavdelingar, eller av private selskap. Tilskotet blir gitt med ein prosentsats ut frå dei samla kostnadane med både registreringa og utarbeidinga av skogbruksplanen for den enkelte skogeigdommen. Resten av kostnadane må skog-

eigaren betale ut frå eit beløp pr. dekar som er registrert. Skogeigaren kan dekkje sin eigen del med skogavgift. Det statlege tilskotet blir styrt gjennom «Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer», fastsett 4. februar 2004. Forskrifta inneheld mellom anna reglar om innhald i og gjennomføring av skogbruksplanlegginga.

I høyringsnotatet foreslo departementet at definisjonane av skogregistrering og skogbruksplan skulle vere dei same som i dag. Departementet foreslo å føre vidare regelen om at skogregistreringar kan gjennomførast sjølv om ikkje alle skogeigarar har bestilt skogbruksplan. Departementet foreslo dessutan ei ny plikt om at alle skogeigarar må varslast når det blir sett i gang skogregistreringar. Ut over dette foreslo departementet at det skulle gå fram av lova at oversikter over miljøverdiane skulle vere offentleg tilgjengelege. Departementet viste til at dette følgjer av miljøinformasjonslova, men at det burde gå eksplisitt fram av skogbrukslovgjevinga.

Departementet foreslo vidare at det skulle fastsetjast ein generell heimel for forskrift om mellom anna innhaldet i skogbruksplanar og skogregistreringar og om korleis data som blir samla inn i samband med utarbeidinga av slike dokument skulle handterast. Departementet foreslo dessutan ein generell heimel for å gi pålegg om gjennomføring av skogregistreringar og utarbeiding av skogbruksplan. Heimelen er i dag kopla til konkrete situasjonar.

Departementet meinte at det ikkje er ønskeleg å innføre reglar om obligatorisk skogbruksplan. Slike plankrav har blitt utreda i fleire omgangar tidlegare, mellom anna i 1998, og i samband med Levende Skog-arbeidet.

Reglane om skogregistrering og planlegging blei samla i høyringsutkastet § 5.

#### 6.4.2.2 *Innspel frå høyringsinstansane*

Departementet har motteke 56 høyringsinnspel til § 5 i høyringsutkastet. Desse var frå Miljøverndepartementet, Justisdepartementet, 4 fylkeslandbruksstyre, 5 fylkesmenn, 27 kommunar og 18 organisasjonar.

12 høyringsinstansar drøftar behovet for eit obligatorisk krav om skogbruksplan. Mellom dei er Norges Skogeierforbund som er samd med departementet i at det ikkje er tenleg å innføre eit krav om at alle skogeigarar skal ha skogbruksplan.

7 høyringsinstansar meiner at det bør utarbeidast reglar med obligatorisk krav om skogbruksplan i ei eller anna form. Eit døme på dette er fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane som meiner at departementet bør vurdere obligatorisk skog-

bruksplan ved overtaking av skog, og i høve der skogen er vanskjøtta. Fylkeslandbruksstyret i Rogaland meiner at det bør stillast krav om skogbruksplan i fleire høve enn før, og Fylkesmannen i Telemark uttaler at det er viktig at alle skogeigarar i landet har skogbruksplan.

I nokre innspel er det skilt mellom skogregistrering og skogbruksplan. Norges Naturvernforbund er til dømes opptatt av at prinsippet om friedom under ansvar må bli knytt til eit obligatorisk krav om miljøregistreringar før det blir gjennomført hogst eller andre inngrep i skogen. Dei uttaler at alle skogeigarar som skal ha aktivitet i skogen sin må ha gjennomført biologiske registreringar som er allment tilgjengelege, og at det for eigedomar større enn 200 dekar produktiv skog må finnast ein forvaltningsplan der omsynet til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne er innarbeidd. Også Norges Jeger- og Fiskeforbund viser til at det bør setjast ei nedre eigedomsgrænse for obligatorisk krav om skogbruksplan. Norges Naturvernforbund skriv mellom anna om innhaldet i slike registreringar:

«Etter vårt syn ville en kombinasjon av MiS-registrering og biologisk nøkkelbiotopregistrering være den beste form for registrering. Dersom økonomien setter grenser er det åpenbart at man får mer biologisk kunnskap om områdene og deres verdier, dersom det velges ordinær nøkkelbiotopregistrering. Praksis viser at slik registrering i tillegg er billigere.»

Norges Skogeierforbund støttar heimelen for å gjennomføre områdevis skogregistreringar sjølv om ikkje alle skogeigarar har bestilt plan.

Nokre høyringsinstansar er opptekne av forholdet mellom miljøinformasjonslova og forslaget i lovutkastet. Ei rekkje høyringsinstansar, mellom anna mange kommunar, peikar elles på behovet for unntak frå offentlegheit når det gjeld særleg sårbare miljøopplysningar.

Norges Skogeierforbund meiner på si side at det er unødvendig og uheldig med regulering både i miljøinformasjonslova og i skogbrukslova. Norges Skogeierforbund uttaler elles om heimelen for forskrift:

«Vi finner det imidlertid høyst overraskende og helt uakseptabelt at departementet i 4. ledd foreslår en hjemmel for å gi forskrift om skogregistreringar og skogbruksplanlegging. At departementet setter krav til skogbruksplanlegginga når det gis tilskudd, er naturleg og kan fortsatt skje gjennom lovforslagets § 18. At myndighetene uavhengig av tilskudd skal kunne regulere den planlegging som private skogeiere finner å ville gjennomføre ser vi derimot ingen logikk i.



Skogeierforbundet mener derfor at 4. ledd 1. punktum må utgå.»

#### 6.4.2.3 Departementet sine vurderingar

Departementet meiner det er viktig at det er ei føresegn i den nye lova som gir føringar knytt til skogregistreringar og skogbruksplanar, og at definisjonane av skogregistrering og skogbruksplanlegging bør vere dei same i ny skogbrukslov som dei er i gjeldande lov. På same vis som i dag bør skogregistreringar vere registreringar som er nødvendige for å utarbeide skogbruksplanar og ressuroversikter. Skogbruksplan er ein oversikt over skog- og miljøressursane på eigedommen, og ein plan for forvaltninga av desse. Ei omtale av miljøregistreringa som er ein del av dette er teken inn i kapittel 3.7.2. Definisjon av kva skogbruksplanen omfattar går fram av lovutkastet § 5 første ledd.

Skogbruksplanlegging startar med ei registrering av informasjon om skogressursane og miljøkvalitetane på skogeigedommane. Når registreringsarbeidet er gjort, blir det utarbeidd ein skogbruksplan for eigedommen. I Noreg har spørsmålet om eit lovheimla krav om skogbruksplan for alle eigedommar, eller alle eigedommar over ein viss storleik, vore drøfta tidlegare, seinast ved ei større utgreiing i regi av Landbruksdepartementet i 1998. Det blei dessutan drøfta i samband med miljøprosjektet Levende Skog. Fleire høyringsinstansar har på nytt teke til orde for reglar om tvungen skogbruksplan i den nye lova. Omtalen i kapittel 6.4.2.2 viser at grunngevinga frå høyringsinstansane er ulike.

Etter Landbruks- og matdepartementet si meining er skogbruksplan ein tenleg reiskap for å drive eit berekraftig skogbruk. Planen kan føre til at skogressursane blir utnytta betre, noko som igjen kan gi auka lokal verdiskaping. Planen kan også gi eit godt grunnlag for å ta høvelege miljøomsyn ved utnyttinga av skogressursane.

Det at skogen blir stelt godt, og såleis kan gi auka lokal verdiskaping, er etter departementet si meining ikkje ein god nok grunn aleine til å avgrense skogeigaren sin rett til å forvalte skogressursen slik han sjølv finn det tenleg. Kor mykje skogeigaren vil avverke, og andre prioriteringar som gjeld drift av skogen, bør byggje på eigaren sin råderett over eigen grunn, slik dette kjem til uttrykk i § 4 i den nye lova. Departementet meiner at skogeigaren som hovudregel sjølv må ha ansvar for å ta høvelege og rette miljøomsyn, jf. forslaget i lovutkastet § 4. Næringa har sjølv gjennom oppfølging av miljøprosjektet Levende Skog, og gjennom ulike løysingar knytt til ordninga med sertifisering ut-

vikla omfattande registrerings-, planleggings- og dokumentasjonsrutinar som reduserer behovet for generelle offentlege pålegg om skogbruksplanar. Samla sett har departementet i lys av dette kome til at det ikkje er rett å stille eit krav om obligatoriske skogbruksplanar for skogegedommar.

Departementet har merka seg at nokre høyringsinstansar meiner at miljøregistreringane bør vere obligatoriske. Departementet er ikkje samd i dette. Miljøregistreringane blir i dag i hovudsak finansiert av skogeigaren, med eit visst tilskot frå staten. Gjennomføringa av registreringa blir i praksis kanalisert til område der mange skogeigarar ønskjer å utarbeide skogbruksplanar. Etter departementet si meining gir denne ordninga ei god uttelling av den statlege investeringa, også miljømessig. Ordninga sikrar at miljøregistreringane primært skjer i område der det er stor skogaktivitet. Dette gir kostnadseffektive løysingar, og meirverdien ved å gjennomføre registreringar på alle skogeigedommar (uavhengig av skogeigaren sine ønskjer) er etter departementet si meining ikkje svært stor.

I samband med skogregistreringane blir det gjort undersøkingar i skogen, og det blir til dømes gjort boring i tre for alders- og tilvekstmåling. Slike undersøkingar er det ikkje heimel for å gjere etter reglane i friluftlova. I høyringsnotatet foreslo derfor departementet å føre vidare gjeldande regel om at skogregistreringar kan gjennomførast sjølv om ikkje alle skogeigarar har bestilt skogbruksplan. Departementet meiner det er nødvendig å føre denne regelen vidare i ny lov. Regelen går fram i lovutkastet § 5 andre ledd første punktum.

Registreringane bør ikkje kome overraskande på ein eigar. Departementet meiner derfor at det bør innførast ei plikt til å varsle alle skogeigarane som blir råka når det blir sett i gang slike registreringar. Plikta går fram av lovutkastet § 5 andre ledd andre punktum.

Lov 9. mai 2003 nr. 31 om miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet (miljøinformasjonsloven) fastset at alle skogbruksverksemdar har ei plikt til å ha kunnskap om forhold ved verksemda som kan føre til ikkje ubetydelege miljøpåverkingar (§ 9), og dessutan ei plikt til, når det blir spurt om det, å gi denne informasjonen ut (§ 16). Dette vil også gjelde informasjon som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga. Skogeigarar som har slik informasjon har, dersom dei blir spurt om det, plikt til å gi ut informasjonen. Departementet meiner det er viktig at miljøinformasjon knytt til skog er open og tilgjengeleg. Gjennom kartlegging av miljøverdier i samband med skogbruksplanlegging og den aktiviteten som Norsk institutt for jord- og skogkartleg-

ging, Skogforsk m.fl. har innafor kartlegging og overvaking blir det samla ei stor mengd opplysningar knytt til skogbruksplanlegginga. Ei lovfesta plikt for skogeigarane til å gi ut informasjon etter miljøinformasjonslova inneber at informasjonen som ligg i offentlege etatar i større grad enn til no må gjerast offentleg tilgjengeleg, ikkje minst for skogeigarane. Departementet arbeider for å sikre dette ved at informasjon knytt til område der skogeigaren har motteke miljøltilskot blir integrert i internettløyser etter kvart som slike blir utvikla.

Etter departementet si meining bør skogbrukslova innehalde den plikta skogeigarane har etter reglane i miljøinformasjonslova. Ein slik regel i skogbrukslova synleggjer skogeigaren og forvaltninga sine plikter. Regelen har såleis ein viktig informasjonsverdi. Dette er innarbeidd i lovutkastet § 4. Dei miljøopplysningane som kjem fram gjennom skogregistreringa bør også vere offentleg tilgjengelege. Dette går fram av lovutkastet § 5 andre ledd tredje punktum. Departementet meiner at denne føresegna må tolkast i samsvar med føreseggene i miljøinformasjonslova, og at dette må gå fram av ordlyden i lova. Føresegna i skogbrukslova endrar ikkje skogeigaren eller forvaltninga sine plikter etter miljøinformasjonslova.

I høyringsnotatet foreslo departementet ein heimel for å gi forskrifter om skogregistrering og skogbruksplanlegging. Slike forskrifter bør gjelde innhaldet i planen, og gi føresegner om korleis data som blir samla inn skal forvaltast. Sams reglar om innhaldet i skogbruksplanar og reglar om korleis data frå denne verksemda skal handterast kan auke samfunnsverdien av den investeringa som ligg i registreringa. Føresegner med eit slikt innhald er i dag gitt i forskrifter om tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar fastsett 4. februar 2004. Departementet har merka seg at Skogeigarforbundet meiner det ikkje er behov for ein slik forskriftsheimel i § 5 all den tid lovutkastet § 18 med heimel for forskrift i samband med tilskot er tilstrekkeleg. Departementet meiner likevel at det er grunn til å ha ein slik heimel der ein særleg bør ta sikte på å fastsetje korleis ein skal forvalte data som blir samla inn. Mellom anna kan dette omfatte krav om at instruksar og dokumentasjon knytt til takst- og berekningsmetodar blir teke vare på. Dette inneber også at ein kan lage reglar for korleis data som er samla inn skal vere lagra, slik at det ligg til rette for framtidig bruk av denne informasjonen. Dette er i mange tilfelle data som har verdi i lang tid framover.

I høyringsutkastet § 5 tredje ledd har departementet foreslått at heimelen for å påleggje skogeigaren å utarbeide skogbruksplan blir gjort gene-

rell. I forslaget låg det både ei språkleg forenkling av føresegna, og ei utviding av regelen. Heimelen som finst i gjeldande lov er berre nytta i heilt spesielle høve. Landbruks- og matdepartementet har merka seg utsegna frå Skogeigarforbundet om at det ikkje er behov for ei slik føresegn. Departementet meiner at eit pålegg om å utarbeide plan kan vere tenleg til dømes der styresmaktene har fatta vedtak etter lovutkastet § 9 med påbod om hogst eller skogkultur på grunn av at skogen er skada som følge av brann, naturulykker eller manglande stell. Påbod kan også vere tenleg i område med særlege natur- eller miljøforhold. Etter departementet sitt syn er dette grunnlag som gjer at føresegna bør førstast vidare i den nye lova. Ein reknar likevel med at praksis vil bli noko nær den same som i dag. Føresegna er teken inn i lovutkastet § 5 tredje ledd.

### 6.4.3 Hogst og måling

#### 6.4.3.1 Oversyn og framsette forslag til endringar

Hogst og måling er omtala i kapittel 3.3, og dei ressursane skogen har i dag er omtala under kapittel 3.3.2.

Skogeigarane legg ulike strategiar til grunn for tiltak i skogen, mellom anna når, og kor mykje dei vil hogge. Dette er eit element i den fridomen den enkelte skogeigar bør ha når det gjeld forvaltninga av skogressursane. Samstundes bør ikkje hogsten skje på ein slik måte at store område blir skoglause for lengre tid. Dette har ei side til plikta til å forynge etter hogst. Hogsten bør heller ikkje føre til at det oppstår varig eller vesentleg reduksjon i produksjonen av skog, eller at forynginga av skogen blir unødig forseinka. Det er også brei semje om at det bør vere plikt til å måle det virket som blir hogd i Norge.

Etter § 16 i gjeldande skogbrukslov kan ein i yngre tilfredsstillande skog berre gjennomføre hogst som høver for ei tenleg utvikling av skogen ut frå skogen sin produksjon og kvalitet. Annan hogst av slik skog, til dømes foryngingshogst, kan berre gjerast med samtykke frå skogoppsynet. Tynningshogst eller foryngingshogst i annan skog skal skje på ein slik måte at hogsten tener til å fremme den framtidige produksjonen eller forynginga i skogen. Den skogen som står att, eller skog som grensar til, må ikkje unødig utsetjast for skade eller øydelegging ved hogst. Ved planlegging og gjennomføring av hogst skal ein ta rimeleg omsyn til naturmiljøet og friluftslivet. Det skal sørgjast for at det ikkje blir vanskeleg for allmenta å bruke stigar, løyper og andre ferdselsårer når hogsten er gjennomført.

Finn skogoppsynet at ein skogeigar har plan-

lagt, starta opp, eller gjennomført foryngingshogst, eller flatehogst, på ein slik måte eller i så stort omfang at det er grunn til å tru at det vil få openberre uheldige verknader for den framtidige avverkinga i distriktet eller på eigedommen sin framtidige drift, kan skogoppsynet avgrense eller leggje ned forbod mot foryngingshogst i den aktuelle skogen i eit bestemt tidsrom. Skogoppsynet kan også fastsetje slikt forbod om det er grunn til å tru at hogsten vil føre til vesentleg skade for friluftslivet eller naturmiljøet.

Når ikkje anna er bestemt av departementet, skal kjøpar og seljar sørge for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport, blir målt. Rett måling er viktig i høve til skogavgiftsordninga. I «Forskrift om innbetaling av skogavgift og måling av skogsvirke», fastsett av departementet 12. juni 1995, er det gitt nærare føresegner om målinga. Kjøpar og seljar av skogsvirke plikter etter forskrifta å sørge for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport blir målt og volumberekna på ein trygg måte. Måleplikta gjeld ikkje uttak av skogsvirke som skal dekke skogeigaren sitt eige behov i jord- og skogbruksverksemd. Forskrifta har føresegner om registrering og oppgåveplikt, mellom anna om kven som har ansvaret for kva som skal gjerast.

Departementet foreslo i høyringsnotatet til ny skogbrukslov å føre vidare omsyna til skogen sin framtidige produksjon og forynging som dei viktigaste elementa. Ein foreslo samstundes at søknadsplikta ved hogst av yngre tilfredsstillande barskog blei oppheva. Føresegna i høyringsnotatet § 8 skal sikre at hogst skjer på ein forsvarleg måte. Ein la til grunn at det ved hogst skal takast omsyn til dei naturlege føresetnadene for produksjon av skog på vedkommande areal, og til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturverdiar. Ein la til grunn at skogeigaren, som etter gjeldande reglar, har plikt til å rydde opp etter hogst. Ut over dette foreslo ein også ein heimel for kommunen til å påleggje skogeigaren å gjere oppretting om hogsten har ført til køyreskadar eller andre skadar. Forslaga gjekk fram i høyringsnotatet § 8, første ledd.

I § 8, andre ledd foreslo departementet at skogbruksstyresmakta, som i gjeldande lov, bør kunne gripe inn når det blir planlagt eller gjennomført hogster som vil vere til vesentleg ulempe for eigedommen eller miljøverdiar. Ein la til grunn at kommunen skulle fatte slike avgjerder.

I høyringsnotatet foreslo ein i § 8 tredje ledd å føre vidare gjeldande reglar om måleplikt, og ein heimel for departementet til å gi forskrift om registrering og oppgåveplikt.

#### 6.4.3.2 *Innspel frå høyringsinstansane*

Det er kome 70 innspel til § 8 i høyringsnotatet. Innspela har kome frå Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet, frå 10 fylkeslandbruksstyre, 5 fylkesmenn, 38 kommunar og 15 andre.

Nokre av høyringsinstansane har gitt uttale i samband med endringa knytt til hogst av ungsog. Eit døme på dette er Det norske Skogselskap som rår frå ei slik endring. Organisasjonen uttaler:

«I kommentarene til denne paragrafen går det fram at det vil vere fritt å foreta hogst i skogen uansett alderstrinn. Dette kan klart vere forsvarlig i enkelte tilfeller, men inngrepene må vere forankret hos skogbruksmyndighet i kommunen, og derigjennom ivareta skogbruket som langsiktig næring.»

#### 6.4.3.3 *Departementet sine vurderingar*

Departementet meiner at skogeigaren i utgangspunktet bør ha rett til å drive eigedommen sin som han sjølv finn det mest tenleg. Han bør ha rett til å gjere dei vala han meiner er rette sett frå sin ståstad når det gjeld å setje i verk tiltak i skogen. Som hovudregel bør skogeigaren sjølv bestemme når han vil hogge, kvar han vil hogge og kor mykje han vil hogge på eigedommen. I dette ligg det at skogeigaren også må kunne hogge ungsog om det er økonomisk tenleg, eller som eit ledd i planar skogeigaren har for utnytting av eigedommen. I forslaget til ny skogbrukslov er det derfor ikkje føresegner om hogst av yngre tilfredsstillande skog slik det er i §§ 50 og 51 i gjeldande lov.

Departementet meiner at lova bør synleggjere rammer for korleis skogeigaren bør planleggje og gjennomføre hogst. Ein foreslår ei føresegn om at det ved hogst skal takast omsyn til skogen sin framtidige produksjon og forynging. Føresegna kan hindre at store område vert skoglause for lengre tid, og ho kan og hindre at det oppstår varig eller vesentleg reduksjon av skogproduksjonen. I føresegna ligg det også eit krav om at forynging av skogen ikkje må bli unødig forseinka. Føresegna går fram av lovutkastet § 8 første ledd.

Departementet meiner at skogeigaren ikkje berre skal ta omsyn til framtidig produksjon og forynging. Han skal også ta omsyn til miljøverdiane i skogen. Som miljøverdiar reknar ein dei verdiane som er særleg nemnde i lovutkastet § 1; biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturverdiar. Ein hogst kan til dømes få konsekvensar for allmenta si bruk av stigar, løyper og andre ferdselsårer. Moglegheita for allmenta til å ta seg fram er viktig. De-

partementet meiner derfor at gjeldande regel om at eigaren skal sørge for at bruk av stigar, løyper, og andre ferdselsårer ikkje bør bli unødig vanskeleggjort for allmenta etter at hogsten er avslutta bør først vidare i den nye lova. Det er også viktig at skogeigaren retter opp skadar i skogen etter tiltak. I nedbørrike periodar er det ikkje uvanleg med stygge køyreskadar etter skogsdrift. Departementet foreslår derfor ein ny regel om at kommunen kan påleggje skogeigaren å rette opp køyreskadar og andre skadar etter tiltak. Ein har sakna ein slik klar heimel i gjeldande skogbrukslov.

Dei vala skogeigaren gjer når det gjeld tiltak i skogen kan ha stor verknad på framtidig skogproduksjon og forynging, og dei kan og påverke ulike miljøverdier. Dette er viktige samfunnsomsyn som må vegast opp mot interessene til den enkelte skogeigaren og næringa. Departementet meiner det er rett å ha ei føresegn som gjer det mogleg for skogbrukstyresmakta å gripe inn der skogeigaren legg opp til ein hogst som ikkje tek vare på dei aktuelle omsyna på ein god måte. Heimelen for å nedleggje forbod mot utføringa av ein hogst, slik det er i dag etter gjeldande lov § 16, fjerde ledd bør såleis først vidare. Regelen er ført vidare i lovutkastet § 8 andre ledd. Sjølv om omgrepet «yngre tilfredstillende skog» ikkje er nemnt, kan skogbruksstyresmakterne også etter den nye lova gripe inn dersom skogeigaren avverkar ungsbogen på ein måte som får verknad for framtidig forynging på eigedommen.

For den enkelte skogeigaren er det mest privatøkonomisk attraktivt å hauste av skogen med tanke på størst mogleg hogstinntekt i dag. Det er solid fagleg grunnlag for å slå fast at for omfattande hogst kan øydeleggje grunnlaget for hogstinntekter i framtida. Med grunnlag i kravet om langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursane, og med tanke på inntekt og nytte for framtidige generasjonar, er det derfor viktig å kunne regulere dagens hogstingrep med omsyn til at skogen kan gi inntekter også i framtida. Departementet foreslår derfor at kommunen heilt eller delvis kan nekte ein skogeigar å hogge slik han har planlagt. Kommunen kan også setje vilkår for korleis hogsten skal gjennomførast. Departementet meiner likevel at kommunen ikkje bør få ein generell heimel for å nekte hogst eller setje vilkår for hogst. Heimelen bør omfatte dei tilfella der kommunen finn at ein hogst blir planlagt eller skjer på ein måte som vil vere til vesentleg ulempe for eigedommen sitt produksjonsgrunnlag eller miljøverdiane på eigedommen.

Departementet meiner elles at reglane om måleplikt i gjeldande lov bør først vidare. Departementet meiner ein bør ha måleplikt fordi tømmer-

måling i dag er nært knytt opp mot ordninga med skogavgift (i forslaget til ny lov kalla skogfond). Målinga gjer det lettare for skogbruksstyresmakta å praktisere reglane om skogfond ut frå samfunns- og næringsmessige behov. Det å ha ei trygg måling er avgjerande for at ordninga med skogfond kan fungere som eit positivt verkemiddel for skognæringa.

#### 6.4.4 Plikt til forynging etter hogst

##### 6.4.4.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Gjeldande skogbrukslov § 17 inneheld reglar om forynging, skogkultur og skogreising.

Det går fram av første ledd at dersom skogmark ikkje er skogproduserande, men har vore det i nokon av dei siste 20 åra, skal ein ta sikte på å sikre gjenvekst på arealet innan rimeleg tid.

Grunneigaren kan etter andre ledd påleggjast tiltak for å få til slik gjenvekst dersom skogoppsynet har oppmoda han til det, og det dessutan er gått 2 år sidan denne oppmodinga blei sendt han. Pålegget kan gå ut på at ein viss del av inneståande skogavgift, eventuelt med tillegg av offentlege tilskot skal dekkje utgiftene til tiltaka. Pålegget kan også gå ut på at inneståande skogavgift ikkje kan utbetalt til anna formål enn å dekkje utgiftene. Skogoppsynet skal fastsetje ein frist for å utføre tiltaka, jf. § 13 andre ledd. Dersom eigaren ikkje held denne fristen, og departementet ikkje finn grunn til å forlengje fristen, kan departementet bestemme at skogoppsynet skal utføre tiltaket. I slike høve kan utgiftene krevjast dekt av inneståande skogavgift eller tilskotsmidlar.

Det går fram av tredje ledd at i distrikt der større areal av skogmark ikkje har vore skogproduserande dei siste 20 åra og heller ikkje er det no, eller dersom skifte av treslag utan tvil er ønskeleg, skal skogoppsynet sjå til at det blir utarbeidd ein skogreisingsplan for distriktet. Ved utarbeidinga skal skogoppsynet samarbeide med jordbruksstyresmakterne og grunneigarane med sikte på at arealet anten bør nyttast til jordbruksformål, eller til skogproduksjon.

I fjerde ledd står det at departementet etter innstilling frå fylkeslandbruksstyret kan stille vilkår for planting, skifte av treslag, grøfting, gjødsling og bruk av plantevernmidler dersom det er nødvendig for å hindre vesentleg skade eller ulempe for friluftslivet, eller vesentleg skade på naturmiljøet.

Det er fastsett i siste ledd at departementet kan gi nærare forskrifter om regulering av frø- og planteforsyninga i skogbruket, og om kva som etter lova er å rekne som skogproduserande mark. Det blei i 1996 fastsett forskrift om regulering av frø- og planteforsyninga i skogbruket.

I gjeldande lov § 27 finst reglar om skogeigaren sitt ansvar for utføring av skogkulturarbeid. Det er lagt til grunn i første ledd at skogeigaren har ansvar for utføringa av kulturarbeid etter lova. Har andre rett til å avverke i skogen når avgjerda om kulturarbeidet blir teken, avgjer skogoppsynet kven det er som har dette ansvaret. Det går fram av andre ledd at skogeigaren sjølv er ansvarleg for kostnadene knytt til kulturarbeidet. Der skogoppsynet har fastsett at avverkinga berre kan skje dersom det blir gjort skogkulturarbeid, kan ein, om ein finn det nødvendig, krevje at det blir stilt trygd for kostnadene. Skogoppsynet kan i slike høve forby avverking fram til slik trygd er stilt.

I høyringsnotatet viste ein til at innsatsen innan skogkultur er redusert, og at låg innsats på dette feltet kan få negative konsekvensar for verdiskapinga i skogbruket i framtida.

Ein peika på at skogeigarane har plikt til å følgje opp hogst med tilstrekkeleg innsats for å forynge og etablere ny skog. Ein foreslo at målet for forynging i § 17 første ledd og skogeigaren si plikt etter § 27 første og andre ledd burde bli slått saman, og at skogeigaren si plikt bør vere å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Ein viste til at ei slik formulering ville gjere synleg skogeigaren sine plikter på ein betre måte enn i gjeldande lov, og også gjere synleg samanhengen mellom hogst og forynging. I samband med denne tydeleggjinga foreslo departementet ein frist for skogeigaren til å leggje til rette for forynging innan 3 år etter at hogsten er skjedd. Dette er nytt i lovforslaget. Forslaga gjekk fram av høyringsutkastet § 6 første ledd.

Departementet la til grunn at kommunen har ansvaret for å halde kontroll med at plikta til å forynge blir etterlevd. Departementet viste til at den offentlege oppfølginga bør skjerpast i høve til gjeldande reglar. I andre ledd foreslo departementet derfor at dersom skogeigaren ikkje held fristen på 3 år, plikter kommunen å ta stilling til om skogeigaren bør påleggjast tiltak for å sikre forynging. Kommunen kan påleggje at tiltaket skal setjast i verk innan ein eigen frist som maksimalt kan vere 2 år. Der skogeigaren ikkje følgjer pålegget, foreslo departementet at kommunen bør få plikt til å sørgje for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. I slike høve foreslo ein at kostnadene, som etter gjeldande lov, skulle dekkjast av skogeigaren. Ein foreslo likevel at det ikkje lenger skulle oppstå rett til å halde attende pengar på eigedommen sin konto for skogavgift for å dekkje desse utgiftene. Kommunen sine utgifter i denne samanhengen er, som etter gjeldande lov, tvangsgrunnlag for utlegg. Forslaga gjekk fram av lovutkastet § 6 andre ledd.

I høyringsutkastet § 6 tredje ledd foreslo departementet at dersom kommunen finn at det er nødvendig for å hindre store negative effektar for miljøverdiane, burde kommunen kunne nekte, eller setje vilkår for å plante i skoglause område. Kommunen burde også kunne nekte eller setje vilkår ved skifte av treslag, grøfting, gjødsling eller bruk av plantevernmiddel. Ordlyden samsvarer langt på veg med gjeldande lov § 17 fjerde ledd, og må tolkast som tidlegare.

Høyringsutkastet § 6 fjerde ledd inneheld ein heimel for å gi forskrift om forynging og stell av skog, om skifte av treslag, bruk av utanlandske treslag, grøfting i skog, gjødsling av skog, bruk av plantevernmiddel i skog, og om frø- og planteforsyninga i skogbruket. Heimelen for å gi forskrift om frø- og planteforsyninga er ei vidareføring av gjeldande lov § 17 femte ledd første alternativ. Ut over dette er forskriftsheimelen ny. Departementet la til grunn at forskrifta burde gi nærare retningslinjer for kva for krav som må stillast til kvaliteten på forynging etter hogst; plantetettleik, treslagsval o.a. Ein bad særleg om høyringsinstansane sine merknader til forskriftsheimelen, og stilte mellom anna opp konkrete forslag til berekning av ei nedre grense for tilfredsstillande tettleik.

Departementet gjorde greie for kva innhald som var aktuelt i ei slik forskrift. Ein la til grunn at ei slik grense som skal gi grunnlag for reaksjonar i medhald av lova ikkje burde ligge like høgt som dei biologisk baserte tilrådingane frå forskinga om kva som er optimal tettleik for å sikre god nok kvalitetsproduksjon og volumproduksjon. Krava frå styresmaktene må vere eit minimum for det ein kan godta. Ved vurderinga av plantetal rekna ein berre som «teljande treslag» dei treslaga som er tilpassa vekstetaden, og som kan gi ein tilfredsstillande produksjon av virke, både når det gjeld volum og kvalitet. Departementet meinte at det ikkje er rimeleg å påleggje skogeigarane å etablere forynging med andre treslag enn det som sto i bestandet før hogsten. Ved naturleg forynging skal ein til dømes ikkje rekne større mengder vanleg bjørk som framtidstreslag der det tidlegare sto gran eller furu, med mindre dette byggjer på eit bevisst val frå skogeigaren, og er godkjent av kommunen. På mark der produksjonen av ved ikkje vil gi skogproduksjon som er vesentleg dårlegare enn den som sto der frå før, kan produksjon av ved akseptast. Ut over dette må ein ta omsyn til sjeldne treslag og Levende skog-standardane som krev minst 10 % lauvtreinnblanding på eigedomsnivå. Departementet viste til at felt med t.d. gran i skogreisingsstrøka skal behandlast som tilsvarande skog i skogstrøka. Avvik skal baserast på godkjenning frå kommunen.

#### 6.4.4.2 *Innspel frå høyringsinstansane*

Landbruks- og matdepartementet har motteke 150 innspel frå høyringsinstansane i samband med forslaga til høyringsutkastet § 6. Innspela kom frå Miljøverndepartementet, 9 fylkeslandbruksstyre, 7 fylkesmenn, 101 kommunar og 32 organisasjonar og andre. Høyringsinstansane har gitt ei rekkje kommentarar til behovet for forskrift, og innhaldet i ei slik forskrift. Det er eit generelt inntrykk at høyringsinstansane oppfattar forslaga til frist og saksbehandlingskrav som ei skjerping av plikta til forynging, og at mange meiner at ei slik skjerping er rett. Frå næringa si side, og frå nokre kommunar blir det peika på at slik skjerping er uheldig i ei tid da dei økonomiske rammeføresetnadene er dårlegare enn før, og tilskota er borte.

Norges Bondelag viser til at omgrepet «tilfredsstillande foryngelse» må avpassast til den økonomiske og miljømessige realiteten norske skogeigarar møter, ikkje til «den foreldete tankegangen om at arealets produksjonsevne skal realiseres.»

Norges Skogeierforbund oppfattar forslaga som eit krav om skjerpa forynging, noko forbundet støtter med det same atterhaldet som har kome til uttrykk frå Norges Bondelag.

Norges Naturvernforbund meiner at lova bør leggje til rette for at areala blir differensierte med omsyn til forynginga. Tette bestand er akseptable på små felt på høge bonitetar, medan ein i hovudtyngda av skogen bør leggje til rette for ei meir miljøtilpassa forynging. Forbundet meiner dessutan at det bør innførast forbod mot forynging med framande treslag.

#### 6.4.4.3 *Departementet sine vurderingar*

Departementet varsla ei lovendring knytt til forynging i St.meld. nr. 17 (1998–99). Bakgrunnen for dette var tilstanden på dei felta som er under forynging eller i ein tidleg ungskogfase. I Skogmeldinga gjekk det fram at innsatsen i skogkultur viser ei utvikling som vil kunne føre til lågare produksjon og kvalitet på tømmer i framtida. Det er ulike årsaker til denne utviklinga, men det blir ofte peika på dårleg lønnsemd i skogbruket dei seinare åra, og svekka tru på utviklinga i marknaden i åra framover. Dette påverkar viljen og evna til å investere i skog, noko som igjen fører til reduserte investeringar i til dømes oppbygging og stell av ny skog. Dei årlege kontrollane av resultatata frå skogbruket viser at om lag 20% av det arealet som er foryngt i dei seinare åra ikkje er tilfredsstillande sett i stand med tanke på oppbygging av ny skog. Tilstanden er omtala under kapittel 3.5 og 3.6.

Ved hogst tek skogeigaren ut verdiar og inntekt frå skogen. Slike inntektsmogelegheiter er av stor verdi både for den enkelte og for samfunnet. Inntektene er eit resultat av naturen sin produksjonsevne og skogeigaren sine tiltak i skogen. Skogproduksjonen er svært langsiktig, og feil eller manglande tiltak i dag kan gi store konsekvensar om fleire tiår. Kravet om berekraftig forvaltning står derfor sentralt i skogpolitikken og det er eit sentralt element i den enkelte skogeigaren sitt forvaltansvar. Ein legg derfor til grunn at skogeigaren må ha plikt til å sørge for at det veks opp ny skog etter at skogeigaren har gjennomført hogst og virkesuttak. Dersom skogeigaren hogger tømmer i skogen utan å gjere tiltak etterpå, vil det rett nok etter kvart kome opp ny skog, men slik handtering sikrar ikkje kvaliteten i framtidsskogen. For å sikre framtidig verdiskaping frå skog, må reglane i ei ny skogbrukslov derfor kombinere sikring av framtidig produksjon med eit krav til kvaliteten på framtidsskogen. For den enkelte skogeigaren kan det vere mest privatøkonomisk attraktivt å hauste av skogen utan å bruke hogstinntektene for å byggje opp ny skog som først gir inntekt om 60 til 90 år. Med grunnlag i kravet om langsiktig berekraftig forvaltning av ressursane, og med tanke på inntekt og nytte for framtidige generasjonar, er det derimot viktig å stille krav i dag om at inntekter frå hogst fører med seg eit ansvar for den langsiktige ressursforvaltninga. Departementet meiner derfor at det er nødvendig å endre lova slik at skogeigaren sitt ansvar for god forynging kjem klarare fram. Ein meiner dessutan at ein må gi meir konkrete retningslinjer for kva som skal reknast som tilfredsstillande forynging. Dette bør etter departementet sitt syn gå fram av ei forskrift om forynging som gir reglar knytt til treslag, talet på planter og anna. Reglane bør vere enkle å nytte for dei som forvaltar regelverket, og dei bør utformast slik at dei ikkje fører med seg unødige pålegg for dei som allereie gjer ein tilstrekkeleg foryngingsinnsats. Innhaldet i forskrifta er omtala særskilt nedanfor.

I lovutkastet foreslår departementet i samsvar med det som her er sagt og det som blei sendt ut på høyring at skogeigaren bør ha ei plikt til å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst. Skogeigaren må også sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Forslaget går fram av lovutkastet § 6 første ledd. Departementet meiner at formuleringa vil gjere synleg skogeigaren sine plikter på ein betre måte enn i gjeldande lov, og også gjere synleg samanhengen mellom hogst og forynging. Ein oppfattar at høyringsinstansane i store trekk har slutta seg til dette.

Departementet meiner at det er nødvendig å

fastsetje ein lovbestemt frist på 3 år etter at hogsten er skjedd for skogeigaren til å leggje til rette for forynging. Ein konkret frist har mykje å seie for kontrollen med forynginga. Ein har merka seg innspel frå nokre høyringsinstansar som meiner fristen bør differensierast etter bonitet og veksttilhøve. Tida for gjennomføring av forynging varierer frå to til fem år på høg bonitet, ti år på middels bonitet, og inntil tjuve år på låg bonitet. Lokale veksttilhøve, tilgang på kvalifisert arbeidskraft, risiko for sjukdom med meir har også innverknad på gjennomføringa av forynginga. Tilrettelegging for forynging innan tre år og påfølgjande kontroll vil likevel i dei fleste høva gi eit klart bilete av om foryngingstiltaka er tilstrekkelege, eller om det må setjast i verk fleire tiltak for å sikre forynging.

Kommunen har etter lovforslaget § 20 ei plikt til å føre tilsyn med at reglane i lova blir følgde. Der- som skogeigaren ikkje gjer sitt for å sikre forynging innan fristen på 3 år, meiner departementet at lova bør påleggje kommunen ei plikt til å vurdere om det bør setjast inn tiltak for å sikre forynging, og kva for tiltak som skal setjast inn. Kommunen si avgjerd vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Innspela frå høyringsinstansane viser at få har hatt innvendingar mot forslaget om denne skjerpinga av oppfølginga. I lovutkastet § 6 andre ledd foreslår departementet etter dette at dersom skogeigaren ikkje held fristen på 3 år, avgjer kommunen om skogeigaren bør påleggjast tiltak for å sikre forynging.

Det følgjer av forslaget at kommunen kan påleggje skogeigaren å gjennomføre slike tiltak, innan ein ny frist på maksimalt i 2 år. I dei høva der forynging etter noko tid viser seg umogeleg, eller særskild kostnads-krevjande, kan kommunen likevel vedta at det ikkje er grunnlag for å gjennomføre tiltak for å sikre forynging. Dei tiltaka kommunen pålegg må stå i eit rimeleg forhold til lønns- og arbeidstilsøkinga.

Departementet meiner det er grunn til å halde fast ved reglane om reaksjonar overfor skogeigarar som ikkje følgjer kommunen sine pålegg. Kommunen har såleis plikt til å sørge for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Som i gjeldande lov bør kostnadane til slike tiltak dekkjast av skogeigaren. Departementet meiner at det er ein effektiv måte å sikre kostnadene på dersom ein, som etter gjeldande lov har rett til å halde attende pengar på eigedommen sin konto for skogavgift for å dekkje utgiftene. Kommunen sine utgifter i denne samanhengen bør også, som etter gjeldande lov, vere tvangsgrunnlag for utlegg. Forslaga går fram av lovutkastet § 6 andre ledd.

Brot på plikta til forynging kan ut over dette sanksjonast med straff eller tvangsmulkt, jf. lovutkastet §§ 21 og 22.

Forslaget i § 11 om at kommunen kan fastsetje meldeplikt kan i nokre tilfelle vere gunstig med sikte på å halde kontroll med at forynginga skal skje på ein god måte i eit langsiktig perspektiv. Heimelen for meldeplikt er omtala i kapittel 6.5.2 i samband med lovutkastet § 11.

Som nemnt har kommunen ei oppgåve i å halde tilsyn med at skogareala blir foryngt og stelt etter hogst. Departementet foreslo i høyringsnotatet ei endring av ordlyden i høve til gjeldande lov, men dette er ikkje meint som ei realitetsendring. Forslaget til endring er ikkje kommentert av høyringsinstansane, og ein har halde fast ved den nye ordlyden i lovutkastet § 6 tredje ledd. Dersom det er nødvendig for å hindre store negative effektar på miljøverdiane eller ureining av viktige vassførekomstar kan kommunen etter lovutkastet nekte tiltaket sett i verk, eller knytte vilkår til gjennomføringa av ei rekkje tiltak som skogeigaren kan tenkjast å ville gjennomføre. Dette gjeld tilplanting i skoglause område, skifte av treslag, grøfing, gjødsling og bruk av plantevernmiddel.

I lovutkastet § 6 første ledd har ein nytta omgrepet «tilfredsstillande forynging» om det kravet som må stillast til forynging etter hogst. Tettleik, treslagsval og tidsperspektiv er sentrale faktorar knytt til kva som kan reknast som tilfredsstillande forynging. Departementet foreslår i § 5 fjerde ledd at det blir teke inn ein heimel for å gi forskrift om kva som ligg i omgrepet tilfredsstillande forynging. Heimelen for forskrift er teken inn i § 6 fjerde ledd. Departementet meiner at forskrifta må kombinera sikring av framtidig skogproduksjon med eit krav om kvalitet på framtidsskogen. Det finst fleire måtar å gjere dette på. Produksjon av kvalitet kan vege opp for redusert volumproduksjon. Eit døme på dette er lauv på råteutsett mark. Lauvtre vil ikkje gi same volumproduksjon som gran, men med rett stell vil verdiproduksjonen kunne bli vel så stor. Etter departementet si mening er det rett å setje ei nedre grense i forskrifta for tilfredsstillande tettleik på ulike markslag. Ei slik grense kan gi grunnlag for å gripe inn overfor skogeigarar som ikkje steller skogen sin på ein høveleg måte.

Volumproduksjon og kvalitet heng nøye saman med talet på planter på kvar arealeining. Gjennom forskning har ein kome fram til tilrådingar om kva for tettleik som høver for dei ulike bonitetane og dei ulike treslaga. Reduserer ein tettleiken vil det i første rekkje gå ut over kvaliteten. Volumproduksjonen blir ikkje så fort påverka av redusert tettleik. Departementet har merka seg at mange høyringsinstansar har kommentert departementet sine forslag om krava til tettleik. Departementet vil komme tilbake til dette når eit slikt forskriftsutkast blir sendt på høyring.

Departementet foreslår at forskriftsheimelen for frø- og planteforsyninga i skogbruket blir ført vidare i den nye lova.

Departementet foreslår at reglane i gjeldande lov om skogreising og kommunen sitt ansvar i denne samanhengen ikkje blir ført vidare i den nye lova. Reglane blei tekne inn i lova på eit tidspunkt da dei norske skogane var sterkt uthogne, og fattige på virke. Tilhøva er no annleis, skogen har mykje ståande kubikkmasse, og mange areal utan skog er viktige for kulturlandskapet og andre interesser. Det er derfor ikkje behov for reglar om skogreising.

### 6.4.5 Vegbygging

#### 6.4.5.1 Oversyn og framsette forslag til endringar

Bygging av vegar til skogbruksformål har vore og er eit nødvendig tiltak for å fremme rasjonelt og berekraftig skogbruk. Departementet har sidan 1990-talet lagt særleg vekt på å etablere og utvikle eit regelverk som stiller nødvendige krav til planlegging, godkjenning og bygging av vegar for skogbruksformål. Bakgrunnen er at skogsvegane gir ein varig infrastruktur i skogen som over lang tid kan nyttast til forvaltning og hausting av ressursane. Ein viser til omtale under kapittel 3.4.

Gjeldande skogbrukslov har i § 17 a føresegner om vegar og andre anlegg i samband med skogbruk. Det er fastsett i føresegna at departementet kan fastsetje forskrift for vegplanlegging, vegbygging og for andre anlegg og tekniske inngrep av varig karakter i samband med skogbruk. Ein kan mellom anna bestemme at planar for slike anlegg og inngrep ikkje kan gjennomførast utan at planen på førehand er lagt fram for og godkjent av skogoppsynet. Forskrifta kan også innehalde føresegn om at skogoppsynet kan nekte å godkjenne slike planar dersom oppsynet finn at gjennomføring av planen vil gjere moglegheitene for andre meir tenlege heilskapsløysingar vanskelegare, eller vil føre til vesentleg skade for friluftslivet eller naturmiljøet.

Med heimel i § 17 a er det 20. desember 1996 fastsett «Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål». Forskrifta er også heimla i § 11, tredje ledd i jordlova som er ein meir generell forskriftsheimel for godkjenning og bygging av vegar for landbruksformål. Formålet med forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av vegar for landbruksformål skjer på ein måte som gir landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal samstundes leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar knytt til naturmiljø, landskap, kulturminne og friluftsliv, og til andre interesser som får verknad for vegframføringa.

Forskrifta omfattar nybygging og ombygging av vegar for landbruksformål. Ho gjeld også for slike massetak langs vegtrasèen som er nødvendige i samband med bygging og vedlikehald av det enkelte veganlegget. Det gjeld unntak for det ein har kalla «ubetydelege» terrenginngrep. Omgrepet er nærare definert i forskrifta.

Forskrifta definerer kva som er meint med «veier for landbruksformål». Dette er bilvegar og traktorvegar som skal tene jordbruks- og skogbruksdrift, og som blir bygde i samsvar med normalar for landbruksvegar fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Omgrepet dekkjer også andre landbruksvegar som fører med seg større terrenginngrep enn det som er halde utanfor i § 1–2 andre ledd i forskrifta.

Forskrifta inneheld føresegner om søknadsplikt og kva innhald søknaden skal ha. Den har også reglar om saksbehandling, vedtak og vilkår med vidare. Forskrifta har også reglar om klage, tilsyn og dispensasjon frå forskrifta.

Departementet foreslo i høyringsnotatet § 7 å føre vidare føresegna om at vegar til skogbruksformål ikkje kan byggjast utan at det på førehand er innhenta løyve frå skogbruksstyresmakta. Ein foreslo å gi klare føringar i lova om kva for vurderingar som bør liggje til grunn for behandlinga av vegsøknadene. Departementet foreslo dessutan å føre vidare heimelen til å fastsetje forskrift for planlegging og bygging av vegar i skog. Det var ein føresetnad at ei vegforskrift etter den nye lova skulle ha same innhald som tidlegare i høve til behandling av søknader, krav til planlegging av vegen, vegstandard, linjeføring, teknisk utforming og miljøtilpassing m.m.

Det er kome inn 40 innspel til § 7. Det ligg føre uttale frå Miljøverndepartementet, Olje- og energidepartementet, 9 fylkeslandbruksstyre, 3 fylkesmenn, 17 kommunar og 9 frå andre. Høyringsinstansane er stort sett positive til føresegna.

#### 6.4.5.2 Departementet sine vurderingar

Departementet har ikkje fått høyringsinnspel som tyder på at det er behov for å endre vesentleg i høve til dei gjeldande reglane knytt til planlegging og godkjenning av landbruksvegar. Det går fram i kapittel 3.3.2 og 3.4 at ein framleis må rekne med at det blir bygd nye vegar for å frakte ut tømmer. Vegbygging i skog og utmark kan gjere store endringar i naturen over lang tid, både når det gjeld landskapsbilete og bruken av området. Det må vere rett at kommunen har ein heimel til å innarbeide omsyn til ulike nærings- og samfunnsinteresser før vegen blir bygd. Gjeldande reglar er i hovudsak ført vidare i lovutkastet § 7.



Departementet har teke inn nokre presiseringar i lovteksten i forhold til gjeldande føresegn. Det er viktig at vegbygging i skog blir tilpassa dei skoglege forholda på staden, og at det blir teke nødvendige omsyn til naturen. Samstundes bør det berre byggjast vegar som gir økonomisk vinst for eigarar. For å kunne ta vare på desse omsyna på ein god måte, meiner derfor departementet at ein må føre vidare ordninga med å hente inn løyve frå kommunen før bygginga kan setjast i gang. For at det ikkje skal vere tvil om dette bør det gå klart fram av lova at det er nødvendig med løyve. Det bør også gå tydeleg fram av lovteksten at ein må ha løyve både til bygging og ombygging av vegar.

Skogeigaren har behov for å vite kva kommunen vil leggje vekt på ved behandling av ein søknad om godkjenning av ein skogsveg. Departementet meiner derfor at det i lova bør fastsetjast kva for konkrete moment som er relevante ved avgjerda. Dette går i dag fram av forskrifta. Momenta går fram av § 7 i lovutkastet.

Etter departementet si meining bør forholdet mellom føresegnene om vegbygging i plan- og bygningslova og føresegnene i den nye skogbrukslova vere som i dag. Det vil seie at i område som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til LNF-område etter plan- og bygningslova, er det i samsvar med planformålet om ein byggjer slike landbruksvegar som er nødvendige for landbruksverksemda på eigedommen. Ligg eigedommen i eit område som etter plan- og bygningslova er regulert til eller lagt ut til landbruksområde, eller til LNF-område, treng tiltakshavaren ikkje søkje om dispensasjon frå arealbruksformålet i planen (pbl § 7). Skogeigarar eller andre som skal byggje veg til landbruksformål og har fått løyve til dette etter reglane i landbrukslovgjevinga treng heller ikkje søkje byggjeløyve etter reglane i plan- og bygningslova § 93 første ledd punkt j). Dei reglane som er fastsett med heimel i plan- og bygningslova § 77 som mellom anna gjeld produkt som blir nytta til vegbygginga, gjeld likevel fullt ut for landbruksvegar. Gjeldande praksis, basert på både vegforskrift etter landbrukslovgivinga og rettleiar etter plan- og bygningslova, byggjer på at det ikkje er snakk om ein landbruksveg dersom heile eller vesentlege delar av formålet med vegen er knytt til anna verksemd. I slike tilfelle må tiltakshavaren på same vis som ved andre veganlegg både søkje unntak frå plan, og løyve til bygging av veg i samsvar med føresegnene i plan- og bygningslova.

Der bygging av landbruksveg får verknad for vassdrag, kan tiltaket krevje konsesjon etter vannressursloven § 8. Vassdragsmyndigheita kan likevel bestemme at tiltak som er godkjent med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar

til landbruksformål ikkje treng konsesjon etter vannressursloven § 8. Tilhøvet til vannressursloven er omtala under kapittel 6.2.3.

## 6.5 Særlege verkemiddel for skogbruksstyresmaktene

### 6.5.1 Innleiing

I nokre skogområde kan det vere behov for at det offentlege held nærare kontroll med praktiseringa av lova enn elles. Det kan også vere behov for å gi skogeigarane betre rettleiing og informasjon. Kommunane og annan skogbruksstyresmakt kan i slike høve ha behov for å innføre meldeplikt for å sikre seg ein reiskap for å skaffe kunnskap om skogbruksverksemda. I gjeldande lov finst det enkelte reglar om slik meldeplikt knytt til skogområde med høgt prioriterte miljøverdiar (§ 17b), avverking (§ 19) og til vernskog (§ 33).

Skogbruksstyresmaktene kan også ha behov for særlege verkemiddel i område der det er fare for at skogen vert skadd anten gjennom insekt-, eller soppangrep, av nedbeiting og i høve der skaden alt har skjedd. I gjeldande lov finst reglar om insekt- og soppangrep (§ 28) og reglar om tiltak ved skade (§§ 22, 23 og 24).

### 6.5.2 Meldeplikt

#### 6.5.2.1 Oversyn og framsette forslag til endringar

Gjeldande skogbrukslov § 19 har reglar om at skogbruksstyresmakta, dersom det er nødvendig for å halde kontroll med oppfølging av reglane i lova, kan påleggje skogeigaren å gi skriftleg melding innan ein nærare fastsett frist før gjennomføring av visse tiltak i skogen. Tiltak som er aktuelle er avverking, grøfting, tilplanting, skifte av treslag, gjødsling og bruk av plantevernmiddel. Meldinga skal innehalde opplysningar om kvar tiltaket skal gjennomførast, omfanget av tiltaket, og dersom tiltaket gjeld hogst, korleis hogsten skal gjennomførast.

Meldeplikt kan etter gjeldande reglar gjelde den enkelte namngjevne skogeigaren, men plikta kan også gjelde alle skogeigarar innan eitt distrikt. I det siste tilfellet er det fastsett i lova at vedtaket om å innføre meldeplikt skal kunngjerast i ei eller fleire aviser som er allment leste i distriktet.

Det går fram av § 19 tredje ledd at med mindre skogbruksstyresmakta vedtek noko anna, er melding ikkje nødvendig sjølv om det er innført meldeplikt der tiltaket blir utført i samsvar med ein skogbruksplan som er godkjent av skogbruksstyresmakta.

Med heimel i § 19 fjerde og femte ledd kan det fastsetjast forskrift om meldeplikt for hogst av juletre, og for bruk av hogstmaskinar. Heimlane er ikkje i bruk.

Fram mot slutten av 1980-åra blei heimelen for å fastsetje meldeplikt berre nytta overfor enkelte skogeigarar i samband med konkrete tilfeller av uforsvarleg skogbehandling eller hogst.

I høyringsnotatet la ein til grunn at gjeldande regel burde førast vidare i den nye lova. Ein foreslo likevel at føresegna kunne kortast ned, og ein foreslo dessutan at meldeplikta skulle utvidast til å gjelde alle tiltak i skog. Ein foreslo at unntaket i § 19 tredje ledd for det tilfellet at tiltaket vert gjennomført i samsvar med ein skogbruksplan ikkje blei ført vidare i ny lov. Heimlane for å fastsetje forskrifter blei foreslått oppheva.

Departementet har motteke 74 innspel som gjeld forslaga til føresegn om meldeplikt. Merknadene er komne frå Nærings- og handelsdepartementet, Miljøverndepartementet, Justisdepartementet, 8 fylkeslandbruksstyre, 2 fylkesmenn, 46 kommunar og 15 organisasjonar. Høyringsinstansane sluttar seg i hovudsak til forslaget til ny føresegn.

Norges Naturvernforbund, Natur og Ungdom og Sabima meiner det bør innførast generell meldeplikt for hogst.

Ei rekkje høyringsinstansar, mellom dei Norges Skogeierforbund og Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane peikar på at utforminga i lovteksten tyder på at det blir innført ei søknadsplikt, ikkje meldeplikt slik ein har gjort greie for i høyringsnotatet. Høyringsinstansane peikar på at dette må rettast opp i lovteksten. I samband med kravet om tilbagemelding frå kommunen i samband med iverksetjing uttaler Nærings- og handelsdepartementet:

«Vi mener at det bør fastsettes en frist for når kommunen skal gi tilbagemelding. For å sikre forutberegnelighet for skogeier om hvorvidt og når et tiltak kan iverksettes, bør det i loven settes en frist på en slik måte at tiltaket kan settes i verk dersom kommunen ikkje har gitt tilbagemelding innen fristen.»

Også ei rekkje andre høyringsinstansar peikar på at det er ønskeleg å kombinere meldeplikt med ein frist for kommunen til å gi tilbagemelding. Næringslivets Hovedorganisasjon uttaler om dette:

«Dersom forslaget om å åpne for meldeplikt fastholdes, mener NHO at meldeplikten må kombineres med klare krav til saksbehandling hos den som mottar meldinga. Bestemmelsen må følgelig suppleres av saksbehandlingsregler som sikrer at skogeier alltid får svar på meldin-

ga i god tid før tiltaket er planlagt, kombinert med en regel om at manglende svar innen tre uker må likestilles med godkjenning av tiltaket.»

Lier kommune ber om ei avklaring av om vedtaket om å innføre meldeplikt er eit enkeltvedtak eller ei forskrift. Kommunen viser til at dette har verknad for kva for reglar om saksbehandlinga som er aktuelle.

#### 6.5.2.2 Departementet sine vurderingar

Ei føresegn om meldeplikt gir etter departementet si meining kommunane ein reiskap til å skjømte oppgåva si som rådgjevar og kontrollør i høve til forvaltning og drift av skogen. Meldingane frå skogeigarane gir opplysningar som gjer at skogbruksstyresmakta kan rettleie om foryngingsmetodar, forholdet til biologisk mangfald, kulturminne og andre miljøomsyn. Departementet meiner at ein regel om meldeplikt bør oppretthaldast i den nye skogbrukslova. Departementet sitt forslag til føresegn går fram av lovutkastet § 11, og er i hovudsak ei vidareføring og forenkling av gjeldande regel i skogbrukslova § 19.

Departementet meiner at det ikkje bør innførast ei generell meldeplikt for hogst eller for andre skogbrukstiltak. Ein viser til at både skogressursane og miljøomsyna i landet varierer. Omsyn som taler for nærare rådgjeving og kontroll kan vere sterke i enkelte område, og i andre område svakare. Dette, saman med at kommunane bør ha stor grad av handlefridom med tanke på korleis dei vil skjømte oppgåva si som skogbruksstyresmakt, taler for at kommunane sjølv må kunne velje om det skal innførast meldeplikt eller ikkje. Valet bør såleis som eit utgangspunkt ligge til kommunane. I enkelte høve kan likevel nasjonale ressurs- og miljøomsyn tilseie at også annan skogbruksstyresmakt bør kunne fastsetje at det skal vere meldeplikt, sjå lovutkastet § 3 andre ledd.

Meldeplikt bør, på same vis som etter gjeldande lov, kunne innførast generelt dersom kommunen meiner det er behov for å få betre kontakt med skogeigarane, eller halde kontrollen med praktiseringa av føresegnene. Departementet er såleis ikkje samd med Næringslivets Hovedorganisasjon som meiner at føresegna berre bør kunne innførast reint unntaksvis. Innføring av meldeplikt kan vere særleg aktuelt for skogareal der miljøverdiane er særleg framstående eller i område der ein må ta særlege omsyn til forynginga ut frå klimatiske eller biologiske forhold. Meldeplikt må kunne innførast utan omsyn til eigarforhold. Dette inneber at meldeplikt

mellom anna også kan innførast i stats- og bygdeallmenningar.

Departementet meiner elles at heimelen for å vedta meldeplikt bør utvidast noko i forhold til gjeldande reglar slik at meldeplikt kan innførast for alle tiltak knytt til hogst, forynging og stell av skog.

Det går fram av lovutkastet § 11 første ledd første punktum at meldeplikt kan innførast der det er nødvendig for å halde kontrollen med praktiseringa av føresegnene i lova. Kommunen kan etter dette innføre meldeplikt for alle planar skogeigaren har knytt til hogst, forynging og stell av skog. Er meldeplikt innført for vernskog (lovutkastet § 12) eller skog med viktige miljøverdiar (lovutkastet § 13) etter reglane i kapittel 3 i lova, kan kommunen ikkje fastsetje eigne supplerande reglar om meldeplikt på det same tiltaket som forskrifta gjeld for. Kommunen kan likevel, til dømes fordi det er innført forskrift, ønske å halde nærare kontroll med andre tiltak i området. I så fall kan kommunen innføre meldeplikt for dette.

Det er fastsett i forvaltningslova § 2 c at ei forskrift er eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein ubestemt krins av personar, medan eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Eit slikt enkeltvedtak fastset som regel kva som skal gjelde i ei konkret sak. Om ein har brukt ordet forskrift er det ikkje avgjerande for om ein står overfor eit enkeltvedtak eller ei forskrift. Der det er gjort vedtak om meldeplikt får skogbruksstyresmakta informasjon om kva som går føre seg, og dette gir grunnlag for å nytte dei andre reglane i skogbrukslova for å nå dei mål som er sett. Departementet legg til grunn at eit vedtak om å innføre meldeplikt normalt vil vere ei forskrift etter forvaltningslova, og at vedtaket skal førebuast etter kapittel VII i denne lova. I forvaltningslova finst det mellom anna reglar om utgreiingsplikt, varsling, uttale frå interesserte og om kunngjering. Dette er reglar som må brukast ved førebuinga av eit vedtak om meldeplikt. I dei høva ei slik forskrift om å innføre meldeplikt berre vil gjelde for ein eller nokre få eigarar som kan individualiserast, bør reglane om enkeltvedtak følgjast. I særlege høve kan det vere mykje om å gjere at vedtaket om å innføre meldeplikt blir fatta før nokon rekk å gjennomføre tiltak som kan skade dei verdiene føresegnene i skogbrukslova tek sikte på å verne om. I slike tilhøve kan det vere grunn til å la vere å gi førehandsvarsel, og forvaltningslova § 37 fjerde ledd punkt b bør kunne gjerast gjeldande.

Departementet har merka seg at mange høyringsinstansar meiner at skogeigaren bør kunne setje i gang tiltaket dersom kommunen ikkje har gitt tilbakemelding innan ein viss tid. Departementet

sluttar seg i hovudsak til dette. Ein foreslår derfor at meldinga, på same måte som etter gjeldande lov, skal vere skriftleg, og at innmeldte tiltak kan setjast i verk dersom kommunen ikkje har gitt tilbakemelding innan 3 veker rekna frå den dagen meldinga kom fram til kommunen. Ei slik tilbakemelding kan gå ut på at tiltaket kan setjast i verk, men kommunen må også kunne avbryte fristen med ei tilbakemelding om at det trengs meir tid til å vurdere bruken av aktuelle heimlar, og at tiltaket ikkje kan setjast i verk før det er gitt underretning om dette. Ei slik tilbakemelding er inga avgjerd i saka, og kan ikkje reknast som eit enkeltvedtak i høve til reglane i forvaltningslova. Føresegna er teken inn i lovutkastet § 11 andre ledd.

### 6.5.3 Vernskog

#### 6.5.3.1 Oversyn og framsette forslag til endringar

Føresegnene om vernskog i både gjeldande og tidlegare skogbrukslover har vore viktige for å halde kontrollen med skogbrukstiltak i skog som har vernefunksjonar for annan skog eller gir vern mot naturskadar. Vernskog er omtala i kapittel 3.3.3 og 4.1.

I gjeldande skogbrukslov er det eit eige kap. VI om vernskog, med to føresegner; §§ 32 og 33. Etter § 32, første ledd er det departementet som kan fastsetje at eit område skal vere vernskog, når skogen tener som vern mot skred og ras eller liknande, eller står som vern for annan skog, dyrka jord eller bygningar. Det same gjeld skog som ligg opp mot fjellet, ut mot havet eller høgt mot nord når det er så vanskelege foryngingstilhøve, eller så dårleg vekst at skogen kan øydeleggjast ved feil skogbehandling. I § 32, andre til fjerde ledd er det gitt nærare reglar om saksbehandlinga, merking av grensene, kven som har ansvaret for utgiftene ved slik merking, og om offentleggjering av vedtak om at skogen skal reknast som vernskog.

§ 33 fastslår at om skogoppsynet ikkje har bestemt noko anna, er det meldeplikt for all hogst i vernskog. Føresegna har vidare nokre detaljerte reglar om blinking, om gjennomføring av hogster og om virke til husbruk. Det er fastsett at reglane i kapittel III om skogbrukstiltak og stell av skogen gjeld så langt dei passar i vernskogen.

I høyringsnotatet foreslo departementet å føre vidare ein heimel for å kunne vedta at visse skogområde skal ha status som vernskog, og forvaltaast etter særlege retningslinjer. Ein foreslo ein sterkt forenkla ordlyd i føresegna om vernskog, sjå høyringsnotatet § 12.

Vernskog blei definert som «skog som tener som vern for annan skog, og område der skogen

kan gi vern mot naturskadar». Definisjonen av vernskog omfatta også «område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er så sårbar at det er nødvendig å kontrollere at skogen ikkje blir øydelagt ved feil skogbehandling». Departementet foreslo at fylkeslandbruksstyret skulle treffe vedtak i første instans om at skogen skulle få status som vernskog. Vedtaket skulle treffast etter at kommunen eller kommunane har uttalt seg. Departementet foreslo også at fylkeslandbruksstyret burde kunne fastsetje retningslinjene for skogbehandlinga i det enkelte vernskogområde.

Departementet foreslo ein særleg regel om kunngjering av vernskogvedtak. Det er kome 31 innspel til § 12 i høyringsnotatet, frå eitt departement, 3 fylkeslandbruksstyre, ein fylkesmann, 21 kommunar og 5 andre. Nokre av høyringsinstansane meiner at vedtak om at skogen skal vere vernskog bør bli fastsett sentralt for heile landet, ikkje av fylkeslandbruksstyret. Vidare er det fleire som meiner at hovudregelen i føresegna bør vere at det er meldeplikt i vernskog.

### 6.5.3.2 Departementet sine vurderingar

Dei første vernskogområda blei fastsette tidlig på 1900-talet. Etter at skoglova av 1932 blei vedteken, blei dei eldre vernskogvedtaka fornya, og fleire nye fastsette. I 1992 blei alle fylka bedne om å setje i verk ein ny gjennomgang av dei eksisterande vernskogområda, og sende forslag om eventuelle nye grenser og nye område. Departementet bad også om at fylkeslandbruksstyra fastsette nye retningslinjer for forvaltninga av dei enkelte områda. Alle fylka hadde avslutta dette arbeidet i 1996. Ei samstilling viser at noko over 20 % av skogareala i Noreg no er gitt status som vernskog etter skogbrukslova. I all vernskog er det fastsett meldeplikt for hogst, med dei unntaka som går fram av lova. I mange område er det også fastsett meldeplikt for andre tiltak i skogen. Vernskogen omfattar i hovudsak sårbar skog, fjellskog og skog ut mot havet.

Departementet meiner at ei ny skogbrukslov bør føre ordninga med vernskog vidare. Reglane kan førebyggje skade på annan skog eller gi vern mot naturskadar. Dei kan også gi skogbruksstyresmaktene ein reiskap for å redusere skadepotensialet på skogområde som er sårbare på grunn av biologiske eller klimatiske forhold, jf. § 12 i forslaget.

Forslaget til føresegn har fått ein noko annan oppbygging enn det forslaget som blei sendt på høyring. Departementet har søkt å få fram at eit område ikkje i seg sjølv er vernskog før det er fatta særskilt vedtak om det.

Kva slag skog som kan vere vernskog vil vere

det same som etter gjeldande lov, sjølv om oppramsinga ikkje er så detaljert som i gjeldande skogbrukslov. I den nye føresegna har ein teke med det viktigaste, nemleg skog som tener som vern mot annan skog, skog som gir vern mot naturskadar, eller skog som på grunn av plasseringa i terrenget er så sårbar at det er nødvendig å hindre at skogen blir øydelagt ved feil skogbehandling.

Departementet foreslår at fylkeslandbruksstyret skal kunne vedta at skog skal reknast som vernskog. I samband med dette må fylkeslandbruksstyret fastsetje grensene for det aktuelle vernskogområdet og gi reglar for korleis forvaltninga av skogen skal vere. Departementet meiner at vedtaket bør skje nærre dei som er kjende med areala, og ikkje på sentralt hald. Eit vernskogområde vil ofte strekkje seg over fleire kommunar og gjelde eit stort tal skogeigarar. Departementet meiner derfor det må vere rett at vedtaka blir fastsette regionalt av eit politisk valt organ. Kommunane skal spele ei sentral rolle i dette arbeidet. Departementet legg til grunn at fylkeslandbruksstyret ved saksførebuinga skal sikre at kommunane har blitt gitt moglegheit til å uttale seg.

Departementet meiner elles at føresegna ikkje bør setje eit absolutt krav om at det skal vere meldeplikt i all vernskog. Dei behova vernskogen skal dekkje er svært ulike, og spørsmålet om kva som bør utløyse meldeplikt bør derfor avgjerast lokalt. Etter departementet sitt syn bør dette vurderast av kommunane og fylkeslandbruksstyret for det enkelte området.

Eit vedtak om at skogen får status som vernskog kan gjelde ein eigedom, eller eit større område med mange eigedommar. Ved førebuinga av vedtaket gjeld forvaltningslova kapittel VII sine reglar om varsel til dei interesserte og om kunngjering med vidare. Dersom det i føresegnene blir fastsett plikter for nokre få skogeigarar, kan det vere grunn til å varsle den enkelte skogeigar om at ein tek sikte på å gi vernskogreglar, jf. tilsvarande omtale i kapittel 6.5.2.2 om meldeplikt.

Departementet reknar med at forenklingane i føresegna om vernskog vil gi eit betre verkty regionalt for å kunne fatte nye vernskogvedtak og gjere justeringar i gjeldande vedtak og retningslinjer.

## 6.5.4 Skogområde av særleg miljøverdi

### 6.5.4.1 Oversikt og framsette forslag til endringar

Enkelte skogområde har stor verdi i miljosammenheng på grunn av mellom anna nærleik til store tettstar.

Etter § 17 b, første ledd i gjeldande skogbrukslov kan Kongen fastsetje nærare forskrifter om

skogbehandlinga i skogområde som har særleg verdi for friluftsliv og naturvern. Det er fastsett at slike forskrifter «foruten slike begrensninger som loven ellers hjemler adgang til, kan inneholde også andre og mer vidtgående restriksjoner for skogbruket». Føresegna gir døme på kva for restriksjonar som er aktuelle i ei forskrift, mellom anna innføring av meldeplikt for tiltak eller inngrep som skogeigarer planlegg. Departementet kan fastsetje førebels forskrift. I tredje ledd er det ein regel om korleis ei forskrift etter føresegna skal kunngjerast.

Med heimel i § 17 b er det fastsett to forskrifter, «Forskrift om skogbehandling og skogsdrift for skogområder i Oslo og nærliggende kommuner (Marka)», sist revidert 2. april 1993 og «Forskrift om skogbehandling og skogsdrift for skogområder i Vestfjella i Østfold fylke», fastsett 15. januar 1993.

Landbruks- og matdepartementet foreslo i høyringsnotatet å føre vidare ein heimel til å gi forskrifter om skogbehandlinga i skogområde som har særskilte viktige miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv eller kulturminne. Ordlyden i føresegna var sterkt forenkla i høve til gjeldande § 17 b, men departementet la til grunn at dei restriksjonane som er aktuelle i samband med slike område burde vere dei same i den nye lova som etter § 17 b. Ein foreslo at heimelen for å gi slike forskrifter i den nye lova skulle leggjast til departementet, ikkje til Kongen slik det er fastsett i gjeldande lov. Til sist i føresegna la ein til grunn at restriksjonane som kunne fastsetjast i forskriftene kan gå ut over dei restriksjonane lova elles gir heimel for.

Det er kome 44 innspel til forslaga i høyringsnotatet § 13. Føresegna er kommentert av Miljøverndepartementet, 8 fylkeslandbruksstyre, 2 fylkesmenn, 26 kommunar og 7 andre. Dei fleste kommentarane gjeld kor tungtvegande miljøverdiane bør vere for at det bør kunne fastsetjast forskrift. Vidare er det fleire som har meiningar om kor langt ein bør kunne gå med restriksjonar i slike område. Norges Naturvernforbund meiner at heimelen for forskrift bør nyttast på ei rekkje felt, som bymarker, tettstadsnære skogområde, større samanhengande skogar med ulike naturskogkvalitetar, villmarksprega områder m.m. Forbundet meiner vidare at restriksjonane bør kunne gå ut over virkefeltet i lova. Forbundet uttaler:

«I Osloområdet har det breidd seg en misoppfatning blant skogoppsyn og skogeiere om at forskriften ikke hjemler sterkere restriksjoner enn selve skogloven. Dette skyldes en manglende grenseoppgang av de vanligste konfliktområdene og manglende vurdering av hva som er et akseptabelt restriksjonsnivå generelt. Det er vik-

tig, som forslaget gjør, å presisere at restriksjonene kan gå ut over lovens generelle nivå. Men henvisningen til eksisterende § 17b-områder (Osloområdet) svekker dette utsagnet. Her må departementet ha en mer generell tilnærming til restriksjonsnivå generelt, og i miljøviktige områder spesielt, som grunnlag for teksten.»

#### 6.5.4.2 Departementet sine vurderingar

Departementet meiner at den nye lova, som gjeldande lov, bør gi skogbruksstyresmaktene, og særleg kommunane, verkemiddel for å regulere gjennomføringa av næringsretta tiltak i område der det er særleg viktig å ta vare på miljø- eller friluftsverdiar. Gjeldande regel kom inn i lova i 1976, og var i hovudsak ein reiskap for å regulere konflikhtar mellom skogbruksinteresser og friluftinteresser i skogområda rundt Oslo. Føresegna var likevel meint å dekkje meir enn bynære område. Grunngevinga for gjeldande reglar går fram av Ot.prp. nr. 29 (1974–75) side 11–12. Kommunen kan i dag i nokon grad leggje til rette for særleg bruk eller vern av område der det er særleg viktig å ta vare på miljø- eller friluftsverdiar gjennom plan etter plan- og bygningslova. Kommunane har såleis ikkje det same behovet for ein eigen heimel for forskrift for skogområde med viktige miljøverdiar som tidlegare, men det vil framleis vere behov for ein slik heimel på nasjonalt nivå.

Grunngevinga for føresegna bør vere den same i ny skogbrukslov som i gjeldande lov. Føresegna bør etter dette dekkje område som er av særleg miljøverdi. Slike verdiar er til dømes knytt til biologisk mangfald eller landskap, friluftsliv eller kulturminne.

Departementet meiner at føresegna kan gjerast noko enklare enn i gjeldande lov, både med omsyn til detaljeringsgrad og oppbygging. Ein oppfatar innspela frå høyringsinstansane slik at dei sluttar seg til dette.

I høyringsnotatet var føresegna knytt til område med særskilte viktige miljøverdiar. Departementet meiner dette kan oppfattast som ei skjerpning av kravet til område som det er aktuelt å gi forskrift for. Det var ikkje meininga frå departementet si side, og ordet «særskilte» er derfor teke ut av lovforslaget § 13 og erstatta med «område av særleg miljøverdi» som er det same som i gjeldande lov.

Ein finn det ikkje tenleg å liste opp kva for restriksjonar forskriftene skal kunne innehalde, fordi ei slik liste likevel ikkje vil kunne bli uttømmende. Utgangspunktet er at skogbruksstyresmakta må ta stilling til dette i det enkelte tilfellet, ut frå kva for verdiar det er aktuelt å ta særlege omsyn til. Ulike bruks- og verneinteresser knytt til dei enkelte skog-

områda kan variere frå stad til stad, og skogbruksstyresmakta lokalt og regionalt bør gi råd om kva for restriksjonar som er aktuelle, og kor omfattande dei bør vere.

Departementet legg til grunn at heimelen for restriksjonar i praksis dekkjer det same etter den nye lova som etter gjeldande § 17 b. Departementet foreslår såleis å føre vidare regelen om at restriksjonane i ei slik forskrift kan gå ut over dei restriksjonane lova elles gir heimel for. Dette går fram av siste punktum i lovforslaget § 13. Med dette meiner ein at forskrifta i spesielle område må kunne fastsette strengare regulering av til dømes tiltak med sikte på forynging, hogstflater og vegbygging med vidare enn det lova elles legg opp til. Eit døme på dette er reglane som gjeld i Oslo-marka, der ein av omsyn til skogeigaren sitt behov for langsiktig planlegging, og ei effektiv behandling av sakene, har fastsett konkrete avgrensingar som gjeld utvalde tiltak i virkefeltet til forskrifta.

Slik departementet ser det er det ikkje mogleg å seie noko generelt om kor langt restriksjonane kan gå, slik nokre høyringsinstansar ber om. Omfanget av restriksjonar vil, innafor formålet med den nye lova, variere i høve til dei miljøverdiane ein ønskjer å ta omsyn til, noko som inneber at restriksjonane ikkje kan gå så langt at den enkelte eigedommen eller den enkelte teigen ikkje lenger kan drivast med økonomi.

Departementet foreslår at mynde til å gi forskrift etter § 13 i den nye lova blir lagt til departementet. I gjeldande lov ligg dette mynde til Kongen. Det er ein føresetnad at både miljøvernstyresmakta og skogbruksstyresmakta på kommune- og fylkesnivå skal ha ei aktiv rolle under utarbeidinga av slike forskrifter. Når ei forskrift er fastsett bør det vere kommunane som har ansvar for gjennomføring og kontrollen med at reglane blir haldne, jf. lovutkastet § 20.

## **6.5.5 Tiltak for forebygging av skade og avbøting av skade**

### *6.5.5.1 Insekt- eller soppangrep*

#### *Gjeldande rett og forslag til endringar*

Det går lang tid mellom kvar gong det offentlege må setje i verk tiltak for å hindre skadar på skog. Dei store barkbilleangrepa i 1970-åra gjorde det likevel klart at det er behov for reglar som i tillegg til å vere førebyggjande, også er aktive når det er fare for at skog kan bli skadd i noko omfang.

§ 28 i gjeldande lov har føresegner om tiltak mot insekt- og soppangrep og liknande. Når det på grunn av brann, vindfelling, skred eller andre års-

aker er fare for skadar av større omfang ved insekt- eller soppangrep på skog, kan departementet setje i verk nødvendige offentlege tiltak for å stoppe angrep utan omsyn til kven som er eigar av skogen. Er desse vilkåra oppfylte, kan departementet også bestemme at ein skogeigar skal hogge og ta ut virke i skogen sin dersom det må reknast som nødvendig for å stoppe angrepet. Lar det seg ikkje gjere å få i stand frivillige ordningar, eller det er behov for særleg raske tiltak, kan departementet påleggje skogeigarane i fellesskap å byggje vegar for utdrift av virke. I pålegget kan ein gi nærare føresegner om gjennomføringa av tiltaket, og om plikt for kvar enkelt til å ta del i tiltaket i same høvetal som han må reknast for å ha nytte av tiltaket.

Departementet kan elles ved forskrift fastsette at skogeigaren etter pålegg skal setje i verk andre tenlege tiltak for å stoppe insektangrep og førebyggje insektskadar. Lova gir nokre døme på kva slags tiltak ein kan bestemme skal setjast i verk. Blir eit pålagt tiltak ikkje utført innan den fristen som er fastsett, kan skogoppsynet utføre tiltaket for eigaren si rekning. Departementet kan også ved forskrift gi reglar om ryddings- og tynningshogst, om handsaming av hogstavfall og om behandling, utdrift og lagring av ubarka virke og andre tiltak som kan førebyggje insekt- eller soppangrep, samt om eigaren, kjøparen, eventuelt rotkjøparen sine plikter i denne samanheng. Landbruks- og matdepartementet har 7. april 1997 fastsett «Forskrift om tiltak mot insektskadar m.v. på skog» som gir nærare reglar på dette området.

Før departementet gjer vedtak om at skogeigar skal gjennomføre hogst og utdrift, skal dei økonomiske skogeigarorganisasjonane som har medlem som blir råka av vedtaket, gjevast høve til å uttale seg. Departementet kan likevel setje i verk mellombels tiltak straks dersom dette blir rekna som nødvendig for å unngå store skadar.

Utgiftene ved tiltak som departementet set i verk for å kjempe mot insekt- og soppskadar skal det offentlege koste. Ein kan også bruke rentemiddel frå skogavgifta. Departementet kan påleggje skogeigaren å dekke utgiftene knytt til pålegg om hogst, utdrift eller andre nødvendige tiltak. Utgift som ikkje blir dekt frivillig og heller ikkje kan bli dekt over skogavgifta, jf. § 46 fjerde ledd fjerde punktum, er tvangsgrunnlag for utlegg.

Skogeigarar har krav på skadebot for mogleg tap som følgje av tiltak og pålegg etter føresegna. Det skal ved avgjerda takast omsyn til dei føremonane skogeigaren oppnår ved tiltaka som det offentlege har sett i verk, eller som han sjølv er pålagt å utføre. Blir ein ikkje einige om storleiken på erstatninga, skal storleiken fastsetjast ved rettsleg skjøn.

Landbruks- og matdepartementet kan gi forskrift etter føresegna for nærare avgrensa område.

I høyringsnotatet foreslo departementet ei sterkt forenkla føresegn på dette området jf. § 9 første ledd i høyringsnotatet. Meininga var å halde fast ved det same grunnlaget som i gjeldande lov for å kunne gripe inn når det er fare for skadar på skog. Ansvar for overvaking av helsetilstanden i skogen, og heimelen til å setje i verk tiltak, blei foreslått lagt til kommunen. Departementet peika på at kampen mot skogskadar må kunne skje utan omsyn til grensene mellom eigedommar eller eventuell reguleringssituasjon. Det blei derfor foreslått ei særskilt setning om at regelen skulle gjelde ut over virkefeltet i § 2 i forslaget til ny lov. Departementet la likevel til grunn at det normalt ikkje vil vere aktuelt å bruke denne føresegna i område som har eit strengt vern etter naturvernlova, til dømes i naturreservat utan etter samråding med miljøvernstyresmaktene.

Departementet foreslo å ha den same heimel som i gjeldande lov til å fastsetje nærare forskrifter om kva for tiltak som kommunen kan påleggje skogeigaren å setje i verk, og om korleis utgiftene skal dekkjast.

Det er kome innspel frå 92 høyringsinstansar til høyringsnotatet § 9. Innspela er i hovudsak knytt til forslaget om ei føresegn om viltbeiterregulering. Desse er omtala under kapittel 6.4.6.2. Fylkeslandbruksstyret i Buskerud viser til at forholdet til naturvernlova bør avklarast. Noregs Naturvernforbund meiner at det ikkje er grunn til å ha virkemiddel for å hindre dei aktuelle skadane. Organisasjonen peikar på at økosystemet vil rette opp eventuelle skadar over tid.

#### *Departementet sine vurderingar*

Insekt- eller soppangrep kan vere ein alvorleg trussel mot helsetilstanden i skogen. Det ligg store samfunnsmessige verdiar i skogressursane, og skadane kan, særleg i sårbare område, bli svært store. Skogeigaren har eit sjølvstendig ansvar for å skjotte skogen sin, og vil normalt også gjere det. Departementet meiner likevel at det framleis er behov for ei føresegn som gir heimel for kva for tiltak som kan påleggjast skogeigaren når skadeomfanget er stort, eller når det er risiko for at det kan bli stort. Departementet meiner også at ein bør føre vidare det ofenfleige si moglegheit til å setje i verk tiltak med sikte på å hindre insekt- og soppskadar i skogen. Forslaget til ny føresegn går fram av § 9 første ledd.

Departementet foreslo i høyringsnotatet ein vesentleg forenkla ordlyd i høve til i gjeldande lov. Høyringsinstansane har ikkje hatt merknader til

dette. Meininga er at føresegna skal ha det same grunnlaget som etter gjeldande lov til å kunne gripe inn med tiltak mot insekt- og soppskadar og andre skadar. Dette gjeld alle dei tiltak som er nemnde ovafor knytt til § 28 i gjeldande lov. Detaljane om kva for tiltak som kan påleggjast, og korleis sakene skal behandlast har ein foreslått å ta ut av sjølve lova. Departementet meiner det er meir tenleg at slike reglar blir fastsett i forskrift. Departementet foreslår derfor ein heimel til å gi forskrift om slike tiltak, og om korleis utgiftene skal dekkjast.

Skal ein hindre eller redusere slike skadar på skog er det viktig med god lokal kunnskap om helsetilstanden i skogen. Departementet legg derfor til grunn at kommunen skal ha ansvaret for overvakinga av helsetilstanden, og kommunen skal setje i verk nødvendige tiltak. Når kommunen får ei slik rolle, bør kostnadene kommunen har ved å setje i verk tiltak kunne krevjast tilbake. Slike kostnader bør også vere tvangsgrunnlag for utlegg.

#### *6.5.5.2 Beiteskadar frå hjortevilt*

##### *Oversikt og framsette forslag til endringar*

Utgangspunktet i viltlova § 27 er at grunneigaren har eksklusiv rett til jakt og fangst på sin eigedom. Grunneigaren må likevel rette seg etter vedtak kommunen gjer om kor mange fellingsløyve som er aktuelle, jf. viltlova § 16 andre ledd. Dersom hjortevilt eller bever gjer vesentleg skade på skogen, kan kommunen gi fellingsløyve. Dette er fastsett i viltlova § 13, og kommunen kan tillate felling utanom dei ordinære jakttidene.

I høyringsnotatet viste departementet til at ein hadde drøfta om det burde fastsetjast ein heimel i den nye skogbrukslova som kunne gi høve til å setje ei grense for dei skadane av skogen som beitinga kunne føre til. Ein meinte at ein slik heimel kunne verke saman med lover og forskrifter gitt med heimel i viltlova. Bakgrunnen for forslaget var at forvaltning av vilt og skog bør skje gjennom ei avveging av interessene knytt til både vilt- og skogproduksjon. Departementet la til grunn at føresegna berre ville vere aktuell der eventuelle konflikthar mellom skogbruksinteressene og viltinteressene ikkje blei løyste av den lokale viltforvaltninga i samsvar med reglane i viltlova. Departementet etterlyste høyringsinstansane sitt syn på om det bør vere reglar om dette i den nye lova, og korleis slike reglar burde formast ut.

Eit forslag til utforming blei teke inn som § 9 andre ledd i høyringsutkastet. Forslaget var knytt til skog under forynging, og der beitinga utgjorde ei vesentleg hindring for å overhalde foryngings-

plikta etter lovforslaget § 7. I slike høve la ein til grunn at kommunen kunne fastsetje ei tålegrense for beitetrykket.

Departementet har teke imot 92 høyringsinnspel til forslaget. Merknadene kom frå Miljøverndepartementet, 15 fylkeslandbruksstyre, 5 fylkesmenn og 58 kommunar. Ein mottok også merknader til forslaget frå 13 andre.

50 høyringsinstansar, mellom dei 34 kommunar og 9 fylkeslandbruksstyre, meiner at det er behov for ei føresegn som gir kommunen heimel for å fastsetje ei tålegrense for beitetrykket.

Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder skriv til dømes om dette:

«Det er eit faktum at ei alt for stor elgstamme i delar av dei mest produktive og lett drivne skogområda i landet har øydelagt mykje for moglegheitene til lønnsam tømmerproduksjon. Beiting på furu har ført til at store areal er satt ut av effektiv produksjon i årtier. Sjølv om nokre planter klarer seg vil tømmerkvaliteten bli så låg at bestanda neppe kan gi overskot ved framtidig hogst og etablering av ny forynging. Ein slik situasjon strider mot prinsippa for bærekraftig forvaltning. Forvaltninga av elg har i for stor grad vært ein einartsforvaltning utan tilstrekkeleg omsyn til miljø og andre næringar. Overbeitinga i våre område har kome så langt at det har gitt seg tydelege utslag på dyras kondisjon med reduserte slaktevektar og låg fødselsrate. Lokalt i Agder har dette vore meir synlege effektar enn tradisjonelle skader på skog. Ein har landet over mange døme på at motsegnane mellom dei interesser dei profesjonelle skogeigarane har og dei reine jakt- og økonomiske viltinteressene ikkje blir løyst gjennom dialog og samarbeide om den lokale viltforvaltninga. Ein finn det derfor føremålstenleg å gi ein heimel i skogbrukslova slik det er gitt døme på.»

Fylkeslandbruksstyret i Rogaland meiner at heimelen bør omfatte all skade på skog, ikkje berre skade knytt til forynging av skogen.

24 høyringsinstansar, mellom dei Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning, Norges landbrukshøgskule og NORSKOG meiner at det ikkje er ønskeleg å innføre ei slik føresegn i den nye skogbrukslova.

Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning meiner forslaget ikkje vil løyse problema på ein betre måte enn gjeldande reglar. Dei viser til at det ikkje er mangelen på føresegn i lov som er årsaka til problema, men manglande dialog på lokalt nivå.

NORSKOG meiner at grunneigaren sjølv, ikkje kommunen, bør fatte avgjerd om felling av dyr som er årsak til skade, og uttalar:

«Beitetrykk er stedvis et problem for foryngelse av skog og kvalitetsproduksjon. Ekstraordinær avskyting av elg eller annet vilt kan være aktuelt. Dette bør imidlertid være opp til grunneier/grunneierlag å avgjøre, eventuelt i samarbeid med viltmyndighetene. Det er grunneiere som har inntekten av jakt, og det må være grunneier som gjør avveiningen av hva han/hun oppfatter som akseptabelt nivå på beiteskader. På dette grunnlag vil NORSKOG ikke gi sin tilslutning til det mulige tillegg til denne paragraf som gir hjemmel for kommunen til å fastsette hva som er akseptabelt nivå for beitetrykk.»

#### *Departementet sine vurderingar*

Departementet vil peike på at beiteskadar på skog i visse område reduserer den framtidige verdiskapinga frå skogen fordi ein ikkje får opp ny kvalitetsskog. Ein del område har i dag nedbeita eller manglande forynging av furu. I andre område finn ein store skadar på forynging og ungskog av både gran og lauv. Eit slikt skadebilete indikerer at bestanden av vilt er større enn biotopen har berekraft til som beite for viltet. Slik ubalanse er ikkje berre til skade for forynginga og verdiproduksjonen i skogen, men verkar inn på det biologiske mangfaldet i området, og på dyrestammen sin matsetel og kondisjon. Dei mest attraktive beiteplantene blir borte, og det verkar inn på flora og fauna generelt i området. For skogbruket får det også innverknad på praktisering av plikta i skogbrukslova til forynging av skogen etter hogst.

Departementet er samd med NORSKOG i at det er grunneigaren som ber dei økonomiske effektane av slike beiteskadar, og at grunneigarane derfor må vere med på å vurdere når skadane ikkje er akseptable sett i forhold til annan verksemd på eigedommen. Departementet er også samd med Norges Landbrukshøgskole i at slik regulering må sjåast i samheng med regulering av viltstammen etter viltlova. Dette gjekk også fram av høyringsutkastet frå departementet.

Departementet har derfor kome til at ein vil fremme forslag om ei føresegn i den nye skogbrukslova som sikrar at viltlova blir vurdert teken i bruk når det kjem opp spørsmål om beiteskadar frå hjortevilt på skogen. Viltlova og skogbrukslova må saman sørgje for ei balansert forvaltning med omsyn til både vilt og skog. Forvaltning av begge lovane er lagt til kommunane. Ein må rekne med at dei fleste tilfelle der det oppstår konfliktar mellom omsynet til viltet og omsynet til skogen vil kommunen sørgje for ein balansert skjøtselsplan. Kommunane kan i dag gjennom taksering av beitetrykket skaffe eit godt fagleg grunnlag for forvaltningstiltak som



kan rette opp att balansen og restaurere beitegrunnlaget. Med ei slik føresegn som departementet nå gjer framlegg om vil ein i sterkare grad enn tidlegare sikre at spørsmål om beiteskadar av hjortevilt på skogen kjem til behandling etter lovverket slik at ein kan få negative konsekvensar for skogen sin produksjonsevne og mangfald. Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet vil utforme særskilt informasjonsmateriell om dette knytt til føresegnene i viltlova. Ein vil også setje i gang eit eige samarbeidsprosjekt i to-tre fylke der slike beiteskadar er eit stort problem for skogbruksnæringa. I eit slikt samarbeidsprosjekt må skogeigarane og jaktinteressene trekkjast aktivt med.

### 6.5.5.3 Tiltak etter skadar på skog

#### *Gjeldande rett og forslag til endringar*

Ulike hendingar kan som vist påføre skog store skadar, til dømes skadar etter brannar, storm og skred. I nokre høve er det behov for særlege tiltak med sikte på å få skogen i vekst igjen.

Gjeldande skogbrukslov § 22 gjeld tiltak knytt til skadar etter brann, vindfelling, skred og smågnagar- eller insektangrep. I slike høve kan inntil 30% av forsikringsselskapet si utbetaling takast i bruk av skogbruksstyresmaktene til eventuelle tiltak, og skogbruksstyresmakta kan dessutan påleggje konkrete tiltak knytt til bruk av anten skogavgift eller tilskot. § 23 gjeld tiltak mot skadar som følgje av uheldige hogster, råte eller mangel på oppfølging frå skogeigaren sin side (t.d. manglande vedlikehald av grøfter). Det sentrale i begge føresegnene er at det etter ein stor skade kan påleggjast plikt til å gjere noko aktivt for å leggje til rette for tilfredsstillande forynging av skogen. Mynde etter dei to føresegnene ligg i hovudsak til fylkeslandbruksstyret.

Gjennom åra er det berre fatta eit fåtal vedtak i medhald av §§ 22 og 23 i gjeldande lov. Føresegnene har vore detaljerte, og har i første rekkje vore ei sikring ovafor skogeigarar som ikkje følgjer opp med skogtiltak etter skadar, og reglane har vore nytta for å få til samordning i ekstreme tilfelle der ein skade har ramma fleire skogeigarar.

Departementet foreslo i høyringsnotatet å slå saman §§ 22 og 23 i gjeldande skogbrukslov og forenkle ordlyden i den nye føresegna. Ein foreslo også å gi kommunen ansvaret for å fatte vedtak med pålegg om å utføre opprettande tiltak. Forslaget går fram i høyringsnotatet § 10. Føresegnene om tilhøvet til forsikring blei foreslått sløyfa. Som for høyringsutkastet § 9 la ein til grunn at føresegna nor-

malt ikkje får verknad for område som har eit strengt vern etter naturvernlova. Tiltak må i slike høve avklarast gjennom dialog mellom skogbruksstyresmaktene og miljøstyresmaktene før det kan fastsetjast pålegg.

Ein har motteke innspel frå eitt fylkeslandbruksstyre, ein fylkesmann, 11 kommunar og 4 andre. Kommunane kommenterar tidsfristen på 2 år. Nokre meiner dette er for lang tid.

#### *Departementet sine vurderingar*

Departementet meiner at det også i ei ny skogbrukslov er behov for særlege verkemiddel for å rette opp skadar og sørge for at det blir lagt til rette for høveleg forynging. Ein må sjå føresegna i samanheng med andre reglar om forynging, til dømes § 6. Departementet foreslår å slå saman alle tilfelle av skade på skog i ei føresegn, og gi kommunen ansvaret for å fatte vedtak med pålegg om å utføre opprettande tiltak, jf. § 10. Tiltaka det er aktuelt å påleggje går ut over den plikta skogeigaren har etter § 6 til forynging. Slike verkemiddel bør og kunne takast i bruk dersom skogen er skada av hjortevilt.

For den enkelte skogeigaren er det mest privatøkonomisk attraktivt å ikkje gjennomføre reparasjonstiltak som først gir gevinst nokre generasjonar framover i tid. Med grunnlag i kravet om langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursane, og med tanke på inntekt og nytte for framtidige generasjonar, er det likevel viktig å ha eit grunnlag for å stille krav om slike reparerande tiltak i dag. Samla sett er det ikkje grunnlag for å krevje at skogeigaren aleine skal ha eit slikt ansvar, men dette er spørsmål som må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Nokre av høyringsinstansane har meint at fristen på 2 år for å gjennomføre tiltak er for lang. Departementet meiner ein må sjå denne regelen i samanheng med § 6 om forynging og stell av skog. I lovforslaget § 6 er det sett ein frist på 2 år frå kommunen kjem med eit pålegg om tiltak. Etter departementet si meining er det da uheldig å setje ein kortare frist for å hogge eller leggje til rette for tilfredsstillande forynging etter ein skade.

Departementet foreslår at det ikkje lenger skal vere reglar i skogbrukslova om avsetjing av forsikringssummen. Forsikringsordningar for skog er no så godt innarbeidd at det ikkje lenger er ei oppgåve for det offentlege å regulere korleis ein skogeigar og eit forsikringsselskap skal ordne seg etter til dømes ein skogbrann. Departementet har tillit til at dette blir løyst på beste måte i dei avtaler forsikringsselskapa har utarbeidd.

## 6.6 Skogbruksverksemd, omsetjing av tømmer og tilhøvet til konkurranselova

### 6.6.1 Gjeldande rett

Lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger inneheld i § 10 forbod mot bruk av avtaler mellom foretak som kan vere konkurranseavgrensande, og i § 11 forbod mot utilbørleg utnytting av ei dominerande stilling. Slik lova og forskriftene gitt med heimel i lova er utforma, kan føresegnene mellom anna få verknad for skogeigarorganisasjonane si verksemd, særleg i samband med kjøp og sal av tømmer. Dette var Næringskomiteen klar over da lova blei vedteken. Komiteen uttalte i samband med dette:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, har merket seg uttalelser fra skogbruksnæringen om at forslaget til nye konkurransebestemmelser kan hindre en videreføring av skogeierforeningenes viktige rolle for gjennomføring av skogpolitikken. Flertallet legger derfor til grunn at landbruksmyndighetene fastsetter de bestemmelser som er nødvendige for å sikre en slik videreføring. En er kjent med at Landbruksdepartementet arbeider med et forslag til ny skoglov. Flertallet ber om at skogeierforeningenes rolle sikres gjennom det lovforslag som fremmes for Stortinget.»

23. april 2004 blei det med heimel i konkurranselova § 3 andre ledd utarbeidd forskrift om unntak for samarbeid mv. innafor landbruk og fiske. I forskrifta er det gjort unntak frå konkurranselova §§ 10 og 11 for primærprodusentar eller organisasjonane deira dersom verksemda er i samsvar med lov eller forskrift som regulerer produksjon eller omsetjing av landbruks- eller fiskeriprodukter. Landbrukslovgevinga regulerer ikkje produksjon eller omsetjing av skogprodukt. Unntaket er derfor ikkje praktisk for samarbeidet i skogsektoren slik reglane er i dag.

Reglane i konkurranselova blei vedtekne etter at departementet sendte ut forslag til ny skogbrukslov på høyring. Departementet har i ettertid motteke eit brev frå Norges Skogeierforbund der forbundet ber om at departementet utformar ein relevant heimel for unntak for den verksemda som skogeigarforeningane gjennomfører, anten som «en del av § 1 eller som en helt ny paragraf.»

### 6.6.2 Departementet sine vurderingar

Landbruks- og matdepartementet ser det slik at samarbeidet i og mellom skogeigarforeningane

med oppkjøp og sal av tømmer er ein tenleg måte å kanalisere tømmer frå mange små produsentar til industrien på. Ein viser til omtalen av dette samarbeidet i kapittel 3.2. Slik konkurranselova, og forskrifta til lova er utforma kan det lett bli eit behov for unntak frå konkurranselova § 10 for det samarbeidet som skogeigarforeningane gjennomfører. Etter departementet si vurdering finst det ikkje tilsvarende behov for unntak frå konkurranselova § 11 om utilbørleg utnytting av dominerande stilling.

Etter Landbruks- og matdepartementet sitt syn bør dette behovet løysast ved at det blir teke inn i ny skogbrukslov ein heimel for forskrift der departementet kan fastsetje at skogeigarane og organisasjonane deira skal ha rett til å samarbeide om produksjon og omsetjing av landbruksprodukt. Formålet med forskriftsheimelen er å sikre at skogeigarane gjennom samarbeidet blir gitt høve til å sikre sine interesser gjennom slike avsetjingsvilkår som høver med måla i skogpolitikken. Forslaget går fram av lovutkastet § 18. Forskrifta skal gjere klart kva for samarbeidsformer som det er nødvendig å nytte som verkemiddel i skogpolitikken utan at den nasjonale konkurranselovgevinga om prissamarbeid eller anna skal vere til hinder for slikt samarbeid for nærare avgrensa produktgrupper. Forskrifta må kunne tilpassast utviklinga i skogpolitikken utan at slike endringar fører til at det blir gjort endringar i skogbrukslova.

## 6.7 Finansiering av berekraftig skogbruk

### 6.7.1 Skogfond

#### 6.7.1.1 Oversyn og framsette forslag til endringar

Etter gjeldande lov skal skogeigaren betale inn skogavgift. Avgifta er ein tvungen fondsavsetnad, som gjeld ved alt sal av tømmer, ved og hogst av virke til bioenergi med vidare. Siktemålet er å sikre nødvendige langsiktige investeringar i vedkommande skog. Avsetnaden gir skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere eit berekraftig skogbruk på sin eigedom. Skogavgifta er omtala i kapittel 3.8.1.

Gjeldande skogbrukslov har eit eige kapittel VIII med 9 føresegner om skogavgift, §§ 41–49, inklusive føresegna om bruken av rentemiddel frå skogavgifta, § 48. Føresegnene er svært detaljerte, og fleire av dei er blitt uaktuelle på grunn av endringar i anna lovverk (t.d. skattelova) og politiske føringar gjennom dei siste åra.

Det er fastsett i § 41 at det er skogeigaren som

pplikter å betale skogavgifta. Skogavgift skal innbetalt ved sal eller annan overføring, samt oreigning, av hogd virke, tre på rot, foredla virke for vidare sal dersom foredlinga er gjort av skogeigaren eller virke som vert overdrege på annan måte. Skogavgift skal også svarast i andre høve med mindre skogeigaren bruker virket til å dekkje eige behov i jord- og skogbruksmessig verksemd.

Storleiken på avgifta blir fastsett for kvart driftsår av Kongen etter at skogbruket sine økonomiske organisasjonar er gitt høve til å uttale seg. Avgifta skal ikkje setjast lågare enn 2 % av bruttoverdien av virket. I enkelte distrikt kan Kongen lempe på plikta til å innbetale avgift. Kongen kan fastsetje at bruksrettshavarar i stats- eller bygdeallmenningar skal ha plikt til å svare skogavgift, og fastsetje storleiken på denne avgifta.

Reglane om innkrevjing av avgift går fram av § 42. Departementet kan gi nærare reglar om berekning og innkrevjing av skogavgifta, og kan i samband med dette fastsetje at dei som sel, kjøper, eksporterer, målar, leverer eller tek imot avgiftspliktig virke skal ha plikt til å gi dei opplysningane som er nødvendige for berekning av avgifta. Kjøparen, den som oreignar eller seljarorganisasjonen kan påleggjast plikt til å halde avgifta attende i oppgjeret med skogeigaren. Blir avgifta ikkje halden attende, blir dei sjølv ansvarlege for avgifta med renter og kostnader. Finn skogoppsynet det nødvendig kan det krevje sikkerheit for rettidig betaling av avgifta. Hogst kan da ikkje skje før sikkerheita er gjeven.

Departementet kan etter § 43 lempe på avgiftsplikta fullt ut eller for ein del dersom det på grunn av særlege høve verkar urimeleg om avgifta skal svarast. Likeeins kan departementet fastsetje at avgiftsplikta skal falle bort for ein skogeigar dersom avgifta hans ikkje vil kome opp i ein nærare fastsett sum. Departementet kan også fritta ein skogeigar for betaling av skogavgift som er forfallen dersom han godtgjer at han for eigne midlar har utført godkjente skogkultur- eller investeringsarbeider i skogen sin for ein sum som minst svarar til den forfallne avgifta. Finn skogoppsynet at det for tida ikkje er behov for slikt arbeid i skogen som avgifta kan brukast til, eller at behovet i framtida vil bli dekt av avgift som ein må rekne med kjem inn seinare, kan avgift som står inne betalast attende til skogeigaren etter nærare reglar fastsett av departementet.

Departementet kan etter § 44 bestemme at det skal svarast rente ved for sein betaling av avgifta. Avgifta er tvangsgrunnlag for utlegg hos den som er ansvarleg for avgifta. Krav på avgift fell bort som forelda 10 år etter forfall.

Skogoppsynet kan etter § 45 skjønsmessig fast-

setje storleiken på avgifta når nokon som er ansvarleg for avgifta ikkje har oppfylt opplysningsplikta si etter gjeldande føresegner.

Avgifta skal etter § 46 brukast til fremme av skogkultur, skogproduksjon og skogsdrift til føremon for skogen som virket er levert frå, eller til føremon for annan skog som skogeigaren har i same kommune. Med godkjenning av kommunen kan avgifta overførast til skog skogeigaren har i annan kommune. Ved hogst fastsett av jordskifteretten bestemmer retten kva for skog avgifta skal brukast til føremon for. Det går fram av tredje ledd at skogoppsynet anviser til skogeigaren dei beløp han godtgjer å ha lagt ut til arbeid med vidare som er godkjent av skogoppsynet. Landbruks- og matdepartementet kan etter § 46 gi nærare reglar om korleis skogavgifta skal brukast og om utbetaling. Departementet kan også gi reglar om plikt til å levere oppgåve over arbeid som er utført. Departementet kan dessutan gi skogoppsynet mynde til å bestemme at ein del av den avgifta som står inne for vedkommande skog, skal brukast til skogkulturarbeid i samsvar med det skogoppsynet bestemmer i den aktuelle skogen, og gir nærare tilvising på korleis skogkulturarbeidet kan gjennomførast. Departementet kan bestemme at kostnadene ved å krevje inn og betale ut skogavgift skal dekkjast av avgiftsmidla.

Krav på inneståande skogavgift skal etter § 47 vere ein rett som ikkje kan skiljast frå eigedommen ved overdraging, pantsetjing, tvangsfullføring eller på annan måte. Departementet kan etter føresegna gi nærare forskrifter om fordeling av avgift som står inne ved overdraging av del av skogeigedom og ved deling av slik eigedom på annan måte.

Det er fastsett i § 48 at skogeigaren ikkje har krav på renter av inneståande skogavgift. Rentene skal nyttast til administrasjon av ordninga med skogavgift, og til dekking av moglege tap i samband med innkrevjinga. Dei midla som ikkje blir brukte til desse formåla, kan disponerast til felles tiltak og andre formål til beste for skogbruket.

§ 49 gjeld innbetaling av ekstraordinær skogavgift. Denne føresegna er blitt uaktuell etter at skogeigaren no sjølv kan avgjere kor mykje skogavgift han vil betale (i 2004 inntil 40 % av bruttoverdi på virket).

I medhald av dei nemnde føresegnene har departementet gitt 4 forskrifter: «Forskrift om bruk m.v. av skogavgift» fastsett 20. april 1994, «Forskrift om innbetaling av skogavgift og måling av skogvirke mv.» fastsett 12. juni 1995 samt 2 forskrifter om bruken og forvaltninga av rentemiddel av skogavgifta. I tillegg fastset departementet kvart år satsane for innbetaling av skogavgift i ei eige forskrift.

Det finst også reglar knytt til skogavgifta i ei forskrift gitt i medhald av skattelova (»Forskrift til utfylling og gjennomføring m.v. av skatteloven av 26. mars 1999 nr.14»)

Departementet foreslo i høyringsnotatet å endre nemninga skogavgift til skogfond. Ein foreslo vidare å samle alle reglane om skogfond i 3 føresegnar, ei om innbetaling til skogfond (§ 14), ei om bruk av skogfond (§ 15) og ei om renter av skogfondsmiddel (§16). Forslaga innebar store endringar i oppbygging og ordlyd, men det var ikkje tilsikta nemnande endringar. Dei representerte ei sanering av mange av dei reglane i gjeldande lov som anten ikkje lenger er aktuelle, eller som har eit slikt innhald at dei bør stå i forskrifter.

I føresegna om innbetaling til skogfond, høyringsnotatet § 14, foreslo departementet at det skulle kome klarare fram at skogfond er ei tvungen fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere eit berekraftig skogbruk. Resten av føresegna har dei same elementa som i gjeldande skogbrukslov med omsyn til når det skal betalast inn til skogfond, og når skogeigaren kan søkje om fritak frå innbetalingsplikta. Departementet foreslo at Fylkesmannen skal ha mynde til å gi slike fritak. Reglane om tilknyttinga mellom skogfondet og eigedommen blei også foreslått ført vidare. Departementet foreslo heller inga endring i minstesatsane for innbetalinga som i gjeldande skogbrukslov er 2 %. Unntaket i gjeldande lov for virke til eige bruk i samband med landbruksverksemda blei ved ein feil foreslått fjerna.

I føresegna om bruk av skogfondet, høyringsnotatet § 15, foreslo ein at skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar til fordel for den skogen som virket kjem frå, eller til fordel for annan skog skogeigaren har i same kommune. Ein foreslo at overføring av skogavgift til annan skog som skogeigaren har framleis kan skje med godkjenning frå skogbruksstyresmakta. I opprekninga av kva skogavgifta skal kunne nyttast til foreslo departementet å ta inn «tiltak som tar sikte på å sikre viktige miljøkvalitetar i skogen». Dette er nytt i høve til gjeldande føresegn. Ein foreslo dessutan at skogeigaren, som i dag, kan søke om å få frigitt skogfondsmiddel når det ikkje er behov for investeringar i skogen.

I føresegna om renter av skogfondsmiddel, § 16 i høyringsnotatet, blei det ikkje foreslått endringar i høve til tilsvarande føresegn i gjeldande skogbrukslov.

#### 6.7.1.2 Innspel frå høyringsinstansane

Det er kome 89 innspel til forslaget om § 14 i høyringsnotatet. 50 innspel gjeld § 15 og 8 innspel gjeld § 16.

Mange av høyringsinstansane er ikkje samde i forslaget om at uttak av virke til eige behov i samband med verksemd som gjeld jord og skog skal vere grunnlag for innbetaling av skogavgift. Både frå forvaltninga og organisasjonar er det gitt kommentarar om at fondet må kunne brukast til vegbygging. Nokre høyringsinstansar seier at kommunane bør kunne bestemme meir når det gjeld korleis midla skal brukast. Enkelte meiner at det er behov for å presisere nærare kva for tiltak det er som tek sikte på å sikre viktige miljøkvalitetar. Gjennom høyringa er det også kome fram spørsmål om det er tenleg å føre vidare føresegnene om rentemiddel. Etter gjeldande lov skal rentemidla nyttast til administrasjon av ordninga med skogavgift, og til dekking av moglege tap i samband med innkrevjinga. Dei midla som ikkje blir brukte til desse formåla, kan disponerast til felles tiltak og andre formål til beste for skogbruket. Dette inneber at det er rentenivået som til ein kvar tid er med og set rammer for denne aktiviteten.

#### 6.7.1.3 Departementet sine vurderingar

Ordninga med skogavgift har gjennom mange år vore eit berande element i bruken av verkemiddel i skogpolitikken. Skogavgifta har vore ein garanti for at nødvendige investeringar blir finansierte, særleg plikta til forynging etter hogst. Dei endringane som er gjennomførte dei siste åra når det gjeld tilskot til skogkultur gjer at ordninga med ei fondsavsetjing vil få endå større verdi i framtida. Departementet foreslår derfor å føre ordninga vidare med den nye nemninga skogfond. Endringa gjer det klart at ordninga er bygd opp om ein tvungen fondsavsetnad, og at det ikkje dreier seg om ei avgift til staten.

I samband med gjennomgangen har departementet vurdert ordninga i høve til reglane i EØS-avtalen om statsstøtte og om fri kapitalrørsle.

Plikta til forynging av skogen etter hogst har lang tradisjon i den norske skoglovgjevinga, og departementet foreslår at denne plikta blir ført vidare i lovforslaget § 6. Utviklinga i skogbruket ber preg av aukande bruk av leigd arbeidskraft for å gjennomføre ulike tiltak i skogen. Dette gjer at ein må rekne med meir ujamn drift på den enkelte eigedommen framover. Større variasjon i verksemda, og ei meir konkretisert plikt til å forynge skogen etter hogst, stiller krav til dei kontrollordningane det offentlege har. Departementet har gjennom åra utvikla eit omfattande administrativt system knytt til skogfondsordninga som gjer at kommunane sine kontrolloppgåver kan gjennomførast med akseptable kostnader og akseptabel arbeidsbyrde. Ordninga med eit skogfond gir også skogbruksstyresmaktene nødvendige dokumentasjon og statistikk for å

følgje opp utviklinga for skogkultur og andre investeringar i skogbruket.

Kontrollen med plikta til forynging blir viktigare enn før dersom omsetnaden av skogeigedommar aukar. Auka omsetnad av skogeigedommar kan føre til kortvarige eigarskap noko som aukar risikoen for at det blir avverka for mykje, og at oppfølginga av plikta til forynging frå eigaren si side blir mangelfull. I slike høve sikrar innbetalte midlar på kontoen for skogfond finansieringa av forynginga fordi fondet følgjer eigedommen utan omsyn til kven som er eigar.

Departementet meiner at dei lovføresegnene som gjeld no er meir detaljerte enn nødvendig. I forslaget til ny lov er talet på føresegner om skogfond korta ned i høve til gjeldande lov. Ein har no berre teke med dei grunnleggjande prinsippa for ordninga, og det som krev lovheimel i høve til skogeigaren. Departementet foreslår slik som i høyringsnotatet 3 føresegner om skogfond, ei om innbetaling (§ 14), ei om bruk (§ 15) og ei om renter av skogfondsmiddel (§ 16).

I lovutkastet § 14 om innbetaling til skogfond gjer ein klart at innbetalinga er ei fondsavsetjing, og i kva for tilfelle det skal bli satt av middel til fondet. Forslaget til føresegn fører elles vidare ordninga slik ho er fastsett i gjeldande reglar, men med noko forenkla ordlyd. Departementet gjer merkam på at det var komen inn ein feil i høyringsnotatet som mange av høyringsinstansane har festa seg ved. Det skal framleis vere slik at skogeigaren ikkje plikter å innbetale til skogfondet ved hogst av virke som skal dekkje eige behov i samband med verksemd som gjeld jord og skog. Denne feilen er retta opp i lovutkastet. Ein gjer såleis ingen endringar i høve til gjeldande lov når det gjeld grunnlaget for innbetalinga.

Vidare er det som tidlegare teke inn ein heimel i tredje ledd for å kunne frigi skogfondsmiddel på dei same vilkåra som i gjeldande lov. I fjerde ledd er det som i gjeldande lov fastsett at skogfondsmiddel følgjer eigedommen ved overdraging til ny eigar, og at midla ikkje kan skiljast frå eigedommen. Departementet foreslår at minste sats for innbetaling blir 2 % som i gjeldande lov, jf. femte ledd.

Satsane for skogavgifta blir etter gjeldande reglar fastsette i forskrift, og er for 2004 innafor eit valfritt intervall på 4 – 40 %. I den nye lova foreslår departementet at satsane skal fastsetjast av departementet, men ein fører ikkje vidare regelen om at dette skal skje for kvart driftsår.

Reglane om kva skogfondet kan bli brukt til er foreslått tekne inn i lovutkastet § 15. Departementet foreslår at midla skal brukast til langsiktige investeringar til fordel for den skogen som virket kjem frå, eller til fordel for annan skog skogeigaren

har i same kommune slik reglane er i dag. I andre ledd nemner ein nokre av dei viktigaste formåla som skogfondsmiddel kan bli brukt til. Vegbygging er eitt tiltak blant mange andre i samband med skogproduksjon, og det skal sjølvsagt framleis vere mogeleg å bruke av skogfondet til dette. Med sikte på å gjere dette tydeleg, er vegbygging nemnt i lovforslaget § 15. I tråd med forslaget i høyringsnotatet foreslår departementet at skogfondet bør kunne brukast til tiltak som tek sikte på å ta vare på viktige miljøkvalitetar i skogen. Med sikte på ein konsekvent språkbruk har ein likevel i lovutkastet bytt dette ordet med uttrykket «miljøverdiar». Endringa i høve til høyringsutkastet er ikkje meint som ei realitetsendring. Det er nytt i høve til gjeldande lov at skogfondet kan brukast til slike tiltak, og fleire av høyringsinstansane har gitt uttrykk for at dei er positive til dette. Spesifiseringa av kva for tiltak som er aktuelle vil bli fastsett i forskrift.

I lovutkastet § 16 foreslår departementet å føre vidare ordninga med at skogeigaren ikkje har krav på renter av innståande middel på skogfondet. Rentene skal etter dette i første rekkje bli brukte til administrasjon av ordninga, og tap som kan oppstå ved innkrevjinga. Dei midla som ikkje trengst til desse formåla kan som tidlegare brukast til ullike skogbruksformål etter nærare forskrifter fastsett av departementet. Rentemiddelordninga er ei gammal ordning som har eksistert like lenge som skogavgifta og har blitt brukt til desse formåla sidan 1932. Som nemnt ser departementet at det kan reisast spørsmål om dette er ei tenleg løysing. Denne ordninga inneber at rentenivået set rammer for slike tiltak. I den seinare tida har renta blitt mykje lågare samtidig som kostnadene knytt til administrasjon, tapsavsetjingar og andre aktuelle tiltak ikkje har blitt tilsvarende lågare. På denne bakgrunn vil departementet gjennomføre ei evaluering av desse spørsmåla, og vurdere om det er tenleg å føre vidare ei ordning der skogeigarane ikkje får renteinntektene frå skogavgifta. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med forslag knytt til bruken av rentemidla og finansiering av dei tiltaka som er nemnde her.

Departementet foreslår at reglane i § 49, om innbetaling av ekstraordinær skogavgift, i gjeldande lov ikkje blir ført vidare i den nye lova. I dei seinare åra har ein lagt opp til at skogeigaren sjølv kan velje ein sats for innbetaling av skogavgift innafor eit fastsett intervall. Etter dette er heimelen om ekstraordinær innbetaling ikkje nytta. Intervallet er som nemnt for tida 4 – 40 %. Det er derfor ikkje lenger nødvendig å ha reglar om ekstraordinær innbetaling til skogfond.

Når lova trer i kraft vil departementet fastsetje ei samla forskrift om skogfundsordninga, der dei

meir detaljerte reglane vil bli gitt, m.a. reglar om administrasjon av ordninga. Ein tar i hovudsak sikte på å føre vidare gjeldande reglar. Døme på dette er reglane i § 42 i gjeldande lov om korleis skogavgifta skal krevjast inn i praksis, og i § 47, andre ledd, om korleis inneståande skogavgift skal delast når ein eigedom blir splitta opp. Ei flytting av dei mest detaljerte reglane over i ei forskrift gir moglegheit til å tilpasse praktisering av ordninga etter utviklinga og dei næringsmessige og skogpolitiske behova til ei kvar tid. Det er såleis gitt heimel for departementet til å gi forskrifter i alle dei 3 føresegnene i lova (§ 14, 5. ledd, § 15, 3. ledd og § 16, 2. ledd, siste setning).

## 6.7.2 Tilskot

### 6.7.2.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Det er fleire statlege tilskotsordningar som gjeld skogbruk. Fram til midten av 1990-åra bygde tilskotsforskrifter innafor landbruket på Stortinget sitt budsjettvedtak. Etter at jordlova blei vedteke i 1995 har alle tilskotsforskrifter innafor landbruket blitt heimla i § 18 i jordlova. Føresegna lyder:

«Etter retningsliner fastsett av Stortinget, kan departementet fastsetja føresegner om fordeling og vilkår for utbetaling av tilskot etter jordbruksavtalen eller liknande tilskot.»

Innafor skogbruket var det tidlegare utarbeidd ei forskrift for kvar tilskotsordning. I 2004 fastsette departementet 2 nye forskrifter som dekkjer alle dei ulike tilskota. Forskriftene er: «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» og «Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer». Begge er fastsette 4. februar 2004.

I høyringsnotatet foreslo departementet å ta inn ei eigen føresegn i den nye skogbrukslova som gir heimel til å gi forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skog etter slike rammer som Stortinget gir. Departementet viste til at ansvaret for forvaltninga av tilskotsordningane i praksis er lagt til skogbruksstyresmaktene etter § 4 i gjeldande skogbrukslov. Ein meinte da at ein eigen heimel i skogbrukslova kan føre til at tilskotsforvaltninga blir betre samordna med dei andre føresegnene i lova.

### 6.7.2.2 Innspel frå høyringsinstansane

Departementet har motteke innspel frå 2 fylkeslandbruksstyre, ein fylkesmann, ein kommune og 3 andre til § 18. Det er ingen som har innvendingar mot at det blir teke inn ein heimel i den nye lova til å gi forskrifter om tilskot til skogbruket. Høyrings-

instansane har i liten grad gitt kommentarar til forslaget.

### 6.7.2.3 Departementet sine vurderingar

Det er dei siste åra gitt rammer for tilskot til skogbruket over statsbudsjettet både innanfor og utafør jordbruksavtalen gjennom Landbrukets utviklingsfond. Tilskotsordningane har tradisjonelt retta seg mot langsiktige investeringstiltak i skogbruket som planlegging, skogkultur og bygging av skogsbilvegar. I tillegg er det gitt tilskot til transport, til tiltak for å fremme foredling av trevirke, og til enkelte andre tiltak i skogbruket. Frå tidleg på 1990-talet er tilskota til skognæringa samla sett blitt reduserte år for år.

Etter omlegginga av skogpolitikken i 2002–2003 er fleire av dei nemnde tilskota tekne bort. Frå 2004 er tilskot til skogbruk i all hovudsak flytta frå jordbruksavtalen til ein annan post på statsbudsjettet, og midla vil bli fastsett direkte over statsbudsjettet som tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og til skogbruksplanlegging. Med unntak av middel som er knytt til kompetansehevande tiltak, blir midla fordelt frå departementet til fylkesmennene, og vidare til kommunane ut frå kommunevise strategiar. Tildelinga til kommunane byggjer på at kommunane gjennom kommunereforma er gitt større ansvar og fridom.

Det er inga føresegn i gjeldande skogbrukslov om statlege tilskot. Forskriftene som gjeld slike tilskot er etter 1995 fastsett med heimel i jordlova, og før dette med heimel i Stortinget sine årlege budsjettvedtak. Departementet meiner at ein eigen lovheimel for tilskot i samband med skogbruk er pedagogisk, og at ein slik heimel er i samsvar med landbruket sitt lovverk elles. Departementet foreslår å innarbeide ei ny føresegn i lova med ein klar heimel til å fastsetje forskrifter om forvaltning, fordeling av og vilkår for statlege tilskot, og om den kontrollen styresmaktene på ulike nivå skal føre. Som uttalt i høyringsnotatet meiner departementet at ein forskriftsheimel i den nye lova vil gi forskriftene ei binding til lova som gir skogbruksstyresmaktene eit betre grunnlag for å vurdere tilskotsforvaltninga i samheng med formålet i lova og dei andre reglane i lova. Føresegna går fram av lovutkastet § 19.

## 6.8 Forsking og utvikling

### 6.8.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

I lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestilltak i skogbruket fastsett 9. november 1956 går det fram at skogeigarar kan bli kravd for ei avgift. Etter

at lova frå 1956 tok til å gjelde blei det kravd inn avgift i driftsåret 1956–1957.

I § 1 går det fram at Kongen, for eitt år om gangen, kan bestemme at det skal svarast ei avgift på skogsvirke. Avgifta går til eit fond (Skogtiltaksfondet), som har til formål å yte tilskot etter lån til fremme av skogbruk gjennom felles tiltak. Forvaltninga og disponeringa av fondsmidla ligg til eit eige styre. Fleirtalet av medlemene i fondstyret skal representere seljarane av skogsvirke. Kongen kan gi nærare forskrifter om samansetjinga av styret, om verksemda i fondet, forvaltninga av fondet, og om korleis utgiftene fondet har skal dekkjast. Kongen skal etter § 2 kvart år fastsetje kva slag skogsvirke som skal vere avgiftspliktig, og storleiken på avgifta. Etter § 3 kan departementet fastsetje forskrifter om gjennomføring av avgiftsordninga, og mellom anna gi reglar om berekningsgrunnlaget, innbetaling av avgift, rente ved for sein betaling, opplysningsplikt, rekneskapsplikt og om høve til å foreta gransking av dei avgiftspliktige sine rekneskapsopplysningar og ei rekkje andre relevante interne opplysningskjelder. Kongen kan etter § 4 bestemme at samanslutningar skal hjelpe til for å gjennomføre avgiftsordninga, og Kongen kan gi dei fullmakt til å krevje opplysningar og foreta gransking som nemnt i § 3.

I St.meld. nr. 17 (1998–99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren (Skogmeldingen), blei det teke til orde for å nytte lova på ny. Grunngevinga var at departementet i forståing med skogeigarane sine organisasjonar ville styrkje den økonomiske innsatsen i eit program for verdiskaping i skogsektoren. Dette blei sett i verk etter «Forskrift om avgift til fremme av fellestiltak for skogbruket» fasett 10. april 2000. Avgifta blei sett til kr. 0,50 pr fastkubikkmeter skogsvirke. Skogeigarorganisasjonane er samde om at det bør vere ei slik avgift i nokre år.

I høyringsnotat foreslo departementet å oppheve lova og erstatte henne med ei eiga føresegn, § 17 i høyringsforslaget. Ein viste til at reglane i lova frå 1956 var unødvendig detaljerte og at dei reglane som er nødvendige, men som ikkje er nemnde i den nye føresegna, kan fastsetjast i ei eiga forskrift. Dette gjeld til dømes reglar om samansetjing av styret, om verksemda i fondet og forvaltning av fondet, og korleis utgiftene fondet har skal dekkjast.

Ein fylkesmann og 2 kommunar og Norges Skogeierforbund har gitt innspel til høyringsutkastet § 17. Kommentaraner gjeld på kven som skal forvalte midla.

## 6.8.2 Departementet sine vurderingar

Departementet meiner ein kan oppnå regelforenkling ved å oppheve lova og setje inn ei føresegn i den nye skogbrukslova med ein heimel til å krevje inn den aktuelle avgifta. Forslaget til føresegn går fram av lovutkastet § 17.

Departementet foreslår etter dette ei føresegn som inneber at departementet framleis kan krevje inn ein avgift til fremme av forskning og utvikling i skogbruket. Departementet meiner at føresegna også må innehalde ein heimel til å gi forskrift om nærare reglar om innbetaling, bruk og forvaltning av avgifta, og for kor lang periode ho skal krevjast inn. Dei tilhøva som går fram av lova frå 1956, og som ikkje er tekne med i den nye føresegna, bør, så langt dei høver fastsetjast i ei eiga forskrift. Avgiftsordninga byggjer på ei samforståing med skogeigarorganisasjonane. Organisasjonane kan spele inn sine interesser i samband med utforminga av forskrifta. Dersom detaljreglane vert fastsett i forskrift på denne måten, kan dei lettare bli tilpassa endringar i rammevilkåra. Forslaget legg såleis til grunn ei meir fleksibel ordning enn den vi har i dag.

## 6.9 Sanksjonar

### 6.9.1 Oversyn og framsette forslag til endringar

Departementet ser det som eit mål å utarbeide reglar om sanksjonar som i størst mogleg grad er effektive utan at dei går lenger enn det som er nødvendig for å sikre tenleg etterleving av lova. Ein meiner elles at det er behov for reglar som kan sikre gjenoppretting av skade.

Straffeføresegna i gjeldande lov omfatta fram til 1973 straff i form av bøter og inndraging av ulovleg avverka virke, eller verdien av slikt virke. Regelen om inndraging blei oppheva i 1973 i samband med ein samla gjennomgang av straffeføresegnene i særlovgjevinga. Etter gjeldande lov § 52, kan brot på lova straffast med bøter. Det er berre skogoppsynet som kan krevje at brot på reglane blir påtalt. I nokre tilfelle kan brotet straffast etter føresegner i anna lovverk som kan ha andre, og til dels mykje strengare strafferammer, til dømes straffelova § 152 b.

Det er få saker som har blitt påtala etter skogbrukslova. Departementet innhenta i 2000 opplysningar frå fylke og kommunar om dette. Opplysningane viste at i dei seinare åra er 20 – 25 saker meldt til politiet. Dei fleste av desse sakene gjaldt ulovleg vegbygging eller hogst. Fleire saker er av ulike år-

saker blitt lagt bort av politiet, og berre få saker førte til bøter.

I høyringsnotatet foreslo departementet å skjerpe strafferamma slik at det blir heimel for både bøter og fengsel i inntil eitt år for den som bryt reglane i den nye skogbrukslova. Forslaget gjekk fram av høyringsutkastet § 21, første ledd. Departementet foreslo elles at føresegna om at påtale må skje av skogoppsynet skulle opphevast. Ut over dette foreslo departementet å innføre ein heimel for pålegg om tvangsgebyr slik ordninga er i jordlovsaker, jf. § 20 i jordlova.

### 6.9.2 Innspel frå høyringsinstansane

Departementet har motteke innspel frå 28 høyringsinstansar. Dette er Miljøverndepartementet, Justisdepartementet, 4 fylkeslandbruksstyre, 2 fylkesmenn, 15 kommunar og 5 andre.

Enkelte reiser spørsmål om det er behov for ei skjerping av strafferamma. Det er ulike meiningar om forslaget om at også andre enn skogbruksstyresmakta skal kunne påtale straffbare handlingar etter lova. Norges Skogeierforbund meiner at strafferamma ikkje bør utvidast, men kan akseptere ei ordning med tvangsgebyr. NORSKOG meiner på si side at det ikkje er dokumentert behov for strengare straffereglar enn dei vi har i dag. Norges Naturvernforbund meiner det er ønskeleg at andre enn skogoppsynet kan påtale brot på lova. Justisdepartementet meiner at det ikkje bør vere ein generell strafferegel i lova. Departementet uttaler:

«Som utk. § 21 første ledd står, vil den for eksempel medføre at overdtredelser av bestemmelser om skogfondet vil være straffbare. Det er vidare Justisdepartementets syn at bestemmelsen om skogeierens forvalteransvar i utk. § 4 er for generelt formet til at den bør straffesanksjoneres, men vi viser til det vi har sagt foran under punkt 4 om håndheving på annan måte. Det er derfor nødvendig å spesifisere i straffebestemmelsen hvilke overtredelser som skal være straffesaksjonert, i tråd med de anbefalingar som er gitt, bl.a. i NOU 2003:15 Fra bot til bedring. Alternativet er at en i § 21 unntar de bestemmelser hvor brudd på normen ikkje bør straffesaksjoneres.»

Forslaget om tvangsgebyr er vel motteke. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag oppmodar departementet til å lage retningslinjer for oppfølging med tvangsgebyr. Justisdepartementet er og samd i ein slik heimel, men uttaler at det og kan vere tenleg å innføre andre reglar som kan sikre direkte gjennomføring.

### 6.9.3 Departementet sine vurderingar

#### 6.9.3.1 Generelt om sanksjonar etter ny skogbrukslov

I samband med arbeidet med ny skogbrukslov har skogbruksstyresmaktene lokalt og regionalt etterlyst klarare og meir omfattande moglegheiter for sanksjonar. Oppbygging av kunnskap for skogeigarane og den tekniske utviklinga knytt til planlegging for skogbruk, har ført til at alle som eig skog, eller jobbar i skogen no har langt betre moglegheit for å unngå tiltak som skader den vidare utviklinga av skogen eller viktige miljøverdiar. Departementet meiner på dette grunnlaget at det er behov for å styrke reglane om sanksjonar i høve til gjeldande lov.

Landbruks- og matdepartementet har i denne samanhengen merka seg dei synspunkta som er fremma i NOU 2003:15 der eit utval har gått gjennom særlovgjevinga med sikte på ei samanfattande tilnærming til reglane om straff og andre sanksjonar. Departementet har mellom anna registrert at utvalet ser det som eit hovudproblem at altfor mange regelbrot er straffbare, og at ein for stor del av straffereglane er tomme trugsmaal i den forstand at dei i liten mon, eller ikkje i det heile, blir handheva. Vidare har departementet registrert at utvalet meiner at mengda straffesaker i straffeapparatet fører til at straff i saker etter særlovgjevinga ofte krev for mykje ressursar, tar for lang tid eller verkar unødige hardhendte. Departementet meiner med dette som bakgrunn at det er grunn til å ha ei bevisst haldning til kva for brot på reglane som bør knytast til straff og kva for brot der ein best kan reagere med andre virkemiddel.

#### 6.9.3.2 Straff

Føresegna om straff bør etter departementet sitt syn i første rekkje gjelde brot på føresegner om skogbrukstiltak jf. lovutkastet kapittel 2. Dette kan sikre at lova blir følgd. Avgrensinga dekkjer tiltak som blir sett i verk utan heimel eller løyve, eller som er i strid med slik heimel eller løyve. Let skogeigaren vere å setje i verk tiltak, til dømes manglande foryngingstiltak etter § 6 første ledd, eller manglande melding om tiltak etter lovutkastet § 11, bør også dette kunne utløyse straff. Departementet meiner med bakgrunn i dette at behovet for ein straffesaksjon er til stades dersom nokon bryt føresegna om forynging, jf. lovutkastet § 6, om vegbygging jf. lovutkastet § 7, hogst og måling etter § 8, og dersom skogeigaren ikkje sender inn melding der kommunen har innført meldeplikt etter lovutkastet § 11.



Føresegna om straff bør også gjelde brot på føresegner om forvaltninga av vernskog jf. forskrift gitt med heimel i lovutkastet § 12 andre ledd, og brot på forskrift gitt etter § 13 for område med høgt prioriterte miljøverdiar. I slike høve er brotet på lova til skade for viktige ressurs- og miljøomsyn.

Føresegnene bør dessutan gjelde avsetjing og bruk av skogfondmiddel, jf. lovutkastet § 14 og 15, og manglande avsetjing av avgift til forskning og utvikling i skogbruket jf. lovutkastet § 17.

Departementet har vurdert om føresegna om straff bør gjelde brot på skogeigaren sitt forvaltaransvar etter lovutkastet § 4. Etter departementet si meining er det berre brot på forskrifta om skogeigaren sitt miljøansvar jf. lovutkastet § 4 tredje ledd som bør knytast til føresegna om straff. Tiltak som etter lovutkastet første ledd første punktum er i strid med føresegnene i lova kan straffast etter den enkelte føresegna dette gjeld, jamfør det som er sagt ovafor. Plikta til å ha oversikt over miljøverdiarne kan straffast etter reglane i miljøinformasjonslova, og departementet meiner at plikta til å ta miljøomsyn er så generelt formulert, at det ikkje er tenleg med straff som reaksjon.

Departementet meiner at det berre bør vere aktuelt med straff som sanksjon dersom brotet på lova er vesentleg.

Avgrensinga ovafor fører til at straff etter departementet si meining i første rekkje vil vere knytt til slike brot på reglane i skogbrukslova der handlinga fører til skade på miljøet eller på skogressursane. Departementet meiner det er grunn til å markere klart at slike handlingar ikkje kan akseptast. Lova bør derfor ha ei høgare strafferamme enn den som er fastsett i gjeldande lov. Etter departementet si meining bør strafferamma hevast til bøter eller fengsel inntil 1 år.

Forslaget er uttrykk for at skade på natur bør ha ei høgare straff enn tidlegare, samstundes som straffeutmålinga sjølv sagt må stå i høve til skaden eller den vinninga som er oppnådd ved brot på lova. Skjerping av føresegna om straff gjer tydeleg det forvaltaransvaret skogeigaren har. I grove tilfelle kan handlingar som representerer brot på den nye skogbrukslova på same måte som etter gjeldande lov også straffast etter reglane om miljøkriminalitet i straffelova.

§ 52 i gjeldande lov har ein regel om at brot på lova ikkje kan påtalast utan etter krav frå skogbruksstyresmakta. I ein del høve har styresmakterne ikkje påtala forhold som særleg miljøinteressene har meint er i strid med lova. Departementet viser til at straffebodet etter dei liner som ein har gjort greie for ovafor i første rekkje blir knytt til tiltak som er til skade for miljø og naturressursar. Ein

meiner på bakgrunn av dette at avgrensinga av påtaleretten ikkje er tenleg. Ei slik avgrensing er heller ikkje i samsvar med omsyna til open forvaltning, innsyn og medverknad. Påtaleretten bør difor ikkje vere avgrensa til skogbruksstyresmakta i den nye lova.

Forslaget til føresegn om straff går fram av lovforslaget § 22.

### 6.9.3.3 Administrative tiltak

Departementet foreslår ei føresegn om tvangsmulkt etter same lest som i jordlova § 20. Ei slik føresegn har blitt etterlyst av skogbruksstyresmakterne lokalt og regionalt.

Tvangsmulka er såleis aktuelt der ein skal sikre at føresegnene i lova og vedtak fatta med heimel i lova blir gjennomførte. Tvangsmulka må kombinerast med pålegg om tiltak som kan føre til gjenoppretting av skade der det er mogleg å gjenopprette. I slike høve er tvangsmulkt etter departementet si vurdering meir tenleg enn straff.

Forslaget er teke inn i lovutkastet § 23.

## 6.10 Omdisponering, tilhøvet til jordlova

### 6.10.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Når eit skogareal blir søkt frådelt slik at det kan nyttast til eit anna formål enn skogproduksjon, er det etter gjeldande reglar nødvendig med behandling av søknaden både etter jordlova og skogbrukslova. I mange høve må disponeringa også behandlast etter plan- og bygningslova sine reglar.

§ 50 i gjeldande skogbrukslov regulerer omdisponering av skogmark til andre formål enn skogproduksjon. Hovudregelen er at skogeigar må ha samtykke frå skogoppsynet til omdisponering av skogmark til annan bruk enn skogproduksjon, med mindre arealet skal brukast til særleg nemnde formål. Dette er der skog blir rydda og marka dyrka til jordbruksformål, eller brukt til byggetomt, veg, grustak, industrielt anlegg, opplags-, laste eller velteplass. I slike høve er det berre meldeplikt, og nærare reglar om meldeplikta går fram av § 50 femte ledd.

I § 50 andre ledd er det fastsett at skogeigaren må ha godkjenning frå skogoppsynet for omdisponering av skogmark når det står yngre tilfredsstillande skog på skogmarka, eller dersom skogeigaren etter pålegg eller avtale har plikt til å utføre skogkulturarbeid på vedkommande areal fordi det

er eit mål å få opp ny skog der det er hogd. Skogoppsynet si godkjenning er og nødvendig ved omdisponering av skogareal som er gitt status som vernskog.

Når ei omdisponering av skogmark blir godkjend, skal skogoppsynet etter § 51 setje ein bestemt frist for skogeigaren til å utføre arbeidet. Er arbeidet ikkje utført innan fristen, og skogoppsynet ikkje finn grunn til å forlengje fristen, kan oppsynet gi pålegg om at marka skal setjast i stand til skogproduksjon att. Skogoppsynet kan vidare bestemme kva slag arbeid som skal gjerast, mellom anna skogkulturarbeid. Skogoppsynet kan setje ein slik frist sjølv om omdisponeringa ikkje krev godkjenning.

I høyringsnotatet foreslo departementet at den nye lova ikkje skal innehalde føresegnar om omdisponering av skogsmark. Ein peka på at dei fleste omdisponeringar av skog no skjer igjennom planverktøy knytt til plan- og bygningslova. §§ 50 og 51 i gjeldande lov har i dei seinare åra berre vore eit supplement til føresegnene om deling i jordlova, slik at søknader om deling av ein eigedom som også har omfatta omdisponering av skog har blitt behandla under eitt. Departementet foreslo derfor ei samordning og forenkling ved at føresegnene om godkjenning for omdisponering av skog, og noko nærmare om dei omsyna som det skal leggjast vekt på ved handlinga av ein søknad om omdisponering av skog, burde gå fram av § 9 i jordlova.

### 6.10.2 Innspel frå høyringsinstansane

Departementet har motteke 24 innspel knytt til forslaget om å flytte regelen om omdisponering av skog til jordlova. Forslaget er kommentert av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, fylkeslandbruksstyra i Hordaland, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag og Troms, 18 kommunar og Glåmdal Regionråd. Nokre av høyringsinstansane meiner at forslaget er godt, og at det fører til klarare og enklare reglar om omdisponering. Andre meiner det vil vere uheldig at reglane blir tekne bort i ny skogbrukslov, fordi reglane gjer synleg at arealdisponering er ein viktig del av skogforvaltninga.

### 6.10.3 Departementet sine vurderingar

Dei fleste omdisponeringar av skogmark skjer i dag gjennom planverktøy knytt til plan- og bygningslova. §§ 50 og 51 har ingen sjølvstendig plass i desse planprosessane sjølv om landbruksinteressene skal takast vare på i samband med handlinga av planane. Føresegnene om omdisponering har i dei seinare åra berre vore eit supplement til føre-

segnene om deling i jordlova. Når søknader om deling av ein landbrukseigedom har omfatta omdisponering av skog, har delings- og omdisponeringsspørsmålet blitt behandla under eitt.

På bakgrunn av dette foreslo departementet at føresegnene om omdisponering av skogmark ikkje skulle takast inn i den nye skogbrukslova, og at omdisponering av skog skulle regulerast gjennom eit nytt andre ledd i § 9 i jordlova. Departementet har kome til at forslaget i høyringsnotatet ville virke unødig strengt. Forslaget ville føre til at omdisponering som det etter gjeldande lov er meldeplikt for ville utløyse krav om dispensasjon. Styresmaktene ville berre kunne gi løyve til omdisponering dersom det fanst særlege grunnar til å gi slikt løyve, og der ein etter ei samla vurdering fann at omsynet til skogbruksinteressene burde vika. Skog ville såleis få styrka vern mot omdisponering til andre formål, like sterkt vern som dyrka og dyrkbar jord. Dette ville vere ei skjerping i høve til gjeldande reglar. Departementet finn ikkje at det er grunnlag for ei slik skjerping av reglane.

I praksis er det sjeldan reglane i skogbrukslova som hindrar omdisponering av skogmark. Er skogmarka dyrkbar, må skogeigarar som vil omdisponere søke dispensasjon med heimel i jordlova § 9. Skal marka delast frå bruket, må skogeigaren søke løyve etter jordlova § 12. Skal arealet brukast til andre formål enn det som går fram av reguleringsplan eller kommuneplan, må skogeigaren søke dispensasjon frå planen, jf. plan- og bygningslova § 7. Dette gjeld også i høve der skogmarka er regulert eller lagt ut til andre formål enn landbruksformål. Rett nok kan omsynet til skogbruksressursane i liten mon tilleggjast vekt ved avgjerd etter desse reglane i anna lovverk. Praksis viser likevel at det svært sjeldan er omsynet til skogbruksressursane som er grunnlag for avslag frå styresmaktene.

Departementet vil presisere at det er eit mål i arbeidet med ny skogbrukslov å forenkle reglane der dette er mogleg, og der ikkje viktige nasjonale omsyn blir skadelidande gjennom ei slik forenkling. Departementet meiner at ein kan oppnå forenkling ved at både søknadsplikt og meldeplikt ved omdisponering etter gjeldande skogbrukslov blir oppheva. Denne forenklinga representerer etter departementet si vurdering liten fare for skogbruksressursane, fordi behova for å kontrollere omdisponering av skogmark i all hovudsak er dekt gjennom anna lovgjeving.

Det er eit mål for lovutkastet at skogeigaren sjølv skal ha hand om verdiskapinga, og bør kunne forvalte skogen ut frå egne mål og prioriteringar, sjå mellom anna i lovutkastet § 4. Kravet i gjeldande lov § 50 om at skogeigaren må søke løyve for å hog-

ge ungskog høver dårleg med dette målet, og departementet foreslår at denne kontrollordninga blir oppheva i den nye lova. Sjå omtalen av dette under kapittel 6.4.3.3. Departementet viser til at det bør vere opp til skogeigaren sjølv å vurdere om og når trea skal hoggast. Ein er merksam på at oppheving av søknadsplikta skaper ein viss risiko for at enkelte skogeigarar kan omgå plikta til forynging etter hogst, jf. lovutkastet § 6. Ein reknar likevel med at dette ikkje vil kunne få nemnande omfang. I praksis vil det truleg ikkje vere noko problem å konstatere når plikta til forynging bør gjelde.

Departementet foreslår etter dette at reglane i gjeldande lov §§ 50–51 ikkje blir ført vidare i den nye lova, og heller ikkje blir flytta til anna lovverk.

## 6.11 Lov om husbruksskog

### 6.11.1 Gjeldande rett og forslag til endringar

Lov om husbruksskog av 9. juni 1939 nr. 17 hadde til formål å gi eigarar av jordbruk moglegheit for å sikre seg nødvendig trevirke til eige behov, jf. § 1. Ein la opp til at fleire jordbrukarar skulle gå saman om kjøp og drift av ein felles skog, og at Kongen kunne gi samtykke til å opprette den innkjøpte skogen som ein husbruksskog, jf. § 2. I lova er det forbod mot oppdeling av slik skog utan etter samtykke frå Kongen, jf. § 3. Departementet kan fastsetje tallet på lodder i ein husbruksskog, og fordelinga av loddene, jf. § 4. Kvar enkelt eigedom fekk ein lodd i husbruksskogen, og denne delen kunne ikkje delast frå eigedommen utan samtykke frå departementet, jf. § 5. Lova har vidare føresegner om loddeigarane sine plikter (§ 6), om samansetjing av styre for husbruksskogen (§ 7), om styret sine oppgaver (§ 8) og fleire føresegner om korleis drifta skal vere, jf. §§ 9 til 14. Lova inneheld også føresegner om eventuell avkastning og pantsetting mv., jf. §§ 15 til 17.

I samband med fastsetjinga av gjeldande skogbrukslov i 1965 blei det bestemt at det ikkje skulle kunne opprettast nye husbruksskogar etter 1. januar 1966, jf. § 19 i husbruksskoglova. Det er no berre ein husbruksskog igjen i Norge, og den er under omdanning til ei anna eigarform.

I høyringsnotatet foreslo departementet å oppheve lova om husbruksskog. Det blei vist til at den siste husbruksskogen var under avvikling, og at det derfor ikkje er behov for føresegner om husbruksskog.

### 6.11.2 Departementet sine vurderingar

Spørsmålet om å oppheve lova om husbruksskog blei teke opp av Skogkommisjonen av 1951, og det blei seinare drøfta da gjeldande lov blei utarbeidd først på 1960-talet, jf. Ot.prp. nr. 38 (1961–62). I 1955 kom det inn føresegner i jordlova om tilskiping av særskilte skogar og sams skogar med sikte på å trygge bruka sine økonomiske kår. Desse føresegnene kunne ha same funksjon som føresegnene i lov om husbruksskog. Grunngevinga for at departementet likevel ikkje foreslo å oppheve lova av 1939, og overføre dei eksisterande husbruksskogar til sams skog undergitt jordlova sine føresegner, var at ein meinte at eit slikt tiltak neppe kunne gjennomførast mot den enkelte loddeigaren sin protest med mindre vedkommande fekk erstatning for mogleg økonomisk tap (jf. § 105 i grunnlova). Ein var også i noko tvil om ei slik endring kunne ha følger som var i strid med forbodet mot reglar om tilbakeverkande kraft. I lova blei det derfor teke inn i ei ny § 19 at ny husbruksskog etter lova ikkje skulle kunne opprettast etter ei tid fastsett av Kongen.

I jordlova frå 1995 blei reglane om sams tiltak sløyfa fordi dei var så lite brukte at dei i praksis var utan interesse, jf. Ot.prp. nr. 72 (1993–94). I staden blei det vist til at jordskiftelova dekte dei behova eigarane hadde for å regulere sams tiltak.

Hausten 2004 er det berre ein husbruksskog att i Noreg. Dette er Nystaul og Finsbu husbruksskog i Kilen i Kviteseid, i Telemark fylke. Styret i husbruksskogen arbeider med å få til ei anna organisering av eigedommen, men loddeigarane har ikkje blitt heilt samde om eigarform og framdrift.

Departementet foreslår etter dette at lova blir oppheva. Til trygd for at den eksisterande husbruksskogen har eit regelverk å byggje drifta si på foreslår departementet likevel at ein i overgangsføresegna i ny skogbrukslov fastset at lov om husbruksskog skal gjelde for Nystaul og Finsbu husbruksskog fram til denne skogen har fått ei ny eigarform. Oppheving av lova får etter dette ikkje konsekvensar, og det er ikkje behov for føresegner til erstatning for dei som blir oppheva.

## 6.12 Iverksetjing og overgangsreglar

I høyringsnotatet foreslo departementet at ny skogbrukslov bør erstatte lov lov 21 mai 1965 om skogbruk og skogvern og lov 9. november 1956 om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket. Ein foreslo dessutan at lov 9. juni 1939 om husbruksskog blei oppheva. Ut over dette foreslo departementet at forskrifter og vedtak med heimel i dei lovene som blir oppheva framleis skal gjelde

fram til departementet fastset nye forskrifter etter den nye lova. Departementet la elles til grunn at departementet skulle kunne fastsetje dei overgangsordningar og forskrifter som ville vise seg nødvendige for utfylling og iverksetjing etter lova.

Departementet meiner at lova bør setjast i kraft frå den tid Kongen avgjer.

Den nye skogbrukslova erstattar lov 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern. I § 17 har departementet også teke inn ein forskriftsheimel for å krevje ei slik avgift som er omhandla i lov 9. november 1956 om avgift på skogsvirke til fremme av felletiltak for skogbruket. Forslaget er omtala i kapittel 6.8. Forslaget til forskriftsheimel erstattar såleis denne lova. Departementet har elles i kapittel 6.11 foreslått at lov 9. juni 1939 om husbruksskog blir oppheva. Denne lova vil såleis bli oppheva ved iverksetjinga. Det er såleis tre lover som heilt ut blir oppheva dersom lovutkastet til ny skogbrukslov blir vedteke. Dette går fram av lovutkastet § 24.

Det er fastsett ei rekkje forskrifter, og fatta vedtak etter dei tre lovene som blir oppheva. Eit døme på slike vedtak er vedtak om vernskog. Departementet foreslår at forskriftene og vedtaka skal gjelde fram til eventuelt nye forskrifter og vedtak blir fastsett i medhald av den nye lova. For meldeplikt (lovutkastet § 11) og vernskog (lovutkastet § 12) er mynde etter den nye lova lagt til kommunen og fylkeslandbruksstyret. I slike tilfelle bør vedtaket kunne endrast av vedtaksorganet som er fastsett i den nye lova. Forslaget til føresegn går fram av lovutkastet § 25.

Når proposisjonen blir fremma, finst det ein husbruksskog igjen. Sjå omtale av dette under kapittel 6.11. Departementet har grunn til å tru at denne skogen ikkje har nådd å skifta eigarform innan den nye lova blir vedteken. Departementet meiner difor at reglane i lov om husbruksskog bør gjelde for denne skogen fram til eigarane har funne ei løysing på endringar i eigarform. Forslag til overgangsregel går fram av lovutkastet § 25.

Etter departementet si vurdering kan det oppstå spørsmål om overgangsordningar når gamle forskrifter eller vedtak blir fastsett på nytt etter den nye lova. Dette er likevel spørsmål som kan løysast gjennom regulering i dei nye forskriftene utan at det er særskilt fastsett i den nye lova. Departementet ser etter dette ikkje behov for ein slik generell heimel for å fastsetje overgangsordningar og forskrifter som blei foreslått i høyringsnotatet.

## 6.13 Endringar i andre lover

### 6.13.1 Endringar som er ei følgje av ny skogbrukslov

Forslaget til ny skogbrukslov fører til at det blir nødvendig å gjere endringar i dei lovene som enten nyttar omgrep som ikkje blir ført vidare i den nye lova, eller som viser til gjeldande lov eller til enkelte føresegner i gjeldande lov. Endringane har ikkje konsekvensar for realiteten.

I kapittel 6.3.1.3 foreslår departementet at omgrepet skogoppsyn blir endra til skogbruksstyresmakt. Dette omgrepet er brukt i følgjande lover, og blir endra med forslaget til ny lov:

- lov 28. juni 1974 nr. 58 om odels- og åsetesretten § 63,
- lov 21. desember 1979 om jordskifte o.a. § 93,
- lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger § 1–6 andre ledd andre punktum.

I kapittel 6.7.1 foreslår departementet at omgrepet skogavgift blir endra til skogfond. Dette omgrepet er brukt i følgjande lover, og blir endra med forslaget til ny lov:

- lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger § 1–6 andre ledd andre punktum,
- lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene § 2–8 første ledd,
- lov 26. mars 1999 om skatt av formue og inntekt § 8–1 (2) a og b,
- lov 20. desember 2002 om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt VI til § 8–2 andre ledd bokstav a.

Det er vist til tittelen på gjeldande skogbrukslov i servituttlova § 14, i statsallmenningslova § 2–8 første ledd, og i vannressursloven § 12 fjerde ledd og § 20 e). Også desse tilvisingane må endrast. I vannressursloven § 20 e) må også tilvisinga til § 17a endrast til § 7.

I nokre få høve er det vist til enkelte føresegner i gjeldande lov. Dette gjeld servituttlova § 14 første ledd som viser til gjeldande lov §§ 2, 17 og 50. Rett tilvising etter forslaget til ny lov blir §§ 2 og 6. I bygdeallmenningslova § 5–3 er det vist til gjeldande lov kapittel VIII om skogavgift. Rett tilvising etter forslaget til ny lov blir kapittel 4, skogfond. I statsallmenningslova § 2–8 første ledd er det vist til gjeldande skogbrukslov § 41 siste ledd. Etter forslaget til ny lov blir tilvisinga på same vis kapittel 4, skogfond.

### 6.13.2 Endringar i odelslova

I St.meld. nr. 19 (2001–2002) blei det lagt til grunn at kommunane i større grad skulle ha myndigheit til å avgjere ei rekkje saker innan landbrukslovgjevinga. Som ledd i gjennomføringa av dette blei det 8. desember 2003 fastsett nye reglar om overføring av myndigheit til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet. I dei nye reglane blei det mellom anna fastsett at kommunen frå 1. januar 2004 skulle ha myndigheit i alle saker som gjeld konsesjon etter den nye konsesjonslova, og i saker om deling og omdisponering etter jordlova.

Departementet la til grunn at det ikkje var nødvendig å fremme forslag til lovendringar i samband med denne endringa. Det viser seg likevel at ordlyden i odelslova i nokre få høve stemmer dårleg med dei nye reglane om at kommunen skal avgjere dei

aktuelle sakene og at fylkeslandbruksstyret er klageinstans. Dette gjeld der det i odelslova er fastsett at fylkeslandbruksstyret skal ha godkjent kjøp av tilleggsjord, sjå §§ 16 siste ledd siste punktum og 31 andre ledd og at fylkeslandbruksstyret skal gi samtykke til frådelling, sjå §§ 24 første punktum og 54 første ledd.

Dei aktuelle reglane i odelslova må etter departementet si meining tolkast slik at der lova viser til at fylkeslandbruksstyret skal ta avgjerd, vil det vere nok at kommunen har avgjort saka. Departementet meiner likevel at det er lite ønskjeleg med ein ordlyd i odelslova som er eigna til å forvirre. Departementet foreslår derfor at reglane blir endra slik at lovtæksta viser til landbruksmyndigheitene, ikkje til fylkeslandbruksstyret, jf. jordlova § 3. Forslaget fører ikkje til noko realitetsendring.

## 7 Særmerknader til dei enkelte føresegnene

### *Til § 1. Formålet med lova*

Lova retter seg mot dei som eig, brukar eller planleggjer bruk av skogen. Formålet gir signal om rammene for skogeigaren sin rett til utnytting av skogen, og set samstundes rammer for den virkemiddelbruken som styresmaktene gjennomfører med heimel i lova. Under behandlinga av St.meld. nr. 17 (1998–1999) Skogmeldinga, la Stortinget til grunn at den nye lova skulle vere ei næringslov med klare rammer for dei miljøomsyna som næringa skal ta. Departementet har lagt dette til grunn ved utforminga av føresegna om formålet for lova.

Den nye lova skal fremme ei berekraftig forvaltning. Innhaldet i dette omgrepet er forankra i internasjonale konvensjonar, og må også tolkast i lys av mellom anna Grunnlova § 110 b. Skogen skal forvaltast ut frå ei langsiktig og allsidig tilnærming der ein tek vare på framtidige generasjonar sine behov. Dette inneber at skog og skogareal blir forvalta og brukt på ein måte og i eit tempo som kan oppretthalde det biologiske mangfaldet i skogen, produktiviteten, evna til fornying, vitaliteten i skogen og skogen sitt potensial for å oppfylle, i dag og for framtida, relevante økologiske, økonomiske, sosiale og kulturelle funksjonar. Det er også ein premiss at skogen blir forvalta slik at det ikkje fører til skade på andre økosystem. Denne forståinga er i samsvar med definisjonen av omgrepet berekraftig skogforvaltning slik definisjonen er utforma i samband med Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa (Resolution H1, 1993).

Lova skal fremme ei berekraftig forvaltning av skogen med sikte på verdiskaping. Det er såleis eit mål å leggje til rette for økonomisk næringsverksemd som kan skapa verdiar gjennom ein aktiv bruk av skogen. Lova gir rammer og retning for skogpolitikken framover, og gir samstundes skogeigaren fridom under ansvar. Verdiskapingsmålet femner heile verdikjeda frå tiltak i skogen til foredling og verdiskaping i industrien og marknaden. Dei fleste føresegnene i lova tek likevel sikte på å regulere skogbruksverksemda. Målet omfattar også verdiar knytt til produksjon av miljøgode og verdiar som kan vere viktige for å drive annan næring knytt til eigedommane.

Formålet femner også om sikring av det biologiske mangfaldet. Biologisk mangfald omfattar va-

riasjon av levande organismer av alt opphav. Biologisk mangfald har primært fokus på det som er «levande», men også på samspelet mellom levande organismar og ikkje-biologiske faktorar.

Det skal også takast omsyn til landskapsbiletet. Føresegna byggjer på at landskapet er eit samfunnsgode som skogbruket formar og har ansvar for. Føresegna er ikkje til hinder for at landskapet blir endra over tid i takt med utviklinga i skogbruket eller i takt med anna verksemd i området. Ein må sjå omsynet til landskapsbiletet i samheng med natur- og kulturelement som heng saman med landskapet, til dømes bekker, fløytingsdammar, vassvegar, våtmarker eller vegetasjonsbelter langs vassdrag og jorder.

Det er eit mål å utvikle vidare og ta vare på verdiar knytt til friluftsliv og opplevingar slik at skogen kan bli brukt som arena for fysisk aktivitet. Omgrepet «friluftslivet» må tolkast i samsvar med det tilsvarende omgrepet i friluftslova. Det er såleis ikkje meininga å gi føresegna eit anna innhald enn etter gjeldande lov. Døme på slike aktivitetar kan vere turgåing til fots og på ski, kombinert med overnatting i telt eller under ope himmel.

I formålet nemner ein også at ein skal sikre kulturverdiane. Dette er nytt i høve til gjeldande lov, men ikkje nytt i høve til praksis etter gjeldande lov. Omgrepet tar sikte på kulturminne og andre kulturverdier knytt til skog og kulturlandskap.

Taler omsynet til miljøet og ønsket om verdiskaping for ulike løysingar, må det vurderast konkret kva for forvaltning som på lang sikt gir det beste resultatet for samfunnet.

### *Til § 2. Virkefeltet for lova*

Den nye skogbrukslova gjeld skogbruk. Ved anna verksemd er det nødvendig å avklare eventuelle tiltak etter anna lovverk; først og fremst i høve til reglane i plan- og bygningslova.

Forslag til § 2 første ledd inneber inga realitetsendring når det gjeld virkefeltet for lova. Lova skal gjelde all skog og skogmark. Med skogmark meiner ein grunn som er skogproduserande eller som etter ei samla vurdering er best egna til skogproduksjon, og som ikkje er nytta til andre formål.

Ved tolkinga av «skog» og «grunn som er skog-

produserande» gir dei internasjonale definisjonar som er gitt i regi av FN's organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) rettleiing. Dette inneber at skog omfattar areal som er tresett, og der omfanget av trekronene til saman dekkjer minst 10% av arealet, og der trea er, eller dei kan bli, minst fem meter høge. Areal med yngre tre der tresettinga ikkje fyller desse kriteria, men der ein kan vente at dette skjer på sikt, må også omfattast. Det same gjeld areal som i ein mellombels fase er utan tresetting på grunn av hogst eller andre naturlege årsaker, men der ein kan vente at arealet blir tresett i framtida. Tre i hagar og parkar er ikkje omfatta av omgrepet, men der det står skog på arealet gjeld skogbrukslova sjølv om arealet i plan etter plan- og bygningslova er regulert eller lagt ut til andre formål enn landbruk. I slike høve kan kommunen i reguleringsføresegner fastsetje at lova ikkje skal gjelde. Omgrepet «all skog» viser elles at lova gjeld alle treslag som veks naturleg i Noreg.

Omgrepet «som etter ei samla vurdering er best egna til skogproduksjon» femner grunn der skogen er avverka, men det kan også femne andre areal. Når det i ordlyden blir lagt vekt på «ei samla vurdering», må ein ta utgangspunkt i objektive kriterium knytt til areala, og desse kriteria må tolkast i lys av § 1 og den enkelte føresegna i lova. Døme på slike kriterium er økonomi, miljøomsyn osv. Ein må sjå på kva for areal som kan gi avkastning, og gjere ei økonomisk vurdering av innsatsmidla i høve til pårekneleg avkastning. Arealet må kunne gi grunnlag for skogbruk, og det må leggjast til grunn ei noko breiare vurdering av kva dette femner enn tidlegare. Moment i denne vurderinga er såleis storleiken på arealet, om det ligg isolert i høve til anna dyrka mark og om det er omslutta av skog. Eit moment er også kulturlandskapet som arealet er ein del av.

Forslaget til § 2 andre ledd er ei ny føresegn som lovfestar gjeldande tolking av virkefeltet for gjeldande lov. Det går fram at lova gjeld sjølv om området er verna etter naturvernlova, eller er lagt ut til andre formål enn landbruk etter plan- og bygningslova. Skog og grunn som nemnt i første ledd er likevel ikkje omfatta av virkefeltet i lova dersom det går fram av vernevedtak etter naturvernlova eller vedtak etter plan- og bygningslova eller føresegner knytt til vedtaket at heile eller deler av lova ikkje skal gjelde.

Tredje ledd i forslaget kjem i staden for § 3 siste ledd i gjeldande skogbrukslov. Forslaget er ei presisering av at dei rettane reindriftssamane har til trevirke og brensel etter reindriftslova § 13 andre, tredje eller fjerde ledd ikkje vert endra gjennom skogbrukslova. Omgrepet «reindriftssamane» femner dei som driv lovleg reindrift, og som såleis har

rett til trevirke og brensel etter reindriftslova § 13.

Tiltak i skog kan omfattast av anna regelverk, til dømes av lov 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann. Der tiltaket kan få nemnande følgjer i form av skade eller ulempe for ålmenne interesser i vassdraget må tiltakshavaren ha konsesjon etter vannressursloven § 8. Vannressursloven § 20 e) gir heimel for forskrift med det formålet å unngå dobbeltbehandling av saker som gjeld landbruksveg etter gjeldande skogbrukslov § 17a, og blir ført vidare i høve til lovutkastet § 7.

### *Til § 3. Skogbruksstyresmakt*

Departementet foreslår i § 3 føresegner om fordeling av mynde etter lova. Føresegna tar utgangspunkt i at skogbruksstyresmakta ut over departementet er kommunen, Fylkesmannen, og fylkeslandbruksstyret. Føresegna må sjåast på bakgrunn av *St.meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå* og den auka overføringa av mynde til kommunane som følgjer av stortingsmeldinga. Departementet er øvste skogbruksstyresmakt, og kan overføre mynde til andre forvaltningsorgan. Fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og kommunen har slikt mynde som følgjer av føresegnene i lova eller av forskrift eller anna avgjerd fastsett av departementet.

§ 3 i den nye lova, og fordelinga av mynde i dei enkelte føresegnene i lova, tek ein utgangspunkt i at kommunane i det alt vesentlege skal være styresmakt i første instans. Berre i nokre få føresegner er Fylkesmannen eller fylkeslandbruksstyret første instans. Det er nytt at det går direkte fram av lova at kommunen er første instans. Føresegna er ikkje meint å vere til hinder for at kommunen legg oppgaver til interkommunale organ.

Det går fram av andre ledd at oppgaver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen kan behandlast av overordna organ. Føresegna er ei videreføring av føresegn i gjeldande skogbrukslov. Føresegna er ein unntaksregel, og slik behandling kan berre vere aktuell i saker som må samordnast over kommunegrensene, eller saker som er viktige ut frå nasjonale interesser. Døme på dette er tiltak etter lovutkastet § 9. I dei seinare åra har den tilsvarende heimelen i gjeldande lov blitt nytta m. a. ved innføring av meldeplikt for hogst knytt til likearta område i fleire kommunar. Føresegna bør til dømes kunne brukast i slike saker.

I tredje ledd fører ein vidare ei føresegn om mynde der kommunar eller fylkeskommunar eig skog. Dette gjeld skog som kommunen eller fylkeskommunen eig aleine og skog kommunen eller fylkeskommunen måtte eige i sameige med andre.

*Til § 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar*

Skogeigaren sin rett til sjølv å blinke og stelle skogen sin bygde på prinsippet om fridom under ansvar. Retten går fram av gjeldande lov § 15. I lovutkastet § 4 ønskjer ein å føre prinsippet vidare. I moderne skogbruk er det ikkje lenger blinking i tradisjonell forstand i skogen. Det er også langt færre skogeigarar som sjølv gjer praktisk arbeid i skogen. Lovutkastet § 4 byggjer derfor på det overordna ansvaret skogeigaren har for å administrere og følgje opp tiltak i skogen. Dette femner også ansvaret for å følgje utviklinga på skogareala i ulike fasar. Ansvaret for denne forvaltninga av skogressursane blir i § 4 plassert hos den enkelte skogeigaren. Føresegna endrar ikkje skogeigaren sin rett til å bestemme (blinke eller på annan måte merke) kva som skal hoggast. Ho endrar heller ikkje skogeigaren sin rett til å stelle skogen sin. Føresegna framhever kva for interesser skogeigaren må ta omsyn til når han bruker retten sin til å merke og stelle skogen.

Føresegna legg eit «forvaltaransvar» på grunneigaren. Dette omgrepet er med på å formidle ein verdibodskap. Med forvaltaransvar meiner ein det ansvaret den enkelte har for å ta vare på og forvalte naturen som ein felles ressurs. Forvaltaransvaret er knytt til tiltak skogeigaren vil gjere i skogen, det er ikkje ein handleplikt, jf. bruken av omgrepet «tiltak» som tek sikte på aktive handlingar. Ansvaret er etter dette ein generell regel om krav til aktsemd i samband med skogbrukstiltak. Det går fram av lovutkastet at skogeigaren skal sjå til at tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med lov og forskrifter.

Føresegna legg til grunn at skogeigaren skal ha «oversikt over» miljøverdiane ved gjennomføring av alle tiltak i skogen. Plikt til å ha oversikt over miljøverdiane følgjer av miljøinformasjonslova. Føresegna i skogbrukslova er kopla til den aktiviteten skogeigaren gjer i skogen. Føresegna må tolkast på same måte som føresegnene i miljøinformasjonslova. Har skogeigaren fått utarbeidd skogbruksplan, krev dette ikkje meir enn det som står i planen. Har han ikkje slik plan, må han vite like mykje som ein slik plan ville vist, og ta dei same omsyna.

I lovutkastet § 4 andre ledd går det fram at grunneigaren skal sjå til at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova, og forskriftene. Skogeigaren si plikt gjeld personar som eigaren har i arbeid for seg, anten dei er tilsette, eller leigde sjølvstendige entreprenørar. Eigaren har ikkje ansvar for andre, han har til dømes ikkje ansvar for at ein reindriftssame som nyttar retten sin etter reindriftslova 13 jf. lovutkastet § 2 siste ledd rettar seg etter lova eller forskriftene.

I tredje ledd foreslår departementet ei føresegn som gir departementet ein meir presis heimel enn i dag til å fastsetje forskrifter om dei omsyna skogeigaren skal ta i høve til miljøet.

*Til § 5. Skogregistrering og skogbruksplan*

Føresegnene i § 5 byggjer på reglane i kapittel V i no gjeldande lov om skogbruk og skogvern.

Første ledd definerer kva skogbruksplanleggninga omfattar. Innhaldet i første ledd byggjer på definisjonane som er lagt til grunn for reglane i gjeldande lov, der omgrepa skogbruksplan og skogregistrering er sentrale. Skogregistreringa skal både gi oversikt over skog- og miljøressursane, det er ikkje nok å registrere miljøressursane på eigedomen.

Departementet foreslår med reglane i andre ledd første punktum å føre vidare heimelen til å gjennomføre ei registrering av eit område med mange eigedommar og eigarar. Det inneber at ein kan gjennomføre ei registrering sjølv om ikkje alle skogeigarane har tinga skogbruksplan. Departementet foreslår som ein ny regel at skogeigarane skal ha melding om at registreringa blir gjort. Plikta til å gi slik melding rettar seg mot dei som skal setje registreringa i gang.

Det går fram av andre ledd tredje punktum at oversikter over miljøverdiane som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga skal vere offentleg tilgjengelege. Føresegna i skogbrukslova er ein regel bygd på pliktene i miljøinformasjonslova, og føresegna må tolkast som ei tilvising til miljøinformasjonslova som heimel for opplysningspliktene.

§ 5 byggjer ikkje på eit generelt krav om at alle skogeigarar skal ha skogbruksplanar. Utgangspunktet for vurderinga er forvaltaransvaret i § 4 der ein har lagt til grunn at den enkelte eigaren skal stå fritt innan rammene av lovverket til å forvalte eigen skog, og at eigaren har ansvar for å ta tilstrekkelege og rette miljøomsyn («fridom under ansvar»).

I andre ledd er det likevel innarbeidd ein heimel til å kunne påleggje skogeigarar å gjennomføre skogregistreringar, utarbeide ressursoversikter eller lage skogbruksplanar. Heimelen er ei utviding i høve til gjeldande reglar. Eit slikt pålegg kan etter departementet sitt syn til dømes vere tenleg der styresmaktene har fatta vedtak etter lovutkastet § 9 med påbod om hogst eller skogkultur på grunn av at skogen er skada som følgje av brann, naturulykker eller manglande stell. Føresegna fastslår at skogbruksstyresmaktene etter ei konkret vurdering av eit område kan gi pålegg om gjennomføring av skogregistreringar og utarbeiding av skogbruksplan. Dette området kan omfatte ein eller fleire eigedommar.



Tredje ledd siste punktum gir heimel for å gi forskrift om skogregistrering og skogbruksplanlegging. Slike reglar har tidlegare blitt gitt i forskrifter om tilskot til skogbruksplanlegging. Forskrifta kan omfatte innhaldet i planen, og gi reglar om korleis data frå registreringane skal forvaltast. Ein må sjå forskrifta i samanheng med føresegna i andre ledd tredje punktum om at oversikter over miljøverdiane skal vere offentlege.

#### *Til § 6. Forynging og stell av skog*

Departementet foreslår at den plikta skogeigaren har etter no gjeldande lov § 17 til å sørge for forynging av ny skog etter hogst blir ført vidare i ny skogbrukslov. Det går fram av gjeldande lov at skogeigaren er ansvarleg for gjennomføringa av skogkulturarbeid. I lovutkastet § 6 går det fram at skogeigaren skal sørge for tilfredstillande forynging etter hogst. Departementet meiner med dette å presisere ansvaret for forynging klarare, og også vise at det er behov for å betre innsatsen når det gjeld forynging innafor dei ansvarsrammene skogeigaren har etter gjeldande lov.

Det må stillast visse minimumskrav til forynginga. Dette går fram av omgrepet «tilfredsstillande». Arealet skal etter dette utnyttast i samsvar med det som er vanleg for tilsvarande areal. Skal forynginga etter hogst vere tilfredsstillande må ein også ta høveleg omsyn til dei miljøkrava som er stilt opp i lova. Kva ein skal rekne for tilfredsstillande forynging er avhengig av ei rekkje tilhøve på staden, og det må såleis byggje på eit samla skjønn. Det vil likevel vera relativt enkelt å avgjere om ein står overfor eit høve der det er eit klart brot på plikta til forynging. I fjerde ledd har ein foreslått ein forskriftsheimel som gjer det mogleg å definere nærare kva som ligg i dette omgrepet.

Skogeigaren pliktar etter forslaget å sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Med omgrepet «sjå til» meiner ein at skogeigaren før hogst må planleggje korleis forynginga skal gjennomførast.

I første ledd andre punktum foreslår departementet ein frist på 3 år for skogeigaren til å leggje til rette for nødvendige tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging. Omgrepet «leggje til rette for nødvendige tiltak» må ein forstå slik at det må vere lagt til rette for forynging på heile arealet. Ein må vurdere konkret kva som er eit «nødvendig tiltak». Det kan til dømes vere nødvendig å plante. I andre høve kan det vere aktuelt å leggje til rette for naturleg forynging ved å setje att frøtre. Det kan og vere nødvendig med markriving.

Kommunen har etter lovutkastet § 20 ansvaret

for å halde kontroll med at skogeigaren gjer det han skal etter lova. Blir det ikkje forynga eller lagt til rette for forynging skal kommunen ta opp saka og ta stilling til kva for tiltak som skal setjast inn. I andre ledd foreslår departementet ein regel som gir kommunen høve til å treffe vedtak som pålegg eigaren å setje i verk tiltak for å sikre at arealet vert forynga. Forslaget inneber ikkje at kommunen kan påleggje skogeigaren å planleggje korleis forynginga skal skje. Ein foreslår ein regel som gir kommunen rett til å velje om det skal gjevast pålegg eller ikkje. Tilhøva kan vera slik på staden at det ikkje er pårekneleg eller ønskeleg med skogproduksjon på det aktuelle arealet. Når det gjeld plikta til å plante, må dei tiltaka kommunen pålegg stå i rimeleg forhold til lønnsmda. Føresegna bør praktiserast slik at skogeigaren ikkje får pålegg om uforholdsmessige tiltak til dømes etter naturskadar eller angrep av sjukdommar eller viltskadar.

Andre ledd andre punktum inneber at kommunen, dersom det blir fastsett pålegg om tiltak, skal setje ein frist for iverksetjing av tiltaket. Denne fristen kan kommunen ikkje setje til lenger enn 2 år. Etter andre ledd tredje punktum skal kommunen sørge for at nødvendige tiltak blir utførte dersom skogeigaren sjølv ikkje set i verk tiltaka innafor fristen. Det er nytt i høve til gjeldande lov at kommunen etter at denne fristen er ute kan sørge for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen kan krevje kostnadene dekt frå middel som er avsett på skogfondet. Kostnadene er tvangsgrunnlag for utlegg.

Kommunen sitt ansvar femner også andre tiltak knytt til stell av skogen. Tredje ledd gir kommunen heimel til å gripe inn og nekte, avgrense eller setje vilkår for å plante i skoglause område og ved skifte av treslag, grøfting, gjødsling eller bruk av plantevernmidel dersom kommunen finn det nødvendig for å hindre store negative effektar på miljøverdiane. Med miljøverdiane siktar ein til dei verdiane som er nemnde i § 1.

Det er kommunen som etter lova skal vurdere om det er nødvendig å nekte eller setje vilkår i medhald av føresegna. Kommunen sine avgjerder er enkeltvedtak som kan påklagast på vanleg måte. Omgrepet «nødvendig» inneber at kommunen ikkje kan avslå eller setje vilkår dersom dei store negative effektane kan avbøtast på annan måte.

Når kommunen vurderer om tiltaket kan føre til «store negative effektar», kan kommunen vurdere effektane på den eigedommen der skogbruksiltaket blir sett i verk. Kommunen kan også vurdere effektane for omkringliggende eigedommar. I tillegg kan kommunen vurdere kor viktig det er ikkje å skade nettopp dei miljøverdiane som gjer seg gjeldande i det konkrete høvet.

I fjerde ledd er det gitt ein heimel for å gi nærare forskrifter etter denne føresegna. Forskrifta om forynging og stell av skog bør gi nærare definisjonar for ein del av dei omgrepa som blir nytta, og fastsetje nærare kva som ligg i ansvaret for å følgje opp forynginga med ulike tiltak, mellom anna kor tett plantene bør stå og val av treslag.

#### *Til § 7. Vegbygging i skog*

Etter gjeldande lov om skogbruk og skogvern § 17 a og jordlova § 11 tredje ledd kan departementet fastsetje forskrift med føresegn om at landbruksstyresmaktene kan nekte å godkjenne plan for mellom anna vegbygging, dersom det finn at gjennomføring av planen vil redusera moglegheitene for andre meir tenlege heilskapsløysingar eller det vil føre til vesentleg skade for friluftslivet eller naturmiljøet.

I lovutkastet § 7 første ledd har ein teke inn ei føresegn som inneber eit generelt forbod mot å byggje vegar til skogbruksformål utan at det på førehand er innhenta løyve frå kommunen. Forbodet gjeld også ombygging av eldre vegar. Med ombygging meiner ein til dømes tilfelle der vegtraseen delvis blir lagt om, der breidda på vegen blir utvida vesentleg, eller der det blir etablert nye grøfter. Det er ikkje tale om ombygging ved vanleg vedlikehald eller opprusting som følgje av dårleg vedlikehald over år.

Det følgjer av avgrensinga i lovutkastet § 2 andre ledd at vegar som skal byggjast i områder der det er fastsett særskilde reglar for vegbygging etter anna lovverk ikkje er omfatta av føresegna. I mange høve vil vegbygging i skog ofte krevje avklaringar etter anna lovverk før vegen kan byggjast. Eit døme på dette er plikta etter kulturminnelova § 9 til å gjere undersøkingar eller føresegna i vannressurslova § 8 som krev løyve der eit vassdragstiltak kan vere til skade eller ulempe i vassdraget.

Dersom det er behov for vegen i samband med tilkomst eller drift av landbrukseigedommen, og bygging av vegen vil gi økonomisk vinst ved jord- eller skogbruksdrift, bør ein leggje til grunn at vegen tener landbruksformål. Omgrepet «skogbruksformål» femner etter dette veg som tener eit transportbehov for forvaltning eller næringsmessig utnytting av skogen, og der drift av skogbruksressursane vil gi økonomisk vinst.

Føresegna må avgrensast i samsvar med avgrensinga av landbruksomgrepet etter plan- og bygningslova, jamfør den omtalen som er gitt av dette omgrepet under kapittel 6.4.5.2. Omgrepet omfattar såleis her som elles også reindrift. Skal vegen i det vesentlege tene andre formål enn landbruk, må bygging og opprusting følgje dei vanlege reglane for veganlegg.

Omgrepet «vegar» femner bilvegar og traktorvegar som skal tene formål som nemnt i avsnittet over.

Ved avgjerda av om det skal gjevast løyve skal skogbruksstyresmakta etter forslaget leggje vekt på «viktige miljøverdier». Dette er eit moment som kan føre til at søknaden blir avslått. Ved kommunen og ved klageinstansen si behandling er det såleis viktig å få saka tilstrekkeleg opplyst, det vil seie å få fram kva for miljøinteresser som gjer seg gjeldande, mellom anna ved kontakt med miljøstyresmaktene, og med kva for tyngde desse interessene er til stades. Omgrepet femner mellom anna verdier knytt til det biologiske mangfaldet, landskap, friluftsliv og kulturverdiane i skogen, jf. forslaget § 1. Ved avgjerda skal det også leggjast vekt på om vegen sikrar «landbruksfaglege heilskapsløysingar». Det inneber at skogbruksstyresmakta kan leggje vekt på om vegen kan tilpassast andre omsyn knytt til eigaren si forvaltning av areala, eller om fleire driftseiningar bør kunne gjere bruk av vegen. Når ein etter andre punktum skal leggje vekt på å oppnå eit rasjonelt vegnett der ein og tek omsyn til den nytten vegen kan få for andre landbruks-eigedomar, skal det leggjast vekt på slike vegløysingar som kan gi tenlege traséval.

I tredje ledd er det teke inn ein heimel for å gi forskrifter på dette området. Teksten er forenkla i høve til § 17 a i gjeldande lov om skogbruk og skogvern, men departementet føreset at ei forskrift etter den nye lova vil innehalde dei same momenta som tidlegare.

#### *Til § 8. Hogst og måling*

Ved hogst «skal» det, etter føresegna takast slike omsyn som føresegna fastset for hogsten. Grunneigaren eller dei som gjer arbeidet for han kan såleis ikkje velje å sjå bort frå det som går fram av føresegna. Med hogst meiner ein all form for hogst, til dømes både sluttavverking og tynningshogst.

Omgrepet «framtidige produksjon og forynging» tek mellom anna sikte på å hindre at hogst skjer på ein slik måte at store område blir skoglause for lengre tid, at det oppstår ei varig eller vesentleg minske i produksjonen av skog, eller at forynginga av skogen blir unødig forseinka.

Ein hogst kan få konsekvensar for allmenta si bruk av stiger, løyper og andre ferdselsårer. I andre punktum foreslår departementet at skogeigaren sine plikter i denne samanhengen blir knytt til omgrepet «unødig». Skogeigaren må ved hogst ta omsyn til miljøverdiane, men som etter gjeldande lov må han kunne hogge sjølv om dette fører til at det blir vanskelegare for allmenta å ta seg fram på stigar, i løyper og langs andre ferdselsårer.

Departementet foreslår i første ledd siste punktum ei føresegn som gir kommunen høve til å påleggje skogeigaren å rette opp køyreskadar. Kommunen kan gi slikt pålegg sjølv om skadane har vore nødvendige av omsyn til hogsten.

Departementet foreslår i andre ledd ein tilsvarende regel som i § 16, fjerde ledd i gjeldande lov. Skogbruksstyresmakta får heimel til heilt eller delvis å nekte ein hogst som kan føre til vesentlege ulemper knytt til produksjonsgrunnlaget eller for miljøverdiane. Føresegna retter seg i første rekkje mot omfattande hogster, jf. omtalen av omgrepet "framtidig produksjon og forynging" ovanfor, og hogster som kan få stor påverknad mellom anna på vassdrag, klima eller faren for erosjon. Her vil formålet med meldeplikta eller vedtaket om å verne skogen vise grunnlaget for å nekte eller avgrense ein hogst.

Departementet foreslår i tredje ledd ein tilsvarende regel om måleplikt som i § 16, siste ledd i gjeldande lov.

#### *Til § 9. Førebyggjande tiltak*

Første ledd kjem i staden for § 28 i gjeldande lov om skogbruk og skogvern, som har overskrifta «Tiltak mot insekt- og soppangrep o.l.» Departementet foreslår ei sterkt forenkla føresegn, men det er meint at ho skal innehalde det same grunnlaget for å gripe inn når det er fare for at insekt eller sopp o.l. kan skade skogområde av eit visst omfang. Ansvar for overvaking av helsetilstanden i skogen, og heimelen til å setje i verk tiltak for å ta kampen opp mot eventuelle angrep, blir i forslaget lagt til kommunen.

Meininga med føresegna er at kommunen skal setje i verk førebyggjande tiltak når situasjonen i skogen er slik lova seier. Forslaget inneber at kommunen skal reagere allereie når det er fare for at skade kan skje. Departementet legg til grunn at omgrepet «skal» likevel ikkje kan tolkast så strengt at kommunen skal setje i verk tiltak i alle høve, jf. uttrykket «nødvendig». Kommunen står ikkje fritt til å setje i verk tiltak i område som har eit strengt vern etter naturvernlova, til dømes i naturreservat. I slike høve kan tiltaket gjennomførast dersom det kan sameinast med vernevedtaket. Der det er grunn til å tru at skadesituasjonen på andre areal vil bli vesentleg betre dersom det også blir gjort tiltak innafor verneområdet, må eventuelle tiltak avklarast med forvaltningsstyresmaktene for verneområdet.

Forslaget inneber elles at det aktuelle området som står i fare for å bli skada må ha ein viss storleik for at kommunen skal kunne setje i verk tiltak. De-

partementet foreslår omgrepet «større skogområde». Ein har valt omgrepet for å få fram at kommunen ikkje kan setje i verk tiltak dersom faren berre gjeld eit avgrensa område.

Departementet foreslår ei presisering i første ledd andre punktum for å få fram at tiltak kan setjast i verk også når det dreier seg om fleire eigedommar som ikkje blir eigd av dei same personane.

I første ledd tredje punktum kan kommunen gå ut over virkefeltet etter § 2, anten gjennom eigne tiltak eller gjennom pålegg til enkelte skogeigarar. Tiltak og pålegg vil kunne gjelde i til dømes industriområde, parker og hagar.

Departementet kan fastsetje forskrifter om kva for tiltak som kan vere nødvendige, og om korleis utgiftene i samband med tiltaka skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Fører beiting av hjortevilt til vesentlege skadar på skog under forynging, eller er slik beiting ei vesentleg hindring for å oppfylle plikta til forynging etter lovutkastet § 6, fastset lovutkastet § 9 andre ledd ei plikt for kommunen som viltorgan etter viltlova til å vurdere behovet for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert. Plikta er omtala i kapittel 6.5.5.2.

#### *Til § 10. Tiltak etter skadar på skog*

Denne føresegna kjem i staden for §§ 22 og 23 i gjeldande lov. Departementet har valt å slå saman alle tilfelle av skade på skog til ei meir summarisk føresegn, og gi kommunen ansvaret for å fatte vedtak som pålegg skogeigaren å utføre tiltak med sikte på å reparere eller rette opp att skaden.

Kommunen kan setje i verk slike tiltak som er nødvendige for å rette opp skadane. Departementet legg til grunn at dette gir kommunen heimel til mellom anna å påleggje skogeigarane å gjennomføre slike tiltak.

Som for § 9 legg departementet til grunn at denne føresegna normalt ikkje vil vere aktuelt at kommunen set i verk tiltak i område som har eit strengt vern etter naturvernlova. Eventuelle tiltak må i slike høve avklarast i ein dialog mellom skogstyresmaktene og miljøstyresmaktene.

#### *Til § 11. Meldeplikt*

Denne føresegna fører vidare ordninga med meldeplikt etter § 19 i gjeldande lov om skogbruk og skogvern, men føresegna er gjort noko meir generell. Føresegna byggjer på at kommunane skal ha eit val med tanke på korleis dei vil skjømte oppgåva si som skogbruksstyresmakt, og ho viser at det er

eit kommunalt ansvar å føre kontroll med praktiseringa av føresegnene i lova. Føresegna om meldeplikt er gjort kortare, og ho omfattar alle tiltak i skog, ikkje berre dei som er ramsa opp i § 19 (1. ledd, bokstavane a og b) i gjeldande lov.

Meldeplikt kan innførast når kommunen finn det nødvendig for å føre kontroll med at lova blir følgt. Meldeplikt kan såleis innførast ut frå miljøomsyn. Det er kommunen som skal avgjere om meldeplikt er nødvendig. Det inneber mellom anna at det er rom for noko ulik praksis frå kommune til kommune. Departementet meiner omgrepet «nødvendig» ikkje skal tolkast for strengt. Innafor dei rammane lova set, vel kommunen sjølv kva for tiltak meldeplikta skal omfatte. Er det innført meldeplikt, har skogeigarane ei plikt til å gi kommunen opplysning om det dersom han ønskjer å hogge eller gjere andre tiltak knytt til forynging og stell av skog.

Vedtaket om å innføre meldeplikt vil i nokre høve vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, men i andre høve vere ei forskrift. Dette spørsmålet er drøfta under kapittel 6.5.2.2.

I andre ledd er det ei føresegn som skal sikre at meldeplikta blir reell. Skogeigaren skal melde frå om hogsten seinast 3 veker før hogsten eller tiltaket er tenkt sett i verk. Meldinga skal vere skriftleg og gi opplysningar om dei planane eigaren har for hogsten eller tiltaket.

Det går fram av tredje ledd at skogeigaren kan starte opp tiltaket dersom kommunen ikkje har gitt svar på meldinga og det er gått 3 veker frå den dagen da meldinga kom fram til kommunen eller har gjort vedtak om at tiltaket ikkje kan setjast i verk med heimel i §§ 6 tredje ledd, 8 andre ledd eller med heimel i forskrift etter §§ 4 eller 7. Kommunen kan også svare at det trengst meir enn 3 veker for at kommunen kan ta konkret stilling til meldinga. Ei slik melding er nok til å bryte svarfristen, og tiltaket kan ikkje setjast i gang. Ei slik underretning er inga avgjerd i saka, og kan ikkje reknast som eit enkeltvedtak i høve til forvaltningslova.

#### *Til § 12. Vernskog*

Denne føresegna kjem i staden for §§ 32 og 33 i gjeldande skogbrukslov. Meininga med forslaget er å føre føresegner om verneskog vidare, slik at skogbrukstyresmaktene kan halde kontroll med skogområde som er sårbare på grunn av biologiske eller klimatiske forhold.

Føresegna er bygd opp på ein litt annan måte enn gjeldande føresegner. Det er gjort for å få klarare fram at det blir fatta eit vedtak for at skog skal vere vernskog. Omredigeringa er også gjort for å få klart fram at ein av dei tre situasjonane som nemnd

i første ledd må vere oppfylt. Det er nok at ein av situasjonane ligg føre.

Definisjonen av omgrepet «vernskog» i første ledd er noko forenkla i høve til gjeldande skogbrukslov. Omgrepet «vern for annan skog» er det same som i gjeldande lov, og blir å forstå på same måte. Omgrepet «vern mot naturskadar» omfattar vern mot skred og ras, elvebrot, skadeflom, sandflukt eller liknande. Føresegna byggjer også på at fylkeslandbruksstyret kan fatte vedtak i områder der skogen er sårbar slik at det er nødvendig å kontrollere at skogen ikkje blir øydelagt ved feil skogbehandling. Omgrepet «sårbar» femner vanskelege tilhøve for forynging og liten vekstevne. Det er lagt til grunn i lovutkastet at skogområde opp mot fjellet eller ut mot havet også kan vere så sårbare at det kan fastsetjast at området skal vere vernskog. Eit anna døme på sårbar skog som er særleg nemnt i gjeldande lov er område som ligg «høyt mot nord».

Med omgrepet «feil skogbehandling» meiner ein det same som omgrepa «mishandling eller feilaktig hogst» i gjeldande lov.

Etter gjeldande føresegner kan departementet bestemme at skog eller visse typar av skog skal sjåast som verneskog. Etter lovforslaget andre ledd bestemmer fylkeslandbruksstyret om skogen skal vere vernskog og styret fastset grensene for verneskogen. Fylkeslandbruksstyret skal også gi reglar for forvaltninga av verneskogen, og kan gi reglar om meldeplikt. For å sikre at saka blir tilstrekkeleg opplyst, jf. reglane i forvaltningslova, bør fylkeslandbruksstyra leggje saka fram for kommunane før dei fattar vedtak om verneområde.

#### *Til § 13. Skogområde av særleg miljøverdi*

Føresegna er ei vidareføring av § 17 b i gjeldande lov.

Føresegna tek sikte på område som er viktige for friluftslivet i bynære strok, men det er også meininga at heimelen skal kunne brukast i område som har eit spesielt biologisk mangfald som det er viktig å verne om. Føresegna kan dessutan brukast i område der landskapet er særmerkt eller der det er kulturminne som det er viktig å verne om.

Restriksjonane på skogbehandlinga kan såleis berre fastsetjast for skogområde av særleg miljøverdi. Føresegna nemner ei rekkje miljøverdiar som er aktuelle for at det kan fastsetjast restriksjonar.

Omgrepet «restriksjonar» femner dei same restriksjonane som ein har i gjeldande § 17 b. Det kan mellom anna fastsetjast forbod mot eller innskrenking i hogst, felling av visse typar tre, hogst på spesielle stader, bruk av større terrenggåande maski-

nar, og bygging av skogsvegar eller andre tekniske anlegg. Det kan såleis påleggjast restriksjonar etter denne føresegna som går lenger enn det ein kan påleggje i område utan særleg miljøverdi. Ulike bruks- og verneinteresser knytt til dei enkelte skogområda kan variere frå stad til stad, og skogbruksstyresmakta lokalt og regionalt bør gi råd om kva for restriksjonar som er aktuelle og om kor omfattande dei bør vere.

Det er eit krav om at den verksemda som det er aktuelt å leggje restriksjonar på, kan føre til vesentleg skade eller ulempe for miljøverdiane. Ved vurderinga av kva som er vesentleg skade må ein byggje på ei samla vurdering der storleiken på det skadde arealet, tida det vil ta å lege skaden (her kjem klimatilhøve inn), og kor viktig det er å verne nettopp til dømes den aktuelle arten eller landskapet. Også ved vurderinga av kva som er vesentleg ulempe må ein byggje på ei samla vurdering. Eit døme på vesentleg ulempe for friluftslivet kan vere dersom ei skiløype som er viktig for allmenta blir brukt som transporttrase eller velteplass for tømmer, slik at det blir vesentleg vanskelegare å bruke løypa I slike høve kan ein trekke inn i vurderinga kor mange det er som blir påført ulempa.

#### *Til § 14. Innbetaling til skogfond*

Departementet foreslår at ein i den nye lova skal bruke omgrepet skogfond om dei midla skogeigaren skal setje av og føre tilbake til skogen gjennom langsiktige investeringar. Gjeldande lov omtaler dette som skogavgift. Namneendringa inneber inga realitetsendring og bakgrunnen for endringa er omtalt tidligare, jamfør kapittel 6.7.1.3.

Føresegna samanfattar og erstattar innhaldet i §§ 41, 42, 43, 44, 45 og 47 i gjeldande lov.

Første ledd gir ein definisjon på kva skogfondet skal vere. Skogfondet er ikkje ei statleg avgift, men ei privat fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for ei berekraftig finansiering av skogressursane.

Andre ledd gir nærare opplysningar om plikta til å innbetale til skogfondet, og inneheld i det alt vesentlege dei same formuleringane som i § 41, første ledd i gjeldande lov. Det er ikkje meint at det skal vere nokon realitetsforskjell på dei reglane som gjeld i dag og dei ein nå foreslår. Plikta til å setje av middel gjeld ikkje skogeigaren sin bruk av virke til eige behov i samband med jord- og skogbruk på eigdommen. Det inneber mellom anna at det ikkje er nokon plikt til å setje av middel når eigaren til dømes tek virke for å byggje ny driftsbygning eller for å restaurere gamle våningshus eller bygningar på garden («husbehov»).

Tredje ledd er ei samanfatning av § 43 i gjeldande lov. I medhald av gjeldande føresegn er det i 2004 11 skogeigarar som er gitt fritak for innbetaling av skogavgift. Fritaka er gitt av departementet. Departementet meiner at behandlinga av slike søknader bør leggjast til fylkesnivået slik det går fram i lovforslaget.

Fjerde ledd kjem i staden for § 47 i gjeldande skogbrukslov. Avsetnaden til skogfondet skal knytast til eigdommen, ikkje til skogeigaren som person.

Femte ledd gir heimel for departementet til å gi nærare forskrifter for berekning og innbetaling til skogfondet, og om den praktiske gjennomføringa av ordninga. Departementet kan med ein slik heimel fastsetje nærare reglar om skogfond innafor formålet i lova og i lys av dei interessene skognæringa har mellom anna fastsetje kva for produkt eller sortiment som skal gå inn under ordninga. Dei meir detaljerte reglane om avsetjing og bruk av skogfond som ein finn i gjeldande lov vil bli tekne med i nye forskrifter i den mon dei er nødvendige. Dette gjeld mellom anna §§ 42, 44, 45 og 47. Femte ledd gir også heimel for å fastsetje storleiken på avsetjinga til skogfondet. Etter gjeldande lov skal Kongen fastsetje storleiken kvart år. Denne heimele blei delegert til departementet i 1984. Kravet til innbetaling av skogavgift etter gjeldande lov har i dei seinare åra vore det same. Departementet meiner at det er enklare å fastsetje satsane for eit lengre tidsrom enn for kvar enkelt sesong, og ein vil heller gjere endringar når det er behov for det. Den nye lovteksten er utforma i samsvar med dette, og det er lagt til grunn at departementet fastset storleiken på avsetjing til skogfondet.

Sjette ledd slår fast at avsetnaden til skogfond er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. § 44 i gjeldande skogbrukslov. Gjeldande reglar om rente ved for sein innbetaling, og om forelding av krav knytt til skogfondsmiddel, vil bli tekne inn i ei forskrift etter sjette ledd.

#### *Til § 15. Bruk av skogfondet*

Føresegna erstattar § 46 om bruk og utbetaling av skogavgift i gjeldande skogbrukslov.

Den nye føresegna er forenkla, og tek utgangspunkt i det som etter lovforslaget er hovudmålet med ordninga med avsetjing til skogfondet. Det er dei langsiktige investeringane i skog som blir sikra gjennom bruk av skogfondsmiddel. I slike høve oppnår skogeigaren også dei skatteføremonene som går fram av skattelova § 8-2.

Dei viktigaste formåla som skogfondsmiddel kan bli brukt til er nemnde i andre ledd. Det er nytt

at tiltak som tek sikte på å ta vare på viktige miljøkvalitetar i skogen er omfatta. Føresegna er ikkje uttømmmande.

Tredje ledd gir heimel for forskrifter om bruken av skogfondsmiddel. Enkelte av dei meir detaljerte føresegnene i § 46 i gjeldande lov kan takast inn i forskrifta. Forskrifta kan også omfatte reglar om frigjeving av skogfondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen. Skogeigaren skal ikkje trenge å ha store summar ståande som avsett skogfondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen i næraste framtid, jf. § 43, siste ledd i gjeldande lov.

#### *Til § 16. Renter av skogfondsmiddel*

Denne føresegna erstattar § 48 i gjeldande skogbrukslov. Departementet legg opp til at forvaltninga og bruken av rentemidlar frå skogfond inntil vidare skal vere slik som det går fram av dei gjeldande forskriftene. Det inneber at det er administrasjon av ordninga og dekking av eventuelle tap rentemidla først og fremst skal brukast til. Det skal til dømes vera mogleg å leggje om administrasjonen og fordelinga av rentemidla mellom lokale, regionale og sentrale nivå.

Departementet har i andre ledd opna for ein meir aktiv bruk av rentemiddel som ikkje blir brukt til administrasjon av ordninga og eventuelle tap.

#### *Til § 17. Avgift på skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket*

Føresegna erstattar heile lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket av 9. november 1956, som departementet foreslår oppheva.

Forslaget legg opp til at departementet i forskrift kan krevje at det skal svarast ei avgift på skogsvirke. Formålet med forskrifta kan bare vere å fremme forskning og utvikling i skogbruket. Anna forskning er ikkje omfatta av føresegna.

Føresegna seier noko om kva innhald forskrifta kan ha. Departementet meiner det er mest formålstenleg at dei nærare detaljane går fram av forskrifter som kan bli endra og tilpassa etter skiftande rammevilkår for skogbruket.

#### *Til § 18. Konkurransavgrensande verksemd*

Det går fram av lovutkastet § 18 at departementet i forskrift kan fastsetje at skogeigarane og organisasjonane deira skal ha rett til å samarbeide om produksjon og omsetjing av landbruksprodukt. Formålet med forskriftsheimelen er å sikre gjennomføring av skogpolitikken. Med skogeigarorganisasjo-

nane meiner ein dei organisasjonane som finst i dag, Norges Skogeierforbund og NORSKOG og dei underliggande organisasjonane som høyrer til desse. Føresegna omfattar også eventuelle nye organisasjonar dersom det blir stifta slike i framtida. Som landbruksprodukt reknast produkt som er eit resultat av drifta av skogeigedomen.

#### *Til § 19. Tilskot*

Det er fleire statlege tilskotsordningar knytt til skogbruket. Tidlegare blei forskriftene om tilskot fastsette på grunnlag av Stortinget sitt budsjettvedtak. I lovforslaget § 19 har ein teke inn ei føresegn som gir ein slik heimel.

#### *Til § 20. Tilsyn, kontroll og rapportering*

Føresegna er ny. Bakgrunnen for forslaget er behandla under kapittel 6.3.2.3. Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, og kontrollere at vedtak gitt med heimel i lova blir gjennomførte. Føresegna omfattar ein heimel til å gi nærare føresegner om den kommunale kontrollen.

Etter andre ledd har skogbruksstyresmakta rett til tilkomst til skog og utmark. Retten gjeld både tilkomst og tilgjenge i skog og utmark. Retten omfattar ferdsel med motorkjøretøy. Det dreier seg om ei oppgave som er tillaten etter § 4a i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

I tredje ledd er det lagt til grunn at skogbruksstyresmakta skal ha innsyn i sertifiseringsrapportar som blir utarbeidd i samband med skogbruksverksemda. I samband med utarbeiding av oversikter over skog- og virkesutviklinga kan såleis kommunen eller annan skogbruksstyresmakt krevje å få tilgang til det materialet skogeigaren, eit organ knytt til skogeigarorganisasjonane eller skogeigorganisasjonane har utarbeidd i samband med internkontroll og rapportar frå desse. Føresegna rettar seg mot dei skogeigarorganisasjonane som finst i dag, Norges Skogeierforbund og NORSKOG. Ordlyden i føresegna tek dessutan høgde for at det i framtida vil kunne etablerast nye skogeigarorganisasjonar.

#### *Til § 21. Klage*

Føresegna erstattar gjeldande lov § 14, 1. ledd, og har det same innhaldet som i gjeldande lov. Departementet meiner at fylkeslandbruksstyret bør vere klageinstans for saker etter skogbrukslova. I meir kurante saker, særleg knytt til skogfond og tilskotsordningane, som ikkje er av prinsipiell karakter, legg departementet opp til at Fylkesmannen kan vere klageinstans. Departementet vil fastsetje kven som er klageinstans i dei enkelte forskriftene.

*Til § 22. Straff*

Brot på føresegnene i lovutkastet §§ 6, 7, 8, 11, 12, 13, 14 eller 15 kan straffast med bøter eller fengsel inntil eitt år. Føresegna gjeld tiltak som skogeigaren set i verk utan heimel eller løyve, eller tiltak som er i strid med heimel eller løyve. Føresegna dekkjer også høve der skogeigaren let vere å setje i verk tiltak anten slik tiltaksplikt følgjer av lov, forskrift eller enkeltvedtak. Det kan også fastsetjast straff dersom skogeigaren ikkje betaler inn rett skogavgift, eller der avsetjing av avgift til forskning og utvikling i skogbruket jf. forskrift etter lovutkastet § 17 ikkje er gjort. Ut over dette kan det fastsetjast straff dersom skogeigaren har brote føresegner i forskrift om miljøansvaret eller vedtak fatta med heimel i denne forskrifta.

Ein kan berre dømmast til straff dersom brotet på lova er vesentleg. Ved vurderinga av om handlinga er vesentleg skal det særleg leggjast vekt på omfanget av brotet, på verknaden av handlinga, og på graden av utvist skyld. Det kan også leggjast vekt på om personen eller foretaket tidlegare er straffa for brot på lova eller forskrift gitt etter lova.

Brot på reglane i skogbrukslova kan i nokre høve også straffast etter anna lovgjeving, t.d. reglane i kulturminnelova og reglane om miljøkriminalitet i straffelova.

*Til § 23. Tvangsmulkt*

Brot på føresegnene i lova, forskriftene eller vedtak fatta med heimel i lova kan følgjast opp av skogbruksstyremaktene ved at det blir fastsett ei tvangsmulkt. Mulкта kan fastsetjast for å sikre gjenoppretting av skade, eller for å tvinge skogeigaren til å gjennomføre dei pliktene han har etter lov, forskrift eller pålegg i enkeltvedtak. Har skogeigaren til dømes ikkje betalt inn skogavgift, ikkje gjennomført tilfredsstillande forynging etter hogst, eller ikkje følgd opp pålegg om gjenoppretting etter lovutkastet § 10, kan det fastsetjast ei tvangsmulkt for å få skogeigaren til å følgje opp i samsvar med lova eller vedtaket. Tvangsmulkt kan også fastsetjast i høve der skogeigaren har bygd veg i strid med løyvet og blitt pålagt å gjenopprette skade på miljøet.

*Til § 24. Iverksetjingsreglar*

I lovutkastet er det lagt til grunn at lova blir sett i kraft frå den tid Kongen avgjer.

Den nye skogbrukslova erstattar lov 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern. I § 17 har departementet også teke inn ein forskriftsheimel for å krevje ei slik avgift som er omhandla i lov 9. november 1956 om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak for skogbruket. Ved iverksetjinga blir denne lova oppheva. Ut over dette blir lov 9. juni 1939 om husbruksskog oppheva ved iverksetjinga.

Det er såleis tre lover som heilt ut blir oppheva dersom forslaget til ny skogbrukslov blir vedteke.

*Til § 25. Overgangsreglar*

I lovutkastet § 25 går det fram at forskriftene og vedtaka skal gjelde fram til eventuelt nye forskrifter og vedtak blir fastsette i medhald av den nye lova. Dette gjeld til dømes ulike former for pålegg som er gitt etter skogbrukslova. Andre døme på slike vedtak er der det er innført meldeplikt, eller gitt retningslinjer for vernskog.

Ved fremme av proposisjonen er det ein husbruksskog igjen. Departementet har lagt til grunn at lov om husbruksskog framleis bør gjelde for denne skogen fram til eigarane har funne ei løysing på endringar i eigarform.

*Til § 26. Endringar i andre lover*

I lovutkastet § 26 foreslår departementet i pkt. 1–7 ei rekkje tekniske endringar i andre lover. Endringane er ei følgje av forslaget til ny skogbrukslov.

I § 26 nr. 8 foreslår departementet at tilvisinga til fylkeslandbruksstyret i odelslova §§ 16 siste ledd siste punktum, 24 første punktum, 31 andre ledd og 54 første ledd er skal endrast til landbruksmyndighetene. Forslaget byggjer på at det etter gjeldande reglar er kommunen, ikkje fylkeslandbruksstyret som tek avgjerd i saker som gjeld konsesjon etter konsesjonslova og deling etter jordlova, medan fylkeslandbruksstyret tek avgjerd som klageinstans. Omgrepet landbruksmyndigheit er den myndigheit som har kompetanse til å avgjere realitetsspørsmålet anten saka gjeld søknad om deling eller søknad om konsesjon. Omgrepet dekkjer både behandling i første instans og behandling av klagesak. Endringa fører ikkje til noko realitetsendring.

## 8 Administrative og økonomiske konsekvensar

Forslaget til ny lov om skogbruk tek i første rekke sikte på å klargjere skogeigaren sitt forvaltarsvar. Lova skal vidare gjere skogbruksstyresmakta betre i stand til å følgje opp om tiltak i skogen blir planlagde eller gjennomførte på ein slik måte at skogressursane eller miljøverdiane kan bli skadelidande. Forslaget til ny lov vil også føre til ei vesentleg forenkling av saksbehandlinga for enkelte saks-typar, og kommunane får større mynde som skogbruksstyresmakt i første instans.

Den nye lova skapar ikkje behov for endringar i organiseringa av skogbruksstyresmakta i kommunane, på fylkesnivå eller sentralt. Det er dei same organa som skal vere skogbruksstyresmakt som tidlegare – dei som er skogoppsyn etter gjeldande lov.

I forslaget til ny lov er det ikkje lagt nye oppgåver til skogbruksstyresmakta. Det er tvert i mot slik at nokre saksområde i gjeldande lov ikkje er med i den nye lova, til dømes saker om omdisponering av skogmark til anna formål enn skogproduksjon. I utgangspunktet vil den nye lova såleis ikkje føre til fleire administrative oppgåver for skogbruksstyresmakta. Gjennom dei heimlane kommunane får i den nye lova til sjølv å velje korleis dei vil utøve kontroll med skogbruket i kommunen, kan dei like-

vel få nokre fleire oppgåver. Om ein kommune til dømes innfører meldeplikt for all hogst, vil det føre med seg at kommunen sjølv skaffar seg noko meir arbeid. Dette er likevel eit arbeid som kommunane sjølv kan velje om dei ønsker å ta på seg.

Departementet meiner at forslaget til ny skogbrukslov ikkje fører til auka kostnader for skogbruksstyresmakta. For skogeigar vil det heller ikkje bli nye kostnader.

Om den nye lova blir vedteke slik departementet foreslår, vil det etter noko tid bli fastsett nye forskrifter til erstatning for dei som er heimla i gjeldande lov. Departementet tek sikte på at dei nye forskriftene også skal føre til forenklingar som kan gi både administrative og økonomiske innsparingar.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om skogbruk (skogbrukslova).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om skogbruk (skogbrukslova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---



# Forslag

## til lov om skogbruk (skogbrukslova)

### Kapittel 1 Innleiande føresegner

#### § 1 *Formålet med lova*

Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

#### § 2 *Virkefeltet for lova*

Denne lova gjeld for all skog og skogmark. Med skogmark forstås ein i denne lova grunn som er skogproduserande, eller som etter ei samla vurdering er best eigna for skogproduksjon, og som ikkje er nytta til andre formål.

Lova gjeld sjølv om eit område er verna etter naturvernlova eller i plan etter plan- og bygningslova er lagt ut til andre formål enn landbruk, så sant ikkje anna følgjer av verne- eller planvedtaket eller av forskrifter knytt til vedtaket.

Lova kan ikkje nyttast i strid med dei rettane reindriftssamane har til trevirke og brensel.

#### § 3 *Skogbruksstyresmakt*

Departementet er øvste skogbruksstyresmakt. Departementet kan overføre mynde til andre forvaltningsorgan. Fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen og kommunen har slikt mynde som følgjer av føresegnene i lova, forskrift fastsett av departementet og andre avgjerder om overføring av mynde.

Dersom saka krev samordning over kommunegrensar, eller viktige nasjonale omsyn tilseier det, kan oppgåver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen behandlast av departementet eller anna skogbruksstyresmakt.

Fylkesmannen er skogbruksstyresmakt for skog som kommunen eller fylkeskommunen eig.

#### § 4 *Skogeigaren sitt forvaltaransvar*

Skogeigaren skal sjå til at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med lov og forskrift. Skogeigaren skal ha oversikt over miljøverdiane i eigen skog og ta omsyn til dei ved gjennomføring av alle tiltak i skogen. Slike omsyn kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Innafor desse rammene står skogeigaren fritt til å forvalte skogen ut frå egne mål.

Skogeigaren skal sjå til at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova og forskriftene.

Departementet kan gi nærare forskrifter om omsyn skogeigaren skal ta i høve til miljøet.

### Kapittel 2 Skogbrukstiltak

#### § 5 *Skogregistrering og skogbruksplan*

Skogbruksplanlegginga omfattar skogregistreringar som gir oversikt over skog- og miljøressursane på eigedommen og ein plan for forvaltninga av desse.

Skogregistreringar kan gjennomførast i eit område jamvel om ikkje alle skogeigarane har tinga skogbruksplan. Alle skogeigarar skal ha melding om at registreringa blir gjort. Oversikter over miljøverdiane som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga skal vere offentleg tilgjengelege, jf. lov 9. mai 2003 nr. 31 om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet.

Kommunen kan gi skogeigaren pålegg om gjennomføring av skogregistreringar og utarbeiding av ressuroversikt eller skogbruksplan. Departementet kan gi forskrift om skogregistrering og skogbruksplanlegging med mellom anna krav til innhaldet i planen og reglar om korleis data som blir samla inn skal forvaltast.

#### § 6 *Forynging og stell av skog*

Skogeigaren skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

Dersom skogeigaren ikkje rettar seg etter dette, avgjer kommunen om skogeigaren skal påleggast å setje i verk tiltak for å sikre at arealet blir forynga. Tiltaket må setjast i verk innan ein frist som maksimalt kan vere på 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen sørge for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen kan krevjast dekt frå middel som er avsett i skogfondet. Kostnadene er tvangsgrunnlag for utlegg.

Dersom kommunen finn det nødvendig for å hindre store negative effektar på miljøverdiane,

under dette ureining av viktige vassførekomstar, kan kommunen nekte skogeigarar å plante i skoglause område, å skifte treslag, å grøfte, gjødsle eller bruke plantevernmidde. Kommunen kan også setje vilkår i slike høve.

Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om forynging og stell av skog, under dette krav til tilfredsstillande forynging, skifte av treslag, bruk av utanlandske treslag, grøfting i skog, gjødsling av skog, bruk av plantevernmidde i skog og frø- og planteforsyninga i skogbruket.

#### § 7 *Vegbygging i skog*

Bygging og ombygging av vegar til skogbruksformål kan berre gjennomførast etter løyve frå kommunen.

Planlegging, bygging og ombygging skal skje på ein måte som tek omsyn til viktige miljøverdiar og som sikrar landbruksfaglege heilskapsløyser. Det skal leggjast vekt på å oppnå eit rasjonelt vegnett, der det også blir teke omsyn til den nytten vegen kan få for anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedommane.

Departementet kan gi nærare forskrifter om planlegging, godkjenning og bygging av skogsvegar og av andre anlegg og tekniske inngrep knytte til skogbruk.

#### § 8 *Hogst og måling*

Ved hogst skal det takast omsyn til skogen sin framtidige produksjon og forynging samstundes som det blir teke omsyn til miljøverdiene. Det skal sørgjast for at bruk av stigar, løyper og andre ferdselsårer ikkje blir unødig vanskeleggjort for allmenta etter at hogsten er avslutta. Kommunen kan påleggje skogeigarar å rette opp køyreskadar eller andre skadar etter tiltak i skogen.

Om ein hogst blir planlagt eller skjer i strid med denne lova, reduserer eigedommen sitt produksjonsgrunnlag vesentleg, eller kan få uheldige verknader for miljøverdiene, kan kommunen nekte hogsten eller setje vilkår for korleis den skal gjennomførast.

Når ikkje anna er fastsett av departementet skal kjøpar og seljar sørgje for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport blir målt. Departementet kan gi nærare forskrifter om registrering og oppgaveplikt i samband med slik måling.

#### § 9 *Førebyggjande tiltak*

Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige. Dette kan mellom anna vere pålegg til skogeigarar. Dette gjeld også for skog og tre i område

som er utanfor virkefeltet i § 2. Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

#### § 10 *Tiltak etter skade på skog*

Når skogen er skadd som følgje av uheldig skogbehandling, råte, brann, vindfelling, skred, sjukdom, sopp, smågnagar-, hjortevilt- eller insektangrep, eller andre forhold som reduserer skogproduksjonen vesentleg, kan kommunen påleggje skogeigaren å setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å rette opp skadane. Kommunen skal setje ein frist for slike tiltak. Fristen skal ikkje vere lengre enn 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen sørgje for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

#### § 11 *Meldeplikt*

Når det er nødvendig for å halde kontroll med at lova blir følgt, kan kommunen eller anna skogbruksstyresmakt gjere vedtak om at skogeigarar skal ha plikt til å melde inn planar om hogst og tiltak knytt til forynging og stell av skog. Denne meldeplikta kan gjelde ein eller fleire skogeigarar i heile eller delar av kommunen.

Meldinga skal vere skriftleg og gi opplysningar om dei planane eigaren har for hogst eller tiltak. Meldinga skal sendast til kommunen seinast 3 veker før hogsten eller tiltaket skal setjast i verk.

Har kommunen ikkje gitt svar på meldinga innan 3 veker frå den dagen da meldinga kom fram til kommunen, eller gjort vedtak med heimel i §§ 6 tredje ledd, 8 andre ledd eller forskrift i medhald av §§ 4 eller 7, kan det meldte tiltaket setjast i verk i samsvar med dei reglane som gjeld etter lova. Om kommunen treng meir tid for å ta stilling til tiltaket, kan kommunen avbryte fristen ved å gi melding om dette.

### **Kapittel 3 Vernskog og område av særleg miljøverdi**

#### § 12 *Vernskog*

Fylkeslandbruksstyret kan gi forskrift om at skog skal vere vernskog når skogen tener som vern

for annan skog eller gir vern mot naturskadar. Det same gjeld område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er sårbar og kan bli øydelagt ved feil skogbehandling.

Forskrifta skal leggje fast grensene for vernskogen og gi reglar for forvaltninga av skogen. Det kan også fastsetjast reglar om meldeplikt.

Kommunen skal sørge for at eigarar av vernskog blir gjort kjent med vernskogvedtaket og dei reglane som blir fastsette, og skal kunngjere vedtaket i dei aviser kommunen elles nyttar til kunngjeringar.

#### § 13 Skogområde av særleg miljøverdi

Departementet kan ved forskrift leggje strengare restriksjonar på skogbehandlinga i skogområde av særleg miljøverdi knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv eller kulturminne enn det lova elles gir heimel for når skogbehandlinga kan føre til vesentleg skade eller ulempe for desse verdiane.

### Kapittel 4 Skogfond m.m.

#### § 14 Innbetaling til skogfond

Skogfond er ei tvungen fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere tiltak med sikte på ei berekraftig forvaltning av skogressursane.

Skogeigaren skal setje av middel til skogfondet ved sal, oreigning eller anna overdraging av hogd eller framdrive virke eller av tre på rot, ved skogeigaren sin bruk av virke for vidare sal eller anna overdraging. Plikta gjeld ikkje skogeigaren sin bruk av virke til eige behov i samband med jord- og skogbruksverksemd på eigedommen.

Fylkesmannen kan frita ein skogeigar frå plikta til å innbetale til skogfond etter første ledd dersom det er urimeleg å krevje slik innbetaling, og skogeigaren kan vise til at det blir utført investeringsarbeid i skogen som minst svarar til den innbetalinga som er pliktig.

Inneståande skogfondsmiddel følgjer eigedommen ved overdraging til ny eigar, og inneståande middel kan ikkje skiljast frå eigedommen ved pantsetjing, tvangsfullføring eller på annan måte.

Departementet kan gi forskrifter om ordninga med skogfond, og fastset kor stor fondsavsetjinga skal vere. Avsetjinga skal ikkje vere lågare enn 2 % av bruttoverdien av virket.

Ved manglande innbetaling til skogfondet er krav frå kommunen tvangsgrunnlag for utlegg.

#### § 15 Bruk av skogfondet

Skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar til fordel for den skogen som virket kjem frå,

eller til fordel for annan skog som skogeigaren har i same kommune. Med godkjenning frå kommunen kan middel på skogfondet også først over til annan skog som skogeigaren har.

Skogfondet skal i første rekkje brukast til skogkultur, skogbruksplanlegging, skogproduksjon, skogsvegar og tiltak som tek sikte på å sikre viktige miljøverdier i skogen.

Departementet kan gi nærare forskrifter om bruken av skogfondet, mellom anna reglar om frigjeving av fondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen.

#### § 16 Renter av skogfondsmiddel

Skogeigaren har ikkje krav på renter av inneståande middel på skogfond.

Rentene av skogfondet skal nyttast til administrasjon av skogfundsordninga, og til å dekkje eventuelle tap i samband med innkrevjing av pliktig innbetaling til skogfondet. Renter som ikkje blir brukt til desse formåla, skal brukast til ulike skogbruksformål etter nærare forskrifter fastsett av departementet.

#### § 17 Avgift på skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket

Departementet kan ved forskrift vedta at det skal svarast ei avgift på skogsvirke til å fremme forskning og utvikling i skogbruket og fastsetje nærare reglar om innbetaling, bruk og forvaltning av denne avgifta, og for kor lang periode ho skal krevjast inn.

### Kapittel 5 Avsluttande føresegner

#### § 18 Konkurransavgrensande verksemd

Departementet kan fastsetje i forskrift at skogeigarane og organisasjonane deira skal ha rett til å samarbeide om produksjon og omsetjing av landbruksprodukt.

#### § 19 Tilskot

Departementet kan fastsetje forskrifter om fordeling av og vilkår for utbetaling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skog etter slike rammer som Stortinget gir. Forskriftene kan innehalde reglar om å krevje tilskot tilbake dersom vilkåra for tilskot ikkje er oppfylte.

#### § 20 Tilsyn, kontroll og rapportering

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, og kontrollere at vedtak med heimel i lova blir gjennomførte. Departementet kan gi forskrift om kommunane sin rapportering og resultatkontroll.

Ved tilsyn har skogbruksstyresmakta rett til til-

komst til skog og utmark, også ved bruk av motor-  
kjøretøy.

Ved utarbeiding av oversikter over skog- og vir-  
kesutviklinga, har skogbruksstyresmakta rett til  
innsyn i sertifiseringsrapportar og liknande over-  
sikter som blir utarbeidd av skogeigarorganisasjo-  
nane eller av organ knytt til desse.

### § 21 Klage

Vedtak kommunen gjer etter denne lova kan på-  
klagast til fylkeslandbruksstyret om ikkje departe-  
mentet har fastsett at fylkesmannen skal vere  
klageinstans.

Departementet eller den departementet har gitt  
mynde er klageinstans for vedtak gjort av fylkes-  
landbruksstyret eller fylkesmannen i første instans.

### § 22 Straff

Den som forsettleg eller aktaust bryt eller med-  
verkar til brot på føresegnene i §§ 6, 7, 8, 11, 12, 13,  
14 eller 15, forskrifter gitt med heimel i desse para-  
grafane eller vedtak i medhald av desse føresegn-  
ene eller forskriftene, blir straffa med bøter eller  
fengsel i inntil eitt år.

Den som forsettleg eller aktaust bryt eller med-  
verkar til brot på forskrifter gitt med heimel i §§ 4  
tredje ledd eller 17 eller vedtak i medhald av desse  
forskriftene, blir straffa på same måte.

Straff etter første og andre ledd kan berre nyt-  
tast når brotet er vesentleg.

### § 23 Tvangsmulkt

For å sikre at føresegnene i lova og vedtak fatta  
med heimel i lova blir gjennomførte, kan kommunen  
påleggje skogeigaren tvangsmulkt. Tvangs-  
mulkta kan krevjast inn frå den fristen kommunen  
har sett for retting av forholdet. Tvangsmulkta kan  
også fastsetjast på førehand. Det kan fastsetjast at  
tvangsmulkta aukar så lenge det ulovlege forholdet  
varer ved.

Tvangsmulkta er tvangsgrunnlag for utlegg.

### § 24 Iverksetjing

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

Frå same tid held desse lovane opp å gjelde:

- a) Lov 9. juni 1939 nr. 17 om husbruksskog,
- b) Lov 9. november 1956 nr. 4 om avgift på skogs-  
virke til fremme av fellestiltak for skogbruket,
- c) Lov 21. mai 1965 nr. 21 om skogbruk og skog-  
vern.

### § 25 Overgangsreglar

Forskrifter og vedtak med heimel i dei lovane  
som er nemnde i § 24 andre ledd skal gjelde fram til

departementet gjer nye vedtak eller fastset nye for-  
skrifter med heimel i lova her.

Føresegnene i lov 9. juni 1939 nr. 17 om hus-  
bruksskog skal gjelde for Nystaul og Finsbu hus-  
bruksskog i Kilen i Telemark fram til eigarane av  
skogen har vedteke ein annan organisering av drif-  
ta av eigedommen.

### § 26 Endringar i andre lover

Frå den tida Kongen fastset blir det gjort slike  
endringar i anna lovgjeving:

1. I følgjande lover skal omgrepet «skogoppsyn»  
endrast til «skogbruksstyresmakt»:
  - lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og  
åsetesretten § 63,
  - lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte  
o.a. § 93,
  - lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenning-  
er § 1–6 annet ledd annet punktum.
2. I følgjande lover skal omgrepet «skogavgift» en-  
drast til «skogfond»:
  - lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenning-  
er § 1–6 annet ledd annet punktum,
  - lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i  
statsallmenningene § 2–8 annet ledd,
  - lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue  
og inntekt § 8–2 (2) annet ledd,
  - lov 20. desember 2002 nr. 99 om endringer i  
lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue  
og inntekt VI til § 8–2 annet ledd bokstav a.
3. Tilvisinga til tittelen på gjeldande skogbrukslov  
endrast til tittelen på den nye lova i følgjande lo-  
ver:
  - lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte  
o.a. § 93,
  - lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i  
statsallmenningene § 2–8 første ledd,
  - lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag  
og grunnvann § 12 fjerde ledd.
4. I lov 29. november 1968 um særlege råderettar  
over framand eigedom (servituttlova) skal § 14  
første ledd tredje punktum lyde:
 

For skoglaus mark gjeld dette likevel berre  
så langt marka er rekna for skogmark etter  
skogbrukslova § 2.
5. I lov 19. juni 1992 nr. 59 om bygdeallmenninger  
skal § 5–3 første ledd annet punktum lyde:
 

Avgiften skal dekke skogfond etter skog-  
brukslova kapittel 4, samt allmenningsstyrets

- utgifter i forbindelse med utvisningen og til nødvendig skogkultur for så vidt det ikke dekkes av skogfondmidler og offentlige tilskudd.
6. I lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift m.v. i statsallmenningene skal § 2–8 første ledd lyde:  
Når virkesretten utøves ved utvisning etter § 2–7, skal skogfond etter skogbrukslova kapittel 4 innbetales til Statens skogforvaltning eller til allmenningsstyret innen en frist som fastsettes i forbindelse med at den virkesberettigede underrettes om tildelingen.
  7. I lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann skal § 20 første ledd bokstav e lyde:  
e) er godkjent med hjemmel i forskrift etter skogbrukslova § 7 eller jordlova § 11.
  8. I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten skal omgrepet «fylkeslandbruksstyret» endrast til «landbruksmyndigheita», i § 16 fjerde ledd annet punktum, § 24 første punktum, § 31 annet ledd og § 54 første ledd.
-

**Vedlegg 1****Landbruks- og matdepartementets høyringsnotat av  
4. desember 2003 med forslag til ny lov om skogbruk  
(skogbrukslova)****1 Hovudinnhaldet i forslaget til ny  
Lov om skogbruk**

Departementet sender med dette ut forslag om ei ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) til høring. Lova skal erstatte gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965 med seinare endringar.

Den nye lova skal regulere skogbruk som næring og stimulere til verdiskaping med grunnlag i skogressursane. Siktemålet med forslaget er å etablere eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane.

Forslaget til ny lov inneber ei klar forenkling av gjeldande lovgjeving om skogbruk. Gjeldande lov har 58 føresegnar, mens den nye lova får 22 føresegnar.

Departementet foreslår at den nye lova skal ha følgjande formål:

«Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.»

Lovforslaget legg til grunn den eksisterande grensedraginga mellom skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga, og fører vidare prinsippa i gjeldande lov om skogbruk og skogvern i ei meir framtidsetta lov med fokus på verdiskaping innafor dei rammer miljøomsyna set.

Lovforslaget fører vidare ei skogbruksstyresmakt på kommune- og fylkesnivå med ei organisering som gjer det mogleg å følgje opp regelverket og dei skogpolitiske måla på ein god måte regionalt og lokalt. Lovforslaget legg m.a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans blir større. Føresegnar i lova gir òg kommunane heimel for å innføre meldeplikt for tiltak i skogbruket, om det er behov for å føre kontroll med at lovføresegnene og forskrifter gitt i medhald av lova blir overhaldne.

Dei føresegnene departementet foreslår i utkas-

tet til ny lov gir i all hovudsak rammer for bruk og forvaltning av skogen. Departementet har likevel funne det rett å ta inn i lova einskilde føresegnar som opnar for å regulere skogbruket meir detaljert dersom det er nødvendig.

Lovforslaget legg til grunn som hovudprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane blir forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. Departementet fører i denne samanheng inn omgrepet forvaltansvar i lova.

Lovforslaget gir ei ny føresegn om forynging etter hogst. Dette inneber ei konkretisering og skjerpning i forhold til dei reglane som gjeld i dag. Departementet foreslår samstundes å lage ei ny forskrift om forynging og tek sikte på å fastsetje denne parallelt med iverksettinga av den nye lova. Det er ønskeleg at høringsinstansane kommenterer kva for innhald og detaljeringsgrad ei slik forskrift bør ha.

Lovforslaget legg vidare til rette for å møte nye utfordringar i samband med ulike miljøspørsmål, og inneber m. a. eit forslag om ein heimel for å lage ei forskrift om miljøomsyn. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksettinga av den nye lova. Som for forskrifta om forynging ber departementet høringsinstansane om synspunkt på innhaldet i ei slik forskrift.

Føresegnene om omdisponering av skogmark i gjeldande lov blir ikkje ført vidare. Departementet legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og dels ved føresegnene om deling og omdisponering i jordlova. Departementet foreslår i samband med dette mindre justeringar i § 9 i jordlova. Dette inneber ei forenkling samstundes som endringane gjer det tydelegare at kommunane gjennom plan- og bygningslova har eit klart ansvar for god arealdisponering og vern om areal med biologisk produksjonsevne.

Lovforslaget stadfestar og styrkar ordninga med at ein del av inntekta frå avverkning av skog skal førast tilbake til skogen i form av langsiktige investeringar. I gjeldande lov er dette tatt inn i føresegnar om skogavgift. I lovforslaget er ordninga kalla skogfond. Dette er ei fornying. Avsetnaden er

ikkje ei avgift, men ein tvungen fondsavsetnad som er ei sentral, varig ordning med sikte på å sikre finansiering av ei berekraftig forvaltning av skogen.

Lovforslaget gir heimel til å føre nærare kontroll med at skogen blir driven innafor forsvarlege skog- og miljøfaglege rammer. Departementet legg til grunn at prinsippet om internkontroll no er tatt i bruk innafor skogbruk, jf. òg HMS-lovgjevinga. Departementet foreslår difor m. a. ein heimel til å stille krav til skogeigarane sin interne kontroll og tilgang til rapporter frå desse.

Når det gjeld føreseigna om straff foreslår departementet at forsettleg eller aktaust brot på føresegnene i lova kan bli straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år, og det blir innført heimel til å gi tvangsmulkt slik dette også blir nytta i jordlova. Dette er ei skjerpning i høve til gjeldande lov. Føresegnene i gjeldande lov om at brot ikkje blir påtala utan etter krav frå skogbruksstyresmaktene blir ikkje ført vidare. Dette er i tråd med dei synspunkt departementet har fått under arbeidet med lova. Departementet meiner elles at særleg alvorlege brot på lova og forskrifter fastsett med heimel i denne, som gir varige negative verknader for miljøet, skal vurderast som miljøkriminalitet. Det kan i slike saker òg bli reist tiltale etter straffelova.

## 2 Arbeidet med lovforslaget

Departementet har arbeidd med den nye lova om skogbruk i ein open og medverkande prosess, jf. òg *St. meld. nr. 17 (1998–99) Verdskaping og miljø – muligheter i skogsektoren (Skogmeldinga)*.

Departementet la i starten av arbeidet vekt på å hente inn informasjon og innspel frå dei som i det daglege praktiserer gjeldande lov. Våren 2000 inviterte departementet fylkesmennene til å gjennomføre fylkesvise prosessar og gi skriftlege innspel. Det har hatt verdi for dei seinare fasar i lovarbeidet at diskusjonar tidleg kom i gang i fylka om prinsipp og føresegnene i den nye lova.

Departementet oppretta hausten 2000 ei rådgjevande lovgruppe med representantar frå 15 organisasjonar med interesser i skogsektoren. Skogeigar-, skogindustri-, arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar og naturvern- og friluftslivsorganisasjonar tok del i gruppa sitt arbeide.

Gruppa var samansett med representantar frå:

- Norges Skogeierforbund
- Norsk Skogbruksforening
- Norges Bondelag
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Norsk Almenningsforbund

- Norges Naturvernforbund
- Friluftslivets Fellesorganisasjon og Friluftsrådernes Landsforbund (felles representant)
- Norges Jeger- og Fiskerforbund
- Verdens Naturfond WWF
- Fellesforbundet
- Skogbrukets Landsforening
- Treforedlingsindustriens Bransjeforening
- Trelastindustriens Landsforening
- Transportbrukernes Fellesorganisasjon

Lovgruppa fekk ved brev frå departementet av 13.09.2000 følgjande mandat:

«Referansegruppen knyttet til arbeidet med ny skogbrukslov skal bistå Landbruksdepartementet med innspill og vurderinger i ulike faser av lovarbeidet. Hensikten med å etablere gruppen er å skape en god og åpen dialog mellom skogbrukets ulike interessegrupper, og med departementet. Gruppen skal diskutere de spørsmål departementet fremlegger, og bidra til at sekretariatet får et realistisk helhetsbilde av de utfordringer norsk skogbruk står overfor både næringsmessig og i miljøsammenheng. Gruppens medlemmer må kunne påta seg å komme med konkrete innspill, eller delta i mindre grupper som utreder spesielle spørsmål. Gruppen forutsettes å avslutte sin funksjon ved utgangen av 2002».

Lovgruppa har hatt fem møter. Gruppa har drøfta ulike problemstillingar som departementet har lagt fram under arbeidet med å utforme lova, under dette òg utkast til tekst til aktuelle føresegnene.

Miljøverndepartementet har teke del i lovgruppa sitt arbeid som observatør.

## 3 Bakgrunnen for lovforslaget

### 3.1 St. meld. nr. 17 (1998–1999) og Stortinget si behandling av denne

Landbruksdepartementet foreslo i St. meld. nr. 17 (1998–1999) å starte arbeidet med ei ny lov om skogbruk. Bakgrunnen var internasjonale og nasjonale trekk i utviklinga og dei skogpolitiske utfordringane som Noreg møter.

Departementet la til grunn at dei endringane som over tid er gjennomførde i gjeldande lov av 1965 ikkje dekkjer behovet i dag for ei meir fullstendig modernisering av føresegnene. På einskilde område er lova i dag lite dekkjande og funksjonell i forhold til dei skogpolitiske utfordringane som skal løysast i framtida.

Forslaget om å utarbeide ei ny lov fekk tilslut-

ning av fleirtalet i næringskomiteen under Stortinget si behandling av Skogmeldinga våren 1999. Komiteen uttalte følgjande i Innst. S. nr. 208 (1998–1999), s.19–20:

«Komiteen har merket seg at Regjeringen legger opp til å starte arbeidet med en ny skogbrukslov, med klare bestemmelser om et bærekraftig skogbruk og en langsiktig ressursforvaltning. Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krevjer et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogeiers forvalteransvar. Den nye skogbruksloven må også videreføre en skogadministrasjon på kommune- og fylkesnivå med en organisasjon og kompetanse som gjør det mulig å følge opp regelverket og de skogpolitiske mål på en god måte regionalt og lokalt.»

Dei utviklingsperspektiva som blei lagde til grunn i St. meld. nr. 17 (1998–1999) og ved Stortinget si behandling av meldinga, har seinare blitt meir tydelege, og behovet for ei ny lov om skogbruk er forsterka ytterlegare.

### 3.2 Verdier knytt til skog

Behovet for eit lovverk om skog er basert på at skogen har store verdier for samfunnet. Skog er ein heilt sentral faktor for å ta vare på jord- og vassressursar og biologisk mangfald, samstundes som den gir eit positivt bidrag i arbeidet med å løyse klimautfordringane. Skog byr òg på verdier for rekreasjon og friluftsliv som er viktige for helse og trivsel for borgarane i eit moderne samfunn. Vidare ber skogen på viktige kulturminne, og er ei viktig kjelde til verdiskaping og sysselsetting. Som ei fornybar råstoffkjelde er skogen ein vesentleg faktor i arbeidet med å skape meir berekraftige mønster for produksjon og forbruk over heile verda.

Generelt er skog utsett for ei rad trugsmål. Effektane av at skog mange stader blir øydelagt og forsvinn er både synlege og merkbare i store delar av verda. Mellom 1990 og 1995 minka skogarealet i verda med totalt 56,3 mill ha., jamvel om skogarealet auka med nær 9 mill. ha i industrilanda. Dei viktigaste årsakene til endringane i skogdekninga globalt er at skogareal blir disponert om til jordbruksareal og store tiltak for infrastruktur i utviklingslanda, mens i industrilanda gror store jordbruksareal til etter som dei går ut av drift. Andre truslar er lokalt høge uttak av trevirke til industribruk og ved, overbeiting, brann, skade av insekt, stormfelling, tørke og luftforureining.

I Noreg har skogtilhøva endra seg kraftig frå 1900-talet og fram til i dag. Medan det tidlegare var for stor avverking og lite ståande skog er det no eit overskot av ståande skog, og avverkinga ligg på omlag ein tredel av årleg brutto tilvekst. Skoglovgevinga og dei skogpolitiske virkemidla har medverka til den skogtilstanden Noreg har i dag. Sett i forhold til ressurs situasjonen har Noreg no derfor stor grad av friedom i utvikling av mål og virkemiddel. Den gode ressurs situasjonen inneber at det ligg eit stort utnytta potensial for verdiskaping og annan samfunnsnytte i skogen.

Erkjenninga av at skogen har viktige funksjonar og gir grunnlag for eit mangfald av produkt og tenester til samfunnet breier seg. Det vil framleis ligge store utfordringar i å møte behovet for trevirke og andre skogprodukt samstundes som økologiske samanhengar og miljøverdier blir ivaretekne. Betre metodar for produksjon, meir utbreidd produksjon i skogplantasjar, ny prosessteknologi, auka gjenbruk og meir bruk av fiber frå andre kjelder enn skog representerer trendar i utviklinga som vil påverke utviklinga av skogen globalt.

Lønsemda i skogbruket er dei siste åra gått kraftig ned, men det er sett i verk skogpolitiske tiltak som på sikt bør gi eit betre grunnlag for auka verdiskaping og dermed ei høgare ressursutnytting enn i dag. Ei ny lov vil truleg òg vere eit viktig grunnlag for forvaltning av nasjonale skogverdier både fordi lova representerer ei forenkling i forhold til eksisterande lovverk og fordi lova gir klårare rammer for skogbruket si verksemd. Forslaget til ny lov er òg eit viktig element i departementet sitt arbeid for nye strategiar i landbrukspolitikken, der det er eit mål å legge tilhøva betre til rette for dei som søker nye løysingar. Det er viktig å legge forholda betre til rette for dei som ønskjer å satse på ny næringsverksemd, og det er viktig å gi betre moglegheiter for dei som ønskjer å finne nye løysingar når det gjeld bustad og oppvekstmiljø. Arbeidet med slike spørsmål blir koordinert gjennom prosjektet Landbruk Pluss, som m.a. er omtala i Landbruksdepartementet sitt budsjettframlegg for 2004.

### 3.3 Argumenta for ei ny lov om skogbruk

Med utgangspunkt i dei verdiane som er knytt til skog og det trusselbiletet som pregar skogen si utvikling globalt er det eit klart behov for å verne om skogen som økosystem, regulere utnytting av skogressursane og leggje til rette for ei forvaltning som gir verdiskaping og nytte for samfunnet. Etter departementet si vurdering er det etter dette særleg fire viktige forhold som taler for ei meir moderne lovgeving om skogbruk i Noreg:



- internasjonale forhold
- eit landbruk med endra struktur og nye utfordringar
- endra rammevilkår for skogbruket og omlegging av skogpolitikken
- krav om betre miljøomsyn.

#### *Internasjonale forhold*

Den internasjonale interessa for skog og skogforvaltning er stor. Internasjonalt samarbeid påverkar rammene for den nasjonale skogpolitikken. I tillegg til dei retningsgivande og dels forpliktande internasjonale prosessane styresmaktene deltek i, skjer det tilpassing og omstrukturering i dei marknadene den norske skogsektoren opererer i. Internasjonalisering og utviklinga av ein meir global marknad utan klare handelsgrenser påverkar skogbruket meir og meir. Vurderingar av om innhaldet i skoglovgjevinga sikrar berekraftig skogforvaltning blir tillagt auka vekt i marknaden. Ei moderne lovgjeving, eit tilfredsstillande tilsyn, og dokumentasjon om verksemda i skogbruket er nødvendig for halde tilliten til det norske skogbruket i dei internasjonale marknadene oppe.

Regjeringa har over tid lagt vekt på å integrere internasjonale skog- og miljøpolitiske prinsipp i den nasjonale skogpolitikken. Forslaget til ny Lov om skogbruk er eit ledd i dette arbeidet.

#### *Eit landbruk med endra struktur og nye utfordringar*

Både jordbruk og skogbruk er no tilpassa heilt andre utfordringar enn dei lovgjevinga frå 40 år tilbake retta seg mot.

Generelt har det vore ei omlegging som favoriserer større gardsbruk. Mange mindre bruk er lagt ned. Bønder og skogeigarar hentar i aukande grad delar av si inntekt frå verksemd utanom egedomen, m. a. fordi lønsemda er redusert. T. d. tyder nyare undersøkingar på at berre 5 % av skogeigarane hentar meir enn 50 % av inntekta frå skogbruk.

Dei fleste bruk har fortsett både jord og skog som grunnlag for næringsverksemd, men jordbruksareal i leige aukar stadig. 21 % av jordbruksarealet blir no driven på leigebasis, medan det ikkje er aktuelt å leige bort skogen. Bruken av entreprenørar i skogbruket er stadig aukande, og meir enn 90 % av hogsten blir utført av entreprenørar med hogstmaskiner og anna mekanisert utstyr.

Meir skog enn tidlegare er på sal. Departementet har dei siste par åra sett ned kalkulasjonsrenta for verdiberekinga av skog i konsesjonssamheng frå 7 % til 4 %, og dette vil truleg medverke til å auke omsetnaden av skogeigedomar.

Ei rad forhold (tømmerpris, krav frå marknaden, teknologisk utvikling og anna) har medverka til at store areal i dag ikkje blir nytta til skogbruk. Andre verksemdar og produkt ut over tømmer blir viktigare, og omfanget av utmarksnæring basert på jakt, fiske, turisme og anna er aukande. Slike område representerer nye kjelder for verdiskaping jamvel om verdien av tømmer og treprodukt blir redusert.

Samla sett krev dei nye landbrukspolitiske og skogpolitiske utfordringane eit nytt syn på bruken av virkemiddel for å skape langsiktig tryggleik og breidde i næringsverksemda.

Ei ny lov om jord trådde i kraft i 1996. For jordbruket sin del er det juridiske grunnlaget og gjennomføringa av politikken dermed mykje meir oppdatert enn for skogbruket.

Eit nytt lovverk for skog må møte dei utfordringane som kjem med strukturutvikling og omstilling, ein meir samansett landbruksbefolkning og eit endra innhald i landbrukspolitikken. Slik departementet vurderer situasjonen kan arbeidet med å møte ei rad av dei utviklingstrekka som er særlegne for skogbruket best skje ut frå eit nytt juridisk grunnlag.

Generelt er det eit behov for å forenkle lov- og regelverk med sikte på større fleksibilitet og fridom for den einskilde næringsutøvar, innafor nasjonale rammer. Det er vidare eit behov for å stimulere til eigarskap og drift basert på mangfald av inntektskjelder. Dette vil kunne styrke landbruket si rolle i distrikta, og skape nye moglegheiter for dei som ønskjer å bu og drive næring i desse strøka. Departementet viser òg til at det pr. 1. januar 2004 blir overført meir ansvar til kommunane i saker knytt til landbruk. Ei ny lov om skogbruk vil leggje til rette for at kommunane kan tilpasse skogpolitiske retningslinjer og praktisering av lovverket til dei lokale utfordringane, og slik sett betre medverke til å oppnå mål for skogbruket lokalt, regionalt og nasjonalt.

#### *Omlegging av skogpolitikken*

Skogpolitikken blei lagt om i 2003. Målet for omlegginga var å gjere dei politiske vilkåra for skogbruket meir robuste. Ordninga med skogavgift blei styrka, og det statlege tilskotet til skogkultur blei teke bort. Vidare er arbeidet med verdiskaping, foredling og nyskaping styrka gjennom eit breitt program for verdiskaping i skogsektoren (Treprogrammet). Dette inngår saman med programma for verdiskaping knytt til mat og til reindrift, endringane i konsesjonslova og satsingane på bioenergi, reiseliv og auka næringsverksemd i utmark i ei samla

landbrukspolitisk satsing for auka verdiskaping og vitalitet i distrikta.

Omlegginga av skogpolitikken påverkar særleg de økonomiske ordningane. Desse ordningane har verka saman med lova i lang tid, og både omsyn til skogproduksjon og miljø har for ein stor del inngått i dei krava som er stilt i samband med tilskot, skogavgift og skattereglar. Denne omlegginga av skogpolitikken gjer det derfor nødvendig å leggje større vekt på styring gjennom lova, og departementet legg til grunn at ei ny lov vil gi ei betre heilskapleg tilnærming til dei skogpolitiske utfordringane. Ei modernisering av lova gir høve til å drøfte og forbedre prinsippa om forholdet mellom lovpålegg og private tilpassingar generelt, innhaldet i lovplikta til å forynge etter hogst, og forholdet mellom økonomisk stimulering og lovpålegg når det gjeld miljøomsyn. Det er gjort nærare greie for dette både i dei generelle merknadene til den nye lova og i omtalen av dei enkelte føresegner, jf. Kap 6 og Kap. 8

#### *Krav om betre miljøomsyn*

Krava til skogbruket om betre omsyn til miljø er blitt større. Dette femner miljøregistrering og betre oversikt over miljøverdier, behov for meir målretta og miljøtilpassa tiltak i skogbruket, og generelt auka etterspørsel etter dokumentasjon på at skogprodukta kjem frå eit berekraftig skogbruk. Ulike ordningar for dokumentasjon og sertifisering som har vekse fram på 1990-talet, fører med seg nye krav til den enkelte skogeigar både når det gjeld hogst og skjøtsel av skogen. Sertifiseringa fører m. a. med seg etter måten grundige kontrollrutinar som skal gi betre dokumentasjon på korleis skogen blir forvalta. Skogbruket og skogindustrien sitt samarbeid i prosjektet Levende Skog om standardar for berekraftig skogbruk og etablering av sertifisering ut frå desse er eit eksempel på dette.

Ei god integrering av miljøomsyn er eit viktig element for høg internasjonal og nasjonal tillit til at lovverket sikrar eit berekraftig skogbruk. Samstundes er miljøomsyn viktige av omsyn til skogen som økosystem. Gjeldande lov om skogbruk og skogvern blei revidert i 1976, med sikte på betre integrering av miljøomsyna. Styresmaktene regionalt og lokalt kjem likevel oftare og oftare opp i situasjonar der det er vanskeleg å tolke kor vidt gjeldande lov rekk og avgrensingar i høve miljøomsyn. Det er òg eit mål å få meir miljønytte ut av skogen og skogprodukta. Ei ny lov vil etter departementet si vurdering gi eit betre grunnlag for arbeidet med miljøomsyn og høgare miljønytte, jf. òg omtalen av miljønytt til formålet i den nye lova Kap 6.3 og i Kap 6.9.

## **4 Lovgjeving om skogbruk i Noreg**

### **4.1 Tidlegare lovgjeving – historisk oversyn**

#### *Lov om skogvesenet av 1863*

Den første lova i Noreg som omhandla korleis ein skal skjømte og nytte skogressursane blei gitt i 1863. Lova var eit resultat av den interesse i samtida som var knytt til den sterke utnyttinga av skogen. For ein stor del hadde det si orsak i at tømmerhandelen blei frigjeve i 1836. Lova baserte seg på to skogkommisjonar som la fram sine innstillingar i 1849 og 1859. Lova var først og fremst ein vedtektslov, som gav høve til å påleggje avgrensingar i hogsten for å førebyggje rovdrift på skogen.

Allereie da lova blei vedteken var det openbart at lova var ufullstendig og førebels, og at ho seinare måtte bli komplettert. Uroa kring skogspørsmåla og den for sterke avverkinga av skogen heldt fram utover i andre halvdel av 1800-talet. Ein offentleg skogadministrasjon blei oppretta omlag samstundes med at lova av 1863 blei vedteken, men jamvel om både lova og skogadministrasjonen kom på plass varte nedbygginga av skogressursane ved.

#### *Lov om vernskogens bevareelse og mot skogens ødeleggelse av 1893*

Departementet sette derfor ned ein ny skogkommisjon så snart som i 1874. Den fekk i mandat å vurdere både endringar i skogforvaltninga og lovgjevinga om skogbruk. Kommisjonen kom fram til at det blei hogd 36 % meir enn tilveksten i dei norske skogane i den tida, og den la fram «Foreløpig utkast til lov om skogvesenet» i 1879. I tillegg til lova av 1863 omfatta utkastet føresegner som tok sikte på å regulere privatskogbruket, og det inneheldt mellom anna forslag om ei plikt til skogkultur som møtte sterk motstand.

Lovutkastet frå skogkommisjonen var i utgangspunktet eit forslag til ein «gjenvestlov» for å sikre ny skog etter hogst, og lova blei eit førebilde for skogbrukslovgjevinga i seinare tider. Eit lovforslag som bygde på kommisjonen sitt arbeid blei lagt fram i 1893, og forslaget førte til at «lov om vernskogens bevareelse og mot skogens ødeleggelse» blei vedteken i 1893. Den lova som blei vedteken fanga likevel ikkje opp skogkommisjonen sitt forslag om ei meir tvungen plikt til å gjennomføre skogkultur. Derfor sto jamvel lova av 1893 fram som ei vedtektslov som i hovudsak gav lokale myndigheter høve til å fastsette vedtekter om avgrensingar i hogsten.

### *Lov om vernskogens bevarelse og mot skogens ødeleggelse av 1908*

Lova av 1893 blei arbeida om i 1908 og seinare revidert fleire gonger, mellom anna med sikte på å presisere minste dimensjonar for tre som blei hogd og reglar for hogst i vernskog. Generelt sto skogvern sterkt i samfunnet på denne tida, og føresegnene i lova spegla behovet for å førebygge at skogressursane blei rasert. Hovudproblemet med den tida si lovgjeving var at dei føresegnene om avgrensing av hogst som blei vedtekne av dei lokale styresmakterne (heradsstyret) ofte var mangelfulle. Ved endringane i lova i 1908 fekk departementet større mynde til å gripe inn der lokale styresmakter ikkje hadde nytta ut sine fullmakter. Lovendringa i 1908 heimla òg at ein kunne vedta føresegner om å betala ei avgift på inntil 10 øre til kulturarbeid i skogen etter hogst. Heimelen til denne avgifta blei sett på som ei viktig prinsipiell endring, men høvet til å sikre ny skog etter hogst på det viset blei lite nytta.

### *Lov om skogvern av 1932*

Frå 1919 tok skogadministrasjonen til med skogregistreringar. Dei blei utført av det som seinare blei kalla Landsskogtakseringa. Resultata synte at hogsten ikkje hadde vore så sterk som frykta, men at skogressursane framleis var i dårleg tilstand. Det førte til at lovgjevinga om skogbruk enda ein gong måtte endrast. Denne gongen fann ein behov for ei vanleg lov om skogbruk som kunne underbygge utvikling av ein rasjonell skogskjøtsel og som hadde forynging av skogen og ein høgare produksjon som mål. Eit nytt lovforslag blei lagt fram i 1931 og behandla av Stortinget i 1932. I proposisjonen til lova er det teke inn at arbeidet med lova retta seg mot å verne skogen og å regulere hogsten samt sikra forynging og oppmuntre til arbeid med skogkultur. Vedtak av denne lova er sett på som den viktigaste hendinga i historia til norsk skogbruk. Lova av 1932 gjorde ende på ein tradisjon gjennom hundre år med å drive eit haustingsskogbruk. Lova førte skogbruket inn i ein planmessig skogproduksjon med plikt til å drive skogkultur som eit sentralt element. Til dømes sa lova at skogeigarane måtte svare ei kulturavgift på 1 % av bruttoverdien på trevirke, dersom dei ikkje kunne prove at dei hadde brukt ein tilsvarende sum til å fremme forynging etter hogst.

Lov om skogvern av 1932 blei endra ei rekkje gonger opp gjennom åra, og i 1951 sette departementet ned ein ny skogkommisjon. Den fekk som

mandat å vurdere skogpolitikken og tiltak for å nytte moglegheitene for skogproduksjon på beste måte. Kommisjonen konkluderte mellom anna med at ein stor del av skogarealet var dårleg tresett og at produksjonsevna derfor ikkje var godt nok utnytta. Den hevda at det var mogleg å auka tilveksten med meir enn 80 %, dersom ein skjøtta skogane meir rasjonelt og tok i bruk skogreisning og skogkultur meir planmessig. Om grunnlaget for den auka produksjonen haldt kommisjonen fram evna til investeringar, tilgang på arbeidskraft og avsetnad for skogprodukta i marknaden.

### **4.2 Gjeldande rett – Lov om skogproduksjon og skogvern av 1965**

Med utgangspunkt i arbeidet til Skogkommisjonen av 1951 la departementet fram forslag til ei ny lov om skogproduksjon og skogvern i 1962. Lova blei vedteken i 1965 med Stortinget sine justeringar. Formålet i lova er å fremme skogproduksjon, skogreisning og skogvern. Formålsparagrafen nemner òg at skogbruket så langt det er mogleg skal gje eit tilfredsstillande resultat for samfunnet og dei som arbeider i næringa.

Lova fekk ut over dette fleire sentrale føresegner som departementet meiner har vore særleg viktige for den vidare oppbygging av skogressursane i siste halvdel av 1900-talet. Særleg er det grunn til å nemne lova sine føresegner om plikten til å svare skogavgift, som i lova frå 1965 blei ført vidare og utvikla ut frå dei røynsler ein hadde med kulturavgift i skogbrukslovene frå 1908 og 1932. Skogavgift som sikrar tilgang på eigenkapital til dei langsiktige investeringane i skogbruket har vore ei viktig mekanisme for å finansiere utviklinga av eit berekraftig skogbruk i nyare tid. Vidare har føresegnene om hogst (§ 16) og skogkultur (§ 17) vore viktige føresegner for å nytte og pleie skogressursane.

Med tida er lova justert fleire gonger. I 1976 blei såleis lova gjennomgått på breitt grunnlag for å styrke miljøprofilen i lova. Da blei mellom anna namnet på lova endra til Lov om skogbruk og skogvern, og formålet blei utvida. Vidare blei det gitt nye føresegner om dei omsyn skogeigaren og styresmakterne må ta i høve dei ulike miljøverdiane i skogen. Lova er òg endra på einskilde punkt på bakgrunn av St. meld. nr. 18 (1984–85) Om næringspolitikken i skogbruket. Lova er vidare endra som følge av omorganiseringa av den ytre landbruksforvaltninga og skogoppsynet, mellom anna i 1980 og seinare i 1993, jf. St. meld. nr. 40 (1991–92) Om organisering av landbruksetatane.

## 5 Lovgjeving om skogbruk i andre land

### 5.1 Lovgjeving og internasjonal skogpolitikk

Mange land har gjennom dei siste 10–15 åra gjennomført revisjonar av lovgjevinga om skogbruk for å tilpasse seg internasjonale endringar med verna for skogpolitikken. Revisjonane strekker seg frå mindre justeringar til fullstendige revisjonar. Slike endringar har i tillegg til nasjonale strategiar òg ofte si bakgrunn i utviklinga i det internasjonale samarbeidet om skogs spørsmål.

Skogs spørsmål kom høgt på den internasjonale dagsorden i samband med førebuingane og gjennomføringa av FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio i 1992. Oppfølginga har skjedd i arbeidet med FN sitt mellomstatlege skogpanel, FN sitt mellomstatlege skogforum og seinare i Skogforumet i FN som blei oppretta i 2000. FN sitt skogforum (UNFF) er i dag eit organ som er direkte lagt inn under FN sitt sosiale og økonomiske råd. UNFF har forhandla fram eit fleirårig program for arbeidet, under dette eit program for handling. Hovudoppgåva er å gjennomføre handlingsplanen og dei tiltaka som landa er samde om i det internasjonale samarbeidet. Handlingsplanen er omfattande og femner tiltak knytt til miljø og økonomiske og sosiale forhold ved forvaltning av skog. Seinast under verdstoppmøtet i Johannesburg i august 2002 samla medlemslanda i FN seg om UNFF og tiltaka som er med i den nemnde handlingsplanen.

Skog er òg eit viktig element i Konvensjonen om biologisk mangfald og Klimakonvensjonen. Partane i konvensjonen for biologisk mangfald har vedteke eit utvida arbeidsprogram for biologisk mangfald i skog. Arbeidsprogrammet konkretiserer og utvidar arbeidet med vern av biologisk mangfald innafør rammene av konvensjonen.

Konvensjonane og skogprosessen i FN har medverka til auka merksemd om skogen som ein globalt sett viktig ressurs med stor verdi for klima, som fornybart råstoff og med store ressursar av verdifullt biologisk materiale. Konvensjonane for biologisk mangfald og klima har saman med skogprosessen i FN hatt innverknad på utforminga av skoglovgjeving i mange land. Det har òg haldningane i marknaden for forbruksvarer, som er kome til uttrykk gjennom ordningar for sertifisering og merking av opphavet for ulike skogprodukt.

I Europa har det sidan 1990 vore eit aktivt skogpolitisk samarbeid knytt til oppfølginga av Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa. Landa er mellom anna samde om strategiar (kriteria) og korleis ein skal måle utviklinga i forhold til

desse strategiane (indikatorar) i dei einskilde land. Indikatorane blir nytta ved rapportering av status og utvikling i skog- og miljøtilstand i samband med det internasjonale skogpolitiske samarbeidet. Samarbeidet omfattar òg fleire andre forhold knytt til utforminga av skogpolitikken i deltakarlanda. Det gjeld mellom anna bidrag frå skogen til regional utvikling, vern av skog, dei økonomiske føresetnadene for skogbruk som næring og rammeverk for utforminga av skogpolitikken slik dette er trekt opp i arbeidet i FN (nasjonale skogprogram).

Skogpolitikken i EU er dei einskilde medlemslanda sitt ansvar. Ministerkonferansane for trygging av skogane i Europa er difor arenaen for skogpolitisk samarbeid i vår verdsdel. Andre politikk-område i EU som jordbrukspolitikken, distriktsutvikling, og miljø- og industripolitikk er likevel svært viktige for rammevilkåra for skogsektoren og for utforminga av skogpolitikken i medlemslanda i EU.

Det internasjonale arbeidet med skogs spørsmål globalt og i Europa legg vekt på at vilkåra for skogsektoren varierar mellom land og område. Samarbeidet omfattar økonomiske, miljømessige og sosiale forhold knytt til forvaltninga av skogressursane. Det gir støtte for deltakarlanda i utforminga av nasjonal politikk på området, men òg rom for utforming av verkemidlar som varierer mellom land avhengig av nasjonale prioriteringar. I denne samanheng er det viktig å sjå korleis virkemiddel som administrasjonsapparatet, bruk av økonomiske incentiver og apparat for informasjon og opplæring spelar saman med skoglovgjevinga.

I framstillinga nedanfor er difor nokre kommentarar utover utforminga av lovgjevinga tekne med. Skogforholda i Noreg, Sverige og Finland har mykje som liknar, og det kjem òg til uttrykk m.a. i skoglovgjevinga. Likevel er det viktige skilnader i korleis dei skogpolitiske virkemidla er sett saman. Forholda i Sverige og Finland er difor omhandla noko meir i detalj nedanfor i eigne avsnitt.

Nokre land som i seinare år har revidert si skoglovgjeving talar om formål og plikter i generelle vendingar, medan andre gjer det i svært konkret form. I dei fleste tilfelle der meir generelle formuleringar inngår er det samstundes gitt heimlar for utforming av detaljerte føresegner og regler, og ansvar er ofte delegert til særskilte offentlege organ for oppfølging og kontroll, som dømet er i Sverige. Forbundsstatar har gjerne eit landsdekkjande lovverk, men med opning for regional tilpassing gjennom føresegner innom delstatane, til dømes Tyskland og Austerrike. Ei spesiell kategori er statar med overgangsøkonomi og statar som har prosessar for privatisering av skogbruket. Under slike høve er lovgjevinga dels mykje meir detaljert og om-

fattande. Den kan m. a. innehelde til dels detaljerte lovføresegner om den offentlege administrasjonen sine oppgåver og plikter, føresegner om omsetning av trevirke, korrupsjonsføresegner, med meir. Fleire av dei nye medlemslanda i EU står oppe i slike prosessar no. Mange av dei har store skogressursar. I dei fleste lovane om skogbruk speglar formålsparagrafen eller andre føresegner i lova ein balanse mellom den næringsmessige funksjonen skogen har, og andre funksjonar slik som vernskog, høve til friluftsliv og omsyn til biologisk mangfald. Skogbruket sin langsiktige karakter blir vektlagt.

I dei fleste land er òg grensedraginga mellom lovgjevinga for naturvern og skogbrukslovgjevinga viktig når forvaltninga av skogen som eit heile skal vurderast og jamførast. Omsyn til planter og dyr og vern av det biologiske mangfaldet blir sterkare vektlagt. Forvaltning av vilt og føresegner for jakt er gjennomgåande handsama i anna lovverk, jamvel om det er viktig for korleis skogen skal forvaltast og hører med i eit utvida skogbruksbegrep, ikkje minst økonomisk. Reguleringa av det næringsmessige skogbruket blir handsama på ymse vis, avhengig av tradisjonar generelt og i lovsamheng, eigedomsstrukturen, omang av skog som blir eigd av private m. v. Tiltak for kontroll og reaksjonar på lovbrøt varierar på same vis.

## 5.2 Sverige

Skogpolitikken i Sverige blei lagt om i 1993, og lovgjevinga om skogbruk blei da endra vesentleg. Den reviderte lova slår fast at skogen er ein nasjonal ressurs det er eit mål å skjømte slik at den gir varig god avkasting og samstundes tar vare på det biologiske mangfaldet.

Den svenske skogpolitikken definerer to mål med utgangspunkt i skogbrukslova; eit produksjonsmål som før, og eit miljømål. Riksdagen vedtok under behandlinga av skogpolitikken at produksjonsmålet og miljømålet skal vege like tungt. Likestillinga av dei to måla er ikkje konkretisert nærare i lova, men følgjer av dei vedtak som Riksdagen treffer når den behandlar skogpolitiske saker og budsjett. Ansvar for iverksetting av dei skogpolitiske vedtaka som Riksdagen og regjeringa treffer er delegert til «Skogsvårdsorganisasjonen». Dette er ein statleg organisasjon, som er bygd opp av regionale «Skogsvårdsstyrelser» med egne styre, og med Skogsstyrelsen som det landsomfattande overordna organ. Skogsstyrelsen har budsjettansvar og rett til å instruere dei regionvise skogsvårdsstyrelsene i ei rekkje saker.

Endring av måla for skogpolitikken i Sverige blei følgd opp med vesentlege endringar i bruk av

politiske verkty. Lovverket blei forenkla vesentleg. Mellom anna blei fleire detaljerte lovføresegner tatt bort. Som døme kan ein nemne krav til lågaste alder på bestand før slutthogst og plikt til rydding og tynning. Plikta til å ha ein skogbruksplan for skog-eigedomen blei avløyst av krav om ein «skogs- og miljøredovising» for alle skogeigedommar. Dette blei sett i verk frå 2002. Statlege tilskot til skogbruk blei reduserte og heilt tekne bort for einskilde formål. Ressursane til skogstyresmaktene blei reduserte, og registreringane for private skogeigedomar betalt av statlege middel blei ikkje ført vidare. Oppbygginga av skogstyresmakta blei ført vidare som før, med Skogsstyrelsen som sektorstyresmakt under Næringsdepartementet. Regionalt er det fortsett regionale skogvårdsstyrelser med egne styre og tilsette i distrikta.

Omlegginga av skogpolitikken gav i prinsipp auka fridom og ansvar til skogeigarane. Lovverket blei så kraftig forenkla at einskilde interessegrupper var tvilande til om lovverket er eit tilstrekkeleg verkty til å nå dei skogpolitiske måla. Det er òg viktig å vere klar over at fleirtalet av lovparagrafane gir heimel til ministeriet eller til Skogsstyrelsen som sektormynde til å utforme nærare og meir detaljerte føresegner og forskrifter til lovparagrafane. Omfattande rådgjeving og bygging av kompetanse hos skogeigarane og tilsette i skogbruket er vurdert som heilt nødvendig dersom ein skal nå måla. Lova gir heimel til ein omfattande plikt til å melde tiltak i skogen til skogstyresmakta på distriktsnivå. Ein legg vekt på at dette legg forholda til rette for ei effektiv verksemd knytt til rådgjeving før tiltaka blir starta, og eit effektivt tilsyn og kontroll med at tiltak som er i strid med lova og forskrifter ikkje blir sett i verk.

Etter vedtak i Riksdagen er det gjennomført to evalueringar av korleis den nye skogpolitikken verkar; ein i 1997–98 og ein i 2001–02.

Samla sett konkluderte den første evalueringa med at mykje sto att før produksjonsmålet og miljømålet blei oppfylde. Evalueringa gav likevel ikkje grunnlag for å endre innrettinga i skogpolitikken. Justeringane i etterkant av evalueringa omfatta ei viss skjerpning av føresegnene i skoglova og forskriftene, og i tilsynet med praktiseringa av dei. Vidare blei det lagt auka vekt på utdanning og rådgjeving frå skogsvårdsorganisasjonen, og auka vekt på løyvingar til varig vern av skogreservat.

Hovudkonklusjonen frå den andre evalueringa var at mål og innretting av skogpolitikken bør ligge fast. Endringar i lova blei heller ikkje tilrådd. Evalueringa synte ein negativ trend i forhold til produksjonsmålet og ein positiv trend i forhold til miljømålet. Det blei konstatert at både foryngingar og skjøm-

sel av ungskog synte ei utfredsstillande utvikling som kan gjere dei langsiktige måla for hogstkvanta i Sverige urealistiske. Det er likevel ikkje aktuelt å gjeninnføre plikta etter lova til å rydde foryngingsfelt. Resultata gav òg grunn for å intensivere arbeidet med å redusere omfanget av beiteskader av vilt. På miljøsidea konkluderte evalueringa med behov for vedvarande innsats for å auke omfanget av biotopvern, behov for auka vekt på avtaler om naturvern med enkeltskogeigarar og meir omsyn til fortidsminne i skog. Evalueringa legg stor vekt på å følgje opp utviklinga av skogtilstanden og gjennomføre ein målretta og kontinuerlig resultatkontroll. Det krev auka ressursar til feltverksemda. Skogvårdsorganisationen som sektorstyresmakt understrekar behovet for tilstrekkelege ressursar til tilsyn og kontroll med at skoglovgjevinga blir overhalde.

Einskilde ordningar i den svenske skoglovgjevinga er nemnt seinare der det høver i forhold til lovframlegget.

### 5.3 Finland

Finland reviderte både skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga i slutten av 1990-åra. Skoglovgjevinga femnar no fire lovar. Den nye skoglova tok til å gjelde i 1997. Samstundes blei ei eiga lov om finansiering av eit berekraftig skogbruk vedteke. Finland har vidare frå 1995 hatt ei eiga lov om oppbygging og organisering av skogstyresmakta og ei særskilt landsomfattande utviklingsverksemd. I tillegg fekk Finland ei ny lov om skogeigarforeiningar i 1999.

Formålet i den nye skogbrukslova er å fremme ein økonomisk, økologisk og sosialt berekraftig skogforvaltning. Lova heimlar ei plikt til å melde alle skogbrukstiltak, og den som set i verk tiltaka er ansvarleg for å oppfylle plikta.

Dei viktigaste naturtypene sett frå ein økologisk synsvinkel er definert og lista opp i lova. Lova krev at eigenskapane til desse naturtypene skal vernast og visast omsyn til ved hogst og skogkulturtiltak. For skjøtsel av dei omtalte naturtypene kan det bli gitt statstilskott i form av naturstønad eller erstatning dersom restriksjonane er økonomisk tyngande.

Lova legg ansvar for å utarbeide rullerande regionale målprogram for skogsektoren til regionale skogsentralar. Målprogramma blir utarbeid i eit breitt samarbeid mellom ulike myndigheiter og organisasjonar. Målprogramma skal gi status, visjonar og planar for utvikling av skogsektoren i regionen.

Oppgåvene med tilsyn og kontroll av om skoglovgjevinga blir etterlevd er lagt til 13 regionale skogsentralar. Skogsentralane fungerer som regionale kompetansesenter med omfattande offentlege oppgåver knytt til gjennomføringa av skogpolitikken. Dei spelar ei viktig rolle når det gjeld å kontrollere om skoglovgjevinga saman med andre virkemiddel fungerer i gjennomføringa av skogpolitikken. I tillegg til lovtilsyn og kontroll har skogsentralane mellom anna ansvar for forvaltning av økonomiske virkemiddel, styring av prosjekt og tilsyn med verksemda i skogeigarforeiningane, særleg deira forvaltning og bruk av den lovheimla skogvårdsavgifta. Verksemda i skogeigarforeiningane er regulert i ei eiga lov (Lag om skogscentraler och Skogsbrukets Utvecklingscentral TAPIO), og har eit eige styre. Skogsentralane har òg egne styre og er underlagt Jord- og Skogbruksministeriet, m.a. gjennom budsjett.

Lova om finansiering av eit berekraftig skogbruk skal støtte opp om hovudmålsetjinga for skogbruket med økonomiske virkemiddel. Lova gir grunnlag for eit langt breiare spekter av statlege tilskott enn tidlegare. Målet er å sikre produksjon av virke til den viktige skogindustrien, halde oppe mangfaldet i skogen og gjennomføre prosjekt som er viktige av omsyn til naturen som eit heile. Integrering av miljømåla er ei viktig side i den reviderte skoglovgjevinga. Naturvernlova blei som nemnt tidlegare revidert samstundes med skogbrukslova og finansieringslova, og dei ulike lovene er godt tilpassa kvarandre.

Den nye lova om skogeigarforeiningar har verka frå 1999. Den tek sikte på at skogeigarforeiningane som samla har ein stab på omkring 1200 funksjonærar, skal yte fagleg bistand og tenester til skogeigarane. Foreiningane skal sikre tilstrekkeleg rådgjeving og gi betre tilbod innafor ymse tenester, men i saker som gjeld utdrift og sal av virke skal foreiningane etter lova berre gi fagleg hjelp og bistand til den som sel virke, ikkje til kjøparen. Lova set òg forbod mot at foreiningane kan vere medlem eller deleigar i selskap som driv med handel av skogvirke. Forbodet har samanheng med den «skogvårdsavgifta» som skogeigarane betaler inn, og som er den viktigaste finansieringskjelda for verksemda i foreiningane. Innbetaling av skogvårdsavgifta gir skogeigaren rett til råd og tilbod om tenester.

Einskilde ordningar i den finske skoglovgjevinga er i nokon grad nemnt seinare der det høver i forhold til lovframlegget.

## 6 Generelle merknader til lovutkastet

### 6.1 Innrettinga av lova

Det lovutkastet som ligg føre har ei meir heilska-pleg tilnærming til forvaltning av skogareala og skogressursane enn gjeldande lovgjeving. I tråd med Stortinget sine føresetnader er lovforslaget grunna på at den nye lova skal vere ei næringslov. Verdiskaping med basis i skog har difor fått ein sentral plass. Dei fleste føresegner regulerer eller tek sikte på å fremme verdiskaping knytt til produksjon av trevirke.

I tillegg har departementet lagt vekt på at lova skal gi fleksibilitet for den enkelte eigar til å velje eigne strategiar for skogforvaltninga på den einskilde eigedomen. Strategiar der forvaltning og drift av skogen siktar mot andre varer og tenester enn produksjon av tømmer vil såleis vere innafor ramma av lova.

Lovforslaget femner òg omsyn til miljøet. Departementet legg til grunn at produksjon av trevirke og andre varer og tenester i tråd med føresegne- ne òg vil sikre dei nødvendige omsyn til skogen som økosystem.

### 6.2 Forholdet til anna lovverk og bruk av virkemiddel

Den nye lova om skogbruk skal vere eit langsiktig element i den skogpolitiske virkemiddelbruken. Andre virkemiddel er statlege tilskott, skattereglar, m.m.

Fleire lovar har innverknad på forvaltning av skogareala. Lova om skogbruk inngår såleis i eit lovsystem som i ytterpunktta regulerer forvaltning av skogareal som er varig verna og forvaltning av skog med sikte på verdiskaping.

T. d. er det etablert eit landsdekkjande nett av område som er varig verna med heimel i Lov om naturvern. I verna skogområde gjeld lova om skogbruk ikkje, med mindre det er snakk om verneområde der skogbruk ikkje er til hinder for verneformålet. Dei areala som ikkje er varig verna, blir disponert til ulike formål etter plan- og bygningslova. Skogbrukslova sitt primære virkeområde er dei områda som etter plan- og bygningslova er disponert til område for landbruk, natur- og friluftsliv (LNF-område).

Lov om jord har verknad for omdisponering av skogareal til andre formål enn skogproduksjon. Lov om friluftsliv, almenningslovgjevinga, vassdragslova m. fl. verkar òg inn på forvaltninga av skogareala. Det er vidare ei rad lover som vil gjelde for dei som driver næringsverksemd i skog, men mange

av desse lovene påverkar ikkje areal- og ressursforvaltninga direkte.

Skogbrukslova si plass i lovsystemet fører såleis med seg grenseflater mot anna lovverk, og grensene kan vere meir og mindre tydelege. I forslaget til ny lov er det ikkje lagt opp til endringar i lova si rolle i lovsystemet. Lova skal også i framtida regulere og stimulere næringsverksemd. Grenseflatene mot lovgjevinga for naturvern vil vere om lag dei same. Omfattande innskrenkingar i råderetten som følgje av omsyn til miljøverdiar fell fortsett inn under naturvernlovgjevinga.

Planlovutvalget, nemnt opp av regjeringa i 1998, har nyleg avslutta eit eige utgreiingsarbeid knytt til plan- og bygningslova, jf. NOU 2003:14 Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven II. Arbeidet omfattar til dømes vurderingar knytt til LNF-område. Utvalet har m. a. foreslått at kommunen skal kunne markere soner på tvers av ulike formål i arealdelen av kommuneplanen, ut frå ulike forhold, omsyn og interesser. Endringar på dette feltet kan og få verknad for skogbruk, men utvalet legg opp til at planføresegner som har «vesentlig betydning for igangværende virksomhet» berre kan bli gitt i meir detaljerte planar. Innstillinga er for tida til høring med frist 1. desember 2003.

Utvalet for vurdering av ny lovgjeving om biologisk mangfald (Biomangfoldlovutvalget), nemnt opp av regjeringa i 2001, vurderer for tida heile naturvernlovgjevinga. Den nye lovgivinga om biologisk mangfald skal gi gjennomgåande hovudprinsipp for vern og bruk av biologisk mangfald. Det er lagt opp til at fordelinga av ansvar og myndigheit mellom Miljøverndepartementet og dei andre departementa blir det same som i dag. Dei einskilde sektorlovane, slik som skogbrukslova, jordlova, vassdrags- og energilova, oppdrettslova, saltvassfiske-lova, såvarelova, dyre- og plantesjukdomslova og lova om plantevernmiddel, skal framleis gjelde. Fleire av dei tema som utvalet utreier gjeld anna arealforvaltning og rører dermed ved forhold knytt til plan- og bygningslova. Det er lagt til grunn at utvalet skal halde nær kontakt med Planlovutvalget slik at lovutkasta frå dei to utvala blir koordinert og avgrensa.

Departementet har vore representert i ei referansegruppe i samband med arbeidet i Planlovutvalget, og ein av departementet sine tilsette er medlem i Biomangfoldlovutvalget. Departementet skal òg gi sine merknader til Planlovutvalget si innstilling i desember 2003.

Departementet legg til grunn at arealdisponeringa fortsett vil skje gjennom planlova, og at lov om skogbruk også i framtida skal regulere skogbruk i område sett av til landbruk, natur og friluftsliv.

### 6.3 Formålet med lova

#### 6.3.1 Om endringane i formålet i gjeldande lov i 1976

Da lov om skogbruk og skogvern tok til å gjelde i 1965 var formålet å fremme skogproduksjon, skogreising og skogvern. Formålet blei utvida vesentleg i 1976 ved at eit nytt punktum blei lagt til. Dette handlar om dei funksjonane som skogområda tener i tillegg til produksjon av virke. Bakgrunnen var at folk gjennomgåande var blitt meir opptekne av naturmiljøet, og at dei i større grad la vekt på den rolle skogområda har som kjelde til helse og trivsel.

Eit viktig siktemål med lovendringa i 1976 var såleis å gjere det klart at næringsutøvarane i skogbruket ikkje bare må ha reine økonomiske siktemål, men òg ta rimelege omsyn for å sikre og oppretthalde ein variert natur som grunnlag for ei økologisk balanse som varar ved.

I lovendringa låg det òg eit uttrykk for at forvaltninga av skogområda må byggje på eit heilskapleg syn som tek vare på dei ulike interessene som er knytt til områda. Samstundes blei det lagt til grunn, jf. Ot. prp. nr. 29 (1974–75), s. 7, at det vil vere rett å leggje ulik vekt på forholdet mellom produksjon av trevirke og andre funksjonar etter dei vekslende verdiar skogområda kan ha i ulike samanhengar. I den tida var det særleg skogbruket si tilpassing til friluftslivet som låg til grunn for differensiering. Det å halde oppe og utvikle livsmiljøet for planter og dyr skulle vere like viktig i alle skogområda.

#### 6.3.2 Vurderingar knytt til formålet

Internasjonale prosessar og internasjonal debatt knytt til bruk av skog og skogen sine funksjonar i vid forstand er omtalt tidlegare, jf. Kap 3.3. Nasjonalt har naturleg nok mykje av debatten dreia seg om formålet med ei lov om skogbruk, og kor sterk ordlyden skal vere når det gjeld miljøfunksjonane.

Departementet meiner det er viktig at den nye lova og forarbeida til lova klarlegg og avgrensar kva for ei rolle og ansvar skogbruket har når det gjeld å veie skogproduksjon og miljø i forhold til kvarandre. Samstundes må føreseigna som fastset formålet med lova ikkje bli for lang.

Departementet legg generelt til grunn at den nye lova som eit heile skal sikre og vere garanti for at skogen blir forvalta og brukt på ein berekraftig måte, økonomisk, økologisk og i eit samfunnspektiv.

Departementet foreslår etter dette at formålet i den nye lova skal lyde:

«Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med

sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.»

I internasjonal samanhang blir skogen sine ulike verdiar og funksjonar oftast omtalt med utgangspunkt i ei tredeling som omfattar økonomi, økologi og skogen sine sosiale og kulturelle verdiar. Departementet har i avsnitta under òg lagt denne tredelinga til grunn for drøfting og nærare grunngjeving for den nye ordlyden i formålet.

#### Skogproduksjon og verdiskaping

Den første pilaren – økonomi – handlar i stor grad om produksjon av trevirke og verdiskaping med grunnlag i skogressursane.

Departementet har i arbeidet med den nye lova sitt formål lagt vekt på dei føringar Stortinget gav under behandlinga av St. meld. nr.17 (1998–99), jf. Innst. S. nr. 208 (1998–99). Departementet legg i samsvar med Stortinget sine føresetnader til grunn at den nye lova skal vere ei næringslov, med klare føresegner om eit berekraftig skogbruk. I arbeidet med formålet og dei ymse føresegnene i lova er det derfor lagt særleg vekt på at lovgjevinga skal fremme ei aktiv og berekraftig forvaltning som tek sikte på verdiskaping.

Gjeldande formål gir mål om jamn forsyning av virke til industrien og tilfredsstillande resultat for dei som driv skogbruk. Desse måla er mindre relevante i dag. Dette har samanheng med den generelle utviklinga i skogbruket, jf. m. a. Kap 3.3. Tidligere var det t.d. slik at handlegrensar og transporttilhøva sette grensar for omsetning av tømmer og skogprodukt. Dette gjeld ikkje i same grad i dag, og industrien hentar trevirke frå mange land. Importen av både sagtømmer og anna virke har vore aukande. Vidare er det færre som no har størstedelen av inntekta si frå skogbruk. Dette gjer det mindre aktuelt å fokusere på den einskilde skogeigar sin inntekt i lova. Departementet legg derfor til grunn at dei nemnde måla bør gå ut til fordel for ei meir generell vektlegging av verdiskaping.

#### Skogbruket sitt positive miljøbidrag og miljøomsyna

Den andre pilaren – økologi og miljø – femner både skogen sine positive miljøbidrag og dei konkrete omsyna til miljø.

Miljøprofilen i lovgjeving om skogbruk og praktiseringa av lova i samanhang med miljø har til formål å ta vare på skognaturen og miljøverdiane og er viktig for tilliten til det norske skogbruket i verds-



marknaden. Lovgjevinga gir mellom anna ein basis for sertifisering av skogbruket etter avtaler mellom aktørane i marknaden. Miljøelementa i formålet og andre føresegner i lova som omhandlar miljø har slik sett ein etter måten direkte verdi for konkurranseevna til den norske skogsektoren.

Generelt har departementet den oppfatning at skogressursane har ei viktig rolle i utviklinga av meir berekraftige mønster i produksjon og forbruk. Skogsektoren kan gi viktige bidrag til den meir overordna politikken for ei berekraftig utvikling. Føresegner i lova og praktisering av lova må gjere desse positive bidraga til utviklinga i samfunnet synlege. Dei vernande funksjonane som skogressursane har i forhold til klima, jordsmonn, biologisk mangfald, o. a., og som m. a. er grunnlaget for vernskogbestemmelsene, er framleis særskilte viktige. Etter kvart er kunnskapen auka monaleg om skogen sine verdiar og positive bidrag i samanhang med klima og binding av CO<sub>2</sub>. Det verkar samstundes positivt inn på både luftkvaliteten, på vern av vatten og kvaliteten på drikkevatt. Forvaltninga av den nye lova må ta omsyn til desse positive effektane.

Erkjenninga av at omsyn til det biologiske mangfaldet er grunnleggjande viktig for ei berekraftig utvikling har for ein stor del sin grunn i den sterke internasjonale merksemd på dette temaet. Forståinga av korleis den menneskelege verksemda verkar inn på areala, livsmiljøa for alt levande og mangfaldet og samspelet i naturen er langt betre enn da gjeldande lov blei laga. Metodar for kartlegging av mangfaldet er utvikla, og datatilfanget er både meir omfattande og meir tilgjengeleg enn for få år sidan. Det er derfor naturleg og rett at ein justerer lovgjevinga for skogbruket slik at den reflekterer den kunnskap og dei oppfatningar som råder om berekraftig bruk og vern av mangfaldet på ein betre måte. Etter at Noreg ratifiserte Konvensjonen om biologisk mangfald er det mykje diskutert kva for forpliktingar konvensjonen fører med seg. Skiftande regjeringar har lagt til grunn at det er eit mål at naturen skal forvaltast slik at artar som finnast naturleg skal sikrast i levedyktige bestandar. Variasjonar i naturtypar og landskap skal òg haldast ved lag, slik at det biologiske mangfaldet blir sikra moglegheiter for vidare utvikling, jf. m.a. St. meld. nr. 25 (2002–2003) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Departementet meiner det er rimeleg at dette ligg til grunn for formålet i den nye lova om skogbruk, og foreslår at vern av det biologiske mangfaldet blir tatt inn i ordlyden.

### *Skogen sine sosiale og kulturelle funksjonar*

Den tredje pilaren – skogen sine sosiale funksjonar – femnar om sider ved skog og skogbruk i eit breiare samfunnsperspektiv; effektar for distrikta og busetting, lokal kunnskap og forvaltning, ei rad av produkt og tenester som produksjon av ulike fellesgode, kvalitetar for friluftsliv, kulturverdiar, m. m. Det er ikkje noko skarpt skilje mellom denne pilaren og dei to andre pilarane omtalt ovanfor.

Det sentrale for departementet er skogbruket si rolle for distrikt og busetting. Det ligg store utfordringar i å møte nedgangen i talet på driftseiningar i landbruket over tid, og dei negative effektane dette fører med seg. Om utviklinga held fram som i dag vil landbruket si rolle for busetting og verdiskaping i distrikta kunne bli langt mindre i framtida. Kunnskap, ressursar og arbeidsplassar i distrikta vil gå tapt med dette. Regjeringa har som mål å møte denne utviklinga på ein måte som snur trenden og sikrar busetting, verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn over heile landet.

Eit anna viktig element er forvaltning av bynære skogar. Den generelle auken i fritid gjer at skogen har fått meir omfattande funksjonar for friluftsliv enn før. Det å bruke skogen til friluftsliv fyller ein vesentleg sosial funksjon. Dette krev auka tilpassingar i skogbruket. Departementet foreslår derfor å føre vidare ei markering av friluftsliv i formålet. Departementet vil òg føre vidare ei eiga føresegn som gir moglegheit for spesielt å ta vare på miljøverdiar og skogen sine sosiale funksjonar, jf. gjeldande lov § 17 b. Grunnlaget for dette er m. a. at ein aukande del av befolkninga bur i byar og tettstader, og mange bruker skogen til korte og lengre turar. Granskingar syner at det er i den nære skogen folk får sine oppfatningar av skognatur og skogbruket. Mange har sterke syn på og vilje til å påverke korleis desse skogane blir forvalta. For fleirtalet av borgarane er dei sosiale verdiane skogen gir viktige, og slike verdiar må ha høg prioritet i skogane nær tettstadene.

For skogbruket vil dette t. d. få verknad for tilrettelegging ved ferdsel, utvikling av skogbilette som er varierende og gjerne med gamle tre og lauvtre, eit stabilt skogbilette med gradvise endringar, plassar for utsyn og lysningar, og ein markvegetasjon som ikkje er øydelagt. Når kommunane forvaltar lova er det viktig at dei underleggjande måla om å nytte produksjonspotensialet i skogane får nødvendig prioritet, saman med omsyn til dei sosiale verdiane. Omsyn til friluftslivet som nemnt ovanfor inngår i standardane for berekraftig skogbruk frå Levande skog, og kan ikkje seiast å vere til hinder for at produksjonsevna blir nytta.

Departementet har òg funne det rett å ta inn omsyn til kulturminne i formålet i skogbrukslova. Det er inga reell endring i forholdet til kulturminne-lovgjevinga, men dette grepet er eit viktig signal om at verdien av de omfattande førekomstane av kulturminne i skog òg er eit konkret sektoransvar for skogbruket. Departementet legg til grunn at omsyna til kulturminne kan få reelle verknader ved praktisering av lova.

#### 6.4 Lova sitt virkeområde

Den nye lova vil ha det same virkeområdet som gjeldande lov av 1965. Den vil gjelde all skogmark, med visse avgrensingar mot naturvernlova og plan-lovgjevinga. Det er gitt ei nærare omtale av lova sitt virkeområde i merknadane til § 2 i Kap. 8.

#### 6.5 Skogbruksstyresmakt

Departementet foreslår å føre vidare ei tredeling av skogbruksstyresmakta, der departementet, det regionale nivået og det kommunale nivået inngår. Departementet har som utgangspunkt at skogbruksstyresmakta på kommune- og fylkesnivå skal førast vidare med ei organisering som gjer det mogleg å følgje opp regelverket og dei nasjonale skogpolitiske måla på ein god måte regionalt og lokalt. Lovforslaget legg samstundes opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov. Kommunane sin lovheimla myndigheit til å treffe vedtak i første instans aukar med dette lovforslaget.

##### 6.5.1 Organisering

Jord- og skogbruksforvaltninga på regionalt og lokalt nivå fikk ei ny organisering i 1993–94, jf. St. meld. nr. 40 (1991–92) Frå sektoretatar til samfunnsetatar. Jord- og skogbruksforvaltninga blei da slått saman til ei eining, samstundes som den lokale forvaltninga blei ført over til kommunane og den regionale forvaltninga blei integrert hos fylkesmennene. Skogbruksstyresmaktene femner etter omorganiseringa i 1993–94 departementet, fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og kommunane.

Departementet har på bakgrunn av utviklinga og dei politiske prioriteringane om større vekt på lokalt ansvar, ikkje sett det som aktuelt å gå inn i vurderingar om det er meir tenleg med større regionale kontor for skogbrukssaker og om lova skulle leggje til rette for ei slik organisering. Departementet vil likevel nemne at mange kommunar allerede samarbeider om skogkompetanse, og at slikt samarbeid mest sannsynleg vil utvikle seg vidare i tida som kjem. Det er slik sett eit val om denne ut-

viklinga skal fortsette naturleg eller om lova skal leggje eit meir formelt grunnlag for ein slik utvikling. Allereie i St. meld. nr. 17 (1998–99) peikte departementet på at dei fleste kommunane har bygd ned den lokale kapasiteten gjennom reduksjon i bemanning eller oppretting av stillingar der forvaltning knytt til jordbruk eller skogbruk blir kombinert med andre oppgåver. Uavhengig av løysing på dette er det viktig å sikre at den lokale skogbruksstyresmakta har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å møte utfordringane på ein effektiv og god måte.

Finland og Sverige har regionale løysingar i dag. I Finland er det t. d. etablert regionale einingar basert på samanslutningar av kommunar. Offentlege og private oppgåver knytt til skogbruk blir løyst av desse einingane. I Sverige er skogbruksstyresmakta sentralt, regionalt og lokalt òg organisert i ein organisasjon – «Skogvårdsorganisasjonen».

##### 6.5.2 Oppgåver

Hovudoppgåva til styresmaktene regionalt og lokalt er å medverke til å gjennomføre den gjeldande skogpolitikken.

Dette omfattar lov- og tilskottsforvaltning og funksjonar for å kontrollere og leggje til rette næringsutvikling og miljøomsyn. Utviklinga i skogbruket og elles i samfunnet fører med seg ei rekkje nye oppgåver og utfordringar. Oppgåvene er over tid blitt meir samansette og krev ein aukande grad av samhandling med andre styresmakter og fagmiljø.

##### 6.5.3 Nærare om skogoppsynnemninga

Gjeldande skogbrukslov brukar omgrepet «skogoppsyn» som ei samlenemning for dei organ som har makt til å treffe vedtak etter lova. Dette er dei organa som er politisk valte på fylkesnivå og i kommunane, det vil seie fylkeslandbruksstyra og – i utgangspunktet – kommunestyra. Ei rad oppgåver er ført frå desse organa til Fylkesmannen eller til administrasjonen i kommunane. «Skogbruksetaten» blir òg ofte brukt om tilsette som arbeider med saker etter skoglovgjevinga.

Omgrepa «skogoppsyn» og «skogbruksetaten» har medverka til å gjere dei offentlege skogpolitiske organa og dei personane som arbeider med skogbruk i det offentlege synlege. Slik sett fungerte nemninga positivt for kontakten mellom næring og styresmakter. Departementet er likevel kome til at nemninga «oppsyn» ikkje bør førast vidare, fordi det kan skape eit feil inntrykk av dei oppgåvene som nå ligg til desse organa. Departementet vil derfor nytte kommune, fylkeslandbruksstyret eller Fyl-

kesmannen som nemning der vedtaksstyresmakt blir nemnd direkte i lova si ordlyd, og skogbruksstyresmakt som samlenemning for dei alle. Denne endringa stiller krav til kommunane om at dei på ein klar måte gjer synleg overfor næringa og borgarane generelt korleis kommunen reint praktisk tek vare på og utøvar si rolle som skogbruksstyresmakt i første instans.

#### 6.5.4 Auka handlingsrom for kommunane

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i å gjennomføre landbrukspolitikken gjennom arealplanlegging og forvaltning av juridiske og økonomiske virkemiddel. St. meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgåver for lokaldemokratiet set som mål å få ei best mogleg lokal tilpassing i bruken av dei nasjonale virkemidla. Departementet følgjer opp det ved å leggje til rette for at kommunane i auka grad kan bli ein landbrukspolitisk aktør. Tilrettelegginga omfattar desentralisering av myndigheit og ansvar for å gjennomføre landbrukspolitikken. Målet er å medverke til auka engasjement i dei landbrukspolitiske utfordringane i kommunane og stimulere til ei lokal forankring, forståing og aksept for viktige landbrukspolitiske mål. Reforma skal gi kommunane auka handlingsrom, samstundes som det lokale demokratiet på landbruksområdet blir styrka og forvaltninga kjem nærare til næringsutøvarane. Interessekonfliktar vil med dette i stor grad kunne bli løyst lokalt.

Eit viktig element i reforma er å føre over ansvaret for å treffe vedtak til kommunane, slik at dei får fleire saker i førsteinstans etter jordlova, skogbrukslova, odelslova og konsesjonslova. I tillegg opnar departementet for at kommunane skal få større fridom i forvaltninga av dei økonomiske virkemidla i skogpolitikken.

Lovforslaget inneber etter dette at kommunane får større myndigheit til å treffe vedtak i første instans i saker knytt til skogbruk. Det femner mellom anna høve til å setje vilkår for å gjennomføre tiltak i skogbruket, og til å nekte tiltak. Endringane gir grunnlag for at lokale styresmakter kan nytte lova direkte både i kurante saker og i saker som hastar, og slik unngå at behandling av sakene i fleire ledd tek for lang tid. Desse endringane vil vere viktige i skogfaglege samanhengar. Dei vil òg kunne verke positivt i arbeidet med å ta omsyn til det biologisk mangfaldet, der rask og presis saksbehandling kan vere viktig for å unngå eller løyse konfliktar.

Departementet arbeider no med nye strategiar i landbrukspolitikken gjennom prosjektet Landbruk Pluss. Siktemålet er å oppretthalde eit desentralisert landbruk med variert bruksstruktur, der ein

også legg til rette for utvikling av ny næringsaktivitet og attraktive bumiljø parallelt med strukturendringane i landbruket. Dette femnar om både økonomiske virkemiddel og ein målretta eigedoms- og ressursforvaltningspolitikk. Det gjeld no å tenke nytt på mange område, slik at tilhøva blir lagde betre til rette for dei som ønskjer å bo i bygdene og utvikle nye næringar der. Målet er å få ein positiv utvikling både når det gjeld næringsverksemd, velferdsutvikling og busetting i norske bygder, sjølv om det tradisjonelle landbruket ikkje lenger aleine kan halde liv i bygdene. Arbeidet med ny skogbrukslov er eit viktig langsiktig ledd i denne prosessen.

## 6.6 Forholdet mellom privat ansvar og føresegnene i skogbrukslova

### 6.6.1 Sertifisering – forholdet til lovgjeving

I siste halvdel av 1990-talet blei det etablert og gjennomført eit samarbeidsprosjekt i skogsektoren kalla Levende Skog. Målet for prosjektet var å medverke til å styrkje tilliten både nasjonalt og internasjonalt til at skogindustrien i Noreg har basis i eit berekraftig og miljøvenleg skogbruk med evne og vilje til langsiktig forvaltning av skogressursane. Levende Skog la fram eit sett kriteria, indikatorar og standardar (retningslinjer) for eit berekraftig skogbruk. Standardane er seinare lagt til grunn for sertifisering av skogbruket.

Ved utgangen av 2003 kjem nesten alt tømmer som blir omsett i Noreg frå skog som er miljøsertifisert. Sertifiseringa er i all hovudsak sett i verk etter modellar som byggjer på ISO 14001 og dei nemnde standardane for berekraftig skogbruk som Levende Skog lagde. Desse standardane er òg godkjende av den europeiske merkeordninga PEFC (Pan European Forest Certification). I tillegg er nokre eigedomar sertifiserte direkte i FSC (Forest Stewardship Council).

Skogsertifiseringa legg til grunn at den nasjonale skoglovgjevinga og anna relevant lovgjeving skal følgjast. Det ligg i tenkinga bak miljøsertifiseringa at nivået på ambisjonane for miljøomsyn kan vere høgare enn dei som ligg i lovgjevinga.

Høge krav i lovgjevinga vil normalt føre til enda høgare krav i sertifiseringa. Med det breie omfanget sertifiseringa har fått er det naturleg at det er kome spørsmål om det lenger er eit behov for lovforankra detaljregulering og kontroll av t. d. miljøomsyn i skogbruket, eller om dette no i større grad kan overlatast til privat initiativ og ansvar.

For låge krav i lovgjevinga jamført med krava som blir stilte i sertifiseringa kan på den andre sida

svekke tilliten til lovverket, med mindre det er etablert ei forståing for at lovgjevinga i første rekkje skal regulere forhold av nasjonal interesse eller målrette innsatsen til område der dei frivillige tilpassingane gir for dårlege resultat.

### 6.6.2 *Bruk av entreprenørar eller forvaltarar*

Tidlegare sto yrkesaktive skogeigarar og skogsarbeidarar for den største delen av hogst og framdrift. No gjennomfører skogsmaskinentreprenørane omlag 90 % av dette arbeidet. Det er i all hovudsak faglært arbeidskraft som fører skogsmaskinane. Skogkulturarbeidet er ikkje i same grad blitt mekanisert, og berre ein liten del av slikt arbeid blir utført av entreprenørar.

Fram til no har skogeigarforeiningane og dei større skogeigedomane som har fast tilsette skogsarbeidarar, utført den største delen av det manuelle arbeidet i skogen. Det er ein tendens til at skogeigarforeiningane trekker seg ut av denne rolla. Framover kan ein venta at skogentreprenørar vil ta på seg å levere alle tenester medrekna det manuelle arbeidet i skogbruket.

Departementet har vurdert om utviklinga med meir bruk av entreprenørar og større ansvar til skogsarbeidarane bør føre med seg at den som gjer det konkrete arbeidet i skogen òg blir ansvarleg etter lova. Departementet er kome til at det framleis må vere skogeigaren som har ansvaret i forhold til lovverket. Forholdet mellom skogeigar og entreprenør ligg i utgangspunktet til avtaleretten. Etter departementet si oppfatning er det ikkje nødvendig å regulere dette i den nye lova om skogbruk.

### 6.7 **Krav om kunnskap og kompetanse for skogeigarar og andre**

Skogeigaren har eit sjølvstendig ansvar for å ha oversikt over miljøverdiane på eigedomen sin. Både miljøvernstyresmakter og skogbruksstyresmakter gjer eit omfattande arbeid med registrering og kartlegging av miljøverdiar. I utgangspunktet skal skogeigaren sjølv vere godt orientert om miljøverdiane på sin eigedom, og plikter å ta omsyn til miljø som er nødvendige når tiltak i skogen blir planlagt og gjennomført.

Skogeigaren, eller den som gjennomfører arbeidet i skogen, skal ha kunnskap om dei skogøkologiske forholda. Det medfører at det er skogeigaren sitt ansvar å sjå til at den eller dei som arbeider i vedkommande skog kjenner miljøverdiane og det regelverk som gjeld for miljøomsyn i skogbruket.

Departementet har vurdert om det er rett å stille eit konkret krav om kompetanse, slik at skogeig-

garen eller den som gjer arbeid i vedkommande skog må gå gjennom ei opplæring og/eller med jamne mellomrom oppdatere seg på viktige skog- og miljøfaglige tema. Skogbruksstyresmaktene kan i enkelte høve stille vilkår om opplæring slik det er i dag. T. d. er moglegheitene for å stille slike vilkår presisert i samband med tilskot, jf. m. a. kurs som ein føresetnad for tilskot til skogbruksplan.

Departementet meiner at det ikkje er nødvendig med ein heimel for eit slikt krav. Eit eige krav om kompetanse kan vere urimeleg når utviklinga i skogbruket syner at ein aukande del av eigarane hentar inntekta si utanfor skogbruket.

### 6.8 **Skogproduksjon**

#### 6.8.1 *Plikt til forynging som eit sentralt prinsipp ved skogproduksjon*

Eit hovudformål med den nye lova er å sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane med sikte på verdiskaping. Verdiskaping med grunnlag i skog kan femne mange aktivitetar, men kjerneaktiviteten er produksjonen av trevirke.

Departementet foreslår gjennomgåande ei rekke forenklingar i føresegnene i den nye lova i høve til gjeldande lov. Siktemålet er å leggje til rette for at skogproduksjonen og forvaltninga av ressursane ikkje skal bli unødig hindra eller byråkratisert. Departementet viser til dei enkelte føresegnene og merknadane til desse. Når det gjeld skogproduksjon vil likevel departementet trekke fram omsynet til forynging av skogen. Plikta til å syte for ny skog etter hogst er fundamental i lovgjeving om skog i nyare tid. Det er særleg to forhold som er viktige. For det første skal hogsten skje med omsyn til framtidig skogproduksjon og miljø. Dessutan har skogeigarar plikt til å etablere ny skog, eller leggje til rette for slik etablering, innafor ei rimeleg tidsramme.

#### 6.8.2 *Kontroll med hogst og plikt til forynging i Sverige og Finland*

Både Sverige og Finland har i sine lover om skogbruk heimla ei plikt til å reise ny skog etter hogst. Lovene i dei to landa gir òg heimel til å setje tidsfristar og kvalitetskrav til forynging, og til å krevje meldingar om planlagde og gjennomførte tiltak som siktar mot forynging. Dei gir òg heimel til reaksjonar dersom lova og føresegner etter lova ikkje blir følgd. Ordningane er omfattande og arbeidskrevjande å kontrollere i begge landa, og dei syner at det blir lagt stor vekt på å sikre god forynging etter hogst.

I Finland må t. d. skogeigaren melde hogst seinast 14 dagar og høgst to år før den blir sett i gang. Ein fullmektig for eigaren kan etter føresegnene melde om planlagt hogst. Dersom hogsten skal gjennomførast etter ein plan som er godkjent av den regionale skogstyresmakta er det ikkje krav til melding. Innafor ein frist på 14 dagar etter melding kan skogstyresmakta stanse eller på anna vis gripe inn i forhold til den planlagde hogsten.

I Finland stiller lova òg krav om at tiltak for å få opp ny skog skal vere sett i verk innan 5 år etter at hogsten starta. Etter føresegnene kan den regionale skogstyresmakta dispensere frå tidsfristen. Skogstyresmakta skal òg ha melding når tiltaka knytt til forynging er gjennomførte. Om hogst ikkje blir meldt gir lova heimel for etter måten strenge bøter.

Sverige har tilsvarende krav om melding om hogst til den regionale skogstyresmakta. Meldinga skal m. a. innehalde opplysningar om korleis forynging skal gjennomførast, og skogstyresmakta brukar i praksis meldinga som grunnlag for råd og påbod etter direkte kontakt med skogeigaren eller entreprenøren før hogsten eller andre innmeldte tiltak blir sette i verk. Den svenske skoglova heimlar ikkje plikt til å melde at tiltak for forynging er gjennomførte, men skogstyresmaktene freistar å gjennomføra ei frivillig ordning tilsvarende den finske modellen.

Tiltak for forynging skal generelt sett vere gjennomførte innan 5 år etter at plikta til å foryngje er utløyst. Det er i lova gitt detaljerte føresegner for dei ymse treslaga, med tidsfristar for når forynging skal vere etablert med god nok tettleik og kvalitet. Fristane for etablering av forynging er 5 år i Sør-Sverige og 10–15 år i Nord-Sverige.

Dei krava som er knytt til hogst og forynging i lova er nærare klarlagt i ulikt juridisk bindande regelverk tilsvarende lovforskrifter i Noreg. Skogstyresmaktene kan òg gi ulike faglege (allmenne) råd som ikkje er juridisk forpliktande for verken styresmakt eller skogeigar. I ein skilde høve kan slike råd blir oppgraderte og få juridisk forpliktande status. Skogstyresmakta har vidare heimel i lova for å krevje økonomisk tryggleik eller garanti for at tiltak for forynging kan bli gjennomførte, før hogsten blir sett i verk. Dette er ein parallell til ei av dei viktige funksjonane for ordninga med skogavgift i Noreg.

### 6.8.3 Departementets forslag til endringar i føresegnene om forynging

Departementet varsla ei lovendring knytt til forynging i St. meld. nr. 17 (1998–99). Bakgrunnen var dei etter måten svake resultatane når det gjeld tilstanden

på dei felte som er under forynging eller i tidleg ungskogfase. Departementet er kome til at det er nødvendig å både endre lova slik at skogeigaren sitt ansvar for god forynging kjem klårare fram, og å gi meir konkrete retningslinjer for tilfredsstillande forynging i form av ei forskrift som tek opp spørsmål knytt til treslag, plantetal o.a. Desse reglane skal vere enkle å nytte for dei som forvaltar regelverket, samstundes som dei ikkje skal medføre nye pålegg for bevisste skogeigarar. Departementet tek sikte på å fastsetje ei eiga forskrift om dette som skal tre i kraft samstundes med den nye lova, og viser til at høringsinstansane er bedne om å kommentere innhald og graden av detaljering i ei slik forskrift. Vurderingane som følgjer syner kva moment departementet meiner må tas inn i ein slik forskrift.

Departementet meiner vidare at det ikkje er nødvendig med ei landsdekkjande meldeplikt for hogst for å sikre kontrollen med hogst og forynging. Departementet foreslår likevel at kommunane og skogbruksstyresmaktene på andre nivå skal kunne treffe vedtak om meldeplikt med sikte på å halde kontroll med at føresegnene i lova blir overhaldne. Dette vil òg få verknad der forynging ikkje skjer på ein god måte og i eit langsiktig perspektiv.

Ved hogst tar skogeigaren ut verdiar og inntekt frå skogen, og departementet legg derfor til grunn at dette gjer at skogeigaren blir forplikta til å ta kostnaden med å få opp ny skog. Om ein skogeigar hogg tømmer skogen sin og etterpå ikkje gjer noko vil det etterkvart kome opp ny skog, men kravet til tilfredsstillande forynging inneber meir enn dette. Lova og forskrifta må derfor kombinere kravet om sikring av framtidig skogproduksjon med kravet til kvalitet på framtidsskogen. Det finst fleire måtar å kombinere dette på. Produksjon av kvalitet kan vegge opp for redusert volumproduksjon. Slike tilfelle kan t. d. vere omløp med lauv på råteutsett mark. Låuvtre vil ikkje gi same volumproduksjon som gran, men med rett skjøtsel vil verdiproduksjonen kunne bli vel så stor.

I forslaget til ny skogbrukslov bruker departementet omgrepet «tilfredsstillande forynging» om kravet til forynging etter hogst. Tre omgrep er sentrale i høve til lovutkastet sin definisjon av tilfredsstillande forynging: Tettleik, treslag og tidsperspektivet.

Både volumproduksjon og kvalitet heng tett saman med talet på planter per areal. Forskinga har gjennom langvarig arbeid kome fram til tal for anbefalt tettleik som varierer med bonitet og treslag. Tiltådingane om tettleik er knytt til både kvalitet og volum. Redusert tettleik i forhold til desse anbefalingane vil i første omgang gå ut over kvaliteten.

Volumproduksjonen blir ikkje så fort påverka av redusert tettleik. Sjølv med 120 tre per daa med gran vil ein, noko avhengig av fordelinga av plantene, oppretthalde ein volumproduksjon på over 80%. For å sikre tilfredsstillande kvalitet har departementet derfor definert kravet til tettleik med utgangspunkt i kunnskapen forskinga har brakt fram på dette feltet, og som syner den tettleiken som gir best produksjon både økonomisk og biologisk (kvalitet og volum).

Kravet til tilfredsstillande forynging i lova gir grunnlag for å setje ei nedre grense i forskrifta for tilfredsstillande tettleik på ulike markslag. Ei slik grense gir grunnlag for å gripe inn mot einskilde skogeigarar og gje pålegg om tiltak. Ei slik grense – som kan løyse ut tiltak heimla i lova – må ligge godt lågare enn tilrådingane frå forskinga om kva som er optimal tettleik for å få god nok kvalitetsproduksjon og volumproduksjon. Krava frå styresmakterne skal vere eit absolutt minimum for det ein kan godta. I dei fleste tilfella det er lagt til rette for forynging vil tettleiken ligge godt over desse tala. I tilfelle der forynginga ikkje er tilfredsstillande, slik at det blir gitt pålegg om tiltak for å sikre at arealet blir forynga, skal slike pålegg sikte mot ein god framtidsskog med tettleik over lova si minstegrense. Departementet legg til grunn minstekrav til tettleik i forynging som skissert i Tabell 1.

Ved vurdering av plantetal kan ein berre akseptere som «teljande treslag» dei treslag som er tilpassa veksestaden og som kan gi ein tilfredsstillande produksjon av virke, både volum- og kvalitetsmessig. Departementet meiner det ikkje er rimeleg å påleggje skogeigar å etablere forynging med anna treslag enn det som stod i bestandet før hogst. Ved naturleg forynging skal ein ikkje rekne t. d. større mengder vanleg bjørk som framtidstreslag der det tidlegare stod gran eller furu, utan etter eit bevisst val frå skogeigar og med godkjenning frå kommunen. Produksjon av ved på høge bonitetar kan i denne samanheng ikkje reknast som ein bevisst strategi. På mark der produksjon av ved ikkje vil gi skogproduksjon som er vesentleg dårlegare enn den som stod der frå før, kan produksjon av ved bli god-

tatt. Ut over dette må ein ta omsyn til sjeldne treslag og Levande Skog sine krav om minst 10% lauvtreinnblanding på eigedomsnivå. Departementet meiner felt med t. d. gran i skogreisingsstrøka skal behandlast som tilsvarande skog i skogstrøka. Avvik frå føresetnadene skal baserast på godkjenning frå kommunen.

I lovutkastet har departementet foreslått at tiltak for å leggje til rette for tilfredsstillande forynging skal setjast i gang innan tre år etter hogsten. Levande Skog sett krav om at planting skal vere gjennomført så raskt som mogleg etter hogst. Ved naturleg forynging brukar ein «rimeleg tid» som krav til forynging. Tida varierer frå to til fem år på høg bonitet, ti år på middels bonitet og inntil tjue år på låg bonitet. Innan rimeleg tid skal ein sjekke om det må gjennomførast suppleringsplanting. Uavhengig av kva frist ein set for dette kan det reisast innvendingar knytt til lokale veksttilhøve, tilgang på kvalifisert arbeidskraft, risiko for sjukdom o.l., men departementet meiner det er rett å stille eit slikt krav, ikkje minst sidan det er ei klar og negativ utvikling når det gjeld tilstanden på foryngingsfelt.

Planting innan tre år og påfølgjande kontroll vil i dei fleste tilfella gi eit klart bilde av om forynginga er utviklingsdyktig og om tiltak må setjast i verk nå eller seinare. For naturleg forynging er situasjonen noko meir samansett og meir avhengig av lengda på etableringsfasa. Som nemnt over varierer lengda på etableringsfasa frå stad til stad. Ikkje minst har tilgangen på frø stor tyding. Ein vil, ut frå vegetasjonstype og lokalkjennskap, i dei fleste tilfella etter tre år kunne sjå om forholda ligg til rette for eit godt planteoppslag eller om tiltak må setjast i verk. Ein må likevel godta å vente lengre før ein har etablert tilfredsstillande tettleik. Fem år på høg bonitet, ti år på middels bonitet og femten år på låg bonitet kan vera eit utgangspunkt. Det er viktig at tiltak blir sett i gang før det er for seint å suppleringsplante.

Departementet viser ut over dette til merknadene til § 6, s. 47 og at høringsinstansane er oppmoda om å kommentere innhald og detaljeringsgrad i ei forskrift om forynging, jf. heimelen til dette i lovutkastet § 6.

Tabell 1.1 Minstekrav til tettleik (planter pr. dekar).

<i>Gran</i>						
Bonitet .....	G23	G20	G17	G14	G11	G8
Pl./daa .....	150	150	125	100	80	50
<i>Furu og lauv</i>						
Bonitet .....	F23	F20	F17	F14	F11	F8
Pl./daa .....	180	180	150	125	100	50

## 6.9 Miljømål og miljøomsyn knytt til skogproduksjon og forvaltning av skog

### 6.9.1 Miljømål

Departementet meiner det er nødvendig å fornye føresegnene om miljø i gjeldande lov. Desse føresegnene blei i all hovudsak teke inn ved revisjonen av lova i 1976. Dei var på den tida moderne og langt føre si tid jamført med andre land. No er stoda nærare tvert om. Lovgjevinga i t. d. Sverige, Finland og Tyskland inneheld konkrete føresegner om skogbruket sine miljøoppgåver, under dette omsyn til nøkkelbiotopar og andre særlege miljøverdiar i skog.

Det er i første rekkje formålet som gir uttrykk for dei miljømål som skal gjelde for skogbruket og skogforvaltninga, jf. Kap 6.3.

### 6.9.2 Rett til miljøinformasjon

Regjeringa foreslo ei ny lov om rett til miljøinformasjon i 2002, jf. Ot. prp. nr. 116 (2001–2002) Om lov om rett til miljøinformasjon og deltaking i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet (Miljøinformasjonsloven). Lova er no vedteke i Stortinget, og trer i kraft frå 2004.

Lova pålegg forvaltningsorgana på sentralt, regionalt og kommunalt nivå eit særleg ansvar for å ha oversikt over informasjon som gjeld miljøtilstand og miljøforhold innafor dei områda dei har ansvar for. Forvaltningsorgana har òg ansvar for å gjere informasjonen om miljøtilstand og miljøforhold allment tilgjengeleg. Vidare aukar lova borgarane sin rett til å få informasjon om følgjer for miljøet av verksemda til det offentlege. Krav om slikt innsyn kan rettast både til statlege, fylkeskommunale og kommunale organ.

Lova inneber òg nye plikter for private verksemdar til å gje ut informasjon om miljø dersom borgarar spør om det. Lova gjeld for alle verksemdar, både ved industriproduksjon og produksjon av tenester, og inkluderer næringar som jord- og skogbruk. Lova gir vidare borgarane rett til å krevje informasjon om alt frå produksjonsprosessane til innhaldet i dei produkta som er i bruk eller som seljast.

Det er dessutan tatt inn reglar for korleis borgarane skal vere sikra innverknad og deltaking i prosessar med vedtak som har noko å seia for miljøet.

Departementet meiner det er viktig at òg miljøinformasjon knytt til skogbruk er open og tilgjengeleg. Gjennom kartlegging av miljøverdiar i samband med skogbruksplanlegging og den aktiviteten som bl. a. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Skogforsk m. fl. har innafor kartlegging og overvaking blir det samla ei stor mengd data om

miljø og skog. Denne informasjonen er allereie i stor grad open og blir dels publisert m. a. på Internett. Tilgang til data frå skogbruksplanlegginga er omtalt særskilt i kommentarane til § 5 i den nye lova, sjå Kap. 8, og er i samsvar med dei reglane den nye lova om rett til miljøinformasjon gjer.

### 6.9.3 Forholdet mellom tidlegare forslag til miljøforskrift og lovforslaget

Debatten dei seinare åra om lovgjevinga om skog og miljøspørsmål har vist at enkelte organisasjonar meiner gjeldande lov om skogbruk og skogvern er lite verksam i miljosamanheng. Styresmaktene på fylkesnivå og lokalt har oftare og oftare kome opp i situasjonar der det er vanskeleg å tolke kor langt lova rekk og avgrensingar i høve til miljøomsyn. Departementet har sett at betre regler og retningslinjer i ein del tilfelle ville styrke saksbehandling og vurderingar.

I Skogmeldinga foreslo departementet derfor å fastsetje ei eiga miljøforskrift med heimel i gjeldande lov om skogbruk og skogvern. Ei slik forskrift ville etter departementet sitt syn kunne gjere intensjonane om miljøomsyn i lova meir tydelege, og konkretisere kva miljøansvaret femner.

Utkastet til forskrift samla og utdjupa føresegner om miljø i gjeldande lov og regelverk. Utkastet tok omsyn til dei omgrep som er komne inn i den faglege terminologien for skogbruk og miljøomsyn dei seinare åra. Utkastet tok vidare sikte på å gjere det tydeleg kva for miljøomsyn lova føreset. Formålet i forskrifta la vekt på behovet for å sikre at miljøomsyna blir gjennomførde på eit aktivt og målretta sett.

I utkastet til miljøforskrift sette departementet fokus på skogeigarane sitt ansvar for miljøomsyn, kompetanse og prinsippa for eit miljømessig forsvareleg skogbruk. Departementet understreka at skogeigarane har eit ansvar for at tiltaka knytt til skogbruk på eigedommen blir gjennomførde på ein måte som samstemmer med skogbrukslova og med dei prinsippa for eit berekraftig skogbruk som på anna vis er lagt til grunn for lov- og regelverket for skogbruk.

Departementet foreslo òg ei føresegn om at skogeigaren aktivt skal søke å skaffe fram eit skogbilette som er tilstrekkeleg variert til å kunne bevare skogen som økosystem. Det samsvarer med forarbeida til endringane i skogbrukslova i 1976, jf. Ot. prp. nr. 29 (1974–1975) Om lov om endringar i lov av 21. mai 1965 om skogproduksjon og skogvern.

Som eit hovudprinsipp blei det lagt fram forslag om at skogeigaren til ei kvar tid skal kjenne til miljøverdiane på sin eigedom, og at skogeigaren på

spurnad frå styresmaktene skal kunne gjere greie for dei miljøomsyn som ligg i planlegging og gjennomføring. Departementet bad særskilt om høyringsinstansane sitt syn på ei eventuell utforming av eit konkret krav om miljøkompetanse for skogeigarane.

Departementet tok òg inn forslag om ikkje å tilate visse tiltak i skogen (mellom anna hogst av reirtre, forbod mot å fjerne kantsoner mot vatn og vassdrag, hogst av nøkkelbiotopar og grøfting av myr). Vidare foreslo departementet å innføre plikt til å melde om andre planlagde tiltak der konsekvensar for miljøverdiar og miljøomsyn bør vurderast nærare av styresmakta før tiltaka eventuelt blir sett i verk (mellom anna grøfting av fastmark, skifte til utanlandske treslag, samanhengande flatehogst på areal større enn 100 dekar). Forslaget hadde òg ei føresegn som ville gitt heimel til å kunne påleggje skogeigaren restaurerande tiltak, i tilfelle der skogbruksverksemda har ført med seg vesentleg skade for naturmiljø og friluftsliv.

Ved Stortingets behandling av Skogmeldinga, jf. Innst. S. nr. 208 (1998–1999) kommenterte komiteen dette slik:

«Komiteen mener det er nødvendig at skogpolitikken har en klar og tydelig miljøprofil. I forbindelse med behandling av denne meldingen har komiteen gjennom befaringer og møter med ulike parter i skogbruket erfart at det er til dels sterke innvendinger mot Regjeringens forslag om å fastsette en egen forskrift om miljøtilpasninger i skogbruket. Disse innvendingene knytter seg bl. a til frykten for økt byråkratisering og detaljregulering og de mulige negative virkningene på aktiviteten i skogbruket.

Komiteen mener at det offentlige regelverket for gjennomføring av skogpolitikken ikke skal undergrave verdien av Levende Skog. Ved myndighetenes tilpasning av regelverket og i organisasjonenes arbeid for å sette standardene fra Levende skog ut i livet bør det være et mål å få til rasjonelle og kostnadseffektive systemer for utforming og kontroll av skogbruksvirksomheten.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Høyre, viser til samarbeidsprosjektet Levende skog og de gode resultater dette frivillige opplegget har medført.

Flertallet vil be departementet vurdere resultatet av en videreføring av dette frivillige prosjektet etter 2 år, og da ta stilling til om det er behov for en miljøforskrift i påvente av en fullstendig gjennomgang av saksfeltet i forbindelse med en ny skogbrukslov.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, vil understreke at det er nødvendig med klare miljøbe-

stemmelser i lov- og regelverket for skogbruk. Flertallet slutter seg til de hovedprinsipper Regjeringen trekker opp i meldingen, om skogeigers plikt til å utøve aktiv biotopskjøtsel og til å skaffe seg oversikt over miljøverdiene på sin eiendom. Flertallet mener dette er i tråd med skogbruksloven og forarbeidene og legger til grunn at dette er prinsipper som skal føres videre når det utformes en ny skogbrukslov.»

Departementet har på denne bakgrunn vurdert om enkelte element av forskrifta kunne vore tatt inn i den nye lova. Departementet er kome til at dei etter måten detaljerte reglane om miljøomsyn ikkje er egna som føresegner i ei lov. Den nye skogbrukslova må gi klare rammer for miljøomsyna, men særleg detaljerte reglar må etter departementet si oppfatning fastsetjast i forskrifter eller inngå i den frivillige sertifiseringa. For å unngå at det skal oppstå tvil om departementet kan fastsetje forskrifter om miljømål og miljøomsyn meiner departementet at det er nødvendig å ta inn ein heilt klar heimel til dette, jf forslaget til ny lov § 4, s 68, og merknader til denne føresegna. Som nemnd i innleiinga tek departementet sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksettinga av den nye lova.

#### 6.9.4 Område med viktige miljøkvalitetar

Sjølv om departementet ikkje går inn for detaljreglar om miljøomsyn, er det klart at det vil vere ein del område av noko større omfang der miljøverdiar av ymse slag vil leggje sterke føringar på forvaltning og utnytting av skogen. Frå tidlegare er det med heimel i gjeldande lov § 17 b fastsett eigne forskrifter for eit par slike område. Dette gjeld marka omkring Oslo, og eit mindre område i Vestfjella i Østfold.

Departementet vil føre vidare ein liknande heimel til å gi forskrifter for slike område, jf. lovforslaget § 13, s. 71, og merknadane til denne. Ei viktig endring i forhold til gjeldande lov vil vere at departementet kan treffe vedtak om slike område. I gjeldande lov ligg denne myndigheita til Kongen.

### 6.10 Finansiering av berekraftig skogbruk

#### 6.10.1 Skogfond

Etter gjeldande lov skal skogeigaren betale inn skogavgift. Dette er ein tvungen fondsavsetnad, som gjeld ved alt sal av tømmer, ved, hogst av virke til bioenergi m. v. Siktemålet er å sikre nødvendige langsiktige investeringar i vedkommande skog. Avsetnaden gir skogeigaren eit betre grunnlag for å fi-



nansiere eit berekraftig skogbruk. Ordninga med skogavgift har vore eit berande element i bruken av virkemiddel i skogpolitikken.

Departementet ser det som svært viktig å føre ordninga vidare. Departementet foreslår å endre namnet på avsetnaden til skogfond. Dette gir eit meir riktig inntrykk av ordninga slik den er lagt opp og blir nytta i dag, og fjernar den misforståinga at dette er ei avgift til staten.

Denne ordninga har fleire positive trekk; skog-eigaren har likviditet til å oppfylle foryngingsplikta og systema rundt ordninga gir styresmaktene eit godt grunnlag for tilsyn med aktiviteten i skogbruket og at foryngingsplikta blir oppfylt.

Ei vidareføring av ordninga med tvungen fondsavsetjing som skogfond er ei enkel og god løysing for skogeigaren når det gjeld å finansiera naudsynte foryngings- og skogkulturtiltak etter lova. Skogavgifta har vore ein garanti for at naudsynt foryngingsarbeid blir finansiert, og at plikta til forynging blir oppfylt. Dei endringane som er gjennomførte når det gjeld tilskot til skogkultur m. v. gjer at ordninga får større positiv tyding enn før. Det er avgjerande å ha ei fleksibel finansieringsordning som samstundes er robust og fungerer godt i forhold til variasjonane som vil vere i hogst- og kulturaktivitet. Regelverket må innebere ei enkel og god løysing for skogeigaren når det gjeld å gjennomføre naudsynte foryngings- og kulturtiltak med meir periodisk aktivitet.

Utviklinga i skogbruket er prega av aukande bruk av leigd arbeidskraft til å gjennomføra ulike tiltak i skogen. Utviklinga tyder òg på at det framover blir meir ujamn drift på den einskilde egedomen. Plikta til forynging av skogen etter hogst har lang tradisjon i den norske skoglovgjevinga. Den blir ført vidare i lovforslaget. Større variasjon i verksemda og ei meir konkretisert plikt til å forynge skogen etter hogst stiller krav til dei kontrollordningane det offentlege har. Departementet har gjennom åra utvikla eit omfattande administrativt system knytt til denne ordninga, som gjer at kommunane sine kontrolloppgåver kan gjennomførast med akseptabel kostnad og arbeidsbyrde. Ordninga gir òg skogbruksstyresmaktene naudsynt dokumentasjon og statistikk for å følgje opp utviklinga for skogkultur og andre investeringar i skogbruket.

Kontrollen med plikta til forynging er òg viktig dersom omsetnaden av skogeigedomar aukar. Auka omsetnad av skogeigedomar kan føre til fleire kortvarige eigarskap med auka risiko for overavverking og manglande oppfølging frå eigaren av plikta til forynging. Da er det ein tryggleik å ha innbetalte midlar på kontoen for skogavgift, som følgjer egedomen utan omsyn til kven som er eigar.

Sverige har ordningar for avsetnad til framtidige foryngingstiltak. Vidare har Sverige heimel for å krevje bankgarantiar for foryngingstiltak før hogst kan bli sett i verk, t. d. der det blir meldt inn store hogstar på ein eigedom, og ved sal av eigedom eller store hogstrettar. Departementet vil legge til at det i samband med omlegging av skogpolitikken i 2003 og innføring av skogavgift for ved blei klart at terminologien knytt til skogavgift ikkje er god i dag. Endringa tar sikte på å klargjere at ordninga er bygd opp om ein tvungen fondsavsetnad og at det ikkje dreier seg som ei avgift til staten.

I gjeldande skogbrukslov er det 9 føresegner om skogavgift og rentene av denne, jf. gjeldande lov §§ 41 – 49. Departementet foreslår ei vesentleg forenkling, til tre føresegner samla i eit eige kapittel, jf. lovforslaget § 14 om innbetaling til skogfond, § 15 om bruk av skogfond, og § 16 om renter av skogfondsmiddel. I tillegg foreslår departementet at Lov om avgift på skogsvirke til fremme av felles tiltak for skogbruket, fastsett 9. november 1956, blir oppheva og innarbeidd i den nye lova om skogbruk som ei enkelt føresegn i § 17, jf. s. 58.

Forenklinga fører ikkje med seg endringar i lovgrunnlaget for ordninga.

Dei lovreglane som gjeld no er meir detaljerte enn nødvendig. Departementet foreslår derfor å ta inn einskilde tema i ei forskrift med heimel i den nye lova, jf. lovforslaget § 16, sjetle ledd. Det er viktig at lova tek for seg overordna tema. Ei flytting av dei mest detaljerte reglane over i ei forskrift vil gi meir fleksibel moglegheit til å tilpasse praktisering av ordninga etter utviklinga og dei næringsmessige og skogpolitiske behov til ei kvar tid.

Gjeldande forskrifter om ordninga vil òg bli forenkla. Med heimel i gjeldande lov er det fastsett fem forskrifter om skogavgift og rentene av denne. I tillegg er det fastsett ei forskrift om skogavgift med heimel i skattelova. Det er knytt skattefordel til nokre av dei tiltak som skogavgifta kan nyttast til. Dette er regulert direkte i skattelova utan direkte koplingar til skogbrukslova, og kjem ikkje dette lovforslaget ved. Departementet tek no sikte på å fastsetje ei samla forskrift om skogfond.

I § 49 i gjeldande lov er det gitt reglar om innbetaling av ekstraordinær skogavgift. Det er i seinare år lagt opp til at skogeigaren kan velje ein sats for skogavgift innafor eit gitt intervall, og etter dette er denne heimelen om ekstraordinær innbetaling ikkje nytta. Intervallet er for tida 4 til 40 %. Det er ikkje lenger nødvendig å ha reglar om ekstraordinær innbetaling til skogfond. Departementet legg til grunn at føresegnene i gjeldande lov § 42 om korleis skogavgifta skal krevjast inn i praksis, og § 47, andre ledd, om korleis inneståande skogavgift skal

delast når ein eigedom blir splitta opp, blir tekne inn i ei forskrift i medhald av lovforslaget § 16, sjette ledd. Departementet viser elles til merknadene til de enkelte føresegner i lovforslaget, jf. Kap 8.

### 6.10.2 Statstilskot til skogbruket

Det er dei siste åra gitt rammer for tilskot til formål i skogbruket over statsbudsjettet og over jordbruksavtala gjennom Landbrukets utviklingsfond. Tilskotsordningane har tradisjonelt retta seg mot langsiktige investeringstiltak i skogbruket, som planlegging, skogkultur og bygging av skogsbilvegar. I tillegg er det gitt tilskot til transport, til tiltak for å fremme foredling av trevirke, og til einskilde andre tiltak i skogbruket. Sidan tidleg på 1990-talet er tilskota samla sett blitt reduserte år for år.

Etter omlegginga av skogpolitikken i 2002–2003 er fleire av dei nemnde tilskota tekne bort. Frå 2004 er middel til skogbruk såleis i all hovudsak trekt ut frå jordbruksavtala, og vil gå direkte over statsbudsjettet som tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og til skogbruksplanlegging. Med unntak av dei midla som er knytt til kompetansehevande tiltak blir midla fordelt frå departementet til fylkesmennene og vidare til kommunane ut frå kommunevise strategiar. Tildelinga til kommunane bygger på at kommunane gjennom kommunereforma er gitt større ansvar og fridom.

Det er ikkje føresegner i gjeldane lov om statlege tilskot. Forskriftene om slike tilskot er dels fastsett med heimel i jordlova og dels med heimel i Stortinget sine årlege budsjettvedtak. Departementet viser til Statens økonomireglement og praksis på andre område, og foreslår å innarbeide ei ny føresegn i lova som gir klar lovheimel til å fastsetje forskrifter om forvaltning, fordeling av og vilkår for statlege tilskot, under dette òg den kontroll styresmaktene på ulike nivå skal føre. Departementet legg vekt på at kontrollen med slike tilskot har eit forsvarleg omfang.

## 7 Administrative og økonomiske konsekvensar

Siktemålet med den nye lova er å sikre og regulere at utnytting av skogressursane skjer i eit langsiktig perspektiv og innafor dei rammer miljøomsyna set. Lova skal stimulere til berekraftig, skogbasert næringsverksemd, der trevirke og andre ressursar knytt til skog inngår. For departementet har det vore ei hovudsak å sikre at lovendinga kan bygge opp under arbeidet i prosjektet Landbruk Pluss

som siktar mot å leggje betre til rette for næringsutvikling og bolyst i distrikta. Departementet meiner at lova legg til rette for auka verdiskaping i skogsektoren fordi framlegget på fleire punkt er forenkla i høve til eksisterande lov og slik sett legg betre til rette for m a næringsverksemda i skogbruket. Lova skal gi rammer for verksemda i næringa. Departementet har lagt stor vekt på ei kombinasjon av klare rammer og klart ansvar og minst mogleg tidkrevjande rutinar og prosessar. Det er òg lagt vekt på å få minst mogleg grad av overlappande føresegner i fleire lover.

Lovforslaget moderniserer og forenkler lovgjevinga om skogbruk. Fleire område i gjeldande lov om skogbruk og skogvern er ikkje tatt med i forslaget til ny lov. Noko er tatt ut fordi det ikkje lenger er nødvendig å ha særskilde føresegner på området, men det er òg lagt vekt på å oppnå forenkling der det har vore mogleg. I tillegg er nokre føresegner i gjeldande lov blitt avløyst av anna lovgjeving. Dei fleste områda som ikkje inngår i lovforslaget er lista i Vedlegg 2.

I mange av føresegnene heimlar lovutkastet at departementet kan gie nærare forskrifter. I gjeldande lov er det òg eit stort tal slike heimlar til utdjuiping av føresegnene. Lovverket som eit heile bør kunne praktiseras dynamisk ut frå lokale tilhøve og tilpassast endringar med tida utan at det blir naudsynt å endre lovteksta. Samstundes skal ei høveleg einsarta handsaming av saker sikrast. Lov og forskrifter må saman ha ein naudsynt balanse mellom langtrekkande overføring av mynde og tilsyn til lokale organ, og meir landsomfattande omsyn til forvaltning av skogressursane. Lovutkastet avvik ikkje frå skoglovgjevinga i andre nasjonar i så måte, til dømes Sverige og Finland. Jamvel om lovtilsynet både i Sverige og Finland blir gjennomført av egne sektormyndigheiter, er forskrifter mykje nytta til naudsynt detaljering av lova. Soleis har fleirtalet av lovføresegner i den svenske skoglova gitt heimel anten til departementet eller til Skogsstyrelsen som sektormynde for utforming av nærare og meir detaljerte forskrifter.

Lova fører i utgangspunktet ikkje med seg vesentlege nye oppgåver for styresmaktene. Lovutkastet er utforma parallelt med ei omfattande overføring av oppgåver og mynde til kommunane, og i lovforslaget er dette følgt opp. Departementet legg til grunn at dette er ei forsterking av det ansvaret kommunen har i skogsaker. Den reelle verknaden av dette er likevel ikkje svært omfattande fordi kommunane frå tidlegare har hatt oppgåver etter gjeldande lov. Dette har sin årsak i at ein del oppgåver er lagt til regionale og lokale styresmakter gjennom egne forskrifter til gjeldande lov.

Departementet sitt forslag om at det skal være mogleg å innføre meldeplikt på tiltak i skogbruket kan føre med seg noe auke i arbeidsomfanget i kommunane dersom heimelen blir tatt i bruk. Kommunane og fylkesnivået har etter gjeldande lov § 19 hatt om lag same heimel. Departementet meiner at lovforslaget på dette punktet ikkje fører med seg omfattande utgifter.

Skogavgift blir ført vidare i den nye lova under namnet skogfond. Departementet viser til at det i samband med omlegging av skogpolitikken i 2003 og innføring av skogavgift for ved blei klart at terminologien knytt til skogavgift ikkje er god i dag. Endringa tar sikte på å klargjere at ordninga er bygd opp om ein tvungen fondsavsetnad og at det ikkje dreier seg som ei avgift til staten.

Skogbruksstyresmaktene kan krevje gebyr for behandling av søknader om løyver og for å gjennomføre kontroll- og tilsynsplikter. Satsar for gebyr skal ta utgangspunkt i at samla gebyr ikkje skal vere større enn dei kostnader som styresmaktene får når oppgåvene blir utførte.

## 8 Merknader til dei enkelte føresegner

### *Til tittelen på lova – Lov om skogbruk (skogbrukslova)*

Tittelen på lova da den tok til å gjelde i 1965 var Lov om skogproduksjon og skogvern.

I 1976 blei skogproduksjon bytt ut med skogbruk slik at no gjeldande lov har tittelen Lov om skogbruk og skogvern. Endringa i 1976 var ei følge av at lova med dei føreslegne endringar tok opp ein meir fleirsidig bruk av skogområda.

Skogvern har vore eit bærande prinsipp i lovgivinga om skogbruk på 1900-tallet. Skogvern har også gjennomgåande vore eit element i tittelen på lova. Historisk har dette sin bakgrunn i at skogane i tidlegare periodar blei for sterkt utnytta, og at det var nødvendig å sikre skog som ut frå klimaforhold står utsett til. Skogvernet var såleis eit vern av ressursgrunnlaget for å gjere det mogleg å drive eit langsiktig skogbruk. Dei siste 25 åra har vern av skog etter lovgjeving om naturvern vekse fram som eit sjølvstendig mål, med eit anna innhald i omgrepet «vern». Ved utgangen av 2002 er det etablert et landsdekkjande nett av verneområde i skog, som omfattar ca 1, 2 % av det produktive skogarealet. Skogvern omfattar ut frå dagens språkbruk følgjelig også andre aspektar av vern enn dei skogbrukslova femnar om. Sjølv om forslaget til ny lov har

med seg omgrepet vernskog frå tidlegare lovgjeving meiner departementet at det ikkje er nødvendig å bruke skogvern i tittelen. Føresetnadene frå tidlegare lover om skogvern vil inngå i forvaltninga av den nye lova.

Departementet meiner vidare at det lovforslaget som ligg føre opnar for ei breiare tilnærming til verdiskaping og produksjon av varer og tenester med basis i skogressursane og at omgrepet «skogbruk» dekkjer dette samstundes som omgrepet harmonerer med signala frå Stortinget om at lova skal vere ei næringslov jf. Innst. S. nr. 208 (1998–1999). Departementet foreslår å forenkle tittelen på lova vidare slik at lova no får namnet «Lov om skogbruk (skogbrukslova)».

### *Til § 1. Formålet med lova*

*Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.*

Formålet i gjeldande lov om skogbruk og skogvern lyder slik:

«Denne lov har til formål å fremme skogproduksjon, skogreisning og skogvern. Det skal tas sikte på at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel kan gi et tilfredsstillende resultat for næringsens utøvere og sikre effektiv og jevn råstofftilførsel til industrien. Videre skal det legges vekt på skogens betydning som rekreasjonskilde for befolkningen, som viktig del av landskapsbildet, som livsmiljø for planter og dyr og som områder for jakt og fiske.»

Siste setning blei tatt inn i formålet ved endringane i 1976, og innebar ei langt større vekt på miljøaspekta ved skogbruk enn da lova tok til å gjelde.

Departementet foreslår slik ordlyd i den nye lova:

«Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.»

Departementet legg til grunn at formålet skal gi viktige signal til dei som driv næringsverksemd i skog og til styresmaktene på ulike nivå om at skogbruk handlar om ei balanse mellom økonomiske verdiar, miljøverdiar og sosiale verdiar. Lova skal legge til rette for økonomisk verksemd, men samstundes hegne om de ulike natur- og miljøverdiane skogen har. Natur- og miljøomsyna er nødvendige for å sikre skogen sine økologiske funksjonar, be-

rekraft i næringsverksemda på lang sikt og tillit og aksept i samfunnet.

### *Berekraftig forvaltning*

Formålet bruker omgrepet berekraftig forvaltning. Dette uttrykker at forvaltninga av skogen i seg sjølv skal være berekraftig, økonomisk, økologisk og i forhold til distriktsinteresser og samfunnsforhold. Omgrepet berekraft set samstundes skogbruket i eit breiare perspektiv. Berekraftig utvikling er blitt eit mål for all planlegging og verksemd i samfunnet. Produksjonen i skogbruket og skogprodukta kan gi viktige bidrag til ei slik utvikling. Den enkelte skogeigar kan vidare være ein bidragsytar til ei berekraftig utvikling gjennom dei mål og tilpassingar vedkommande legg til grunn. Ein aktiv forvaltning av ressursane er avgjerande for at skogbruket som sektor skal kunne gi eit positivt bidrag til auka verdiskaping og til å løyse viktige miljøoppgåver.

### *Verdiskaping*

Ved at formålet fokuserer på verdiskaping legg lova til rette for at ressursane blir forvalta aktivt og med ei økonomisk målsetting. Distriktsperspektivet er ein del av dette. Omgrepet verdiskaping kan også omfatte immaterielle verdiar knytt til produksjon av miljøgode og verdiar som kan vere viktige for annan næring på eigedomane. Det må vere rom for individuelle strategiar for forvaltning av skogen, og den enkelte eigar skal, innafor de rammer loven set, kunne leggje vekt på ulike mål ved forvaltning av skogen.

### *Naturomsyn, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturverdiar*

Skognaturen har ein eigenverdi. Naturomsyn er understreka m. a. ved at ein bruker omgrepet biologisk mangfald i formålet. Dette femner mangfald i økosystem, arter og genar. Departementet legg til grunn at skogbruket må verne om det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å leggje til rette for eit skogbruk som tek vare på ressursgrunnlaget og dei livsberande økologiske prosessane, og å drive eit stadstilpassa og variert skogbruk der også biotopar for trua, sårbare og omsynskrevjande artar blir ivareteke.

Vidare legg formålet vekt på friluftslivet og dei verdiane som er knytt til dette. Det kviler ei plikt på skogeigarane til å ivareta eller vidareutvikle verdiar knytt til friluftsliv og oppleving, og den einskilde skogeigar skal leggje til rette for at skogen kan bli brukt som arena for fysisk aktivitet. Landskapet er ein arena for verdiskaping, men òg ei kjelde til opp-

leving og ein ressurs i mange samanhenger. For turistnæring kan landskapet i seg sjølv være ei merkevare.

Gjeldande lov om skogbruk og skogvern har ikkje spesifikke føresegner knytt til kulturminne og andre kulturverdiar. Det er ingen tvil om at det er knytt store kulturverdiar til skogareala. Dette er verdiar som bind saman nåtid og fortid, og som er ei kjelde til auka kunnskap om den langsiktige forvaltninga av areal og ressursar. I de seinare åra er omsynet til kulturminne teke inn i det skogpolitiske regelverket og planlegging for skogbruk. Lovgjevinga om kulturminne må også framover være den viktigaste reiskapen for å ta vare på viktige kulturminne. I den nye lova er det likevel naturleg å omtale skogen sine kulturverdiar som ein del av det samla miljøomgrepet. Kulturverdiar femner noko vidare enn kulturminne. Departementet legg til grunn at kulturverdiar i denne samanheng òg viser til verdiar knytt til skog og kulturlandskap.

### *Til § 2. Virkeområde for lova*

*Denne lova gjeld for all skog, det vil seie all grunn som produserer skog eller som etter ei samla vurdering er best egna til skogproduksjon.*

*Med mindre noka anna går fram av vedtatt plan eller forskrift gjeld lova òg i område som etter plan- og bygningslova er lagt ut til eit anna formål enn landbruk, men ikkje tatt i bruk til dette formålet, og i område som er verna etter naturvernlova.*

*Lova kan ikkje bli nytta i strid med dei rettane reindriftssamane har til trevirke og brensel.*

Lova sitt virkeområde er all skog og skogmark. Lova gjeld såleis i utgangspunktet for alle areal der ein driv skogbruk eller areal der det er aktuelt å drive skogbruk. Dette virkeområdet er det same som i gjeldande lov om skogbruk og skogvern. Lova gjeld for alle slike areal til heile eller deler av lova blir sett ut av kraft gjennom t. d. juridisk bindande planar etter plan- og bygningslova eller verneforskrifter etter naturvernlova. I slike tilfelle er det såleis enten planlovvedtaka eller vedtaka etter naturvernlova som set skogbrukslova ut av kraft for vedkommande område.

I 2. ledd er det tatt inn formueringar om ei slik avgrensing av lova sitt virkeområde mot anna lovverk. Desse formuleringane endrar ikkje forholda mellom skogbrukslova og dei nemnde lovane, men røynsler frå praktiseringa av gjeldande lov tyder på at ei slik formulering vil forenkle praktiseringa der ho har grenseflater mot plan- og bygningslova og naturvernlova. Hovudpoenget i denne samanheng er å unngå at det oppstår tvil om kva for areal lova gjeld for.

Det er glidande overganger mellom jordbruksareal ute av drift og areal som etterkvart er så skogkledde at det er aktuelt å gjennomføre skogbruks tiltak. Det er ikkje mogleg å gi generelle retningsliner for akkurat når skogbrukslova tek til å virke, men departementet legg til grunn at lova virkar for alle skogbruks tiltak på slike område.

#### *Skogbrukslova i høve til plan- og bygningslova*

I område som i arealdelen i kommuneplanen er lagt ut til LNF-område etter plan- og bygningslova er det ikkje lov til annan bygge- og anleggsverksemd enn den som er direkte knytt til landbruk, under dette skogsdrift, det vil seie tiltak som er nødvendige for denne type næringsverksemd på ein eigedom. Kommunen kan etter plan- og bygningslova § 20–4 andre ledd bokstav c gi reglar som gir grunnlag for å godkjenne annan spreidd bygging, t. d. til nærings- bolig- eller fritidsformål. Bygging av landbruksvegar er i samsvar med formålet i LNF-kategorien, men dersom annan verksemd enn landbruk, under dette skogsdrift, utgjør heile eller vesentlege deler av formålet med vegen faller den utanfor og må i tilfelle bli behandla som et ordinært veganlegg.

Mange område blir regulert til ulike formål i medhald av plan- og bygningslova. Desse areala vil ofte fortsette å vere skogområde for ein kortare eller lengre periode, med mindre det dreier seg om byggeområde eller annan omdisponering der skogen blir avverka og arealet blir bygd ned med det same. Hovudprinsippet er at skogbrukslova fortsatt gjeld for skog i område som blir regulert eller disponert til anna formål etter anna lovverk, så lenge det står skog på arealet. Ei av årsakene til dette er at det frå tid til annan kan komme situasjonar som kan få verknad for skogen sin vitalitet og helse over større område. Særleg aktuelt er ulike skader som følgjer av insektangrep og anna, der det er behov for å setje i verk tiltak for å sikre at skadane blir minst moglege. Det er vidare viktig at skogmark ikkje blir bandlagt unødig, men kan bli nytta til skogproduksjon så lenge det ikkje er til hinder for eller i strid med formålet med reguleringa.

#### *Skogbrukslova i høve til naturvernlova*

Vern av skog ut frå nasjonale omsyn må skje i medhald av naturvernlova. Den nye lova gir ikkje heime for varig freding av større skogareal.

I område der skogen blir verna i medhald av naturvernlova har praksis vore at skogbrukslova blir sett ut av kraft ved de strengaste formene for vern, dersom vernet rettast seg mot ivaretaking av skog-

en. Ved anna freding, som til dømes landskapsvern, vil derimot skogbrukslova kunne gjelde. Verneforma landskapsvernområde skal, jf. forarbeida til naturvernlova, tillate drift av jord og skog etter tidsmessige metodar så lenge rimelige estetiske omsyn blir tatt til landskapet i samband med slik drift. I vernesaker etter naturvernlova er det difor viktig å kommentere og klargjøre forholdet til skogbrukslova for å unngå uklare og overlappende reglar.

#### *Grenseflater mot reindriftslova*

Siste ledd kjem i staden for § 3, siste ledd i gjeldande skogbrukslov. Det er no gjort den presisering at dette leddet rettast seg mot omsynet til dei rettane reindriftssamane har til trevirke og brensel. Det viktige er at bruken av føresegnene i lova ikkje legg hindringar i vegen for dette, samstundes som slik bruk av skogressursane må skje med omsyn til miljøverdiane slik lova legg til grunn. Departementet syner i denne samanheng til føresegna i § 13 i reindriftslova. I samband med lovarbeidet so langt er det opplyst at det ikkje er konflikstar knytte til dei rettane til trevirke som både reindrifta og bygdefolket har i Finnmark. Det er likevel viktig at ei føresegn i den nye skogbrukslova slår fast at alle skogareal skal vere underlagt lova, men at dei rettane som reindrifta har må vere sikra. Når det gjeld andre tiltak i skogen, som til dømes planting og vegbygging, vil dei interessene reindriftssamane har bli vurdert i den einskilde saken.

#### *Til § 3. Skogbruksstyresmakt*

*Departementet er den øvste skogbruksstyresmakt etter denne lova. Det mynde som ligg til kommunen, Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret går fram av føresegnene i lova, eller ut frå delegasjon frå departementet. Departementet kan delegere mynde etter lova til andre offentlege organ.*

*Vedtast eller oppgåver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen kan på eige initiativ bli behandla av departementet eller anna skogbruksstyresmakt når viktige omsyn tilseier det.*

*Fylkesmannen er skogbruksstyresmakt for skog som kommunen eig anten heilt eller delvis. Departementet avgjer kven som skal vere skogbruksstyresmakt for skog som fylkeskommunen eig anten heilt eller delvis.*

I St. meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå legg regjeringa opp til ei endra fordeling av oppgaver mellom sentralt, regionalt og lokalt nivå. For landbruksstyresmaktene fører dette til at nye viktige landbrukspolitiske oppgaver blir lagt til kommuna-

ne. Det blir opna både for interkommunale løysningar og løysningar innafor den enkelte kommune, og eit viktig poeng er fleksibilitet for å kunne møte lokale behov. Samstundes understrekar regjeringa at det regionale nivået skal ivareta oppgåver knytt til formidling av nasjonal landbrukspolitikk, rettlegging til kommunane og overvaking og kontroll av tilstanden innafor det landbrukspolitiske området. Det regionale nivået skal også gi bidrag til kvalitets-sikring og rettstryggleiken for innbyggjarane.

Landbrukspolitikken har arealbruk, fornybare ressursar, og berekraftig forvaltning som grunnleggjande premisser, og det er viktig å sikre at ressursgrunnlaget kan nyttast til lokal verdiskaping og selssetting. Det er nødvendig å sikre at forvaltninga av areal og ressursar er langsiktig og berekraftig, og dette er lagt til grunn i lovgjevinga om landbruk ved at departementet er styresmakt og at departementet kan leggje mynde til andre organ som til dømes fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen eller kommunane. Omsynet til lokal verdiskaping talar for at mynde etter lova bør ligge til lokal styresmakt, og forslaget til ny lov søker å finne ein god kombinasjon som legg vekt på både nasjonale og lokale omsyn.

§ 4 i den nye lova, og fordelinga av styresmakt vidare ut over i lova, tar derfor utgangspunkt i at kommunane i det alt vesentlege skal være styresmakt i første instans etter lova. Bare unntaksvis er det regionale nivået, Fylkesmannen eller fylkeslandbruksstyret, første instans. Det er nytt at dette går fram av lova. Departementet legg til grunn at dette er ei forsterking av det ansvaret kommunen har i skogsaker.

Departementet har i Ot. prp. nr. 79 (2002–2003) Om lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. foreslått å oppheve kravet til skogbruksfagleg og jordbruksfagleg kompetanse i kommunane, jf. grunnleggjeringa for dette på side 72–74 i den nemnde proposisjonen. Departementet skal i samband med den nye skogbrukslova streke under at dette er ei oppheving av reglar på prinsipielt grunnlag i samband med ynskje om å overlata til kommunane sjølve å organisere seg på tenleg vis. Etter departementet si vurdering er det sannsynleg at skogbruk og skogpolitikk i framtida vil krevje høgare kompetanse når det gjeld tiltak for verdiskaping og miljøarbeid knytt til skogareala. Når kravet til kompetanse eventuelt fell bort er dette ikkje eit signal om at skogbruksfagleg kompetanse vil være mindre viktig i framtida. Talet på saker og det omfang skog har som næring i kvar enkelt kommune vil avgjere behovet for skogfagleg kompetanse. Departementet ser at stadig fleire kommunar utviklar ulike former for samarbeid med ein eller fleire na-

bokommunar om både skogfaglege oppgåver og personar. Dette vil på sikt kunne gi eit betre grunnlag for å utvikle og ta vare på skogareala som grunnlag for verdiskaping og busetjing.

I 1. ledd blir dei aktuelle nivå i skogbruksstyresmakt nemnt. Departementet er øvste skogbruksstyresmakt. Det kan være aktuelt å delegere styresmakt etter den nye lova til t. d. Statens landbruksforvaltning. Departementet har derfor lagt til «anna offentleg organ» i oppramsinga av dei som kan få delegert styresmakt frå departementet.

I 2. ledd foreslår departementet å føre vidare ordninga med at fylkeslandbruksstyret eller Fylkesmannen kan gå inn å treffe vedtak i saker som opphavleg er lagt til kommunen som første instans. Likeeins kan departementet som øvste skogbruksstyresmakt gå inn å treffe vedtak etter lova sjølv om mynde etter lova ligg på kommune- eller fylkesnivå. Dette gjer det mulig å løfte t.d. prinsipielt viktige saker, saker som krev samordning over kommunegrensene, og eventuelle andre saker av prinsipiell eller politisk stor tyding opp på fylkesnivå eller sentralt når det er ønskjeleg. I seinare år har denne heimelen vært nytta m. a. ved innføring av meldepikt for hogst knytte til likearta område i fleire kommunar. Heimelen har òg vore nytta i enkelte saker der kommune- eller fylkesnivået har hatt ønskje om rettleiande vedtak frå departementet i nye saktifelle. For å oppnå det same kunne ein ha valt å legge all mynde i lova til departementet, slik at departementet når lova er vedteke fritt kan overføre mynde vidare til kommune- og fylkesnivå. Departementet meiner at den lovtekniske løysing som no blir foreslått, og som er ein vidareføring av ordninga i gjeldande skogbrukslov, gir eit betre uttrykk for ein reell overføring av mynde til kommune- og fylkesnivå.

I 3. ledd er det som i gjeldande lov tatt inn føresegn om styresmakt der habilitet kan bli eit spørsmål. Leddet gjeld kommunar eller fylkeskommunar som eig skog.

#### *Til § 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar*

*Skogeigaren har ansvaret for at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med føresegnene i denne lova, og dei forskriftene som blir gitt i medhald av lova. Skogeigaren skal ha oversikt over og plikter å ta omsyn til miljøverdiane ved alle tiltak i skog. Dette miljøansvaret kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Skogeigaren har òg ansvaret for at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova, forskriftene og miljøansvaret. Innafor desse rammer står skogeigaren i forhold til denne lova fritt til å forvalte skogen sin ut frå eigne mål.*

*Departementet kan gi nærare forskrifter om dei omsyna skogeigaren skal ta i høve til skogproduksjonen og det biologisk mangfaldet, landskapet, friluftslivet og kulturverdiane.*

Ved behandlinga av St. meld. nr. 17 (1998–99) uttrykte Stortinget at det er viktig at ei ny lov om skogbruk blir ei næringslov der prinsippet om fri-dom under ansvar blir ført vidare.

Føresegna i § 4 erstattar i utgangspunktet § 15 i gjeldande lov, om skogeigaren sin rett til sjølv å blinke. I moderne skogbruk er det ikkje lenger blinking i skogen. Det er òg langt færre skogeigarar som sjølv gjer praktisk arbeid i skogen. I den nye lova tar departementet derfor utgangspunkt i det meir overordna ansvaret skogeigaren har for å administrere og følgje opp tiltak i skogen. Dette femner òg ansvaret for å følgje utviklinga på skogareala i ulike fasar. Det er ansvaret for denne forvaltninga av skogressursane som lova klart må plassere hos den enkelte skogeigar.

Føresegna omhandlar òg dei intensjonar om vern av det biologiske mangfaldet og omsyn til landskap, friluftsliv og kulturverdier som går fram av formålet med lova. Det er tatt inn at skogeigaren skal ta omsyn til miljøverdier ved alle tiltak i skog. Dette gjer det nødvendig at skogeigaren og andre som skal utføre arbeid i skogen har kunnskap om miljøverdiane, og at dei legg denne kunnskapen til grunn for tiltak. Det ligg i dette at skogeigaren aktivt må skaffe seg kunnskap om skogen sin og dei verdiane den har, og kunne greie ut om dei val som ligg til grunn for forvaltninga.

Utviklinga har gått i ei retning som fører med seg at data som er viktige for forvaltning av skogegedomar meir systematisk blir opne og tilgjengelege. Store mengder data blir samla inn gjennom opplegg for skogbruksplanlegging og andre former for innsamling av data, der det offentlege står for finansieringa. Dette gir saman med anna privat registrering grunnlag for ei meir målmedveten forvaltning, og departementet forventar at skogeigarane gjer seg kjende med og brukar denne kunnskapen aktivt for å sikre betre miljøomsyn.

Departementet har vidare presisert i lova at miljøansvaret kan medføre at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Forskinga og oppbygginga av kunnskap dei seinare åra har vist at det er viktige miljøverdier nær sagt over heile skogarealet. Generelle miljøomsyn over heile arealet er nødvendige for å ta vare på dei ulike verdiane. Det vil i enkelte samanhenger vere mest effektivt å ta vare på høgt rangerte naturkvalitetar ved å la vere å hogge einskilde mindre areal. Departementet legg til grunn at den generelle plikta til å ta omsyn til miljøverdiane vil medføre at skogeigarane må ta an-

svar for å la enkelte areal stå urørt, utan at dette medfører nokon form for erstatning.

Det er nytt i Noreg at dette prinsippet eksplisitt blir tatt inn i lov, men det tar utgangspunkt i dagens rettstilstand og praktisering av lovverket. Det fører slik sett ikkje med seg vesentlege endringar i realitetane når det gjeld skogeigaren sin plikt til å ta omsyn til miljøverdier. Føresegna må sjåast i samanheng med den grensedraginga som er gjort til lovgeving om naturvern i § 2, og som er det overordna prinsippet. Der behovet for å la areal stå urørt klart er av eit slikt omfang at det vil medføre ei vesentleg innskrenking av skogeigaren sin råderett over areala og ressursane, vil naturvernlova ta over dersom bruk av lovføresegner er det aktuelle virkemiddelet.

I Sverige og Finland er det liknande regler. Den svenske lova seier at ein skogeigar ikkje kan bli pålagt miljøomsyn som femner så vidt at det i vesentleg grad lager vanskar for den pågåande bruken av det vedkommande areal («innetrångsbegrænsning»). I praksis verkar dette slik at grensa i det einskilde tilfellet blir sett slik at om t.d. ein hogst blir redusert med meir enn 4 % i areal, kan skogeigaren krevje erstatning eller andre løysingar for å ta miljøomsyn. Det er verknaden for vedkommande område som ligg til grunn, ikkje verknaden for heile eigeiendomen. Den finske lova seier t.d. at dersom det å setje til side viktige biotopar fører med seg eit redusert økonomisk resultat som er vesentleg («..är inte ringa..») kan skogbruksstyresmaktene i distriktet fritta skogeigaren frå å følgje forskriftene, eller utbetale vederlag for det som går over denne grensa.

Departementet meiner vidare at det er riktig at lova klart presiserer at skogeigaren òg har ansvaret for at dei som gjer arbeid i skogen retter seg etter lova, forskriftene og miljøansvaret. Departementet har vurdert om det skulle vore lovfesta eit klarere ansvar for entreprenørar og andre som på oppdrag frå skogeigaren gjer arbeid i vedkommande skog. Departementet er kome til at dette fortsett må ligge til avtaleretten, og at det må vere eit privatrettsleg forhold mellom skogeigar og den vedkommande leiger inn til arbeidet.

I 2. ledd har departementet foreslått ei føresegn som gir departementet ein meir presis heimel enn i dag til å fastsetje forskrifter om miljøomsyna knytt til ulike tiltak i skogbruket. Departementet syner i denne samanheng også til omtale av drøftinga av spørsmålet om ei miljøforskrift i St. meld. nr. 17 (1998–99). Departementet meiner ei slik forskrift vil kunne sikre eit målretta miljøarbeid på alle nivå. Forskrifta må kunne bli utvikla i takt med utfordringar og oppbygging av ny kunnskap. Departementet

viser elles til omtale av dette tidlegare, sjå s. 31 der ein m.a. peiker på at departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iverksettinga av den nye lova. Departementet gjer òg merk-sam på at høringsinstansane er bedne om å gje sitt syn på innhaldet i ei slik forskrift (jf. høringsbrev), t. d. om reglar om hogst knytt til reirlokaltetar for rovfugl o.a., grøfting av myr og sumpmark, fjerning av kantsoner mot vann og vassdrag har nokon ver-di.

#### *Til § 5. Skogregistrering og skogbruksplan*

*Skogregistrering er slike registreringar som er nød-vendige for å utarbeide skogbruksplanar og områdevi-se skogoversikter.*

*Ein skogbruksplan er ein oversikt over skog- og miljøressursane på eigedommen og ein plan for forvalt-ninga av ressursane på den einskilde eigedommen.*

*Skogregistreringane kan gjennomførast i eit om-råde jamvel om ikkje alle skogeigarane har tinga skogbruksplan. Alle skogeigarar skal ha melding om at registreringa blir gjort. Oversikter over miljøverdi-ane som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga skal vere offentleg tilgjengelege.*

*Departementet kan gi nærare forskrifter om skog-registreringar og skogbruksplanlegging med m.a. krav til innhaldet i planen og føresegnar om korleis data som blir samla inn skal forvaltast. Det kan bli gitt pålegg om gjennomføring av skogregistreringar og utarbeiding av skogbruksplan.*

Føresegnene i § 5 fører vidare gjeldande poli-tikk på området.

1. og 2. ledd gir dei same definisjonar som i gjel-dande lov om skogbruk og skogvern.

3. ledd gir fortsett heimel til å gjennomføre ei taksering av større område, sjølv om ikkje alle skogeigarane har tinga skogbruksplan på føre-hand. Grunngevinga for dette er at det kan gjere arbeidet meir rasjonelt, og såleis redusere kostna-dene for kvar einskild eigedom ved flyfotografe-ring, markregistrering o. a. Det er dei seinare åra stilt strengare krav til planbestilling enn tidlegare for å sikre at dei offentlege tilskota går til registre-ringar der skogeigaren aktivt ønskjer ein skog-bruksplan. Eit slikt krav blir ført vidare. Departe-mentet har vidare innarbeidd ei ny konkret lovfesta plikt til å informere den einskilde skogeigar når det blir sett i gang slike registreringar.

Skogbruksplanlegginga inneber registrering av skog- og miljøinformasjon på einskilde skogeigedo-mar. Departementet legg til grunn at miljøinforma-sjon som kjem fram gjennom skogbruksplanleggin-ga er offentleg tilgjengeleg. Dette er nærare omtalt i samband med lova om rett til miljøinformasjon

som blei handsama i Odelstinget 13. februar 2003, jf. Ot. prp. nr. 116 (2001–2002) Om lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslut-ningsprosesser av betydning for miljøet (miljøinfor-masjonsloven), sjå også Kap 6.9.2. Den einskilde skogeigar som har slik informasjon har plikt til å gi ut denne på førespurnad. Departementet legg opp til at slik informasjon òg skal vere tilgjengeleg hos kommunane og at informasjon knytt til område der skogeigaren har motteke miljøtilskot skal integre-rast i internettløyisingar etter kvart som slik blir ut-vikla. Departementet vil samstundes understreke at ei slik plikt for skogeigarane krev at òg informa-sjon frå offentlege etatar i større grad enn til no må vere offentleg tilgjengeleg, ikkje minst for skogei-garane, om dei skal vere i stand til å gjere dei nød-vendige tilpassingar. Departementet viser òg til at eit nytt regelverk for tilskott til skogbruksplanleg-ging etter planen tek til å gjelde frå 2004.

4. ledd gir departementet heimel til å gi nærare forskrifter om skogregistrering og skogbruksplan-legging, og nemner noko av det ei slik forskrift kan innehalde. Dette har tidlegare vore gitt i forskrifter om tilskott til skogbruksplanlegging, og det er nytt at ein slik meir heilskapleg heimel til å gi forskrift blir tatt med i lova.

Det er fleire som har tatt til orde for eit krav om tvungen skogbruksplan i den nye lova. Sverige had-de tidlegare eit slikt lovheimla krav om skogbruks-plan, men dette ble ikkje tatt med i den nye skog-brukslova. Sverige har no innført eit krav om ein «Skogs- og miljøredovising» som skal gi ein over-sikt over skogen og kva for registrerte miljø- og kul-turverder den har. I Noreg er spørsmålet om eit lov-heimla krav om skogbruksplan for alle eigedomar, eller alle eigedomar over ein viss storleik, vore drøfta tidlegare, seinast ved ei større utgreiing i regi av Landbruksdepartementet i 1998, og gjennom miljøprosjektet Levende Skog. Med utgangspunkt i den varierende grad av presisjon dei ulike registre-ringar har, og innslaga av skjøn som er knytt til bå-de elementa i registreringane og den seinare utar-beidinga av sjølve planen, vil oppfølging og kontroll av skogeigaren sin etterleving av planen by på store utfordringar og bli svært omfattande og kostnad-skrevjande.

I Noreg er det om lag 120 000 eigedomar (over 25 dekar), med til saman om lag 120 000 km<sup>2</sup> skog-kledde og tresette areal. Departementet har kome til at det ikkje er riktig – reint prinsipielt – å satse på ei lovheimla plikt til å utarbeide ein skogbruksplan for den einskilde skogeigar. Kor mykje skogeiga-ren vil avverke, og andre prioriteringar når det gjeld å drive skogen, må fortsett bli knytt til prinsip-pet om «fridom under ansvar» og til eigaren sin rå-



derett over eigen grunn, slik dette kjem til uttrykk i § 4 i den nye lova. På same måte må den einskilde skogeigar sitt ansvar for å ta tilstrekkelege og riktige miljøomsyn vere knytt til eit ansvar for det å eige skog, og ikkje til tvang. Næringa har sjølv – gjennom oppfølginga av miljøprosjektet Levende Skog, og gjennom ulike løysingar knytte til ordninga med sertifisering – utvikla omfattande registrerings-, planleggings- og dokumentasjonsrutinar som reduserer behovet for generelle offentlege pålegg knytt til skogbruksplanar .

Departementet har derfor kome til at det ikkje er riktig å stille eit generelt krav om obligatoriske skogbruksplanar for einskilde eigedomar, noko som i så tilfelle også vil gi staten eller andre eit ansvar for kvaliteten på slike planar.

#### *Til § 6. Forynging og stell av skog*

*Skogeigaren pliktar å syte for tilfredsstillande forynging etter hogst, og å sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.*

*Dersom skogeigaren ikkje rettar seg etter dette, avgjer kommunen om skogeigaren skal påleggjast å setje i verk tiltak for å sikre at arealet blir forynga. Tiltaket må setjast i verk innan ein frist som maksimalt kan vere på 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.*

*Kommunen kan nekte eller setje vilkår for å plante i skoglause område og ved skifte av treslag, grøfting, gjødsling eller bruk av plantevernmiddele så langt kommunen finn det nødvendig for å hindre store negative effektar på miljøverdiane, jf. § 1, under dette forureining av viktige vassførekomstar.*

*Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om forynging og stell av skog, under dette om krav til tilfredsstillande forynging, om skifte av treslag, bruk av utanlandske treslag, grøfting i skog, gjødsling av skog, bruk av plantevernmiddele i skog og frø- og planteforsyninga i skogbruket.*

Departementet orienterte i Skogmeldinga om at innsatsen i skogkultur syner ei negativ og ottefull utvikling, som vil kunne få konsekvensar inn i framtida. Årsakene til ei slik utvikling er fleire, men det blir ofte peikt på dårleg lønnsemd i skogbruket dei seinare åra, og svekkja tru på utviklinga i marknaden i åra framover. Dette påverkar både viljen og evna generelt til å investere i skog, noko som igjen fører til reduserte investeringar i til dømes oppbygging og stell av ny skog. Dei årlege kontrollane av resultat i skogbruket syner at om lag 20% av det are-

al som er forynga dei seinare åra ikkje er tilfredsstillande sett i stand med tanke på oppbygging av ny skog. Rapportane viser òg sterkt redusert innsats innafor pleie av ungsog.

I Skogmeldinga peikte departementet på at det er skogeigarane som har plikt til å følgje opp hogst med tilstrekkeleg innsats for forynging og etablering av ny skog. Utviklinga tilseier at det no er behov for å betre innsatsen når det gjeld forynging av skog, og det er derfor nødvendig med klårare føresegner om dette i lova. Det forhold at Stortinget i statsbudsjettet for 2003 heilt kutta ut det statlege tilskotet til skogkultur forsterkar òg behovet for ei klårare føresegn i lova på dette området. 1. ledd slår fast kva for ansvar skogeigaren har når det gjeld forynging og stell av skog. Kva som er tilfredsstillande forynging vil vere avhengig av ein rekkje forhold på staden, og såleis vere gjenstand for eit samla skjønn. Det vil likevel være relativt enkelt å avgjere om ein står ovafor eit tilfelle der det er eit klårt brot på plikta til forynging. Lova skal i første rekkje gjere synleg den plikta skogeigaren har til å forynge skog etter hogst, og planleggje forynginga samstundes med hogsten. Regelen her gjer uttrykk for at ein ikkje skal akseptere snauhogst på areal som av naturlege eller økonomiske årsaker ikkje lar seg forynge på tilfredsstillande måte.

I 2. ledd kjem dei meir direkte krava til skogeigaren. Det skal vere gjennomført eller lagt til rette for forynging innan 3 år etter ein hogst. Kommunen har ansvaret for å halde kontroll med dette. Blir det ikkje forynga eller lagt til rette for forynging skal kommunen ta opp saka og avgjere kva for tiltak som skal bli sett inn. Skogeigaren skal få ein frist til å setje tiltaka i verk, men ein slik frist kan ikkje vere lengre enn 2 år. Nytt i forhold til den gjeldande lova er at kommunen etter at denne fristen er ute kan syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Ein innfører òg at kommunen sine kostnader i denne samanheng er tvangsgrunnlag for utlegg. Når det gjeld plikta til å plante må dei tiltaka kommunen pålegg stå i rimeleg forhold til lønnsmda. Føresegna må vidare bli praktisert slik at skogeigaren ikkje får pålegg om urimelege tiltak til dømes etter naturskadar eller angrep av sjukdomar eller viltskadar.

Som nemnd er det kommunen som skal halde oppsyn med at skogareala blir forynga og stelt etter ein hogst. Kommunen sitt ansvar femner òg andre tiltak knytt til stell av skogen. 3. ledd gir kommunen heimel til å gripe inn og nekte, avgrense eller setje vilkår når det gjeld nokre særskilde tiltak, slik det òg er i gjeldande lov.

Føresegna om forynging og stell av skog føre-

sett nærare definisjonar for ein del av dei omgrep som blir nytta, og nærare retningslinjer for mellom anna kor tett plantene bør stå, og val av treslag. Vidare bør det kunne bli fastsett noko meir om ansvaret for å følgje opp forynginga med ulike tiltak, mellom anna best mogleg tettleik og fordeling av riktige treslag med omsyn til kvalitetsproduksjon og miljøkvalitetar. Departementet foreslår derfor at det i 4. ledd blir gitt ein heimel for å gi nærare forskrifter etter denne føresegna.

Gjeldande lov om skogbruk og skogvern har særskilde reglar om skogreising og kommunen sitt ansvar i denne samanheng. Desse reglane gir kommunen heimel til m.a. å påleggje skogreising av snaue areal om dette etter ei samla vurdering er riktig. Desse reglane blei tatt inn i lova på eit tidspunkt da dei norske skogane var sterkt uthogd og fattige på virke. Forholda er nå heilt endra, skogen har mykje større ståande kubikkmasse og mange areal utan skog er viktige for kulturlandskapet og andre interesser. Det er derfor ikkje rett å ha ei slik føresegn i lova lenger.

#### *Til § 7. Vegbygging i skog*

*Bygging av vegar til skogbruksformål kan berre gjennomførast etter løyve frå skogbruksstyresmakta, jf. § 3.*

*Planlegging og bygging skal skje på ein måte som tek omsyn til viktige miljøverdiar og som sikrar landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal leggjast vekt på å oppnå eit rasjonelt vegnett, der det òg blir tatt omsyn til den nytten vegen kan få for anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedomane.*

*Departementet kan gi nærare forskrifter om godkjenning, planlegging og bygging av skogsvegar og av andre anlegg og tekniske inngrep knytte til skogbruk.*

Denne føresegna kjem i staden for § 17 a i gjeldande lov om skogbruk og skogvern. Bygging av vegar til skogbruksformål har vore og er eit nødvendig tiltak for å fremme eit rasjonelt og berekraftig skogbruk. Departementet har sidan 1990-talet lagt særleg vekt på å etablere og utvikle eit regelverk som stiller fornuftige krav til planlegging, godkjenning og bygging av vegar i for skogbruksformål. Bakgrunnen for dette er at skogsvegane gir ein varig infrastruktur for skogbruket, som over lang tid skal bli nytta til forvaltning og hausting av ressursane. Det er viktig at vegnettet blir tilpassa dei skoglege forholda, og at det blir teke nødvendige omsyn til naturen. Samstundes skal det berre gis løyve til bygging av vegar som gir ein økonomisk vinst for skogeigaren.

Departementet fastsette første gang i 1991 ei forskrift med heimel i § 17 a i den gjeldande skog-

brukslova, for å sikre ein heilskapleg og miljøtilpassa planlegging og bygging av skogsvegar. Forskrifta blei i 1996 fornya og utvida til å gjelde alle landbruksvegar, etter at det da var teke inn ein heimel i den nye jordlova for ei slik forskrift òg for vegar i jordbruket.

Departementet meiner det er viktig at det i den nye lova blir gjort heilt klårt at vegar til skogbruksformål ikkje kan byggast utan at det på førehand er innhenta løyve frå skogbruksstyresmakta. Dette er teke inn i 1. ledd i føresegna. Det vil vere kommunen som er styresmakt i første instans.

Vidare bør lova gi klare føringar for dei vurderingar som skal ligge til grunn for behandlinga av vegsøknadene. Departementet viser på dette punktet til konklusjonane i rapporten «Nærings-, miljø- og samfunnsmessige sider ved skogbrukets veibygging», som ble lagt fram i 1998 av ei arbeidsgruppe oppnemnt av Landbruksdepartementet. Arbeidsgruppa var sett saman med representantar frå Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning, Landbruksdepartementet og andre både offentlege og private skog- og miljøinteresser. Det som går fram av 2. ledd er eit samandrag av dei prinsippa som ligg til grunn i den gjeldande vegforskrifta. I 2. ledd peiker departementet òg på at dersom det skal byggjast skogsvegar i eit område er det riktig å vurdere om slike vegar kan tilpassast andre omsyn knytt til eigaren sin forvaltning av arealet. Dette inneber ikkje at denne føresegna – eller forskrift gitt i medhald av føresegna – skal brukast for å handsame vegar med andre formål enn skogbruk.

I 3. ledd er det teke inn ein heimel for å gi nærare forskrifter på dette området. Teksten er forenkla i høve til § 17 a i gjeldande lov om skogbruk og skogvern, men departementet føreset at ein vegforskrift etter den nye lova skal ha det same innhald som tidlegare i høve til behandling av søknader, krav til planlegging av vegen, vegstandard, linjeføring, teknisk utforming og miljøtilpassing m.m. Kommunen vil i forskrift få heimel til å setje vilkår, gjere endringar i ein vegplan det er søkt om, eller heilt eller delvis nekte eit veganlegg bygd.

#### *Til § 8. Hogst og måling*

*Ved hogst skal det takast omsyn til skogen sin framtidige produksjon og forynging samstundes som det blir tatt omsyn til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturverdiar. Det skal sytast for at bruk av stigar, løyper og andre ferdselsårer ikkje blir unødige vanskeleggjort for allmenta etter at hogsten er avslutta. Kommunen kan påleggje skogeigar å rette opp køyreskadar eller andre skadar etter tiltak i skogen.*

*Om kommunen finn at ein hogst blir planlagt eller skjer i strid med denne lova, eller kan føre med seg vesentlege ulemper for eigedommen sitt produksjonsgrunnlag, det biologiske mangfaldet, friluftsverdiar og kulturminne, kan kommunen nekte hogsten eller setje vilkår for korleis den skal gjennomførast.*

*Når ikkje anna er fastsett av departementet skal kjøpar og seljar syte for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport blir målt. Departementet kan gi nærare forskrifter om registrering og oppgåveplikt i samband med slik måling.*

Når det gjeld hogst foreslår departementet i § 9 å føre vidare omsyna til skogen sin framtidige produksjon og forynging som dei viktigaste elementa. Skogeigarane vil leggje ulike strategiar til grunn for tiltak dei set i verk i skogen, mellom anna kor mykje og når den einskilde vil realisere sine tømmerressursar. Dette er eit element i den fridom den einskilde skogeigar har til å skjømte sin skog innafør rammene i lova. Samstundes må ikkje hogsten skje på ein slik måte at store område blir skoglause for lengre tid, at det oppstår ei varig eller vesentleg minske i produksjonen av skog, eller at forynginga av skogen blir unødig forseinka.

1. ledd tar ut frå dette sikte på å sikre at hogst skjer på ein forsvarleg måte. Det skal takast omsyn til dei naturlege føresetnader for produksjon av skog på vedkommande areal, og dei andre omsyn som er nemnde i føresegna – biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturverdiar. Departementet har i 2. setning tatt med nokre omsyn som har stor verdi for friluftslivet. Føresegna gir òg ein heimel for kommunen til å gripe inn når hogsten har ført med seg slike skader som er nemnd i føresegna.

2. ledd fører vidare prinsippa i § 16, 4. ledd i gjeldande skogbrukslov. Departementet meiner at skogbruksstyresmakta fortsett må ha ein slik heimel til å gripe inn når det blir planlagt eller gjennomført hogster som vil vere til vesentleg skade for eigedommen eller miljøverdiar. Denne heimelen blir nå lagt til kommunen, som kan nekte hogsten, gjere avgrensingar i hogsten eller sette vilkår knytt til heile eller delar av hogsten. Dette leddet er òg heimelen som det blir å vise til i samband med meldeplikta for mellom anna hogst i § 11 i den nye lova.

Da lov av 19. desember 1986 nr. 76 om måling av skogsvirke blei oppheva i 1993, ble heimelen for ei generell måleplikt for alt skogsvirke her i landet ført over til § 16, siste ledd i gjeldande lov om skogbruk og skogvern. Departementet meiner at det fortsett skal vere ei slik måleplikt, og fører vidare denne heimel i § 8, siste ledd i den nye lova. Dette leddet gir òg heimel til å gi nærare forskrifter om registrering og oppgåveplikt i denne samanheng.

Målinga kan omfatte alt uttak av trevirke frå skogen same kva formål virket skal bli brukt til. Tømmermålinga er i dag knytt nært opp til ordninga med skogavgift (som i den nye lova får nemninga skogfond), og departementet vurderer med jamne mellomrom reglane for skogavgift ut frå samfunns- og næringsmessige behov. Det å ha ei trygg måling er heilt sentralt for at ordninga med skogavgift skal fungere som eit positivt virkemiddel for skognæringa.

#### *Til § 9. Førebyggande tiltak*

*Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggande tiltak som er nødvendige. Dette kan m. a. vere pålegg til einskilde skogeigarar. Dette gjeld òg for skog og einskilde tre i område som er regulert til andre formål enn skogproduksjon. Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast.*

*[Der beiting av vilt fører til vesentlege skader på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 7 i denne lova, kan kommunen fastsetje ei tolegrense for beitetrykket.]*

1. ledd kjem i staden for § 28 i gjeldande lov om skogbruk og skogvern, som har overskrifta «Tiltak mot insekt- og soppangrep o.l.» Departementet foreslår her ei sterkt forenkla føresegn, men det er meint at den skal innehalde det same grunnlaget for å gripe inn når det er fare for at insekt eller sopp o.l. kan skade skogområde av eit visst omfang. Ansvar for overvaking av helsetilstanden i skogen, og heimelen til å setje i verk tiltak for ta kampen opp mot eventuelle angrep, blir i den nye lova lagt til kommunen.

Kampen mot skogskadar må kunne skje uavhengig av grensene mellom eigedomar og eventuelle reguleringsføresegner. Det er derfor tatt inn ein særskilt setning om dette i 1. ledd. Departementet legg til grunn at det normalt ikkje vil vere aktuelt at denne føresegna får verknad i område som har eit strengt vern etter naturvernlova, t.d. i naturreservat. Forsking syner at spreingspotensialet av skadelig sopp og insekt frå slike område er avgrensa. Dersom det er grunnlag for at å tru at skadesituasjonen vil bli vesentleg lågare med tiltak innafør verneområde meiner departementet at tiltak i så fall må avklarast i dialog mellom skogstyresmaktene og miljøstyresmaktene.

Det går lang tid mellom kvar gong det offentlege må gå inn og krevje tiltak for å ta opp kampen mot skader på skog. I 1970-åra var det store barkbilleangrep på Austlandet, og § 28 i gjeldande skog-

brukslov blei da endra og brukt effektivt som grunnlag for dei tiltak som ble sett ut i livet. Ut frå dei erfaringar som ein da fekk blei det seinare utarbeida særskilde forskrifter om tiltak mot insektskadar m.m. på skog. Det er nødvendig at lova har ein heimel for å gi slike forskrifter også i framtida, og denne er tatt inn i siste setning i 1. ledd.

I tillegg til dei skader som kan oppstå etter insekt- og soppangrep viser departementet til at det i nokre område kan oppstå ein ubalanse i forholdet mellom skogproduksjon og viltbeite, og at storviltet kan gi store beiteskader på skogen. Erfaringar syner at ein høg bestand av elg kan gjere det svært vanskeleg å forynge skogen, særleg furuskog. Sjølv om einskilte skogeigarar vel å satse meir på inntekter frå jakt og viltforvaltning gir beiteskader frå hjortevilt inntektstap for skogeigarar minst på nivå med sopp- og insektskadar som nemnd ovanfor. I nokre område der bestanden av elg er svært høg vil det kunne vere umogleg å avverke skog og samstundes etterleve plikta til å forynge skogen etter § 6 i denne lova.

Miljøvernstyresmaktene har gjennom dei såkalla driftsplanprosjekta lagt til rette for at grunneigarane og kommunane skal samarbeide om å finne gode løysingar når det gjeld forvaltning av hjortevilt. Etter Lov om viltet av 29.05.1981 med seinare endringar, § 13, kan kommunen dessutan tillate felling av hjortevilt som gjer vesentlig skade på skog. Departementet har fått signal om at dette likevel er eit problem i enkelte område.

Departementet har derfor drøfta om det er aktuelt å gi ein heimel i den nye skogbrukslova som gir høve til å setje ei grense for den påverkinga av skogen beitinga kan medføre. Ein slik heimel er derfor teke inn i klamme som siste ledd i utkastet til § 9. Denne vil eventuelt kunne virke saman med lover og forskrifter gitt med heimel i viltlova. Formålet er å kunne sikre at forvaltninga av vilt og skog skjer på grunnlag av avvegingar ut frå interesser knytt til både vilt og skogproduksjon. Føresegna vil normalt berre komme til bruk der motsetningane mellom dei interesser skogeigarane har og viltinteressene ikkje blir løyst gjennom den dialog som skjer i samband med den lokale viltforvaltninga og regelverket. Departementet ber derfor om at høringsinstansane gir sine syn på om det er nødvendig med reglar om dette i skogbrukslova, og eventuelt korleis slike reglar kunne vore utforma. Departementet har indikert aktuell plassering og mulige element i ein slik regel i § 9, siste ledd.

#### *Til § 10. Tiltak etter skader på skog*

*Når skogen er skadd som følge av uheldig skogbehandling, råte, brann, vindfelling, skred, sjukdom,*

*sopp-, smågnagar- eller insektangrep, eller andre forhold som reduserer skogproduksjonen vesentleg, kan kommunen setje i verk dei tiltak som er nødvendige, m. a. påbod til skogeigaren om hogst. Kommunen skal setje ein frist for slike tiltak som ikkje skal vere lengre enn 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.*

Denne føresegna kjem i staden for §§ 22 og 23 i gjeldande lov. Departementet har valt å slå saman alle tilfelle av skade på skog til ei meir summarisk føresegn, og gi kommunen ansvaret for å fatte vedtak med pålegg om å utføre opprettande tiltak. Det er bare fatta eit fåtal vedtak etter §§ 22 og 23 i dei seinare år. Føresegnene har vore detaljerte, og har i første rekkje vore ei sikring ovafor skogeigarar som ikkje følgjer opp med skogtiltak etter skader – og til samordning i ekstreme tilfelle kor ein skade har ramma fleire skogeigarar. På denne bakgrunn har departementet valt ein forenkla lovtekst.

Føresegner om forhold til forsikring er ikkje med i den nye lova. Det kan ikkje lenger vere ei oppgave for det offentlege å regulere korleis ein skogeigar og eit forsikringsselskap skal ordne seg etter til dømes ein skogbrann. Departementet har tillit til at dette no er løyst på beste måte i dei avtaler forsikringsselskapa har utarbeida.

Det har fleire gonger vore diskutert om det bør vere ei tydeleg føresegn om vanhevd i skogbrukslova – ei føresegn som gir heimel til å fatte eit vedtak om hogst eller andre tiltak i skogen når den er hogstmoden eller det av andre grunnar bør skje ei forynging. Departementet er kome til at det ikkje er grunnlag for å foreslå ei slik føresegn. Situasjonen er at marknaden for ein stor del styrer aktiviteten i skogen. I eit slikt perspektiv vil ei føresegn om vanhevd bli sær vanskeleg å praktisere. Samstundes vil dette gripe inn i den fridom lova legg til grunn når det gjeld den einskilte skogeigar sin rett til skjøtte skogen og tilpasse avverkinga ut frå eigne strategiar. Det er dessutan sær vanskeleg å få til ein truverdig definisjon på kva som ligg i omgrepet «vanhevida skog».

Som for § 9 legg departementet til grunn at denne føresegna normalt ikkje får verknad for område som har eit strengt vern etter naturvernlova. Tiltak må i så fall avklarast i dialog mellom skogstyresmaktene og miljøstyresmaktene.

#### *Til § 11. Meldeplikt*

*Når det er nødvendig for å halde kontrollen med praktisering av føresegnene i denne lova, kan kommunen eller anna skogbruksstyresmakt fastsetje at det skal vere meldeplikt for all hogst og alle tiltak knytt til*

*forynging og stell av skog. Meldeplikta kan gjelde ein namngjeven skogeigar eller alle skogeigarar i heile eller delar av kommunen.*

*Meldinga skal sendast til kommunen seinast 3 veker før tiltaket er tenkt sett i verk. Tilbakemelding frå kommunen skal vere motteke før tiltaket blir utført.*

Denne føresegna er ei vidareføring av ordninga med meldeplikt etter § 19 i gjeldande lov om skogbruk og skogvern. Føresegna gjer det tydeleg at det er eit kommunalt ansvar å halde kontrollen med praktiseringa av føresegnene i lova. Føresegna om meldeplikt er gjort kortare og omfattar alle tiltak i skog, ikkje berre dei som er ramsa opp i § 19 (1. ledd, bokstavane a og b) i gjeldande lov. Departementet meiner at ei slik kortfatta føresegn om meldeplikt gir kommunane ein større handlefridom enn tidlegare til å vere både rådgjevar og kontrollør i høve til skogeigarane.

I 1. ledd er det tatt inn heimel for å vedta ei meldeplikt, og føresetnaden er altså at ei slik meldeplikt skal vere nødvendig for å halde kontrollen med praktiseringa av føresegnene i lova. Det kan vere ulike syn på kva som er nødvendig i denne samanheng frå kommune til kommune, og ein må ikkje stille for strenge krav. Om ein kommune til dømes finn det nødvendig å innføre meldeplikt for halde fokus på miljøverdiane samstundes som den vil auke innsatsen og rådgjevinga knytt til skogbruk som næring, må føresegna kunne nyttast. Det kan treffast vedtak om meldeplikt for ein einskild skogeigar, ei grend, eit område eller ein heil kommune. Med dei heimlar kommunen no får i Kap II i den nye lova vil desse saman med innføring av ei meldeplikt gi kommunane god styring på forvaltninga av skogareala når det er behov for det.

I 2. ledd er det lagt inn ei føresegn for å sikre at meldeplikta blir reell. Skogeigaren skal melde frå om hogsten seinast 3 veker før tiltaket er tenkt sett i verk, og kan ikkje starte opp tiltaket før det ligg føre ei godkjenning frå kommunen. Ein har diskutert om lova skulle ha ein frist som kommunane måtte behandle meldingane innafør, slik at tiltak kunne starte opp om ein ikkje fekk nokon tilbakemelding frå kommunen innan fristen. Departementet meiner at ei slik ordning ikkje vil vere forsvarleg.

### *Til § 12. Vernskog*

*Med vernskog meiner ein i denne lova skog som tener som vern for annan skog, og område der skogen kan gi vern mot naturskadar. Vernskog kan òg omfatte område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er så sårbar at det er nødvendig å kontrollere at skogen ikkje blir øydelagt ved feil skogbehandling.*

*Etter at kommunane har gitt uttale om spørsmå-*

*let, fastset fylkeslandbruksstyret grensene for vernskog- en og retningsliner for forvaltninga av denne. Slike retningsliner kan omfatte meldeplikt, reglar for hogst og skjøtsel og anna. Kommunen skal syte for at alle eigarar av vernskog blir gjort kjente med vernskogvedtaket og innhaldet i den meldeplikta som blir fastsett, og kunngjere vedtaket i dei aviser kommunen elles nyttar til kunngjeringar.*

Denne føresegna kjem i staden for §§ 32 og 33 i gjeldande skogbrukslov. Dei no gjeldande føresegner er detaljerte, og det har vore ein lang, byråkratisk prosess for å få til nye vernskogområde eller få justert grensene eller reglane i tidlegare oppretta vernskogområde.

Ein gjennomgang av alle vernskogområda i Noreg på starten av 1990-åra synte at om lag 20 % av den produktive barskogen er vernskog etter skogbrukslova. I all vernskog er det generell meldeplikt for hogst. I mange område er det òg meldeplikt for andre tiltak i skogen. Vernskog omfattar i hovudsak sårbar skog, fjellskog og skog ut mot havet. Departementet meiner at ei ny skogbrukslov bør føre føresegner om vernskog vidare, slik at skogbruksstyresmakta kan halde ein god kontroll med skogområde som er sårbare på grunn av biologiske eller klimatiske forhold.

I 1. ledd i føresegna er det tatt inn ein definisjon på vernskog som er noko forenkla i høve til gjeldande skogbrukslov, men med stort sett det same innhald. Vernskog har til formål å sikre vekst og livskår for skog i utsette område. Det har vore ei utbreidd mistyding at vedtak om vernskog i denne samanhengen òg kan bli fatta for å sikre miljøverdiar eller interesser knytt til friluftsliv og kulturminne m. m. Der det er et mål å leggje stor vekt på slike verdiar vil § 13 i den nye lova eventuelt kunne bli brukt.

I 2. ledd i føresegna legg departementet fram forslag om at det skal vere fylkeslandbruksstyret som treff vedtak om vernskog og fastset grensene for det aktuelle vernskogområdet, og reglane for korleis skogskjøtselen skal vere. Vernskogområde vil ofte strekke seg over fleire kommunar og gjelde eit stort tal skogeigarar. Departementet meiner derfor det må vere riktig at avgrensinga og dei nærare reglar for skogskjøtselen i vernskogområda blir fastsett regionalt av eit politisk valt organ. Kommunane må sjølv sagt spele ein sentral rolle i dette arbeidet, og fråsegnene frå kommunane må alltid følgje sakene inn til fylkeslandbruksstyret. Ordlyden i lova på dette punktet gir etter departementet si vurdering ei vesentleg forenkling av saksbehand- lingen.

Når eit vedtak om vernskog er fatta er det viktig at det blir gjort kjent og er tilgjengeleg. Det er der-

for tatt inn at vernskogvedtaket skal gjerast kjent for dei skogeigarar det gjeld, og kunnngjerast i dei aviser som kommunen elles nyttar til kunnngjeringar.

#### Til § 13. Skogområde med viktige miljøverdiar

*Departementet kan ved forskrift fastsetje at det skal leggjast spesielle restriksjonar på skogbehandlinga i skogområde med sær viktige miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv eller kulturminne. Desse restriksjonane kan gå ut over dei restriksjonane lova elles gir heimel for.*

Denne føresegna er ei vidareføring av § 17 b i gjeldande lov. Føresegna er modernisert og forenkla ved at det blir mogeleg for departementet å vedta avgrensing av område med sær viktige miljøverdiar. I gjeldande lov ligg det til Kongen å treffe slik avgjerd. Departementet legg til grunn at føresegna i lovforslaget vil kunne føre til noko auka bruk når prosessen blir forenkla. Departementet ser det m.a. som aktuelt at ansvaret for å gi dei nødvendige reglar om skogforvaltninga og tilsyn kan bli delegert til skogbruksstyresmakt på regionalt nivå.

Dei restriksjonane som er aktuelle i samband med slike område vil vere om lag dei same som etter gjeldande lov § 17 b. Departementet legg til grunn at restriksjonane ikkje kan medføre at den einskilde eigedom får så innskrenka råderett over arealet at det blir tale om erstatningar.

#### Til § 14. Innbetaling til skogfond

*Skogfond er ei tvungen fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere eit berekraftig skogbruk.*

*Skogeigaren skal setje av middel til skogfondet ved sal, oreigning eller anna overdraging av hogd eller framdrive virke eller av tre på rot, ved skogeigaren sin bruk av virke for vidare sal eller anna overdraging, og ved skogeigaren sin bruk av virke til å dekkje eige behov i samband med verksemd som gjeld jord og skog.*

*Fylkesmannen kan frita ein skogeigar frå plikta til å innbetale til skogfond etter første ledd dersom det er urimeleg å krevje slik innbetaling, og skogeigaren kan vise til at det blir utført investeringsarbeid i skogen som minst svarar til den innbetalinga som er pliktig.*

*Innestående skogfondsmiddel følgjer eigedomen ved overdraging til ny eigar, og innestående middel kan ikkje skiljast frå eigedomen ved pantsetjing, tvangsfullføring eller på annan måte.*

*Departementet fastset kor stor fondsavsetjinga skal vere, men ho skal ikkje vere lågare enn 2 % av bruttoverdien av virket.*

*Departementet kan gi nærare forskrifter om utrekning og innkrevjing av pliktig innbetaling til skogfondet, og om den praktiske gjennomføringa av ordninga med skogfond.*

*Krav som kommunen har på innbetaling til skogfondet er tvangsgrunnlag for utlegg.*

Departementet viser til at den nye lova bruker omgrepet skogfond om dei midlar skogeigaren skal setje av og føre tilbake til skogen gjennom langsiktige investeringar. Gjeldande lov omtaler dette som skogavgift. Bakgrunnen for denne endringa er omtalt tidligare, jf. Kap 6.10.1.

Føresegna samanfattar og erstattar innhaldet i §§ 41, 42, 43, 44, 45 og 47 i gjeldande lov.

1. ledd gir ein definisjon på kva skogfondet skal vere. Det er viktig å presisere at innbetaling til skogfondet ikkje er ei statleg avgift, men ein privat fondsavsetnad som skal brukast til beste for langsiktige investeringar i eit berekraftig skogbruk.

2. ledd gir nærare opplysningar om plikta til å innbetale til skogfondet, og inneheld den same formuleringa som i § 41, første ledd i gjeldande lov.

3. ledd er ein samanfatning av § 43 i gjeldande lov. I medhald av denne føresegna er det i dag 11 skogeigarar som har fritak for innbetaling av skogavgift. Dette er store skogeigedomar. Fritaka er gitt av departementet. Det bør framleis vere ein slik heimel for fritak for store skogeigedomar eller eigedomskompleks med ein samordna administrasjon. Særleg bygdeallmenningane har hevda at ei slik ordning med fritak må ligge inne i den nye skogbrukslova òg. Departementet meiner at behandlinga av slike søknader no bør ligge til fylkesnivået. Det er særleg store eigedomar som kan vera aktuelle for fritak, og desse har ofte skog i fleire kommunar.

4. ledd kjem i staden for § 47 i gjeldande skogbrukslov. Det er viktig at den nye lova på same måte som no heilt klart presiserer at avsetnaden til skogfondet er knytt til eigedomen, ikkje til skogeigaren som person.

5. ledd gir heimelen for å fastsetje storleiken på avsetnaden til skogfondet. Etter gjeldande lov skal Kongen fastsetje denne kvart år, men denne heimelen blei delegert til departementet i 1984. Kravet til innbetaling av skogavgift etter gjeldande lov har i dei seinare åra vore det same. Departementet meiner at det er enklare å fastsetje satsane for eit lengre tidsrom enn eit enkelt år (sesong), og heller gjere endringar når det er behov for det. Den nye lovteksta er utforma i samsvar med dette, og departementet foreslår at det skal ligge til departementet å gi rammer for avsetnad til skogfondet.

6. ledd gir heimel for departementet til å gi nærare forskrifter for berekning og innbetaling til

skogfondet, og om den praktiske gjennomføringa av ordninga. Heimelen er meint å femne vidt. Departementet kan med ein slik heimel fastsetje nærare reglar om skogfond innafor lova sitt formål og ut frå dei interesser skognæringa gjer gjeldande. Dei meir detaljerte reglane om avsetnad og bruk av skogfond som er tatt inn i gjeldande lov vil bli tatt med i nye forskrifter i den grad dei er nødvendige. Dette gjeld særleg §§ 42, 44, 45 og 47.

7. ledd slår som tidlegare fast at avsetnaden til skogfond er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. § 44 i gjeldande skogbrukslov. Departementet legg til grunn at regler om rente ved for sein innbetaling, og om forelding av krav knytt til skogfondsmiddel, blir tekne inn i ei forskrift etter sjetle ledd.

#### *Til § 15. Bruk av skogfondet*

*Skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar til fordel for den skogen som virket kjem frå, eller til fordel for annan skog som skogeigaren har i same kommune. Med godkjenning frå kommunen kan middeI på skogfondet òg førast over til anna skog som skogeigaren har.*

*Skogfondet skal i første rekkje brukast til å fremme skogkultur, skogbruksplanlegging, skogproduksjon og tiltak som tar sikte på å sikre viktige miljøkvalitetar i skogen.*

*Departementet kan gi nærare forskrifter om bruken av skogfondet, mellom anna regler om frigjeving av fondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen.*

Denne føresegna erstattar § 46 om bruk og utbetaling av skogavgift i gjeldande skogbrukslov. Den nye føresegna er forenkla og tek utgangspunkt i det som etter lovforslaget er hovudmålet med ordninga med avsetnad til skogfondet. Det er dei langsiktige investeringane i skog som blir sikra gjennom bruk av skogfondsmiddel, og som oppnår dei skatteføremoner som går fram av skattelova § 8–2.

Dei viktigaste formåla som skogfondsmiddel kan bli brukt til er nemnde i 2. ledd. Her er det no teke inn tiltak som tar sikte på å ta vare på viktige miljøkvalitetar i skogen. Spørsmålet om å forbetre skogavgifta si virkemåte i miljøsamanheng blei drøfta i St. meld. nr. 17 (1998–99), og Stortinget slutta seg til dette opplegget.

Departementet legg til grunn at det i medhald av 3. ledd kan bli gitt nærare forskrifter om bruken av skogfondsmiddel, der enkelte av dei meir detaljerte føresegnene i § 46 i gjeldande lov blir tekne inn.

Til avslutning er det teke inn reglar om frigjeving av skogfondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen. Skogeigaren skal ikkje trenge å ha store summar ståande som avsett

skogfondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen i næraste framtid, jf. også regelen om dette i § 43, siste ledd, i gjeldande lov.

#### *Til § 16. Renter av skogfondsmiddel*

*Skogeigaren har ikkje krav på renter av inneståande middel på skogfond.*

*Rentene av skogfondet skal nyttast til administrasjon av skogfondordninga, og til å dekkje eventuelle tap i samband med innkrevjing av pliktig innbetaling til skogfondet. Renter som ikkje blir brukt til desse formåla, kan brukast til ulike skogbruksformål etter nærare forskrifter fastsett av departementet.*

Denne føresegna erstattar § 48 i gjeldande skogbrukslov. Departementet legg opp til at forvaltninga og bruken av rentemidlar frå skogfond inntil vidare skal vere slik som det går fram av dei gjeldande forskriftene. Utgiftene til utviklinga av elektronisk verkty knytte til administrasjon av skogavgiftsordninga har auka mykje dei seinare åra, og krev ein stadig større del av rentemidla. Departementet held fast ved at det er administrasjon av ordninga og dekking av eventuelle tap som rentemidlane fyrst skal brukast til. Det kan likevel vere aktuelt å tenkje heilt nytt når det gjeld denne administrasjonen, og ei anna fordeling av bruken av rentemidlane mellom lokale, regionale og sentrale nivå kan tvinge seg fram.

Når lova er sett i verk vil departementet i samråd med skogeigarorganisasjonane sjå nærare på korleis rentemidlane kan nyttast på beste måte i framtida. I dei seinare åra har det vore store endringar i organiseringa av rettleiinga for skogeigarane både frå det offentlege og frå skogeigarorganisasjonane si side. Rentemidlane har vore ei hovudkjelde for finansieringa av slik rettleiing, og ein bør sjå på om andre formål no er meir aktuelle å bruke rentemidlane til. Departementet har difor i den nye føresegna om renter av skogfond opna for ei meir aktiv bruk av dei rentemidlane som ikkje blir brukt til administrasjon av ordninga og eventuelle tap.

#### *Til § 17. Avgift på skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket*

*Departementet kan vedta at det skal svarast ei avgift på skogsvirke til å fremme forskning og utvikling i skogbruket. Departementet kan i forskrifter fastsetje nærare reglar om innbetaling, bruk og forvaltning av denne avgifta, og for kor lang periode ho skal krevjast inn.*

Føresegna erstattar heile Lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket av 9. november 1956, som blir oppheva. Dette er ei klar forenkling.

Dei tilhøva som er tekne inn i lova frå 1956, og som ikkje blir nemnde i den nye føresegna, kan bli fastsett på betre vis i ei eiga forskrift. Avgiftsordninga byggjer også på ei samforståing med skogeigarorganisasjonane. Departementet meiner av desse grunner det er mest formålstenleg at dei nærare detaljane går fram av forskrifter som kan bli endra og tilpassa etter skiftande rammevilkår for skogbruket.

Når det gjelde grunngeving og utvikling av denne ordninga viser departementet til at det etter at lova frå 1956 tok til å gjelde blei kravd inn avgift i driftsåret 1956–1957. Denne avgifta danna i mange år det økonomiske grunnlaget for Skogtiltaksfondet. I St. meld. nr. 17 (1998–99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren (Skogmeldingen) blei det teke til orde for å nytte lova på ny. Grunngevinga var at departementet i forståing med skogeigarane sine organisasjonar ville styrke den økonomiske innsatsen i eit program for verdiskaping i skogsektoren. Dette blei sett i verk etter «Forskrift om avgift til fremme av fellestiltak for skogbruket», fastsett 10. april 2000. Avgifta blei sett til kr 0,50 pr fastkubikkmeter skogsvirke. Skogeigarorganisasjonane er samde om at det bør vere ei slik avgift i nokre år. Ordninga vil såleis bli ført vidare, men da med heimel i den føresegna departementet foreslår i den nye skogbrukslova.

#### Til § 18. Tilskot

*Departementet kan fastsetje forskrifter om fordeling av og vilkår for utbetaling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skog etter slike rammer som Stortinget gir. Forskriftene kan innehalde føresegner om å krevje tilskot tilbake om vilkåra for tilskot ikkje er oppfylte.*

Det er fleire statlege tilskotsordningar knytt til skogbruket. Tidlegare blei forskriftene knytte til desse heimla direkte i Stortingets budsjettvedtak, men det er no bestemt at desse skal ha heimel i lov. Departementet foreslår derfor å ta inn ei føresegn som gir ein slik heimel. I jordlova er det gjort på same sett i høve til tilskott knytt til jordbruket, jf. § 18 i Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23. Det er nødvendig å ha ein slik heimel til å gi tilskottsfor- skrifter i begge lover. Ansvar for forvaltninga av tilskotsordningar knytt til skogbruk blir da lagt til skogbruksstyresmaktene, jf § 4, og kan da bli samordna med andre føresegner i lova utan særskilde tilvisingar om det.

#### Til § 19. Tilsyn, kontroll og rapportering

*Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, og kontrollere at vedtak med heimel i denne lova blir gjennomførte.*

*Departementet kan gi forskrifter om den kontroll kommunen skal føre, samt om internkontrollar i skogbruket og om rapportar frå desse.*

Departementet meiner at kontrollfunksjonane i skogbruket må vere utforma slik at dei samla sett blir mest mogleg kostnadseffektive. Det gjeld både dei private i form av sertifiseringsløyisingar og den offentlege resultatkontrollen. Departementet varsla derfor i Skogmeldinga at det er aktuelt å sjå nærare på dei heimlane som regulerer utveksling av data mellom offentlege og private databasar, og at det var aktuelt å ta i bruk internkontrollprinsippet i skogbruket som no er vanleg i mange andre sektorar. Det er òg nødvendig å leggje til rette for ei betre samordning og utnytting av offentlege data, og for ein betre dokumentasjon av eksisterande kontrollrutinar.

Departementet har konkludert med at den store kontrollinnsatsen knytt til ulike sertifiseringssystem gir mykje god og systematisk dokumentasjon om skogbruket si verksemd. I ein situasjon der lønsemda i skogbruket er sterkt svekka er det om å gjere å unngå unødige bruk av ressursar. Departementet er derfor kome til at det er ressurseffektivt for både næringa og skogbruksstyresmaktene å harmonisere og koordinere den samla kontrollinnsatsen. Auka vekt på internkontrollsystem gjer slik harmonisering og koordinering mogleg. På dette grunnlaget foreslår departementet ein heimel til å gje nærare føresegner om den kommunale kontrollen, og kva for krav som kan stillast til skogeigaren sin internkontroll og rapportar frå desse.

#### Til § 20. Klage

*Vedtak kommunen gjer etter denne lova kan påklagast til fylkeslandbruksstyret om ikkje departementet har gjort vedtak om at Fylkesmannen skal vere klageinstans.*

*Departementet eller den departementet har gitt mynde er klageinstans for vedtak gjort av fylkeslandbruksstyret eller Fylkesmannen i første instans.*

Føresegna erstattar gjeldande lov, § 14, 1. ledd, og har det same innhaldet som i gjeldande lov. Departementet meiner at fylkeslandbruksstyret fortsett bør vere klageinstans for dei mest viktige sakene etter skogbrukslova. I meir kurante saker, særleg knytt til skogavgift og tilskotsordningane, som ikkje er av prinsipiell karakter, bør Fylkesmannen kunne vere klageinstans. Departementet vil fastsetje dette i dei enkelte forskriftene.

Gjeldande skogbrukslov § 14, 2. ledd lyder slik:

«Også offentlige naturvern- og friluftsmyndigheter har rett til å klage når avgjørelsen vedrø-



rer interesser som hører inn under deres myndighetsområder.»

I praksis er det Fylkesmannen ved si miljøvern-avdeling som utøver denne klageretten. Dette har etter omorganiseringa av landbruksforvaltninga på fylkesnivå i førstninga av 1990-åra skipa habilitetsproblem internt i embeta. Fylkesmannen opptrer no både som sekretær for fylkeslandbruksstyret gjennom landbruksavdelinga si, og som klagar gjennom miljøvern-avdelinga si. Det er openbert uheldig og har ført til forseinkingar i saksbehandlinga. Mellom anna har det i ein del saker vore nødvendig å gjere bruk av ulike setjeordningar. Klageretten bør av denne grunnen åleine avviklast. Departementet meiner vidare at samordninga av saker i skjeringspunktet mellom skog og miljø internt i embeta er forbetra slik at den særskilde klageretten no ikkje lenger er nødvendig.

#### Til § 21. Straff og tvangsgebyr

*Den som forsettleg eller aktilaust bryt eller medverkar til brot på føresegnene i denne lova, eller pålegg gitt i medhald av forskrifter eller vedtak med heimel i lova, straffast med bøter eller fengsel i inntil eitt år.*

*For å sikre at føresegnene i lova og vedtak fatta med heimel i lova blir gjennomførte, kan kommunen påleggje skogeigaren tvangsgebyr. Tvangsgebyret kan krevjast inn frå den frist kommunen har sett for retting av forholdet. Tvangsgebyr kan òg fastsetjast på førehand. Det kan fastsetjast at tvangsgebyret aukar så lenge det ulovlege forholdet varer ved, eller at det forfell for kvart brot.*

*Tvangsgebyret er tvangsgrunnlag for utlegg.*

Den opphavlege straffeføresegna i Lov om skogproduksjon og skogvern av 1965 hadde ein ordlyd som omfatta straff i form av bøter og inndraging av ulovleg avverka virke, eller verdien av slikt virke. Dei beløpa som blei inndregne skulle etter føresegna tilførast skogkulturavgifta si rentemiddelkonto i vedkomande distrikt, og nyttast innom dei rammer som var trekt opp for bruken av desse midlane. Ordlyden om inndraging blei oppheva ved lov av 26. januar 1973 nr 2, jf. Ot. prp. nr. 31 (1971–72), i samband med at Justisdepartementet gjorde ein samla gjennomgang av straffeføresegner i særlovgivinga. Føresegna i gjeldande lov på dette punktet, jf. § 52, inneber såleis no berre at lovbroten blir straffa med bøter om det straffbare ikkje blir ramma av strengare straffeføresegner.

Departementet meiner at straffeføresegna i gjeldande lov er for svak. Under lovarbeidet har skogbruksstyresmaktene lokalt og regionalt etterlyst klarare og meir omfattande moglegheit for sank-

sjonar. Oppbygging av kunnskap i seinare tid saman med den tekniske utviklinga knytt til planlegging for skogbruk inneber at det er mogleg å unngå tiltak som skader skogen sin vidare utvikling og særleg viktige miljøverdiar for alle som utøver verksemd som blir omfatta av denne lova.

Departementet meiner derfor det er grunnlag for ei klarere straffeføresegn i den nye lova, og at det blir tatt inn ei høgare strafferamme enn i gjeldande lov. Det er i første rekkje brot på føresegnene om skogbrukstiltak føresegna rettar seg mot. Det vil seie alle inngrep i skogen som blir sett i verk utan heimel eller løyve. Straffeføresegna gjeld òg brot på føresegner om tiltak i vernskog og område med høgt prioriterte miljøverdiar, samt skogeigaren sitt ansvar knytt til skogavgiftsordninga. Den nye strafferamma, med fengsel i inntil eitt år som øvste grense, er uttrykk for at skade på natur bør ha ein høgare straff enn tidlegare, samstundes som straffeutmålinga sjølvstgått må stå i høve til skaden eller den vinning som er oppnådd ved lovbroten. Begge disse elementa er ei tydeleggjering av det forvaltaransvaret skogeigaren har.

Departementet foreslår vidare å innføre ei ordning med tvangsgebyr etter same opplegg som i § 20 i jordlova. Under arbeidet med dette høyringsnotatet har etatane ute etterlyst ein slik heimel, og tvangsgebyr er framheva som meir effektivt enn bøter og fengsel.

Generelt er det få saker som vert påtala etter skogbrukslova. Departementet innhenta i 2000 opplysningar frå fylke og kommunar om dette. Dei viste at i dei seinare åra er 20 – 25 saker meldt til politiet. For det meste er dette saker om ulovleg vegbygging og hogst. Fleire saker er av ulike årsaker blitt lagt bort, og berre få saker førte til bøtelegging.

I særlege tilfelle vil brot på skogbrukslova som har varige negative verknader på miljø kunne bli vurdert som miljøkriminalitet. Departementet ventar at dette blir ei meir aktuell problemstilling i åra framover.

Gjeldande lov § 52 inneber at lovbroten ikkje blir påtala utan etter krav frå skogoppsynet. Dette kan vere ein medverkande grunn til at få saker er påtala. Om andre enn skogoppsynet skal ta opp ei sak må dette byggje på føresegner i straffelova eller anna lovverk. Normalt vil dette bare vere aktuelt ved særskilte alvorlege lovbroten med vidtrekkande konsekvensar. Gjeldande føresegn inneber at dei rørte interessene oppfatar moglegheitene for å melde og påtale brot på skogbrukslova som svært avgrensa. Dette har vore ei kjelde til mistru til skogbruksstyresmaktene i nokre saker der skogbruksstyresmaktene ikkje har påtala forhold som andre interes-

ser har hatt eit ønskje om å få klargjorde. Departementet meiner at denne føresegnaden for straffefølgning ikkje samsvarer med prinsipp i tida om ope forvaltning, innsyn og medverknad, og at den derfor ikkje bør bli ført vidare i ei ny lov.

#### Til § 22. Iverksetjing og overgangsreglar

*Denne lov blir sett i kraft frå ..... Frå same tid held følgjande lover opp å gjelde:*

1. *Lov om husbruksskog av 9. juni 1939*
2. *Lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket av 9. november 1956.*
3. *Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.*

*Forskrifter og vedtak med heimel i dei lovane som er nemnde i første ledd skal gjelde til departementet fastset nye forskrifter etter denne lova. Departementet kan òg fastsetje dei overgangsordningar og forskrifter som er nødvendige for utfylling og iverksetjing av lova.*

Den nye skogbrukslova kjem i staden for lov 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern.

I § 17 har departementet tatt inn den heimel som er nødvendig for å krevje ei slik avgift som er omhandla i Lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak for skogbruket av 9. november 1956.

Oppheving av lov 9. juni 1939 om husbruksskog er omtala i Kap 10.1.1.

Det er såleis tre lover som heilt ut blir oppheva om ein ny skogbrukslov blir vedtatt.

Det er fastsett mange forskrifter og fatta nokre vedtak etter dei tre lovene som vil måtte gjelde vidare inntil nye forskrifter og vedtak blir fastsett i medhald av den nye lova. Departementet tek sikte på ein samla gjennomgang av forskrifter og vedtak når den nye lova er sett i kraft, og vil arbeide for å redusere talet på forskrifter og forenkle innhaldet i dei.

## 9 Endringar i anna lovverk

### 9.1 Jordlova

Departementet foreslår at føresegnene om «omlegging av skogmark til annet øyemed», slik desse no er nedfelt i §§ 50 og 51 i gjeldande lov, ikkje blir ført vidare. Dei fleste omdisponeringar av skog skjer no gjennom planverkty knytte til plan- og bygningslova. § 50 i gjeldande lov om skogbruk og skogvern har i dei seinare åra ofte berre vore eit supplement til føresegnene om deling i jordlova, slik at søknader om deling av ein eigedom som òg har omfatta omdisponering av skog er blitt behandla under eitt. Departementet foreslår derfor ei samordning og

forenkling av denne typen saker, ved at omdisponering av skog blir fletta inn i § 9 i jordlova. Føresegna får da slik ordlyd (endringane er markert):

#### *§ 9. Bruk av dyrka jord, dyrkbar jord og skog m.v.*

«Dyrka jord må ikkje brukast til formål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Skog kan ikkje takast i bruk til andre formål enn skogproduksjon.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruks- eller skogbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulempe for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunngagnet ei omdisponering vil gi. For jordbruksareal skal det òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. For skog skal det òg takast omsyn til skogmarka si produksjonsevne, alderen på skogen og om det er vernskog etter lov om skogbruk. Det kan krevjast lagt fram alternative løysningar.

Samtykke til omdisponering kan bli gitt på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei formåla lova skal fremje.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda eller skogen til det aktuelle formålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.»

## 10 Forhold knytt til iverksetjing

### 10.1 Oppheving av eldre lover

#### 10.1.1 Lov om husbruksskog av 9. juni 1939

Departementet foreslår å oppheve lov om husbruksskog av 9. juni 1939. Formålet med lova var i sin tid å skape moglegheiter for å skaffe skogløse bruk skog til eige behov. Meininga var å få fleire jordbrukarar til å gå saman om innkjøp og drift av felles skog.

Spørsmålet om å oppheve lova ble tatt opp av alereie av Skogkommisjonen av 1951, og blei seinare drøfta da gjeldande lov ble utarbeida først på 1960-tallet, jf. Ot. prp. nr. 38 (1961–62). Utgangspunktet på den tida var m. a. at det var føresegner i jordlova om tilskipping av særskilde skogar og sams skogar med sikte på å trygge bruka sine økonomiske kår, som ville kunne ha same funksjon som føresegnene i lov om husbruksskog.

Grunngjevinga for at departementet da ikkje fant å kunne oppheve loven av 1939 og overføre dei eksisterande husbruksskoger til sams skog undergitt jordlova sine føresegner, var at eit slikt tiltak neppe kunne gjennomførast mot den enkelte loddeigar sin protest med mindre vedkommande fikk erstatning for mogleg økonomisk tap (grunnlova § 105). Til dette kom òg ein viss tvil når det gjaldt tilbakeverkande kraft. Det blei likevel i lov om husbruksskog av 1939 tatt inn i ei ny § 19 ei føresegn om at husbruksskog ikkje kan opprettast etter ei tid fastsett av Kongen. Dette blei gjort med sikte på at lova ved eit seinare høve skulle kunne opphevast utan vesentlege praktiske og økonomiske konsekvensar.

I den nye jordlova frå 1995 ble reglene om sams tiltak tatt ut fordi dei var så lite brukt at dei i praksis var utan interesse (Ot. prp. 72 (1993–94)). I staden blei det tatt inn føresegner i jordskiftelova som deka dei same forholda, jf. § 34. Føresegnene om husbruksskog er no òg så lite i bruk at dei er utan interesse. Hausten 2003 vil det berre vere ein husbruksskog att i Noreg, og denne arbeider for å gå over til ei anna organisering. Ei oppheving av lova får såleis ikkje konsekvensar, og det er ikkje behov for føresegner til erstatning for dei som blir oppheva.

#### *10.1.2 Lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket*

Som oppfølging av St. meld. nr. 17 (1998–99) og Stortingets behandling av denne blei det i 2000 vedteke at det skal svarast ei avgift pr m<sup>3</sup> avverka tømmer til bruk innafor forskning og utvikling. Lovgrunnlaget for denne avgifta er lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket av 9. november 1956.

Innføring av avgifta var ei 5-årig prøveordning som trådte i kraft frå 1. juli 2000. I oppgjøret med seljar (skogeigar) skal første kjøper, for skogsvirke som er omsett (målt inn) frå og med denne dato, sette av ei avgift på kr 0, 50 pr. fastkubikkmeter. Størleiken på avgifta blir vurdert kvart år. Avgifta blir kravd inn ved at Skogtiltaksfondet sender krav om innbetaling til dei kjøparane som for kvart halvår til saman skuldar kr 50,- eller meir i avgift.

Dei middel som blir betalt inn til ordninga blir forvalta av eit eige skogtiltaksfond der styresamansetjinga femner skogeigarane og styresmaktene.

Departementet meiner at ei ny lov om skogbruk bør kunne fange opp behovet for lovregulering av vedkommande avgift, og dei nødvendige føresegnene frå lov av 9. november 1956 er såleis tatt inn i lovforslaget § 17.

**Vedlegg 2****Lovspegel, ny og gamal lov**

Lovforslag	Lovforslag i høyringsnotat	Skogbrukslova av 1965 mv.
§ 1 Formålet i lova	§ 1 Formålet med lova	§ 1 Lovens formål
§ 2 Virkefelt for lova	§ 2 Virkeområdet for lova	§ 3 Lovens virkeområde
1. ledd – generelt	1. ledd – generelt	1. ledd
2. ledd – forholdet til planlov og naturvernlov	2. ledd – forholdet til planlov og naturvernlov	1. ledd og 2. ledd forholdet til planlov
3. ledd – forholdet til reindriften	3. ledd – forholdet til reindriften	5. ledd
§ 3 Skogbruksstyresmakt	§ 3 Skogbruksstyresmakt	§ 4 Skogoppsynsmyndighet
1. ledd – skogbruksstyresmakt	1. ledd – skogbruksstyresmakt	1. ledd – skogoppsyn
2. ledd – overta saker	2. ledd – overta saker	2. ledd
3. ledd – når kommune eller fylkeskommune eier skog	3. ledd – når kommune eller fylkeskommune eier skog	§ 35 1. ledd
§ 4 1. ledd – skogeigaren sitt forvaltaransvar	§ 4 1. ledd – skogeigar sitt forvaltaransvar	§ 15 skogeierens blinkerett
§ 4 2. ledd – dei som gjer arbeid i skogen	§ 4 1. ledd – dei som gjer arbeid i skogen	Ny
§ 4 3. ledd – hjemmel for miljøforskrift	§ 4 2. ledd – hjemmel for miljøforskrift	Ny
§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan	§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan	Dekkjer §§ 29–31 om skogbruksplaner og registreringer
§ 6 Forynging og stell av skog	§ 6 Forynging og stell av skog	§ 17 skogkultur m.m.
§ 7 Vegbygging i skog	§ 7 Vegbygging i skog	§ 17a Veier og andre anlegg
§ 8 Hogst og måling	§ 8 Hogst og måling	§ 16 Avvirkning og måling
1. ledd – generelt	1. ledd – generelt	1.-3. ledd
2. ledd – hogststopp	2. ledd – hogststopp	4. ledd
3. ledd – måling	3. ledd – måling	6. ledd
§ 9 Førebyggjande tiltak	§ 9 Førebyggjande tiltak	§ 28 Tiltak mot insekt-soppangrep m.m.
1. ledd hovedreglar	1. ledd hovedreglar	§ 28
2. ledd beiteskadar	2. ledd beiteskader	Ny
§ 10 Tiltak etter skade på skog	§ 10 Tiltak etter skader på skog	Dekkjer §§ 22, 23 og 24
§ 11 Meldeplikt	§ 11 Meldeplikt	§ 19 Melding om avvirkning og visse andre tiltak
§ 12 Vernskog	§ 12 Vernskog	Dekker §§ 32 og 33
§ 13 Skogområde av særleg miljøverdi	§ 13 Skogområde med viktige miljøverdier	§ 17b Skogområde med særleg verdi for friluftsliv og naturvern

Lovforslag	Lovforslag i høyringsnotat	Skogbrukslova av 1965 mv.
§ 14 Innbetaling til skogfond	§ 14 Innbetaling til skogfond	Dekkjer §§ 41, 42, 43, 44 og 47
§ 15 Bruk av skogfondet	§ 15 Bruk av skogfondet	§ 46 Avgiftens anvendelse og utbetaling
§ 16 Renter av skogfondsmiddel	§ 16 Renter av skogfondsmiddel	§ 48 Renter av skogavgiften
§ 17 Avgift på skogsvirke	§ 17 Avgift på skogsvirke	Erstatter lov 9.11.1956
§ 18 Konkurransavgrensande verksemd	Ny	Ny
§ 19 Tilskot	§ 18 Tilskot	Ny
§ 20 Tilsyn, kontroll og rapportering	§ 19 Tilsyn, kontroll og rapportering	Ny, se likevel § 11
§ 21 Klage	§ 20 Klage	§ 14 Om rett til å klage
§ 22 Straff	§ 21 Straff og tvangsgebyr	§ 52 Straff
§ 23 Tvangsmulkt	§ 21 Straff og tvangsgebyr	Ny
§ 24 Iverksetjing	§ 22 Iverksetjing og overgangsreglar	
§ 25 Overgangsreglar	§ 22 Iverksetjing og overgangsreglar	
§ 26 Endringar i andre lover		

---